

DIGITALES ARCHIV

ZBW – Leibniz-Informationszentrum Wirtschaft
ZBW – Leibniz Information Centre for Economics

Longvanes, Leif (Ed.); Bjørhusdal, Eli (Ed.); Fossøy, Joar (Ed.) et al.

Book

Stadutvikling : Fjordantologien 2021

Provided in Cooperation with:

ZBW OAS

Reference: (2021). Stadutvikling : Fjordantologien 2021. [Oslo] : Universitetsforlaget.
<https://www.idunn.no/file/pdf/67320238/stadutvikling.pdf>
doi:10.18261/9788215053349-2021.

This Version is available at:

<http://hdl.handle.net/11159/5579>

Kontakt/Contact

ZBW – Leibniz-Informationszentrum Wirtschaft/Leibniz Information Centre for Economics
Düsternbrooker Weg 120
24105 Kiel (Germany)
E-Mail: [rights\[at\]zbw.eu](mailto:rights[at]zbw.eu)
<https://www.zbw.eu/>

Standard-Nutzungsbedingungen:

Dieses Dokument darf zu eigenen wissenschaftlichen Zwecken und zum Privatgebrauch gespeichert und kopiert werden. Sie dürfen dieses Dokument nicht für öffentliche oder kommerzielle Zwecke vervielfältigen, öffentlich ausstellen, aufführen, vertreiben oder anderweitig nutzen. Sofern für das Dokument eine Open-Content-Lizenz verwendet wurde, so gelten abweichend von diesen Nutzungsbedingungen die in der Lizenz gewährten Nutzungsrechte. Alle auf diesem Vorblatt angegebenen Informationen einschließlich der Rechteinformationen (z.B. Nennung einer Creative Commons Lizenz) wurden automatisch generiert und müssen durch Nutzer:innen vor einer Nachnutzung sorgfältig überprüft werden. Die Lizenzangaben stammen aus Publikationsmetadaten und können Fehler oder Ungenauigkeiten enthalten.

Terms of use:

This document may be saved and copied for your personal and scholarly purposes. You are not to copy it for public or commercial purposes, to exhibit the document in public, to perform, distribute or otherwise use the document in public. If the document is made available under a Creative Commons Licence you may exercise further usage rights as specified in the licence. All information provided on this publication cover sheet, including copyright details (e.g. indication of a Creative Commons license), was automatically generated and must be carefully reviewed by users prior to reuse. The license information is derived from publication metadata and may contain errors or inaccuracies.



<https://savearchive.zbw.eu/termsofuse>

 Open tilgang



Leif Longvanes, Eli Bjørhusdal,
Joar Fossøy, Dorthea Sekkingstad og
Torbjørn Årethun (red.)

STADUTVIKLING

Fjordantologien 2021

UNIVERSITETSFORLAGET

Stadutvikling
Fjordantologien 2021

Leif Longvanes, Eli Bjørhusdal, Joar Fossøy, Dorthea Sekkingstad
og Torbjørn Årethun (red.)

Stadutvikling

Fjordantologien 2021

Universitetsforlaget

Redaksjonelt arbeid, utval og introduksjon © Leif Longvanes, Eli Bjørhusdal, Joar Fossøy, Dorteia Sekkingstad og Torbjørn Årethun 2021.

Kvart enkelt kapittel © den respektive forfattar 2021.

Boka vart gitt ut første gong i 2021 på Universitetsforlaget.

Materialet i denne publikasjonen er gitt ut som Open Access / Open tilgang og er omfatta av føresegnene i åndsverklova og Creative Commons-lisens CC BY 4.0.

Lisensen Creative Commons CC BY 4.0 gir lov til å kopiere, distribuere og spreie verket i kva som helst medium eller format og til fritt å arbeide med materialet til kva som helst formål, inkludert kommersielle. Lisensgivar kan ikkje kalle tilbake desse fridomane så lenge du respekterer desse lisensvilkåra. For slik spreing og arbeid med materialet gjeld følgjande vilkår: Du må gi korrekt kreditering og ei tilvising til lisensen, og indikere om endringar har blitt gjort. Du kan gjere dette på kvar rimelege måte, så lenge det ikkje blir oppfatta som at lisensgivar godkjenner deg eller din bruk av verket. Du kan ikkje på nokon måte hindre andre i å gjere noko som lisensen gir lov til.

Boka er gitt ut i samarbeid med: Sjå liste over samarbeidspartnarar på s. 310.

ISBN trykt utgåve: 978-82-15-05333-2

ISBN elektronisk utgåve: 978-82-15-05334-9

DOI: 10.18261/9788215053349-2021

Spørsmål om denne utgåva kan rettast til:
post@universitetsforlaget.no

www.universitetsforlaget.no

Omslag: Universitetsforlaget
Sats: Tekstflyt AS

Innhold

Føreord	11
1. Stad og stadutvikling	13
<i>Leif Longvanes, Eli Bjørhusdal, Joar Fossøy, Dorthea Sekkingstad og Torbjørn Årethun</i>	
Kvar er staden?	13
Er staden framleis viktig?	13
Stadutvikling	14
Oppbygginga av denne boka	16
Litteratur	20
Planlegging	
2. Globale miljømål og gode nærmiljø – kan dei verke saman?	
Ein diskusjon av berekraftig tettstadutvikling i Sogndal	25
<i>Marte Lange Vik, Liv Norunn Hamre, Kyrre Groven, Emma Haugen Gamme, Henning Stokstad og Leif Hauge</i>	
Tettstadutvikling og berekraftmål	25
Viktige omgrep	27
Studieområdet Sogndal	29
Arealbruksendringar i Sogndal gjennom 30 år	31
Biomangfald	32
Friluftsliv og rekreasjon	34
Landskap og kulturverdiar	36
Samverknad og fleirfunksjonelle område	38
Globale miljømål og gode nærmiljø i Sogndal	42
Merknader	42
Referansar	43
3. Jentebevisst byplanlegging – aktivitet, inkludering og trygghet i byrommet	46
<i>Lisa Hansson og Solveig Straume</i>	
Innledning – det offentlige byrommet	46
Teoretisk bakgrunn	49
Metode	53
Diskusjon: Hvordan arbeide med jentebevisst byplanlegging?	55
Avslutning	61
Merknader	62
Litteratur	62

4. Stadforståing gjennom skreddarsydde medverknadsopplegg for svake grupper. Erfaringar frå eit studentprosjekt på Aspøya i Ålesund kommune	66
<i>Gro Anita Bårdseth og Grethe Mattland Olsen</i>	
Innleiing	67
Teoretiske perspektiv	68
Case og metode	70
Erfaringar med skreddarsydde medverknadsopplegg som metode	74
På kva måtar kan skreddarsydde opplegg for medverknad retta mot svake grupper vere eit verktøy i kommunal planlegging?	77
Avsluttande refleksjonar	78
Merknad	79
Litteratur	79
5. Fortetting og byspreiing: praksis og haldningar gjennom tretti år i fire norske kommunar	81
<i>Kyrre Groven, Liv Norunn Hamre, Karen Richardsen Moberg og Torbjørn Selseng</i>	
Introduksjon	81
Metode	85
Resultat	87
Analyse og diskusjon	93
Avslutning	97
Merknader	98
Referansar	99
Næringsutvikling	
6. Frå student til entreprenør: Kva fremmar og hemmar studententreprenørskap i høgare utdanning?	103
<i>Kjersti Kjos Longva</i>	
Introduksjon	103
Entreprenørskap i høgare utdanning	105
Metodisk tilnærming	107
Presentasjon av funn	108
Diskusjon og konklusjon	117
Litteratur	120
7. «Niliv»: innovasjonsøkosystem for stadutvikling – Lærdomar frå åtte nettverk	122
<i>Øyvind Heimset Larsen, Jon Gunnar Nesse og Ingjerd Skogseid</i>	
Bakgrunn	122
Teori	124
Metode	127
Skildring av casane	130

Resultat og drøfting	133
Konklusjon	140
Merknader	140
Litteratur	141
8. Med hjarte på rette staden – turistopplevingar, kultur og «sense of rural place»	144
<i>Agnes Brudvik Engeset, Anna Maria Urbaniak-Brekke og Øyvind Heimset Larsen</i>	
Innleiing	144
Bakgrunn – Balestrandstudien	147
Teoretisk tilnærming – rural turisme og stadkjensle	149
Metode	152
Resultat	153
Diskusjon	156
Konklusjon	158
Merknader	159
Litteratur	159
9. Geografi og tiltaksløst: tvilsame mytar eller snev av sanning?	163
<i>Georg Arnestad, Torbjørn Årethun og Jon Gunnar Nesse</i>	
Bakgrunn	163
Litteraturgjennomgang	169
Data og metode	174
Resultat og drøfting	177
Konklusjon	180
Merknader	181
Litteratur	181
Vedlegg 1: Ulike geografiske grupperingar av kommunar i Sogn og Fjordane (kommuneinndeling per 2011)	185
10. Tilbake til stedet – steder, klynger og regional utvikling	186
<i>Lise Lillebrygfjeld Halse og Ove Bjarnar</i>	
Introduksjon	186
Klyngelitteraturens forståelse av stedet	187
Avstand og divergens	188
Sted og klynge – fire idealtypiske relasjonar	190
Data og metode	192
Steder som grunnlaget for maritim klynge (1800–1960)	193
Fremveksten av en klynge (1960–1990)	195
Globalisering av maritim klynge	197
Det lokale i møtet med det globale	199
Avslutning	202
Merknader	203
Referansar	204

11. Digitalisering og utfordringer for ledere i den maritime klyngen	206
<i>Antoni Vike Danielsen</i>	
Innledning	206
Sted og klynger: begrep, fenomen og ståsted for tolkning	207
Digitalisering og digital transformasjon	209
Prosjektorientert industri	211
Forskningsspørsmål	213
Metode	213
Forskningsfunn	214
Toppledelsen	215
Organisasjon	218
Lederskap	222
Konklusjon	224
Merknader	225
Referanser	225
 Bulyst	
12. Fotball, idrettsanlegg og byutvikling i Kristiania i perioden 1900–1924	233
<i>Frode Fretland og Joar Fossøy</i>	
Innleiing	233
Kjelder og metode	234
Historisk innramming	235
1900–1912 Fotballen i Kristiania blir organisert	237
1912–1924 Fotballen blir folkeleg, og fleire lag kjem til	241
Sportifiseringsprosess og motprosess	246
Avrunding	248
Merknader	248
Litteraturliste	248
 13. Lokalavis og lokalsamfunn – forholdet mellom Follaldsportalen og Follalds-samfunnet	250
<i>Lars Julius Halvorsen</i>	
Introduksjon	251
Teoretisk perspektiv	252
Kunnskapsstatus	254
Forskningsstrategi og metodisk tilnærming	256
Resultater	258
Diskusjon	266
Referanser	268
 14. Utkantbutikken som velferdssentral i små lokalsamfunn	271
<i>Finn Ove Båtevik og Lars Julius Halvorsen</i>	
Innleiing	271

Butikken som fellesinstitusjon	272
Analytisk tilnærming og tidlegare forskning	273
Datagrunnlag	275
Butikkar med ulike samfunnsfunksjonar	276
Butikken som velferdssentral	278
Modell for analyse	279
Kjenneteikn ved dei velferdsorienterte butikkane	281
Drøfting	283
Referansar	285
15. Event-image og destinasjonsimage, ein studie av EkstremSPORTveko på Voss	288
<i>Eva Erikstad, Miriam Vevle, Atanu Nath og Leif Longvanes</i>	
Introduksjon	288
Teori	290
Metode	297
Analyse	298
Drøfting	302
Praktiske implikasjonar av studien	303
Merknader	303
Litteratur	303
Forfataroversikt	306



Føreord

Fjordantologien 2021 er prega av det som Noreg og verda har gått igjennom sidan vi tidleg i 2020 fekk ein pandemi som medførte at våre vanlege rutinar og arbeidsmåtar brått vart endra. Forskarar kunne ikkje møtast som før, feltarbeid vart sett på vent eller endra, og undervisnings- og evalueringsmåtar ved universitet og høgskular vart lagt om til digital undervisning og heimeeksamen.

Fjordantologien har sidan den første utgåva kom ut i 2013, vore basert på presentasjonar og artiklar på Fjordkonferansen året før. Fjordantologien 2021 følgjer dette mønsteret og er eit resultat av Fjordkonferansen 2020, men i 2020 var det ikkje høve til å møtast fysisk til konferanse, verken i juni, som først planlagt, eller i november. Temaet for konferansen, stadutvikling, var inspirert av forskinga kring dette temaet knytt til forskingsgruppa Nordic Place Research ved Høgskulen på Vestlandet.

Fjordkonferansen 2020 vart den første, og vi vonar den einaste, digitale Fjordkonferansen som må gjennomførast. Sjølv om den digitale konferansen fungerte godt med gode presentasjonar, tilbakemeldingar og drøftingar, så gjer fråværet av personlege møte at vi ikkje har kunne støtta opp under ei av målsettingane med Fjordkonferansen, som er å vere ein samlingsstad for «utveksling av kunnskap og erfaringar og – ikkje minst – for nettverksbygging mellom fagmiljøa i regionen» .

Mottoet for Fjordkonferansen er «av fagfolk, for fagfolk», og då Fjordkonferansen 2020 vart gjennomført digitalt den 12. november, var det om lag 30 fagfolk som var med på presentasjonane og førebudde tilbakemeldingar på 17 artikkelutkast. Deltakarane var frå Høgskolen i Molde, NTNU Ålesund, Høgskulen i Volda, Vestlandsforskning og Høgskulen på Vestlandet.

Det faglege ansvaret for Fjordkonferansen har sidan 2013 gått på omgang mellom fagfolk ved studiestadane Sogndal og Førde, Molde, Ålesund og Volda og dei regionale forskingsinstitutta i regionen. Fjordkonferansen 2020 vart arrangert av Høgskulen på Vestlandet, og arrangementskomitéen bestod av Leif Longvanes, Veronika Trengereid og Torbjørn Årethun.

Fjordantologien 2021 har 14 artiklar som etter presentasjonen og tilbakemeldinga på Fjordkonferansen har vore gjennom dobbel blind fagfelle vurdering. Sjølv om talet på artiklar er lægre enn det som har vore normalt i dei seinare utgåvene av Fjordantologien, har forfattarane og fagfellane levert bidrag som gjer at resultat har høg kvalitet.

Redaksjonen for Fjordantologien 2021 har vore Leif Longvanes, Eli Bjørhusdal, Joar Fossøy, Dorthea Sekkingstad og Torbjørn Årethun, alle fagtilsette ved Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal. Redaksjonen vil nytte høvet til å takke dei som har delteke som opponentar og fagfellar i det dugnadsarbeidet som det er å gje ut ein vitskapleg antologi. Tusen takk til dykk alle!

Utan finansiell stønad kunne Fjordkonferansen og Fjordantologien ikkje ha vorte realisert. Følgjande bidragsytarar har gjort arbeidet mogeleg: Sparebanken Møre, Høgskolen i Molde, Høgskulen på Vestlandet, Høgskulen i Volda og NTNU. Tusen takk for dykkar bidrag til fagleg utvikling og samarbeid i «Fjordregionen».

Sogndal, mai 2021

*Leif Longvanes, Eli Bjørhusdal, Joar Fossøy, Dorthea Sekkingstad og
Torbjørn Årethun*



1. Stad og stadutvikling

Leif Longvanes, Eli Bjørhusdal, Joar Fossøy, Dorthea Sekkingstad og Torbjørn Årethun

KVAR ER STADEN?

Sosiologar, geografar, arkitektur og psykologar har ulike tilnærmingar til omgrepet *stad* (*place*). Denne introduksjonen kan ikkje ta føre seg alle disiplinavhengige staddiskursar, og dermed gjer vi først nokre avgrensingar og presiseringar av kva som blir lagt i omgrepet i denne boka. Slik endar vi vonleg ikkje opp med det problemet som Cresswell (2014, s. 7) identifiserer: «Place is everywhere. This makes it different from other terms in geography like ‘territory’, which announces itself as a specialized term, or ‘landscape’, which is not a word that permeates through our everyday encounters.»

Staden er definitivt eit geografisk område (Agnew, 1987), men i tillegg er han noko meir. Iallfall i vår samanheng må han også knytast til menneske og identitet (Hauge, 2007). Frå eit ruralt utgangspunkt er staden bygda eller tettstaden, og frå det perspektivet er det kanskje uvant å nytte omgrepet stad om til dømes ei gate i ein større by, men byar er rimelegvis òg sette saman av stader. Eit større forskingsprosjekt ved Institute of Place Management ved Manchester Metropolitan University har til dømes hatt som mål å undersøkje revitalisering av sentrumsgater (High Street UK 2020, 2020). Revitalisering av bysentrum er også granska i norsk kontekst, til dømes av Vestby (2019), og av Hansson og Straume (2021) i denne antologien.

Kort oppsummert legg vi her til grunn at ein stad er eit geografisk område som dei som oppheld seg der, identifiserer seg med, og som ikkje kan delast opp i mindre geografiske einingar som innbyggjarane opplever som meir viktige. Staden er der du kjem frå, bur, studerer, er turist eller der du arbeider – det vil seie ei bygd, ein by eller bydel som du kan identifisere deg med (Hauge, 2007).

ER STADEN FRAMLEIS VIKTIG?

Å utvikle levande bygder og byar er komplekse prosessar knytte til sosiale relasjonar, kulturell praksis, kapitalflyt og kapitalakkumulasjon, entreprenørskap og nett-

verk. Stader som innbyggjarane kjenner ansvar for, er livfulle og pulserande, og balanserer interessene til ulike aktørar. Tilgang til arbeid, utdanning, offentlege tenester, varer, kulturarv, tilreisande, kulturelle og fysiske aktivitetar er sentralt for å få dette til.

Men å utvikle byar og bygder og nære naturområde er stadig meir utfordrande som følgje av dei samfunnsendingane som globalisering, folketalsvekst og teknologi medfører. Trendar som auka globalisering og digitalisering påverkar dei daglege gjeremåla til innbyggjarane i Noreg på dei fleste område (Skardhamar & Klemsdal, 2019; Tranøy & Østerud, 2001). Nokre meiner at desse megatrendane gjer staden mindre viktig, men like fullt har ulike typar mobilitet og endring alltid gått føre seg utan at staden har mista meining og verdi for folk, hevdar Cresswell (2014). Staden spelar ei viktig rolle for innbyggjarane og næringslivet ikkje berre trass i, men òg på grunn av rask globalisering og digitalisering (Hennestad & Revang, 2017; Cresswell, 2002). Folk skal leve, bu, arbeide, ta utdanning, møte folk og oppleve på ein fysisk stad også i det verdsomspennande, digitaliserte postindustrialiserte samfunnet. I redaktørkommentaren til den første utgåva av *Journal of Place Management and Development* startar Yanchula (2008) med følgjande om kvifor staden er viktig i samfunnsutviklinga: «Place has always been associated with identity and our early experiences of the world and therefore has an intrinsic 'value' to all people. It is the valuing of place that initially led to most forms of organisation being place based.»

STADUTVIKLING

Tidlegare utgåver av Fjordantologien har teke opp regional utvikling (Strand, Yndestad & Nettet, 2015), utfordringar og potensial for regionar i den stadige internasjonaliseringa (Hogset, Berge & Dale, 2018) og digitalisering og samfunnsendingar (Halvorsen, Stokken, Rogne & Erdal, 2020). Alle desse utgåvene har undersøkt regionane med særskild vekt på Nordvestlandet. Fjordantologien 2021 set søkjelys på *staden* – for å studere korleis bygda, byen, bydelen eller kommunen bidreg til innbyggjarar og næringsliv i fortid, notid og for framtida. Ifølgje Medway, Roberts og Parker (2017) har ikkje forskingslitteratur om verdiskaping og forbrukaråtfærd alltid vist så stor interesse for stad og stadutvikling. Forskingsfeltet er likevel i utvikling, meiner Yanchula (2008): «Globalisation of markets and globalisation of production has thrown a spotlight back on the competitiveness of places not just firms.»

Tradisjonelt har stadutvikling vore nært bunde saman med økonomisk utvikling og synet på at eit lokalsamfunn berre kan vekse dersom det er stort nok til

femne om ei samling av konkurranseduglege bedrifter som leverer innsatsvarer, tenester og arbeidskraft til kvarandre (Porter, 1990; Krugman, 1993). Ei anna retning legg vekt på at lokalsamfunn må fremje innovasjon og entreprenørskap for å sikre økonomisk utvikling og folketalsvekst (Pike, Rodriguez-Pose & Tomaney, 2006). I Noreg har direkte, offentlege investeringar i produksjonsanlegg og tilskot til finansiering av nyetableringar vore sentrale verkemiddel for å påverka lokaliseringsring av verdiskapande aktivitetar.

Men stadutvikling handlar ikkje berre om verdiskaping. Det dreier seg òg om dei elementa som gjer at folk trivst og vil oppsøkje eller busette seg på ulike stader, anten i byen eller på bygda. I norsk samanheng har dette blitt omtalt som *bulyst*. I 2009 sette Kommunal- og moderniseringsdepartementet i gang «Bolystprogrammet», som det vart avsett middel til fram til 2013 (Distriktssenteret, 2019). Føremålet med programmet er formulert slik i statsbudsjettet for 2011 (Kommunal- og regionaldepartementet, 2010):

Gjennom programmet skal departementet støtte opp om lokale og regionale utviklingsprosjekt som fremmer bolyst i hele landet. Programmet skal stimulere til nye møteplasser og videreutvikle kunnskap om hva som øker sjansene for at bosatte og tilflyttere trives og blir boende.

Gode velferdstilbod innan idrett, fysisk aktivitet og helse kan sjåast på som bulystfremjande føresetnader for levande bygder, byar og kommunar. Den statlege idrettspolitikken seier at det skal leggjast til rette for at folk har høve til å delta i idrett og fysisk aktivitet på alle nivå, fordi dette er ei kjelde til glede, overskot og meistring og dessutan styrkjer sosiale fellesskap, gode oppvekstvilkår og god helse (Meld. St. 26 (2011–2012), s. 7). Aktivitetar må gå føre seg på konkrete stader, i spesifikke rom og i ulike landskap, og dermed kan idrettsanlegg og nærmiljøanlegg vere viktige delar av stadens kulturlandskap (Lesjø, 2008).

Eit konkret døme er utviklinga av Campus Sogndal, og koplinga her mellom idrett, utdanning og anleggsutbygging. Industrisamfunnet vaks fram etter andre verdskrigen, og arbeidarmiljøa skapte ei rekkje kjente og sterke fotballklubbar. Rammevilkåra endra seg derimot utover 1970-åra, og klubbar på utdanningsstader fekk fortrinn. Staden Sogndal var ein av desse (Goksøyr, 2008). Yttri (2008, s. 4) skildrar det slik: «Det fruktbare møtet mellom bygd og høgskule er sterkast markert i fotballaget til Sogndal. Frå 1972 har banda mellom idrett og utdanning vore sterke og særmerkte.» Etter kvart kom òg den sportslege suksessen, som igjen vart følgt opp av investering i idrettsanlegg. Store pengesummar vart brukte på mange anlegg frå 1983 til 1992. I tillegg vart det bygt undervisningsfasilitetar på Kvåle sta-

dion som vart nytta av idrettsutdanninga på Høgskulen i Sogn og Fjordane, og slik vart banda mellom idrett, utdanning og regional utvikling svært synleg i Sogndal (Fossøy, Moe & Fretland, 2018, s. 51). Ei rad nye bygg og anlegg knytte til idrett, Sogndal vidaregåande skule og høgskulen mellom 1998 og i dag har forsterka desse banda. I denne antologien hevdar Larsen, Nesse og Skogseid (2021) at det i dag er om lag 50 bedrifter med om lag 970 tilsette og 4200 studentar og elevlar i området som vert kalla Campus Sogndal. Utviklinga av staden og tilgangen til ulike kompetansar blir understreka på Campus Sogndal si heimeside (2018): «I denne smeltingen skal skule, idrett, friluftsliv, kompetanseverksemdar og gründarar ha fokus på samhandling for å skape vekst for den enkelte og fellesskapet.»

OPPBYGGINGA AV DENNE BOKA

Dei prosessane som ligg til grunn for stadutvikling, er i denne antologien presenterte som tre tema. Den fyrste delen av boka handlar om *planlegging* som fysisk planlegging eller det som ein i kommunal samanheng kallar «samfunnsdelen» (KS, 2021), og om korleis slik planlegging bidreg til stadutvikling. Den andre delen tek føre seg korleis ulike sider ved staden bidreg til *næringsutvikling*. Den tredje delen dreier seg om nokre av faktorane for *bulyst*, altså det som gjer at innbyggjarar og besøkjande opplever at bygda, tettstaden eller byen vert opplevd som ein attraktiv stad å bu.

Planlegging

Temaet planlegging inneheld tre artiklar og vert innleidd av kapittel 2 **Globale miljømål og gode nærmiljø – kan dei verke saman? Ein diskusjon av berekraftig tettstadutvikling i Sogndal**. Her undersøker Marte Lange Vik, Liv Norunn Hamre, Kyrre Groven, Emma Haugen Gamme, Henning Stokstad og Leif Hauge arealbruksendringar i Sogndal gjennom 30 år. Dei analyserer desse endringane mot etablerte berekraftmål i planlegging og internasjonal litteratur om fortetting og grønstrukturar. Studien konkluderer med at trass i at Sogndal har hatt sterk grad av fortetting, i tråd med nasjonale berekraftmål og globale miljømål, har utviklinga hatt til dels stor negativ påverknad på biologisk mangfald, rekreasjon og stadeigenheit.

Det neste bidraget, som utgjer kapittel 3, er ein studie av Lisa Hansson og Solveig Straume, **Jentebevisst byplanlegging – aktivitet, inkludering og trygghet i byrommet**. Dette er eit teoretisk bidrag til diskusjonen om jentemedviten byplanlegging. Forsking på uorganisert fysisk aktivitet og aktivitetsparkar i byar viser at

byromma i størst grad vert brukte av gutar. Jenter er ei gruppe som ofte er usynleg både i forskning på og planlegging av urbane rom. Ved å bruke internasjonale studiar og døme frå to svenske kommunar er føremålet til Hansson og Straume å drøfte jenter sine vilkår for aktivitet og trygghet i byrom og korleis dette kan planleggjast for.

I kapittel 4 **Stadforståing gjennom skreddarsydde medverknadsopplegg for svake grupper. Erfaringar frå eit studentprosjekt på Aspøya i Ålesund kommune** undersøker Gro Anita Bårdseth og Grethe Mattland Olsen korleis medverknadsopplegg retta mot svake grupper kan bidra til auka forståing av eit lokalsamfunn. Forfattarane tek oss med til eit studentprosjekt på Aspøya i Ålesund kommune, der dei ynskjer å sjå på korleis metodar for medverknad tilpassa svake grupper kan vere eit verktoy for kommunal planlegging og arbeid med stadutvikling. Dei konkluderer med at skreddarsydde opplegg for svake grupper bidreg til bevisstgjeriing og kan ha ein overføringsverdi for både innbyggjarar og planleggjarar. Studien har i tillegg gitt utvida kunnskap om relasjonell stadforståing, ettersom svake grupper kan trekke inn moment som andre grupper ikkje gjer. Erfaringane frå Aspøya som stad kan òg nyttast til å nansere levekårsstatistikken.

Kyrre Groven, Liv Norunn Hamre, Karen Richardsen Moberg og Torbjørn Sel-seng har i studien **Fortetting og byspreiing: Praksis og haldningar gjennom tretti år i fire norske kommunar** (kapittel 5) kartlagt endringar i arealbruken i tettstader i kommunane Horten, Sogndal, Malvik og Trondheim frå 1990-talet til i dag. Dei har òg analysert endringar i haldningar til arealbruk og miljøpolitiske verkemiddel blant folkevalde, byråkratar og sivilsamfunnsaktørar i dei same kommunane over det same tidsrommet. Tolking av digitale ortofoto og georefererte svart-kvitt flyfoto kartla endringar i arealbruk i og rundt tettstader, medan spørjeundersøking vart nytta for å finne ut meir om haldningsendringar knytte til tettstadutvikling. Sentrale funn er at arealbruken i undersøkingsområda varierte sterkt mellom dei fire kommunane, og at Sogndal skilde seg ut med klart større forbruk av jordbruksareal og naturområde per ny innbyggjar og år, samanlikna med dei andre kommunane. Funn frå spørjeundersøkinga viser at arealforbruk i dag i sterkare grad blir oppfatta som ei kjelde til alvorlege miljøproblem enn for 30 år sidan.

Næringsutvikling

Under temaet *næringsutvikling* er det seks artiklar, og temaet vert innleia med kapittel 6 **Frå student til entreprenør: Kva fremmar og hemmar studententreprenørskap i høgare utdanning?** Her ser Kjersti Kjos Longva nærare på entreprenørskap

blant studentar og på studententreprenørar si erfaring med kva som fremjar og hemmar entreprenørskap. Studien byggjer på intervju med studententreprenørar som er supplert med sekundærdata om miljø for studententreprenørskap ved høgskular og universitet i Noreg. Dei viktigaste faktorane som fremjar studententreprenørskap, er entreprenørskapsutdanning, kontakt med næringsliv under utdanning, finansiering via verkemiddelapparat, studentmiljø for entreprenørskap, inkubatorar i og etter utdanning og mentorar. Faktorarar som hemmar studententreprenørskap, er manglande tilgang til finansiering, manglande nettverk og bransjeerfaring, gründerprogram som ikkje treffer og overdrive skaleringsfokus.

I «NILIV»: **Innovasjonsøkosystem for stadutvikling. Lærdomar frå åtte nettverk** (kapittel 7) drøftar Øyvind Heimset Larsen, Jon Gunnar Nesse og Ingjerd Skogseid korleis innovasjonssystem, i tydinga samarbeid i nettverk av ulike grupper av aktørarar, kan vere til hjelp i stadutvikling. Forfattarane spør såleis om korleis ein kan skape funksjonelle innovasjonsøkosystem som grunnlag for stadutvikling. Empiri er henta inn gjennom intervju med over 50 sentrale aktørar i utvalde nettverk i Sogn og Fjordane. Hovudkonklusjonen er at innovasjonsøkosystem for stadutvikling har i seg «NILIV»: Tydeleg skaping av nytte for medlemmene i nettverket og samfunnet rundt, lansering av innovasjon, høg grad av legitimitet og ein sterk institusjonell kapasitet er element som må vere til stades over tid for at systema skal bli berekraftige og for å styrke stadutviklinga.

Med studien i kapittel 8 **Med hjarte på rette staden – turistopplevingar, kultur og «sense of rural place»** har Agnes Brudvik Engeset, Anna Maria Urbaniak-Brekke og Øyvind Heimset Larsen som føremål å kaste lys over korleis kulturturisme bidreg til utvikling av rurale stader. Utgangspunktet er ei undersøking av britiske gruppeturistar sine opplevingar i og av bygda Balestrand i Sogn, og forfattarane konkluderer med at sjølv om turistane kom for å oppleve norsk natur, var kulturopplevingar blant høgdepunkta. Funna i studien gjev grunnlag for ein diskusjon av korleis kulturturisme bidreg til å utvikle reisemål, og dessutan, i lys av omgrepet «sense of place», korleis turistar si tilknytning til stad òg kan bidra til å utvikle rurale reisemål.

Mange stader finst det mytar og historier om forskjellen på folk frå ulike stader. Slik er det også i det tidlegare fylket Sogn og Fjordane, der det har vore, og framleis er, mytar knytte til skilnader mellom folk frå Sogn, Sunnfjord og Nordfjord og til skilnader mellom folk frå ytre og indre strok. I kapittel 9 **Geografi og tiltakslyst: Tvilsame mytar eller snev av sanning?** tek Georg Arnestad, Torbjørn Årethun og Jon Gunnar Nesse føre seg desse mytane, og spør om det er skilnad i entreprenørlyst blant ungdom basert på kor dei kjem frå. Resultata viser ingen skilnad i entreprenørlyst mellom ulike geografiske område. Det er likevel skilnader på gutar

langs kysten versus dei frå indre strok, og jenter frå Sogn har lægre eldsjelfaktor enn jenter frå resten av fylket.

I kapittel 10 **Tilbake til stedet – steder, klynger og regional utvikling** ser Lise Lillebrygfjeld Halse og Ove Bjarnar nærare på staden si tyding for utvikling av klynger. Dette utfordrar den rådande ideen om *regionar* som utgangspunkt for å forklare innovasjon og vekst i klyngene. Utgangspunktet til Halse og Bjarnar er ein historisk studie av utviklinga av den maritime klynga på Nordvestlandet frå slutten av 1880-åra. Studien har både eit teoretisk og praktisk føremål. Det teoretiske er å bringe staden tilbake i klyngeforskinga, og det praktiske er å bidra til vidareutvikling av klyngepolitikken.

Med utgangspunkt i den maritime klynga i Møre og Romsdal analyserer Antoni Vike Danielsen dei utfordringar som topp- og seniorleiarar i ei moderne industri-klynge står overfor i møte med digitalisering og den digitale transformasjonen (kapittel 11). Analysane i **Digitalisering og utfordringer for ledere i den maritime klyngen** viser at bedriftene i den maritime klynga er viktige som identitetsbyggjarar og som bidragsytarar til lokalsamfunnet ved å støtte opp om lokale organisasjonar og idrettslag.

Bulyst

Det siste temaet i antologien består av fire artiklar og dreier seg om aktørar som bidreg til stadutvikling gjennom å skape *bulyst*. Temaet vert introdusert av studien til Frode Fretland og Joar Fossøy i kapittel 12: **Fotball, idrettsanlegg og byutvikling i Kristiania i perioden 1900–1924**. Denne dokumentanalysen dokumenterer utviklinga av fotballen i Kristiania i den fyrste fjerdeparten av det 20. hundreåret og viser at fotball hadde ei viktig rolle i å utvikle byen i perioden. Dette kan knytast til aktivitetsauke, ny organisering av idretten og nye idrettsanlegg. I tillegg påverka følgjande samfunnstrekk både byutviklinga og utviklinga av fotballen i byrjinga av 1900-talet: auka demokratisering, inkludering av arbeidarklassen som ein jambyrdig samfunnsaktør og eit meir markert skilje mellom arbeid og fritid.

I kapittel 13 **Lokalavisa og lokalsamfunnet – forholdet mellom Folldalsporten og Folldalssamfunnet** undersøker Lars Julius Halvorsen gjennom ein case-studie av *Folldalsportalen* si dekning av Folldalssamfunnet kva for tyding svært små lokale nettaviser kan ha i lokalsamfunnet. Analysen viser at lokalsamfunnet blir konstituert gjennom fleire former for tilknytning til den geografiske staden, og at det lokale fellesskapet også omfattar utflyttarar og fritidsbefolkning. Den hyperlokale nettavisa har, trass i låg utgjevingsfrekvens, ei sentral rolle i den lokale

medieøkologien. I eit samspel med lokale sosiale medium bidreg avisa til å lime det geografisk spreidde lokalsamfunnet saman.

Finn Ove Båtevik og Lars Julius Halvorsen fokuserer i **Utkantbutikken som velferdssentral i små lokalsamfunn** på utkantbutikker i små lokalsamfunn (kapittel 14). Forfattarane sin inngang til studien er at dei ser på utkantbutikken som eit føretak og eit kollektivt gode i samfunnet. Utkantbutikkane fyller ulike samfunnsfunksjonar, og fleire typar funksjonar blir såleis identifiserte, særskilt funksjonen utkantbutikken som velferdssentral. Båtevik og Halvorsen argumenterer for at utkantbutikkane spelar ei viktig rolle i å halde tenestetilbodet oppe, og at desse butikkane i praksis fungerer som velferdssentralar.

Til slutt i antologien finn vi kapittel 15, skrive av Leif Longvanes, Atanu Nath, Eva Erikstad og Miriam Vevele, **Event-image og destinasjonsimage, ein studie av Ekstremportveko på Voss**. Føremålet med artikkelen er å undersøkje korleis festivalar kan spele ei rolle for den staden der dei blir arrangerte, og korleis ein stad kan nytte «eventar» strategisk for å byggje opp destinasjonen sitt omdøme. Studien viser at opplevinga av festivalen i størst grad vert påverka av infrastruktur og fysiske fasilitetar, men òg at serviceinnstillinga til frivillige og tilsette påverkar den opplevinga deltakarane har av festivalen.

LITTERATUR

- Agnew, J. (1987). *The United States in the world-economy: A regional geography* (Vol. 1). CUP Archive.
- Campus Sogndal. (2018). Om oss. Henta frå <https://www.campusogndal.no/om-oss>.
- Cresswell, T. (2002). Introduction: theorizing place. I: *Mobilizing place, placing mobility* (s. 11–31). Brill Rodopi.
- Cresswell, T. (2014). *Place: an introduction*: John Wiley & Sons.
- Distriktssenteret. (2019). Bolystprogrammet. Henta frå <https://distriktssenteret.no/bolystprogrammet/>.
- Fossøy, J., Moe, V.F., Fretland, F. (2018): Sogndal fotball 1988–2016 – frå regional til internasjonal aktør I: Hogset, H., Berge, D.M., Dale, K.Y. (red.) *Det regionale i det internasjonale – Fjordantologien 2018* (s. 46–63). Universitetsforlaget.
- Goksøy, M. (2008). *Historien om norsk idrett*. Abstrakt forlag.
- Halvorsen, L.J., Stokken, R., Rogne, W.M. & Erdal, I.J. (2020). *Digital samhandling: Fjordantologien 2020*. Universitetsforlaget.
- Hansson, L. & Straume, S. (2021). Jentebevisst byplanlegging – aktivitet, inkludering og trygghet i byrommet. I: Longvanes, L., Bjørhusdal, E., Fossøy, J., Sekkingstad, D. & Årethun, T. *Stadutvikling: Fjordantologien 2021*. Universitetsforlaget.
- Hauge, Å.L. (2007). Identitet og sted: En sammenligning av tre identitetsteorier. *Tidsskrift for norsk psykologforening*, 144(8).

- Hennestad, B.W. & Revang, Ø. (2017). *Endringsledelse og ledelsesendring: fra plan til praksis* (3. utg.). Universitetsforlaget.
- Henriksen, I.M., & Tjora, A.H. (2019). *Bysamfunn*. Universitetsforlaget.
- High Street UK 2020. (2020). HSUK2020. Henta frå <https://www.placemanagement.org/research/managing-places/town-and-city-centresdowntowns/town-centre-policy-and-research/hsuk2020/>.
- Hogset, H., Berge, D. M. & Dale, K. Y. (2018). *Det regionale i det internasjonale: Fjordantologien 2018*. Universitetsforlaget.
- Kommunal- og regionaldepartementet. (2010). *Prop. 1 S (2010–2011): Proposisjon til Stortinget: FOR BUDSJETTÅRET 2011 – Utgiftskapitler: 500–587, 2412 Inntektskapitler: 3500–3587, 5312, 5615–5616*. Departementet. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop-1-s-20102011/id617299/sec1>.
- KS. (2021). Samfunnsdelen som politisk styringsverktøy. Henta frå <https://www.ks.no/fagomrader/samfunnsutvikling/samfunnplanlegging/planfaglig-rad-samfunnsdelen-som-politisk-styringsverktoy/>.
- Krugman, P.R. (1993). On the Relationship Between Trade Theory and Location Theory. *Review of International Economics*, 1(2), 110–122. <https://doi.org/10.1111/j.1467-9396.1993.tb00009>.
- Larsen, Ø.H., Nesse, J.G. & Skogseid, I. (2021). «NILIV»: Innovasjonsøkosystem for stadutvikling. Lærdomar frå åtte nettverk. *Fjordantologien 2021*. Universitetsforlaget.
- Lesjø, J.H. (2008). *Idretts sosiologi – sportens ekspansjon i det moderne samfunn*. Abstrakt Forlag.
- Medway, D., Roberts, G. & Parker, C. (2017). Editorial. *Journal of Place Management and Development*, 10(1), 2–6. doi: <https://doi.org/10.1108/JPMD-01-2017-0005>.
- Meld. St. 26 (2011–2012). *Den norske idrettsmodellen*. Departementenes servicesenter.
- Pike, A., Rodríguez Pose, A. & Tomaney, J. (2006). *Local and Regional Development*. Routledge.
- Porter, M. (1990). *The Competitive Advantage of Nations*. Free Press.
- Skardhamar, T. & Klemsdal, L. (2019). Digitalisering – en introduksjon. *Norsk sosiologisk tidskrift*, 3(3), 169–172. doi: <https://doi.org/10.18261/issn.2535-2512-2019-03-01>.
- Strand, Ø., Yndestad, H., & Nesset, E. (2015). *Fragmentering eller mobilisering? Regional utvikling i Nordvest*. *Fjordantologien 2014*. Forlag1.
- Tranøy, B.S. & Østerud, Ø. (2001). Globaliseringen og Norge. I: *Mot et globalisert Norge? Rettslige bindinger, økonomiske føringer og politisk handlingsrom*. Gyldendal.
- Vestby, G.M. (2019). Byglød: å skape nytt liv i hjertet av små og mellomstore byer. I: Henriksen, I.M. & Tjora, A.H. (red.) *Bysamfunn* (s. 108–122). Universitetsforlaget.
- Yanchula, J. (2008). Place management: Collecting definitions and perspectives. Reflections from the Editorial Advisory Board. *Journal of Place Management and Development*, 1(1). <https://doi.org/10.1108/jpmd.2008.35501aaa.003>.
- Yttri, G. (2008). *Frå skuletun til campus. Soga om Høgskulen i Sogn og Fjordane*. Skald.

Planlegging



2. Globale miljømål og gode nærmiljø – kan dei verke saman? Ein diskusjon av berekraftig tettstadutvikling i Sogndal

Marte Lange Vik, Liv Norunn Hamre, Kyrre Groven, Emma Haugen Gamme, Henning Stokstad og Leif Hauge

Samandrag I dette kapittelet undersøker vi arealbruksendringar i tettstaden Sogndal gjennom 30 år, og analyserer desse mot etablerte berekraftmål i planlegging og internasjonal litteratur om fortetting og grønstrukturar. Ved å ta i bruk omgrepet fleirfunksjonelle areal konkluderer vi med at trass i at Sogndal har hatt sterk grad av fortetting, i tråd med nasjonale berekraftmål og globale miljømål, har utviklinga hatt til dels stor negativ påverknad på biologisk mangfald, rekreasjon og stadeigenheit.

Abstract This chapter investigates spatial changes in the town of Sogndal through three decades, analyzing these against established sustainability goals in planning, and international literature on urban densification and green infrastructure. By using the concept of multifunctional areas, we conclude that despite densification in Sogndal, in line with national sustainability goals and global environmental objectives, the development has impacted negatively on biodiversity, recreation and place identity.

Nøkkelord arealbruksendringar | arealplanlegging | berekraftig tettstadutvikling | berekraftmål | fleirfunksjonelle areal | fortetting | grønstrukturar

TETTSTADUTVIKLING OG BEREKRAFTMÅL

Åtte av ti nordmenn bur i byar og tettstader (Statistisk sentralbyrå, 2019), og korleis vi planlegg og utviklar tettstadene våre, er derfor eit viktig tema for svært mange. Arbeidet med å utvikle dei fysiske, sosiale og kulturelle eigenskapane ved tettstader med sikte på å skape livskraftige, attraktive og berekraftige lokalsamfunn

har sidan 1980-talet vore del av det som i dag blir kalla *stadutvikling* (Vestby, 2018). Stadutviklingsarbeidet har frå starten vore sett i ein global berekraftkontekst, og i dag er kommunane opptatt med å innlemme FN sine 17 berekraftmål i den kommunale planlegginga (Lundberg et al., 2020). I dette kapittelet vil vi rette blikket bakover, og diskutere faktisk tettstadutvikling opp mot prinsipp for berekraftig utvikling, globalt og lokalt.

Utgangspunktet vårt er to studiar av tettstaden Sogndal. Rundt 1990 var Sogndal ein av fire casekommunar i forskingsprosjektet NAMIT, *Natur- og miljøvennlig tettstedsutvikling* (Næss, 1992), og i 2018 vart det gjort nye studiar, som del av forskingsprosjektet SURROUND, *Vilkår for berekraftig tettstadutvikling*. NAMIT og SURROUND er også utgangspunkt for eit anna kapittel i denne antologien (Groven, Hamre, Moberg & Selseng, 2021).

NAMIT sitt mål var å identifisere prinsipp for arealbruk, utbygging og transport som tar omsyn til både økologisk berekraftig utvikling og miljøbestemt livskvalitet (Næss, 1992, s. 52), og samanhengen mellom global og lokal berekraft i stadutvikling. Prosjektet etablerte sju hovudmål og 32 delmål med bakgrunn i offisielle miljømål frå stortingsmeldingar og FN-systemet (*Vår felles framtid* og FNs klimapanel). Poenget var å undersøke korleis arealbruken i norske tettstader kunne prøve å innfri flest mogleg av berekraftmåla. Slik sett var NAMIT truleg det første eksempelet på at utvikling av norske tettstader vart evaluert i lys av eit breitt spekter berekraftmål. Prosjektet konkluderte med at ein samla natur- og miljøstrategi for tettstadutvikling måtte bygge på tre grunnleggande prinsipp: samling av naturinngrep, arealøkonomisering og omstrukturering av transportsystemet (Næss, 1992, s. 165). Ut frå dette tilrådde NAMIT konsentrert utbygging med vekt på fortetting, lagt til eksisterande tettstader, og særleg på areal som frå før er vesentleg teknisk påverka.

Vi har to forskingsformål med dette kapittelet. For det første vil vi setje arealbruksendringar mellom 1990 og 2018 opp mot to utviklingsbaner frå NAMIT, og vurdere utviklinga i lys av tre av hovudmåla frå NAMIT: (1) ta vare på det biologiske mangfaldet, (2) gi gode moglegheiter til friluftsliv og rekreasjon og (3) ta vare på landskap og kulturverdiar. For det andre vil vi diskutere desse funna opp mot litteratur om berekraftig stadutvikling og fleirfunksjonelle areal frå norsk og internasjonal planlegging. I ei kartlegging av arbeid med berekraftmåla i norsk planlegging understrekar Lundberg et al. (2020) at det er viktig med heilskaplege heller enn spissa tilnærmingar til berekraft. Med dette i minnet skulle denne diskusjonen om berekraftig tettstadutvikling i Sogndal helst ha femna endå breiare. Grunnen til at vi fokuserer på måla om biologisk mangfald, friluftsliv og rekreasjon, og landskap og kulturverdiar, er at alle desse er sterkt knytte til planlegging av grønstruk-

turar. Studiar av fortettingsplanlegging påpeiker at grønstrukturar ofte blir planlagde for å vere gode rekreasjonsområde for menneske, i staden for å fungere som gode område for biomangfald, både i Noreg (Hanssen, Hofstad & Saglie, 2015a; Thorén & Saglie, 2015) og internasjonalt (Davies & Laforteza, 2017; Nordh & Olafsson, 2020). Hovudargumentet vårt er at vi ikkje kan studere grønstrukturar som del av berekraftig tettstadutvikling utan å sjå alle desse tre elementa i samanheng.

Resten av kapittelet er bygd opp slik: Først går vi nærare inn på nokre omgrep som er viktige i denne diskusjonen: fortetting, grønstrukturar og fleirfunksjonelle areal. Så presenterer vi Sogndal som studieområde, og metoden vår, før vi presenterer og diskuterer endringar i arealbruk i Sogndal. I den tematiske diskusjonen tar vi for oss biomangfald, rekreasjon og friluftsliv, og landskap og kulturverdiar separat, før vi tar ei meir omfattande drøfting om samverknad og fleirfunksjonalitet. Kapittelet blir avslutta med nokre overordna kommentarar.

VIKTIGE OMGREP

Fortetting

På starten av 2020-talet er det 30 år sidan fortetting vart den rådande planleggingsstrategien i Noreg. Inspirert av mål for berekraftig utvikling (Verdenskommisjonen for miljø og utvikling, 1987) vaks fortetting fram som ein reaksjon på planlegging basert på høg bruk av privatbil, og med stor omdisponering av jordbruksland og naturområde rundt byane (Næss, Saglie & Thorén, 2015). I denne forståinga svarer fortetting til to sentrale berekraftmål: utsleppsreduksjon og arealøkonomisering. I dette kapittelet snakkar vi om fortetting som to hovudtypar, intensivring og ekspansjon, inspirert av definisjonen til Hanssen, Hofstad, Saglie, Næss og Røe (2015b, s. 16–17). Intensivering omfattar innfylling eller frådeling av tomter til nye bygg innanfor tettstadgrensa, medan ekspansjon inneber utbygging av ubyggd areal og grøntareal innanfor tettstadgrensa.

Planlegging av grønstrukturar

Heilt sidan fortettingsidealet vann fram, har det vore ei brei semje om at det er viktig å ta vare på grøne areal innanfor dei tettbygde områda. På nasjonalt plan har dette også fått auka status, både gjennom nasjonale rettleiarar og som eige arealformål i kommunal arealplanlegging (Miljødirektoratet, 2014; PBL, 2008, § 11-7). Miljødirektoratet (2014, s. 6) viser til forarbeida til plan- og bygningslova (PBL)

når dei definerer grønstruktur som «et sammenhengende, eller tilnærmet sammenhengende, vegetasjonspreget område som ligger innenfor eller i tilknytning til en by eller et tettsted». I dette kapitlet skil vi mellom grønstrukturar og grøntområde, der grønstrukturar er område som er planlagde, medan grøntområde er ei vidare forståing av grøne areal. Rettleiaren påpeiker at grønstrukturar er viktig for friluftsliv, naturmangfald, og for luftkvalitet, lokalklima og vassforvaltning (Miljødirektoratet, 2014). Denne forståinga av funksjonane ved grønstrukturar finn vi også i forskingslitteratur innan folkehelse (Lee, Jordan & Horsley, 2015), landskapsøkologi og naturforvaltning (Norton, Evans & Warren, 2016) og klimatilpassing (Hansen, Olafsson, van der Jagt, Rall & Pauleit, 2019). Planlegging for grønstrukturar er likevel ikkje rett fram. For det første understrekar både norske og internasjonale studiar at grønstrukturar ikkje blir varetatt fordi andre omsyn veg tyngre, og at kvaliteten på urbane grønstrukturar er dårleg (Davies & Laforteza, 2017; Thorén & Saglie, 2015). For det andre blir det framheva at det ikkje er vilkårleg kva type grønstrukturar som blir nytta, viss desse områda skal ha dei ønskete funksjonane (Hansen et al., 2019; Lee et al., 2015; Norton et al., 2016).

Grønstrukturar som fleirfunksjonelle areal

Mangfaldet i grønstrukturar sine funksjonar gjer at dei også blir omtalt som fleirfunksjonelle areal (Thorén & Saglie, 2015). Frå norske styresmakter blir det lagt særleg vekt på funksjonalitet for aktivitetsnivå og folkehelse (Miljødirektoratet, 2014), og for klimaendringar (Miljødirektoratet, 2019). I internasjonal forskingslitteratur finn vi eit mykje breiare utval av økonomiske, sosiale, kulturelle og miljømessige funksjonar i grønstrukturar, diskutert som økosystemtenester (Davies & Laforteza, 2017; Hansen et al., 2019). Økosystemtenester omfattar dei funksjonane økosystem har for menneske. Dette gjeld alt frå vasshandtering og lokal klimaregulering til biomangfald, matproduksjon, kulturarv og rekreasjon, helse og kognitiv utvikling (Lindhjem & Sørheim, 2012). I ein norsk studie legg Brattestå, Skog og Thomassen (2016) vekt på den særlege rolla som tettstadnært jordbruksareal spelar for stadkjensle og identitet. Sjølv om økosystemtenester og berekraftsmål er ulike sett med omsyn, peiker fleire på samanheng mellom desse (Hansen et al., 2019; Lundberg et al., 2020). Studiar av grønstrukturar som fleirfunksjonelle område søker å kombinere fleire mål gjennom heilskaplege perspektiv. Det krevst systematisk innsats for at grøntareal skal bli effektive fleirfunksjonelle areal (Davies & Laforteza, 2017; Hansen et al., 2019), som svarer til ulike berekraftsmål (Thorén & Saglie, 2015).

STUDIEOMRÅDET SOGDAL

Vi har studert tettstaden Sogndal i kommunen med same namn. Som regionsenter i Indre Sogn er Sogndal eit utdannings- og handelssentrum med variert næringsliv og aktivt idretts- og friluftslivmiljø. Til saman gjer dette Sogndal til ein attraktiv tettstad, med sterk folkevekst. Medan det i 1990 var 3600 innbyggjarar i tettstaden Sogndal (Næss, 1992, s. 93), er det i 2020 litt over 4100 innbyggjarar (Statistisk sentralbyrå, 2020), og 2300 studentar (Høgskulen på Vestlandet, 2020). Tettstadutviklinga i Sogndal har vore prega av stor samordning mellom utvikling av sentrum, næringsliv og campus, slik at desse kan forsterke kvarandre positivt. Dette gjer Sogndal til eit godt døme for å studere tettstadvekst i ein mellomstor tettstad.

Tettstaden Sogndal (figur 2.1) ligg nedst i Sogndalsdalen, og er avgrensa av fjorden i aust og bratte dalsider i nord og sør. Sogndalsdalen strekker seg vest- og nordover, med rike landbruksområde og meir spreidd busetnad. Gjennom dalen renn Sogndalselvi, som også deler tettstaden i to. Sogndal er populært kjend som saftbygda, og både tettstaden og kommunen har vore sterkt prega av fruktdyrking. Kulturhistorisk har også strandsitjarstaden langs sjøkanten i sentrum ein viktig posisjon (Sogndal kommune, 2013).

I dette kapittelet er det tettstaden Sogndal som er i fokus. I tidlegare Sogndal kommune er likevel Sogndal ein av tre definerte tettstader (SSB 2017). Groven et al. (2021), i denne antologien, presenterer utviklinga i Sogndal i samanheng med utviklinga i dei to andre tettstadene i kommunen, Kjørnes og Kaupanger, og tre andre NAMIT-kommunar.




Figur 2.1. Oversiktsbilete over tettstaden Sogndal (Foto: Knut Rydgren).

Kartlegging og analyse

Vi har kartlagt arealbruk i og rundt tettstadene dei siste 30 åra ved hjelp av tolking av digitale ortofoto og georefererte svart-kvitt flyfoto frå tidspunktet for NAMIT (ca. 1990), og analysert endringar ved overlagsanalyse av arealbruk ved dei to tidspunkta. Kartlegging og analyse er utført i ArcMap 10.7.1 (ESRI, 2017). Analyseområdet (sjå figur 2.2) har ein omkrins på 1 km utanfor 2017-tettstadgrensa (Statistisk sentralbyrå, 2017). Med denne omkrinsen rekker vi ut til nærnatur som ikkje er utbygd, og fangar slik opp tettstadutvikling mellom tettstadkjerne og meir eller mindre urørt natur. Andersen, Skadal og Spangen (2019) og Groven et al. (2021) har meir detaljerte skildringar av metoden. I tillegg gjorde Gamme og Stokstad (2019) ein replika av Austad og Helle (1988) si detaljerte kartlegging av grønstruktur i Sogndalsfjøra (sjå vårt delkapittel «Biologiske verdiar»). Eit rikt tilfang av foto frå NAMIT har også vore ei kjelde for å studere og illustrere landskapsendringar over tid, og gjenfotografering har vore ein viktig del av arbeidet.

I analysen har vi brukt dei tre berekraftmåla frå NAMIT aktivt, og vurdert utviklinga i Sogndal opp mot desse. Vi har også nytta oppdatert forskningslitteratur innan relevante forskingsfelt for å setje våre funn inn i ein fagleg kontekst som er gjeldande no.




Figur 2.2. Trend- og miljøalternativa frå NAMIT samanlikna med faktisk utbygde areal i 2018 (raudt). Analyseområdet er markert av blå omkrins (buffer).

AREALBRUKSENDERINGAR I SOGNDAL GJENNOM 30 ÅR

I NAMIT vart det utarbeidd to scenario for korleis ein kunne møte behovet for 970 nye bustader i og rundt Sogndal sentrum i perioden 1990–2020: eit *trendalternativ* som skulle vise ei sannsynleg utvikling med «business as usual», og eit *miljøalternativ* som skulle vere i samsvar med definerte berekraftsmål. Trendalternativet for Sogndal tok utgangspunkt i at nye bustader ville vere mest einebustader med hyblar, med få avgrensingar i fridomen til utforming og plassering av einebustadene på tomte. Bustadene kom til å bli oppført i grender litt utanfor sentrum, etter eit spreidd utbyggingsmønster basert på kommunale planar for områda Åberge, Stenehjem og Flugheim. Som motsats til trendalternativet la miljøalternativet til grunn at 90 prosent av utbygginga fram mot 2020 ville finne stad som fortetting innanfor dei eksisterande tettstadgrensene. To- og treromsleilegheiter i rekkehus og lågblokker vart vektlagde, og i praksis ville det ikkje bli bygd nye einebustader. Nye næringsbygg skulle leggast til tidlegare industri- og trafikkareal. Miljøalternativet for Sogndal la dessutan særleg vekt på å bevare og utvikle strandsitjarmiljøet, å vidareføre frukt dyrkingstradisjonen i bygda og å sikre utbygging som harmonerte med dei overordna landskapstrekka i bygda (Næss, 1992).

Etter 30 år kan vi no finne ut korleis det har gått med arealbruken i Sogndal, og diskutere utviklinga i lys av alternativa som vart presenterte. Figur 2.2 viser utbygde område mellom 1990 og 2018 med raudt, oppå alternativa frå NAMIT. Fasiten er at miljøalternativet liknar mest på dagens situasjon i Sogndal sentrum, mellom anna fordi spreidde utbyggingar på Åberge, Nestangen, Bjelde, Flugheim og Stenehjem ikkje har blitt realiserte. Sogndal har med andre ord sett ei vesentleg fortetting av dei tettbygde områda dei siste 30 åra.

Viss vi derimot ser på endringar og overgangar mellom ulike arealtypar (figur 2.3), er biletet noko annleis. Her viser resultatet at særleg dyrka mark (varig dyrka eng, semi-naturleg eng og frukthagar) har hatt ein nedgang i tettstaden Sogndal. Tala viser at 15 % er nedbygd, og like mykje er grodd att til skog. Naturområde (barskog, blandingskog, lauvskog, open grunnlendt mark og plenar og parkar) har auka, men dette er hovudsakeleg på grunn av at matjord har grodd att. Med tanke på berekraftmåla kan dette indikere ulike utviklingar, og for å få betre forståing av korleis dette har påverka mål for berekraftig utvikling globalt og lokalt, må vi sjå nærare på kvart enkelt mål.




Figur 2.3. Prosentvis endring av hovudarealtypar i tettstaden Sogndal frå 1990 til 2017. Arealtypeane er delt inn i kategoriane «natur», «matjord» og «utbygd» (Andersen, Skadal og Spangen, 2019). Største endringa er for matjord, der 15 % av arealet er utbygd og 15 % er blitt natur, 70 % av arealet er framleis matjord.


BIOMANGFALD

Sikring og ivaretaking av biologisk mangfald er essensielt for berekraftig utvikling. Dei to viktigaste delmåla i NAMIT for å ta vare på biologiske verdiar var å minimere nedbygging av natur og av dyrka jord. Av figur 2.3 les vi at utbygging har skjedd både på naturområde og matjord, og at attgroing står for like stor nedgang i matjord som utbygging. Dette kan forklarast med at utbygging av sentrumsnært jordbruksareal fører til nedlegging av gardsbruk, som igjen fører til attgroing av nærliggande beiteareal som ikkje lenger er i bruk. Figur 2.4 viser denne landskapsendringa tydeleg. Stort tap av sentrumsnær matjord finn ein også andre stader i Noreg (Skog & Steinnes, 2016), men Groven et al. (2021) viser at Sogndal har bygd ut langt meir matjord sett opp mot folkeauken enn dei andre NAMIT-kommunane.

Frukthagar er eit viktig kjenneteikn ved Sogndal. Vi skal drøfte desse nærare nedanfor, men nedgangen i areal til frukthagar er også relevant for biologiske verdiar. Nedgang og fragmentering av vegetasjonsdekte areal fører til færre grøne korridorar for pollinerande insekt (Landbruks- og matdepartementet et al., 2018), og ei utskifting og einsretting av treslag kan saman med framande treslag også utgjere ein trussel (Dramstad & Pedersen, 2019). I detalj ser vi at 42 % av frukthagane frå 1990 er nedbygd. Kartet i figur 2.5 viser også at tidlegare frukthagar nokre stader også har blitt eng eller skog. Ein detaljstudie av Sogndalsfjora (sjå figur 2.5) fann at talet på frukttrær er redusert frå 744 til 206, og har gått frå å utgjere mesteparten (82 %) av alle trær i sentrum i 1988 til minsteparten (27 %) i 2018 (Gamme & Stokstad, 2019).



Figur 2.4. Bustadområde i Sogndal i 1995 og 2018. Både utbygging og attgroing har ført til nedgang i matjord, som beitemark, slåttemark og frukthagar. (Foto: Leif Hauge.)



Figur 2.5. Omdisponering av dyrka jord i Sogndal sentrum mellom 1990 og 2018. Område med fiolett innramming (utan fyll i same farge) er frukthagar som har gått ut av produksjon. Området med raud innramming er studieområdet i Sogndalsfjora.

Når vi skal vurdere utviklinga i tettstaden Sogndal dei siste 30 åra i høve til målet om å ta vare på det biologiske mangfaldet, vil vi trekke fram den negative effekten av nedbygging av sentrumsnære jordbruksområde. Særleg alvorleg er den storstilte nedgangen i talet på frukttre, og konsekvensane dette kan ha for pollinerande insekt.

FRILUFTSLIV OG REKREASJON

Som del av berekraftig utvikling er det viktig å sikre den miljøbestemte livskvaliteten til folk gjennom å utvikle byar og tettstader som er gode å leve i. NAMIT framheva tilgang på rekreasjonsområde som park- og grøntområde nær bustaden, særleg for grupper som har mindre aksjonsradius enn ungdom og vaksne utan funksjonshemming (Næss, 1992).


Område for rekreasjon og friluftsliv er i hovudsak innan den overordna arealkategorien natur. Kartlegginga viser ein auke i naturområde innanfor tettstaden Sogndal. Særleg to arealtypar har auka mest: lauvskog, og plenar og parkar. Auken i lauvskog er hovudsakeleg drive av attgroing av tidlegare beitemark, men også barskog som er hogd og så grodd til med lauvskog. For rekreasjon og friluftsliv er det viktig å vurdere kva kvalitetar ulike område har. Tilgrodde lauvskogområde er

sjeldan eigna til friluftsliv og rekreasjon både fordi kratt og småvekstar gjer områda uframkommelege, og fordi områda er brattlendte og vanskeleg tilgjengelege.

Plenar og parkar er derimot ofte tilrettelagde for rekreasjon. Auken i denne kategorien har truleg samanheng med vektlegginga av grønstrukturar i norsk planlegging (Thorén & Saglie, 2015). Nasjonale anbefalingar seier at det ikkje bør vere meir enn 200 meter frå bustad til næraste grøntområde (Miljødirektoratet, 2014). Bakgrunnen er at nære grønstrukturar er ei viktig kjelde til rekreasjon for innbygarane, og at dei kan føre til stressreduksjon og livsforlenging (Miljødirektoratet, 2020).

Samanlikninga med park- eller friareal i NAMIT er ikkje rett fram, sidan kriteria var strengare i NAMIT enn i kommuneplanlegginga. I kommuneplanane på 1980- og 1990-talet var det ni område til friareal i og ved tettstaden (figur 2.6), men berre eitt av desse, nr. 1 Røvhaugane–Kongaberg, var større enn 150 dekar, som var normkrava for grøntområde i NAMIT. I 1990 måtte ein til utmark i utkantane av bygda for å finne offentleg tilgjengelege grøntområde på denne storleiken. Her var altså måloppnåinga for Sogndal dårleg allereie i 1990. I 2018 var eitt av dei ni friareala som var registrerte i 1990, redusert til å vere starten på ein snarveg på grunn av utbygging (nr. 5 Leitesvingen), dei andre var meir eller mindre intakte. I dagens planar for rekreasjon og friluftsliv blir også uteområde på skular og barnehagar rekna med, sidan dette er sentrumsnære område som er tilrettelagde for lek (Miljødirektoratet, 2013; Vestland fylkeskommune & Statsforvaltaren i Vestland, u.å.). Dette er område som fell utanfor i vår kategorisering, sidan dei er dominerte av grå og bygde flater, og derfor ikkje blir rekna som naturområde.

Sogndal har ry som eit eldorado for rekreasjon og friluftsliv, men dette er særleg knytt til skogs- og fjellområda i kommunen. Våre kartleggingar av utviklinga i tettstaden Sogndal er ikkje eintydige om måloppnåinga for moglegheiter til friluftsliv og rekreasjon. Innhaldet viser utviklingstrekk som går i begge retningar: På den eine sida finn vi mange positive tiltak i sentrumsområdet, som mellom anna etablering av sentrumparken og fjordstien (sjå nedanfor), som har hatt mykje å seie for rekreasjonsmoglegheitene i området. På den andre sida har endringar i arealbruk gjort sentrumsnært friluftsliv vanskelegare, særleg grunna gjengroing av ope kulturlandskap i utkanten av tettstaden. Treslagsskifte i sentrum kan dessutan vere negativt for rekreasjonsverdiane.



Figur 2.6. Område markert som friareal i kommuneplanane for Sogndal 1982–1991 og 1987–1996 (etter Helle et al. 1989:52).


LANDSKAP OG KULTURVERDIAR

Til sist er landskap og kulturverdiar viktig for folk sin miljøbestemte livskvalitet. I NAMIT vart mellom anna horisontlinjene, elva og strandlinja mot fjorden vurderte som visuelt sårbare landskapselement i Sogndal. Landskapskarakteren er ein viktig del av særtrekket til tettstader, og har mykje å seie for identitet og trivsel (Jones, 2008). Høyer et al. (1991) skriv at identiteten til Sogndal bygger på bakgrunnen som frukt- og jordbruksbygd, med eit tettbygd strandsitjarmiljø ved fjorden.

30 år seinare har utbygginga gått ut over fleire viktige landskapselement. For det første trer Stedje kyrkje mindre fram fordi frukthagen bak kyrkja er bygd ut til bustadføremål (sjå figur 2.9). Medan trendalternativet i NAMIT spådde dette, vart det unngått i miljøalternativet. Vidare er det bygd bustader på Gurvin, slik at tettstaden har ete seg inn på gardsbruka i landskapet rundt. Gardar med frukthagar har lenge vore viktige element i Sogndal. Medan frukthagane tidlegare ofte definerte rammer for kvar ein kunne bygge ut, ved å danne ein struktur i tettstaden (Austad et al., 1989), gjeld ikkje dette på same måte i dag. Den største nedgangen i arealtypen matjord er nettopp blant frukthagar.

Sogndal marknadsfører seg sjølv som saftbygda, og talet på frukttre har vore med på å gjere staden spesiell og attraktiv. Særleg var mange private frukthagar

dominerte av gravensteinsepletre, og Austad et al. (1989, s. 30) framheva desse som «det viktigste og mest karakteristiske innslaget av grønt i Sogndalsfjora i dag». I dag er det lite som ber vitnesbyrd om opphavet til namnet på Gravensteinsgata i sentrum (figur 2.7). Medan etablerte frukttre er fjerna, er nyplanting dominert av treslag som lind og asal, utan stadtilknytning til Sogndal. Dersom utviklinga i omfanget av frukthagar, og i talet på frukttre, held fram, kan eplehagane i stor grad forsvinne. Det vil bidra til å viske ut kulturarven og stadidentiteten i bygda (Brattestå et al., 2016).



Figur 2.7. Gravensteinsgata rundt 1970, i overgangen frå private frukthagar til parkering og næringsverksemd. Hagen med fruktrea måtte seinare vike plass for posthuset og kulturhuset. (Foto: Leiv Bergum.)


Nokre viktige landskapselement og kulturverdiar har også blitt spart. Strandsitjarmiljøet i Sogndalsfjora vart framheva som eit av dei mest intakte i fylket, i og med at kontakten med sjøen ikkje var avskoren av vegar og liknande, og delar av miljøet var og er regulert til spesialområde med føresegner om vern (Høyer, 1991; Sogndal kommune, 2013). Allereie i NAMIT vart det diskutert å etablere gangsamband langs stranda i Sogndalsfjora for å gjere dette kulturmiljøet meir tilgjengeleg (Bjørneboe, 1990). Vi kjem tilbake til fjordstien under fleirfunksjonelle område. Også Nestangen, med garden som ligg som ein grøn innfallsport til bygda frå nord, er spart. Dette vart vurdert som utbyggingsområde, men her er heldigvis horisontlinja og det grønne preget bevart.

NAMIT omtalte ei rekke kvalitetar ved Sogndal som var viktige med omsyn til målet om å ta vare på landskap og kulturverdiar. Blant landskapselementa som vart trekt fram som viktige, er intakte horisontlinjer og frukthagar to døme på at utviklinga

har gått i feil retning. På den andre sida er vår vurdering at kulturverdiane knytte til strandsitjarmiljøet har blitt styrkt ved at fjordstien har gjort dei meir tilgjengelege for innbygarane. Utviklinga i Sogndal dei siste tiåra tyder på at ein del av kvalitetane frå 1990 er truga, men sjølv om det er lett å peike på manglande landskapsomsyn i ulike vedtak, er det positivt at utbyggingsmønsteret liknar meir på miljøalternativet enn trendalternativet som NAMIT skisserte for utviklinga fram mot 2020.

SAMVERKNAD OG FLEIRFUNKSJONELLE OMRÅDE

Allereie i NAMIT vart det framheva at areal som oppfylte ulike mål for miljøbestemt livskvalitet, overlappa og forsterka kvarandre (Helle et al., 1989). Figur 2.8 viser område som vart vurdert som spesielt verdifulle for miljøet i Sogndal tettstad. I dagens terminologi blir dette kalla fleirfunksjonelle areal. Desse områda hadde tyngdepunkt på Røvhaugane og Kvåle/Flugheim. Vidare vart det vurdert som viktig å sikre elvesona samt fleire mindre område spreidd rundt i tettstaden, der både dyr og menneske kunne opphalde seg. I miljøalternativet vart ingen av desse bygd ut.



Figur 2.8. Verdifulle område for miljøet i Sogndal tettstad (Helle et al. 1998:58).

Mange av desse områda er i dag påverka av utbygging i større eller mindre grad. Ikkje uventa med tanke på fortettingsidealet er det i sjølve sentrumsområdet at påverknaden har vore størst. Område 6 (Lem-garden), eit av dei mest sentrumsnære og dermed av dei mest tilgjengelege grøntområda, er heilt nedbygd. Helle et al. (1989) framheva ivaretaking av bygningsmiljø og frukthagar som Lem-garden som essensielt for Sogndal sitt ry som fruktbygd, og at desse samtidig kunne fungere som rekreasjonsareal. Landskapsomsyn har kulturelle og identitetsskapande funksjonar for tettstader, og Brattestå et al. (2016) påpeiker at desse funksjonane ofte ikkje blir vektlagde i planlegging. Eit tilsvarande døme var den nemnde frukthagen bak Stedje kyrkje. Område 13 (Sandbakken–Kyrahagen) var ein stor frukthage som hang saman med ein open bjørkeskog, og samla fylte området både produksjons- og rekreasjonsfunksjonar. Området var som nemnt også viktig av landskapsomsyn, fordi det lét kyrkja tre tydeleg fram i tettstadbiletet. Figur 2.9 viser tydeleg denne landskapsendringa på sørsida av Sogndalselvi i bakgrunnen av biletet. Vidare har utbygging av frukthagen ført til at bjørkeskogen har mista sin funksjon som rekreasjonsareal.

Vi finn likevel att fleire av desse fleirfunksjonelle områda i kommunale planar i dag, som viktige areal for friluftsliv. Elvesona, strandlinja og naturområde nord for tettstaden, innanfor det som er markert som område 2 (Røvhaugane) i figur 2.8, blir framleis rekna som svært verdifulle friluftslivsområde (Vestland fylkeskommune & Statsforvaltaren i Vestland, u.å.). I tråd med andre studiar ser vi at områda hovudsakeleg er framheva som areal for rekreasjon og friluftsliv. Dette inneber ei vektlegging av menneskelege omsyn framfor omsyn til biologiske verdiar (Hansen et al., 2015a; Nordh & Olafsson, 2020).

Gamme og Stokstad (2019) si kartlegging av Sogndalsfjora viser også mindre grøne flater no enn for 30 år sidan. Til gjengjeld er nokre av desse betre tilrettelagde som parkar med universell utforming og opparbeidde leikeplassar. Sjølv om desse grønstrukturane kan ha høgare bruksverdi fordi dei er meir tilgjengelege, fører reduksjon i grøntområde til at rekreasjonsverdiane blir svekka. Med tanke på funksjonar både for menneske og biomangfald trekker Gamme og Stokstad (2019) særleg fram at reduksjon i talet på tre kan vere negativt. Dei viser til at tre har ein rekreativ og stressreduserande effekt på menneske (Tyrväinen et al., 2014).

Med tanke på biomangfaldet er nedgangen i frukttre negativt for pollinerande insekt, som treng blomstrandende vegetasjon som næringsgrunnlag og habitat (Schärer, 2019), og nyplantinga av kommersielle treslag til fordel for eldre, blomstrandende frukttre kan vere ein trussel for pollinerande insekt. Nedgangen i talet på frukttre gjeld ikkje berre for Sogndalsfjora, men også for frukthagane elles i bygda. Samla sett har utviklinga vore negativ for biomangfaldet, trass i vektlegginga av



Figur 2.9. Strandsitjarmiljøet i Sogndalsfjora i 1989 og 2019, med Stedje kyrkje og kyrkjehagen i bakgrunnen. Biletet frå 2019 viser fjordstien i forgrunnen. (Foto: Leif Hauge.)

grønstrukturar i planlegginga. Dette viser at det ikkje er likegyldig kva grønstrukturar som blir nytta i planlegging (Norton et al., 2016).

Også strandsona vart framheva som eit verdifullt område i NAMIT, med funksjonar innan både landskap og kulturverdiar, og friluftsliv og rekreasjon. Begge utbyggingsalternativa inneheldt forslag om eit gang samband langs stranda i Sogndalsfjóra, men dette vart vurdert som øydeleggande frå kulturhistoriske interesser, fordi ein meinte at eit slikt tiltak ville bryte med dei opphavelge funksjonane til strandsona (Heiberg, 1991). I dag er fjordstien realisert, og har opna opp tilgangen til fjorden for ålmenta (sjå figur 2.9). Gjennom fleire år med dragkamp for å hindre fjordstien var det hovudsakeleg private interesser som sette seg imot forslaget om utbygging, og det enda med oreigning for fleire av eigedommane (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 2013).

Dette er eit eksempel på at det kan vere både praktisk og fagleg krevjande å få til god planlegging for fleirfunksjonalitet. Allmenn tilgang til strandsona er eit svært viktig mål i planlegging i dag (Klima- og miljødepartementet, 2019), og etableringa av fjordstien er heilt i tråd med dette. Som vi har peikt på lenger oppe, meiner vi at fjordstien kan bidra til auka forståing av kva strandsitjarstaden har hatt å seie for Sogndal, fordi han gjer dette miljøet til ein meir synleg del av sentrum. Likevel kan fjordstien framleis utfordre nokre av dei tradisjonelle funksjonane til strandsona, som tilgang på opphavelge steinfjøre i sentrum. Slik kan også dette vere eit døme på at menneskelege omsyn som rekreasjon og tilgjengeleggjering veg tyngst i planlegging.

Begge desse døma viser at planlegging for fleirfunksjonalitet kan vere utfordrande. Våre funn samsvarer godt med annan litteratur som konkluderer med at omsyn til rekreasjon ofte trumfar biologiske verdiar i planlegging av grønstruktur (Hansen et al, 2019; Nordh & Olafsson, 2020; Thorén & Saglie, 2015). Det finst lite forskning på kva posisjon kulturelle verdiar har i planlegginga, men våre analysar styrker argumenta for at kulturverdiar bør bli vektlagde sterkare, både knytt til grønstrukturplanlegging (Hansen et al., 2019) og til vern av tettstadnært jordbruksareal (Brattestå et al., 2016). For Sogndal sin del kunne truleg meir systematiske og heilskaplege kartleggingar av ulike areal sine funksjonar ført til meir og betre fleirfunksjonalitet, i tråd med anbefalingane til Davies og Lafor-tezza (2017) og Hansen et al. (2019). Samla måloppnåing for bevaring av biomangfald, landskap og kulturverdiar, og tilrettelegging for friluftsliv og rekreasjon, er viktig for å få gode nærmiljø i tettstadene våre, og for å oppfylle globale miljømål (Næss et al, 2015; Thorén & Saglie, 2015). Utan heilskaplege tilnærmingar, som dei vi skisserer, vil det vere vanskeleg å nå FN sine berekraftmål (Lundberg et al., 2020).

GBLE MILJØMÅL OG GODE NÆRMILJØ I SOGDAL

Med utgangspunkt i kartlegging av arealbruksendringar i Sogndal gjennom dei tre siste tiåra har vi i dette kapittelet sett på samanhengar mellom globale miljømål og gode nærmiljø, med særleg vekt på grønstrukturane si rolle. Til dette har vi mellom anna brukt tre mål for berekraftig tettstadutvikling frå NAMIT (Næss, 1992). Om bevaring av biologisk mangfald, landskaps- og kulturverdiar og tilrettelegging for rekreasjon og friluftsliv var viktig i 1990, har ikkje betydninga av dette blitt mindre i dag.

Utover grøntområda sine funksjonar for folkehelse, og innan klimatilpassing, er det ikkje krav til analyse av fleirfunksjonalitet før ein gjer vedtak om å bygge ut grøntområde i Noreg. Med kunnskapen om dei positive samverknadene mellom rekreasjon, stadidentitet og biologisk mangfald som vi har forsøkt å vise i dette kapittelet, vil vi hevde at meir systematiske analysar av mangfaldet av verdiar og funksjonar som finst i grønstrukturar, kan vere med på å styrke rolla desse områda spelar for stadutviklinga.

Den godt dokumenterte krisa for artsmangfald er global, men oppstår først og fremst som summen av arealbruksendringar i lokale miljø over heile kloden. Det er derfor viktig å vurdere kva effektar utviklinga i lokalsamfunn har på biomangfaldet. Kanskje nettopp fordi mange tettstader i Noreg, som Sogndal, ligg omkransa av variert natur, er det lett å gløyme at dei ligg i område som for relativt få tiår sidan var blant dei mest artsrike kulturlandskapa våre. Tettstadene har framleis eit stort potensial for å romme variert plante- og dyreliv, og planlegging for å ta vare på og kanskje restaurere desse kvalitetane vil ikkje berre tene artsmangfaldet, men også rekreasjonsverdien og livskvaliteten til innbyggjarane.

Landskaps- og kulturverdiar er blant dei fellesgoda det er vanskelegast å mobilisere økonomiske ressursar og tøffe politiske prioriteringar for å ta vare på. Når Sogndal taper historiske bygningsmiljø og spor av tidlegare driftsformer og levevis, kan mange hevde at ein må akseptere desse endringane som del av utviklinga mot eit vekstkraftig regionsenter. Vi meiner at det er nettopp i periodar med vekst og god økonomi at ein må ta kostnadene med å ta omsyn til estetikk og identitet.

MERKNADER

Innlegget har blitt til som del av prosjektet *Sustainable urbanisation requirements of small and medium-sized urban settlements and their surroundings* (Surround), finansiert av MILJØFORSK-programmet til Noregs forskingsråd. Forfattarane har ingen interessekonfliktar knytte til temaet som er omtalt i kapittelet. Vi vil takke

Heidi Kathrin Osland og to anonyme fagfellar for verdifull gjennomlesing og kommentering av tidlegare versjonar av kapittelet.

REFERANSAR

- Andersen, A.E., Skadal, H. & Spangen, M. (2019). Tettstedsutvikling i Sogndal kommune fra 1990–2018: Kartlegging av arealbruksendringer. 88. <https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmlui/handle/11250/2616601>.
- Austad, I. & Helle, T. (1988). *Sogndal sentrum 1988. Eksisterende forhold*. Sogndal: Sogn og Fjordane distriktshøgskule.
- Austad, I., Sandal, P., Helle, T. & Losvik, M.H. (1989). *Sogndalsfjora i historisk perspektiv* (Skrifter 1989:2; NAMIT-rapport nr. 3). Sogndal: Sogn og Fjordane distriktshøgskule.
- Bjørneboe, J. (1990). *Strandsittersonen i Sogndalsfjora* (Internt prosjektnotat i NAMIT). Trondheim: Norges byggforskningsinstitutt.
- Brattestå, A.C., Skog, K.L. & Thomassen, M.M. (2016). Jordbrukslandskap i urbaniseringsprosesser: Et tomrom eller en ressurs for stedsutvikling? *Kart og Plan*, 76(4), 252–262.
- Davies, C. & Laforteza, R. (2017). Urban green infrastructure in Europe: Is greenspace planning and policy compliant? *Land Use Policy*, 69, 93–101. <https://doi.org/10.1016/j.landusepol.2017.08.018>.
- Dramstad, W. & Pedersen, C. (2019, 26. mars). Disse trendene er dårlig nytt for pollinerende insekter. *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/viten/i/awwdna/disse-trendene-er-daarlig-nytt-for-pollinerende-insekter>.
- ESRI. (2017). *ArcMap 10.7.1*. Environmental System Research Institute.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (2013, 25. april). *Vedtak i klagesak som gjeld oreigning i samband med reguleringplan for strandsona i Sogndal sentrum*. <https://www.statsforvalteren.no/contentassets/52406ec9532c4be2831ca60e8529fb5c/oreigningsvedtak.pdf>.
- Gamme, E.H. & Stokstad, H. (2019). Endringer i grønnstruktur og økosystemtjenester i Sogndalsfjora fra 1988 til 2018. 55. <https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmlui/handle/11250/2616610>.
- Groven, K., Hamre, L.N., Moberg, K.R. & Selseng, T. (2021). Fortetting og byspreiing: Praksis og haldningar gjennom tretti år i fire norske kommunar. I L. Longvanes, E. Bjørhusdal, J. Fossøy, D. Sekkingstad & T. Årethun (red.), *Fjordantologien 2021: Stadutvikling*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hansen, R., Olafsson, A.S., van der Jagt, A.P.N., Rall, E. & Pauleit, S. (2019). Planning multi-functional green infrastructure for compact cities: What is the state of practice? *Ecological Indicators*, 96, 99–110. <https://doi.org/10.1016/j.ecolind.2017.09.042>.
- Hanssen, G. S., Hofstad, H. & Saglie, I.-L. (2015a). Håndtering av motstridende hensyn i byutviklingen – tilsktede og utilsiktede konsekvenser. I G.S. Hanssen, H. Hofstad, & I.-L. Saglie (red.), *Kompakt byutvikling. Muligheter og utfordringer* (s. 259–270). Oslo: Universitetsforlaget.
- Hanssen, G.S., Hofstad, H., Saglie, I.-L., Næss, P. & Røe, P.G. (2015b). Hvorfor studere den kompakte byen. I G.S. Hanssen, H. Hofstad, & I.-L. Saglie (red.), *Kompakt byutvikling. Muligheter og utfordringer* (s. 13–25). Oslo: Universitetsforlaget.

- Heiberg, E. (1991). *Ulike utbyggingsmåtar i Sogndal mot år 2020. Verknader for biologiske ressurser, landskaps- og kulturverdiar, og høve til friluftsliv og rekreasjon* (Skrifter 1991:2). Sogndal: Sogn og Fjordane distriktshøgskule.
- Helle, T., Austad, I. & Losvik, M.H. (1989). *Naturressursar og andre miljøkvalitetar i Sogndal tettstad*. (Skrifter 1989:3) [NAMIT-rapport nr. 2]. Sogndal: Sogn og Fjordane distriktshøgskule.
- Høgskulen på Vestlandet. (2020). *Campus Sogndal*. <https://www.hvl.no/studentliv/studentliv-sogndal/Campus-Sogndal/>.
- Høyer, K.G., Aall, C., Heiberg, E. & Hanssen, J.U. (1991). *Alternativer for tettstedsutvikling i Sogndal. En vurdering av måloppnåelse i forhold til natur- og miljøvernkriterier*. (Nr. 18/91; VF-rapport, s. 129). Sogndal: Vestlandsforskning.
- Jones, M. (2008). Analysing landscape values expressed in planning conflicts over change in the landscape. *Re-Marc-able Landscapes - Marc-ante Landschaften: Liber Americum Marc Antrop*.
- Klima- og miljødepartementet (2019, 25. juli). *Strandsonen* [redaksjonell artikkel]. Regjeringen.no; <https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/friluftsliv/innsiktsartikler-friluftsliv/strandsonen/id2076261/>.
- Landbruks- og matdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Samferdselsdepartementet, Forsvarsdepartementet, Kunnskapsdepartementet & Olje- og energidepartementet (2018). *Nasjonal pollinatorstrategi. Ein strategi for levedyktige bestandar av villbier og andre pollinerande insekt* (s. 48) [Strategi]. Oslo: Landbruks- og matdepartementet / Klima- og miljødepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/3e16b8410e704d54af40bcb3e687fb4e/nasjonal-strategi-for-villbier.pdf>.
- Lee, A.C.K., Jordan, H.C. & Horsley, J. (2015). Value of urban green spaces in promoting healthy living and wellbeing: Prospects for planning. *Risk Management and Healthcare Policy*, 8, 131–137. <https://doi.org/10.2147/RMHP.S61654>.
- Lindhjem, H., & Sørheim, M.D. (2012). *Urbane økosystemtjenester i Norge: Status, utvikling, verdi og kunnskapshull* (RAPPORT 2012/37). Vista analyse. <https://docplayer.me/2482772-Rapport-2012-37-urbane-okosystemtjenester-i-norge-status-utvikling-verdi-og-kunnskapshull-henrik-lindhjem-og-maja-dineh-sorheim.html>.
- Lundberg, A.K., Bardal, K.G., Vangelsten, B.V., Reinart, M.B., Bjørkan, M. & Richardson, T. (2020). Strekk i laget: En kartlegging av hvordan FNs bærekraftsmål implementeres i regional og kommunal planlegging. NF rapport nr. 7/2020. Bodø: Nordlandsforskning.
- Miljødirektoratet (2013). *Kartlegging og verdsetting av friluftslivområder* (Veileder Nr. M98-2013). Oslo: Miljødirektoratet. <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/M98/M98.pdf>.
- Miljødirektoratet (2014). *Planlegging av grønnstruktur i byer og tettsteder* (Veileder Nr. M100-2014). Oslo: Miljødirektoratet. <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/M100/M100.pdf>.
- Miljødirektoratet (2019). *Naturmiljø og friluftsliv. Klimatilpassing og tiltak for å sikre naturmangfold og friluftsliv i eit klima i endring* [Veileder]. Oslo: Miljødirektoratet. <https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/klimaarbeid/klimatilpassing/klimatilpassing-i-sektorer/naturmiljo-og-friluftsliv/>.
- Miljødirektoratet (2020, 30. mars). *Friluftsliv i byer og tettsteder*. Miljøstatus. <https://miljostatus.miljodirektoratet.no/tema/friluftsliv/friluftsliv-i-byene/>.

- Nordh, H. & Olafsson, A.S. (2020): Plans for urban green infrastructure in Scandinavia. *Journal of Environmental Planning and Management*. <https://doi.org/10.1080/09640568.2020.1787960>.
- Norton, B.A., Evans, K.L. & Warren, P.H. (2016). Urban Biodiversity and Landscape Ecology: Patterns, Processes and Planning. *Current Landscape Ecology Reports*, 1(4), 178–192. <https://doi.org/10.1007/s40823-016-0018-5>.
- Næss, P. (1992). *Natur- og miljøvennlig tettstedsutvikling: Faglig sluttrapport* (NIBR-rapport 1992:2). Oslo: Norsk institutt for by- og regionforskning.
- Næss, P., Saglie, I.-L. & Thorén, K.H. (2015). Ideen om den kompakte byen i norsk sammenheng. I: G.S. Hanssen, H. Hofstad, & I.-L. Saglie (red.), *Kompakt byutvikling – Muligheter og utfordringer* (s. 36–47). Oslo: Universitetsforlaget.
- PBL. (2008). *Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)* (LOV-2008-06-27-71). Oslo: Kommunal- og moderniseringsdepartementet. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71?q=plan-%20og%20byggningslova>.
- Schärer, J. (2019). *Bier og blomster er viktige i hverdagslandskapet*. Nibio. <https://www.nibio.no/nyheter/bier-og-blomster-er-viktige-i-hverdagslandskapet>.
- Skog, K.L. & Steinnes, M. (2016). How do centrality, population growth and urban sprawl impact farmland conversion in Norway? *Land Use Policy*, 59, 185–196. <https://doi.org/10.1016/j.landusepol.2016.08.035>.
- Sogndal kommune. (2013). *Kulturminneplan for Sogndal kommune 2013* (s. 66). Sogndal: Sogndal kommune. <https://sogndal.custompublish.com/getfile.php/2563914.1687.rdpbtvqtwu/Kulturminneplan.pdf>.
- Statistisk sentralbyrå (2017). *Tettsteders befolkning og areal, 1. januar 2017*. ssb.no. <https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/befteft/aar/2017-12-19?fane=om>.
- Statistisk sentralbyrå (2019, 4. november). *Mer enn 8 av 10 bor i tettsteder*. ssb.no. <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/mer-enn-8-av-10-bor-i-tettsteder>.
- Statistisk sentralbyrå (2020). *04859: Areal og befolkning i tettsteder, etter tettsted, statistikkvariabel og år*. Statistikkbanken. <https://www.ssb.no/statbank/table/04859/tableViewLayout1/>.
- Thorén, K.H. & Saglie, I.-L. (2015). Hvordan ivaretas hensynet til grønnstruktur og naturmangfold i den kompakte byen? I: G.S. Hanssen, H. Hofstad & I.-L. Saglie (red.), *Kompakt byutvikling – Muligheter og utfordringer* (s. 117–133). Oslo: Universitetsforlaget.
- Tyrväinen, L., Ojala, A., Korpela, K., Lanki, T., Tsunetsugu, Y. & Kagawa, T. (2014). The influence of urban green environments on stress relief measures: A field experiment. *Journal of Environmental Psychology*, 38, 1–9. <https://doi.org/10.1016/j.jenvp.2013.12.005>.
- Verdenskommisjonen for miljø og utvikling (1987). *Vår felles framtid*. Oslo: Tiden Norsk Forlag.
- Vestby, G.M. (2018). *Fugleperspektiv på tre tiår med stedsutvikling*. Oslo: Distriktsenteret/By- og regionforskningsinstituttet NIBR, OsloMet.
- Vestland fylkeskommune, & Statsforvalteren i Vestland. (u.å.). *Fylkesatlas Vestland* [Kartteneste for elektroniske geodata]. Fylkesatlas. Henta 9. oktober 2020, frå <https://www.fylkesatlas.no/>.



3. Jentebevisst byplanlegging – aktivitet, inkludering og trygghet i byrommet

Lisa Hansson og Solveig Straume

Sammendrag Formålet med dette kapittelet er å diskutere unge jenters forutsetninger for aktivitet og trygghet i byrommet. Studier av uorganisert fysisk aktivitet og aktivitetsparker i byrom indikerer at disse i størst grad anvendes av gutter. Jenter er en gruppe som ofte blir usynliggjort i forskningen om og planleggingen av urbane rom. Kapittelet diskuterer hvordan en kan planlegge likestilte offentlige byrom, som er attraktive både for jenter og gutter. Vi kaller dette jentebevisst byplanlegging.

Abstract The purpose of this chapter is to discuss young girls' prerequisites for activity and safety in urban outdoor spaces. Studies of unorganized physical activity and activity parks in urban spaces indicate these are mostly used by boys. Girls are a group that gets less attention in both the research and in the practical planning of urban spaces. The chapter discusses how to plan public urban spaces, which are attractive to both girls and boys. We call this «girl-conscious» urban planning.

Nøkkelord byplanlegging | uorganisert idrett | fysisk aktivitet | inkludering | ungdom

INNLEDNING – DET OFFENTLIGE BYROMMET

En bærekraftig by inkluderer mange aspekter som er knyttet til ulike strukturer. En rettferdig fordeling av ressurser mellom mennesker i byen er et av disse aspektene. Det handler om hvem som har tilgang til byens infrastruktur og boliger, men også om sosiale aspekter som muligheter til å påvirke utformingen av aktiviteter, være i offentlige byrom og ta del i det sosiale og politiske livet i byen (Hanssen & Myrvold, 2017). Et godt lokalsamfunn er avhengig av sosial kontakt og uformelle møteplasser hvor man føler tilhørighet og kjenner seg trygg. Men sosiale relasjo-

ner i et offentlig rom handler likevel ikke om at «alle kjenner alle» (Jacobs, 1962). Trygghet kan ligge i et kontinuerlig nærvær av eller en tilstrekkelig konsentrasjon av mennesker på et sted (Jacobs, 1962; Valentine, 1989).

Likevel er ikke byen bestandig en åpen arena for alle. Grupper utelukkes, eller opplever å utelukkes, fra det offentlige rommet. Det kan for eksempel være grupper som ikke passer inn i normen til de andre som er på stedet eller grupper som aldri har tatt rommet i bruk (Listerborn, 2002). Bruken av et sted kan faststilles og endres avhengig av hvem som inntar stedet. Det finnes altså romlige maktfaktorer i byen, og bebyggelse, arkitektur og design har betydning for hvor inkluderende eller mangfoldig en by er eller oppleves å være. En tematikk innenfor feltet urban design handler derfor om hvordan man kan utforme offentlige rom slik at de er inkluderende.

Det er gjort mange studier som omhandler kjønn og likestilling i og av byrommet (Datta, Hopkins, Johnston, Olson & Silva, 2020; Kern, 2020), og feministiske urbane teoretikere har demonstrert at det finnes maktforhold mellom kjønn i det offentlige rommet. Samfunnets organisering avspeiles i byens organisering, der mannlige normer tradisjonelt sett har styrt planleggingen (Greed, 1994; Little, Peake & Richardson, 1988; Rose, 1993). Arkitektur, design og formål i byen kan videre påvirke, skape og forsterke oppfatninger om hva som er kvinnelig og mannlige. Haydens (1977) artikkel *Skyscraper seduction, skyscraper rape* er et sentralt verk i utviklingen av feministisk geografi / urbane studier. En gren av denne fagretningen som stadig er i utvikling (Bondi, 1990; Datta et al., 2020), belyser kroppen i byrommet, hvordan ulike kropper blir sett på, og hvordan artefakter eller gjenstander i byrommet er tilpasset ulike typer kropper og former (Kern, 2020; Rendell, Penner & Borden, 2000). Gjennom å bruke standardmål for en kropp kan plassen oppleves som utilgjengelig for andre kropper som ikke passer inn i denne standarden (Burton & Mitchell, 2006). Utformingen av offentlige byrom kan altså befeste normer, men samtidig være et verktøy til å synliggjøre, diskutere og stille spørsmål om disse normene (Rendell et al., 2000). Begrepet «kjønnsbestemte rom» brukes for å vise at de handlinger som tas i bruk i et rom, er en konsekvens av en kjønnsmarkering av rommet. Det handler blant annet om oppfatningen av hvem som bruker de urbane rommene, og hvilket kjønn som assosieres til hvilket rom. Et menneskes handling er basert på erfaringer som gjennom årene har blitt påvirket av ulike typer kjønnsstrukturer (Rose, 1993). Det finnes for eksempel forventninger til hvordan jenter og gutter skal oppføre seg, og disse forventningene reproduseres gjennom forsøk på å passe inn i sosiale sammenhenger. Dette reflekteres også i de aktiviteter som skjer i de offentlige rommene (Forsberg, 2005). For eksempel viser studier fra Sverige at 80 % av de som bruker aktivitetsparkanlegg er menn, og kun 20 % er kvinner (Björnson, 2013, s. 74).

Det er mange studier som har sett på unge og fysisk aktivitet i urbane områder, men til sammenligning er det få som har sett på jenters aktivitet og bevegelse i byrommet spesifikt. Det er viktig å belyse denne problematikken. Formålet med dette kapittelet er derfor å diskutere unge jenters forutsetninger for aktivitet og trygghet i byrommet. Kapittelet tar mål av seg til å være et teoretisk bidrag til diskusjonen om hvordan en kan arbeide med jentebevisst byplanlegging. To ulike eksempler fra svenske kommuner hvor en har gjennomført et strategisk arbeid med synliggjøring av jenter i byplanleggingsprosjekt, brukes for å gi et perspektiv til den teoretiske diskusjonen.

Jenter og gutter – en begrepsforklaring

Geografi har som forskningsfelt lenge blitt kritisert for å være dualistisk med tilnærminger som for eksempel natur/kultur, urban/rural, by/land og global/lokal (Rose, 1993). I dette kapittelet bruker vi iblant begrepene «jenter» og «gutter» eller «kvinner» og «menn». Disse begrepene kan også ses som dualismer, men vi ønsker å være tydelige i våre perspektiv. Kjønn (gender) er en sosial konstruksjon som kontinuerlig reproduseres gjennom interaksjon mellom mennesker (Fenstermaker & West, 2002). Det betyr at bruken av begrepsparet jenter og gutter kan være misvisende, da dette er heterogene grupper som inneholder et mangfold av mennesker. Det finnes individer som ikke tilskriver seg et bestemt kjønn, eller som tilskriver seg flere kjønn. Til tross for dette bruker vi i teksten begrepene jenter og gutter for å forenkle språkbruken.

Disposisjon

Kapittelet er lagt opp på følgende måte: Først vil vi i en teoretisk del presentere litteratur omhandlende fysisk aktivitet og trygghet i urbane rom så vel som en presentasjon av såkalte kommunikative planleggingsteorier. Videre vil vi gjøre rede for metoden vi anvender i kapittelet før vi gjennom to empiriske eksempler går over til å diskutere unge jenters forutsetninger for aktivitet og inkludering i byrommet. Avslutningsvis diskuterer vi hvordan vi kan ta med oss lærdommer fra kapittelet videre i arbeidet med jentebevisst byplanlegging.

TEORETISK BAKGRUNN

Fysisk aktivitet og trygghet i urbane rom

Litteratur viser en sammenheng mellom følelse av trygghet og fysisk aktivitetsnivå blant barn og unge. For eksempel viste Molnar, Gortmaker, Bull og Buka (2004) i en studie fra en bydel med lav sosioøkonomisk status i Chicago at i nabolag preget av kriminalitet og utrygghet var barn og unge mindre fysisk aktive, noe som igjen kunne føre til livsstilssykdommer som er særlig utbredt i denne delen av befolkningen. På samme måte fant Echeverria, Luan Kang, Isasi, Johnson-Dias og Paquiao (2014) i en studie fra Newark, New Jersey at økt trygghet i nabolaget økte både sjansen for å bruke nabolagsparker, følelsen av trygghet i parkene og også den fysiske aktiviteten blant barn og ungdom. De understreker viktigheten av å jobbe for lokalsamfunn fri fra vold og å legge til rette for at ungdom har trygge og hyggelige omgivelser hvor de kan leve, lære og leke. Brady (2005) demonstrerer også gjennom casestudier av idrettsprogram i Kenya og Egypt at behovet for trygge områder (*safe spaces*) er særlig stort i programmer som har jenter som målgruppe. I denne sammenhengen defineres trygge områder slik:

one that would be considered culturally acceptable to parents and other gatekeepers on the one hand, yet free from parental pressures on the other (...) conveniently located, known by potential program participants, yet not subject to intrusions by males and unwanted authority figures (...) and perhaps most importantly, the “space” should not put girls at any risk of physical or emotional threat or harm and must offer girls some degree of privacy and confidentiality (Brady, 2005, s. 40).

I en metaanalyse av studier fra lav- og middelinntektsland som så på forholdet mellom fysisk aktivitetsnivå og følelse av trygghet, fant Rees-Punia, Hathaway og Gay (2018) at de som rapporterte at de følte seg trygge fra kriminalitet, hadde 27 % større sjanse for å nå et høyere fysisk aktivitetsnivå sammenlignet med de som bodde i områder med høye kriminalitetstall og som følte seg utrygge. I en annen systematisk litteraturstudie fant derimot ikke Silva et al. (2016) en åpenbar sammenheng mellom fysisk aktivitet og trygghet fra kriminalitet, og fant videre at vel 10 % av de inkluderte artiklene faktisk viste negativ sammenheng. Ifølge Hermosillo-Gallardo, Sebire og Jago (2020) kan dette overraskende funnet kanskje forklares med at 84,3 % av artiklene i studiet var utført i høyinntektsland hvor kriminalitetsraten er betydelig lavere enn i lav- og middelinntektsland.

Det er åpenbart at graden av hvorvidt en opplever en følelse av trygghet og også hvor trygge områder de facto er, varierer mellom ulike kontekster. Som Brady (2005) påpeker, er frihet til å bevege seg fritt (*freedom of movement*) en relevant problemstilling i de fleste kontekster i lavinntektsland, mens det i høyinntektsland gjerne er mindre relevant, da kriminalitetsraten er betydelig lavere. Slik kan en argumentere for at den skandinaviske konteksten i stor grad skiller seg fra de kontekster hvor forskningen på fysisk aktivitet og trygghet i urbane rom har vært særlig fremtredende. Det finnes likevel flere eksempler også i Skandinavia hvor denne problematikken er relevant. Særlig ser en i byer med en viss størrelse store forskjeller mellom indre by og forsteder. For eksempel i Sverige har det på nasjonalt nivå blitt utpekt et antall særskilt utsatte områder som er preget av lav sosioøkonomisk status og medfølgende storbyproblematikk (Puur, Litbo & Gerell, 2019). Studier fra Norge viser at minoritetsjenter har betydelig lavere deltakelse i den organiserte idretten enn majoritetsjenter (Walseth, 2011). Det er ulike årsaker til dette, og sentrale forklaringer er både økonomiske og kulturelle forutsetninger. Studier fra særskilt utsatte områder i Sverige viser også at for jenter er rammene for deltagelse i idrettsaktiviteter etter skoletid betydelig mer begrenset, og særlig når aktiviteten er kjønnsdelt (Tarhan & Kakabaveh, 2016a; 2016b). Sabo (2009) forklarer dette med at det eksisterer et *gender gap* når det kommer til fysisk aktivitet i urbane områder, hvor jenter har lavere deltagelse i den organiserte idretten, entrer organisert idrett på et senere tidspunkt og har høyest frafallsrate fra idretten sammenlignet både med urbane gutter og med gutter og jenter i rurale strøk. Familieinntekt, rase og etnisitet og type lokalsamfunn er sentrale forklaringer for dette. Sabo viser også gjennom sin forskning at urbane jenter i større grad enn andre er *have-nots* i kroppsøving, og dermed også mindre fysisk aktive gjennom skolen enn andre barn og unge.

Urbane aktivitetsrom, for hvem?

Aktivitet i byrom er også relatert til helsefremmende aspekter og hvordan offentlige rom kan utformes for å fremme fysisk aktivitet og folkehelse. En stor del av forskningen på feltet kommer fra USA, der flere studier har vist at tilgjengelige park- og rekreasjonsområder kan bidra positivt på barn og unges fysiske helse og oppvekstvilkår (Cohen et al., 2006). For eksempel fant Epstein et al. (2006) at ved økt tilgjengelighet av parkområder økte det fysiske aktivitetsnivået blant barn fra åtte til 15 år som bodde i samme område. På samme måte fant Cohen et al. (2006) i en studie av unge jenter som brukte aktivitetsmåler, at deltagere som hadde parkområder i nabolaget hadde et høyere fysisk aktivitetsnivå sammenlignet med de som ikke hadde det.

I den skandinaviske diskusjonen har aktivitetsparker blitt fremhevet som alternativ til helsefremmende tiltak, som gir muligheter til sosial aktivitet i det offentlige rommet. I dette kapittelet anvender vi begrepet «aktivitetsparker» som samlingsbegrep for utendørs offentlige rom som tilrettelegger for såkalte uorganiserte aktiviteter og livsstilsidretter (for eksempel skateboarding, street-basket og parkour). I de senere årene har disse formene for aktiviteter økt i popularitet. En har sett at de gjerne når målgrupper som tradisjonelt har vært vanskelig å rekruttere til den organiserte idretten, såkalt «hard to grasp groups of young people» (Säfvenbom, Wheaton & Agans, 2018, s. 1991). Dette har ført til mer oppmerksomhet også fra offentlige myndigheter, som i økende grad tilrettelegger for uorganisert fysisk aktivitet i offentlige rom. Denne typen aktivitetsrom er tilgjengelige, gratis og synlige i nærområdet, noe som har gjort dem interessante fra det offentlige perspektiv (Gilchrist & Wheaton, 2017). Aktivitetsparkene portretteres ofte som «det urbane ungdomslivet» og visualiseres med at ungdommer leker, trener og oppholder seg der. Men hvem er egentlig aktivitetsparker i det offentlige rom konstruert for, og hvem er det som tar dem i bruk?

Dersom vi ser på type aktivitet som det gjerne tilrettelegges for gjennom aktivitetsparker, argumenterer Thorpe (2016) med at i motsetning til den tradisjonelle idretten, som var utviklet av og for menn, er de fleste livsstilsidretter utviklet i en annen type kjønnskontekst. I mange idretter er fysiske forutsetninger sentrale (muskelmasse, hurtighet og utholdenhet), og en er i stor grad kjønnsinndelt både i trening og konkurransen. I mange uorganiserte livsstilsidretter, derimot, finnes forutsetningene for å delta side om side uavhengig av kjønn, og alle deler samme rom (for eksempel bølger eller skateboardpark) (Thorpe, 2016, s. 101).

I utgangspunktet betyr dette at aktiviteten i seg selv ikke nødvendigvis er kjønnsdelt. Likevel viser data at aktivitetsparker er en type offentlig rom som først og fremst tiltrekker seg menn og gutter (Björnson, 2013, s. 74). Forskning på skateboardkultur viser også at i offentlige rom hvor unge jenters tilstedeværelse er uvanlig, blir de jentene som deltar, ofte fremstilt som ekstraordinære og alternative innenfor subkulturen. Også i forskningsfeltet blir jenter og kvinnelige skateboardere behandlet som ekstraordinære og eksepsjonelle på grunn av sitt kjønn (Bäckström & Nairn, 2018). På samme måte viser studier innenfor bølgesurfing at kvinnelige surfere tradisjonelt har blitt sett på som *outsidere* som invaderer et mannlige domene (Brennan, 2016). Det illustrerer at det offentlige rommet koblet til fysisk aktivitet inneholder en kjønnsordning, der konsekvensen har blitt at menn/gutter foretrekkes og forventes å ta dette i bruk fremfor kvinner/jenter. Spørsmålet blir derfor hvordan en kan planlegge for likestilte offentlige byrom for fysisk aktivitet.

Kommunikative planleggingsteorier

I lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) reguleres medvirkning i et eget kapittel. § 5-1 illustrerer viktigheten av medvirkning i planforslag og legger spesiell vekt på inkludering av barn og unge (plan- og bygningsloven, 2008, § 5-1). Til tross for at loven vektlegger medvirkning, viser det seg at det kan være vanskelig å få til dette i praksis (Amdam & Amdam, 2006). I et sentralt bidrag til planleggingsteori, *A ladder of citizen participation*, viser Arnstein (1969) at medvirkning kan deles opp i ulike trinn. I praksis kan dette for eksempel illustreres gjennom den såkalte innflytelsessirkelen, som regjeringen har lagt inn i sin veileder til aktører i planleggingsprosjekt (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014, s. 23). Ifølge Arnstein (1969) er «medbestemmelse» og «selvråderett» viktige trinn for å nå full medvirkning i en planleggingsprosess, men disse er derimot ikke tydelige i regjeringens veiledning. Dette er dessverre ganske symptomatisk i mange offentlige planleggingsprosesser, for som mange studier har vist, skjer medvirkning ofte bare på de første og lavere trinnene i den såkalte medvirkningstrappen (Hanssen & Myrvold, 2017). I plan- og bygningsloven er for eksempel lavere grader av medvirkning (som «informasjon» og «høring») lovfestet. Slik kan borgeren ligne på en konsument, der det som planlegges, er et produkt som borgeren (konsumenten) skal respondere på. Måten medvirkning skjer, er for eksempel gjennom fokusgrupper, allmøte eller intervjuer for å få informasjon om hva borgeren synes (Levine, 2015, s. 177).

For å oppnå målet om medvirkning forutsettes at kommunen er positivt innstilt til endring og har et tydelig brukerperspektiv med involvering av de som påvirkes av planleggingsprosjektet. Men det er utfordrende å få mennesker fra ulike grupper til å medvirke i planleggingsprosjekt (Lahti Edmark, 2002). Medvirkning tar tid fra andre aktiviteter, og de som deltar ser ikke alltid relevansen av å være involvert. Det kan for eksempel være at de ikke ser resultater eller ikke føler seg hørt. Hvis tiltakene ikke blir vellykkede, kan arbeidet føre til skuffelse og fortvilelse både blant tjenestepersoner og brukerne av stedet. Tiltak kan også være midlertidige, og grunnleggende utfordringer som for eksempel utrygghet og stigmatisering blir ikke løst. Dette kan føre til redusert tiltro til den kommunale innsatsen og til offentlige organisasjoner (Johansson & Khakee, 2001; Lahti Edmark, 2002).

For å oppnå høyere grad av medvirkning (som «medbestemmelse» og «selvråderett») må planleggerne (eller andre aktører) arbeide med alternative metoder (Hanssen & Myrvold, 2017). Den kommunikative tilnærmingen til planlegging ser ikke på planlegging som bare noe borgerne får (*get provided*), men noe som skapes sammen med borgerne (*work with citizens*) (Levine, 2015, s. 177). Forutsetningene for dette er at borgere ses som en del av beslutningsprosessene, og at de respekteres

kommunen som har høgast tal barn og unge mellom 0–17 år som bur i lag med einslege foreldre. Vidare er talet på innvandrarak høgt samanlikna med andre bydelar i kommunen. Dette gir behov for integreringsarbeid og språkopplæring, og at skule og barnehage er tilpassa målgruppa. I sum tilseier dette at Aspøya er ein bydel med opphoping av negative levekårsfaktorar knytte til låg inntekt, barnefattigdom, arbeidsløyse, uføretrygd og barneflyttingar (Ålesund kommune, 2019).

Utfordringar og målsettingar for kommunedelplanen for Aspøya

Planleggarane i Ålesund kommune hadde på førehand kartlagt utfordringar i bydelen. Mange av utfordringane ein ønskte å adressere, var knytte til dei fysiske omgjevningane; redusere støy og gjennomgangstrafikk, sikre tilgang til sjøen, skape gode og trygge sambindingsveggar for gåande og syklende. Det var også eit ønske om å gripe fatt i levekårsutfordringane. Eit mål for planarbeidet var derfor å involvere eit utval av svake grupper blant innbyggjarane. Eit anna mål var å få utfyllande informasjon om resultatane frå ei barnetråkk-registrering utført av 6. klasse ved Aspøy skule i 2018. Skulen har mange framandspråklege elevar og erfarte at det gjekk greitt å registrere stadar barna opplevde som gode, skumle eller farlege. Grunna språkproblem var det derimot vanskeleg å forstå kva slags eigenskapar det var ved dei ulike plassane som barna tykte godt om eller reagerte negativt på. Kommunen ønskte derfor å gjere ei supplerande undersøking med dei same elevane, der ein nytta andre metodar og meir tid.

Skreddarsydd medverknadsopplegg for svake grupper

Samarbeidet mellom Ålesund kommune og Høgskulen i Volda kom i stand då ein såg at dette kunne gi kommunen auka kapasitet i planarbeidet, samstundes som studentane fekk relevant praksis.

Som ein introduksjon til studentprosjektet var det i undervisninga lagt vekt på korleis ein gjennom planlegging kan motarbeide sosial ulikskap. Sjølve prosjektarbeidet starta med eit heildagsseminar med synfaring for studentane. Formålet var at studentane skulle verte kjende med Aspøya som stad og få ei forståing for utfordringane i bydelen. Tilbake i Volda arbeidde studentane med å førebu datainnsamling gjennom utarbeiding av spørjeguidar og anna metodisk opplegg. Avtalar med institusjonar og ulike målgrupper for datainnsamling hadde planleggarane gjort på førehand. Det var 37 studentar, og dei var inndelte i seks faste grupper under heile prosjektarbeidet. Kvar gruppe hadde ein rettleiar som følgde opp arbeidet undervegs.

Metodane for datainnsamlinga var kombinasjonar av intervju, spørjegranskingar og observasjon (jf. tabell 4.1).

Tabell 4.1. Målgruppe og metodar for skreddarsydde medverknadsopplegg

Målgruppe/arena	Metode
Elevar på 6. trinn ved Aspøy skole	Synfaring, observasjon, dialog, teikning
Foreldrerådets arbeidsutvalg (FAU) ved Aspøy skole	Verkstad og SWOT-analyse
Brukarar og tilsette ved Frelsesarmeens varmestue	Observasjon, spørjeundersøking og intervju
Brukarar og tilsette ved Frivilligsentralen	Observasjon, spørjeundersøking, intervju og fokusgruppeintervju
«5 på gata»	Spørjeundersøking med moglegheit for opne svar

Sjølve datainnsamlinga vart gjennomført i løpet av ein dag. Til saman deltok 66 personar i dei ulike opplegga. Personane var i alderen 12 til 80 år, og av begge kjønn.

Føresette til elevar ved Aspøy skole signerte samtykke til at barna deltok. På førehand var behovet for å melde prosjektet til NSD drøfta. Sidan undersøkinga verken samla inn sensitive personopplysingar eller gjorde lyd- og biletopptak, var det ikkje naudsynt å melde prosjektet.

Datagrunnlag for artikkelen

Analysen i dette kapittelet bygger på fleire kjelder (jf. tabell 4.2).

Tabell 4.2. Datagrunnlag og metodar for artikkelen

Aktivitet	Data og metode
Førebuingsaktivitetar: <ul style="list-style-type: none"> Planleggingsmøte med planleggarane i Ålesund kommune og synfaring på Aspøya 	Referat og observasjon
Undervisningsaktivitetar: <ul style="list-style-type: none"> Seminar og synfaring på Aspøya Utarbeiding av spørjeskjema, intervjuguide m.m. Datainnsamling på Aspøya Presentasjon av resultat 	Dialog med studentar i samband med rettleiing Observasjon
Eiga datainnsamling	Studentevaluering Intervju med planleggar i Ålesund kommune

Vi som står bak denne artikkelen, representerer eit «innanfrå-syn». Vi har vore med og utforma prosjektarbeidet. Undervisingsopplegg i forkant av prosjektet har vore tilpassa dei problemstillingane som studentane skulle arbeide med på Aspøya. I lag med Ålesund kommune har vi skapt rammene for prosjektet og lagt til rette for dei aktivitetane som studentane har gjennomført. Dette har gitt oss inn-syn i, og såleis kunnskap om, dei ulike tilnæringsmåtene. Dei tette koplingane opp mot utforming og innhaldet i prosjektet gjer at vi ikkje representerer eit objektivt syn, verken på innhald eller resultat.

ERFARINGAR MED SKREDDARSYDDE MEDVERKNADSOPPLEGG SOM METODE

Skreddarsaum inneber å peike ut kva grupper som skal medverke, kor ein skal treffe dei, i kva saker og på kva måte dei skal involverast. Ein må i tillegg legge vekt på å nytte ei språkform som er forståeleg for dei det gjeld. Fellesnemnar for målgruppene var at dei hadde tilhald på Aspøya. Ut over dette var dei svært forskjellige, noko som innebar ulike måtar å involvere dei på. I det vidare presenterer vi erfaringar med å mobilisere dei ulike målgruppene, og vi reflekterer rundt potensialet til skreddarsydde medverknadsopplegg for svake grupper.

Erfaringar med å mobilisere dei ulike målgruppene

For å få ei breiare forståing av erfaringa frå barnetråkkanalysen og kome over språkvanskar valde vi å oppsøke elevane på 6. trinn på Aspøy skole. Klassen på 16 elevar vart delt inn i to grupper. Det var sett av ein heil dag der elevane mellom anna viste fram nærområdet sitt. Denne synfaringa vart samstundes nytta som observasjonsarena der studentane førde uformelle samtalar med elevane.

For å få innspel og synspunkt på korleis friområde på Aspøya kan gjerast meir attraktive for innbyggjarane, fekk elevane teikne og kome med forslag til utforming av uteområde. Det vart lagt stor vekt på å bruke god tid for å vinne tillit og med det få ærlege tilbakemeldingar frå elevane. Metoden gjorde elevane i stand til å formidle korleis dei opplevde nærområda sine og også korleis dei ønskte at desse burde utformast i framtida. Til dømes gav barna uttrykk for at dei meir uberørte friområda, slik som Martahaugen og Storhaugen, burde halde fram med å vere slik dei er, medan det for to andre friområde i Steinvågen kom fram mange og ulike idear til utforming. Elevane fekk også formidla at friområda er viktige for trivselen.

Gjennom dialog med barna fekk vi mykje informasjon om kvifor barna oppfatar stadar som trygge eller utrygge. Gjennom dialogen fekk ein også informasjon

om på kva måtar dei ser føre seg å forbetre stadane. Ein fekk utfordra barna til å bidra med sine refleksjonar knytte til kva tilbod som finst for dei. Det kjem mellom anna fram at det er få organiserte aktivitetar i bykjernen, og såleis få av barna som tek del i slike på fritida. Det er derfor viktig med gode og tilrettelagde møteplassar. Barna får gitt uttrykk for at dei er opptekne av eit mangfald av aktivitetar. Alt i alt bidrog dette medverknadsopplegget til engasjement knytt til å formidle korleis dei opplever Aspøya som stad, noko som gir ei djupare forståing av den opphavelige barnetråkkundersøkinga.

Foreldrerådet arbeidsutval (FAU) ved Aspøy skole vart utfordra på å gjere greie for sterke og svake sider ved Aspøya som stad, i tillegg til moglegheiter og trugslar for barn i bydelen. SWOT-analysen var eit godt utgangspunkt for diskusjon. Synspunkta frå arbeidsutvalet var i stor grad samanfallande med tilbakemeldingane frå elevane på 6. trinnet, og dei utgjorde også eit nyttig supplement til barnetråkkregistreringane. SWOT-analysen fungerer i tillegg godt for å få forståing og kjennskap til Aspøya som stad.

Brukarane ved Frelsesarmeens varmestue var av forskjellige årsaker tunge å få i tale ved bruk av tradisjonelle intervjumetodar. Studentane som stod for desse intervjuar, fann ut at dei måtte vere få til stades i gangen. Studentane vart kjende med brukarane gjennom å ta del i måltid, og dei erfarte at dei måtte opphalde seg der i fleire timar før brukarane vart overtudde og trygge på at dei hadde noko å bidra med. Her var det særleg viktig å ha ein god dialog med leiar, for å legge til rette for trygge intervjusituasjonar. Truleg er det i samband med medverknad frå til dømes rusmisbrukarar og psykisk sjuke ein i størst grad er avhengig av å kunne «lese» situasjonen der og då, og gjere tilpassingar undervegs. På same måte bør ein dra vekslar på erfaringane frå Klausen med fleire (2003, s. 9) og vurdere om dei aktuelle temaa er eigna til å skape engasjement for denne gruppa. Ein viktig lærdom med omsyn til denne målgruppa er at synet på staden for mange nok kjem i andre rekke i forhold til utfordringar dei opplever til dagleg, noko som det er viktig å ha respekt for som intervjuar.

Opplegget for medverknad på Frivilligsentralen lukkast vi ikkje med. Brukarane som var til stades denne dagen, hadde ikkje tilknytning til Aspøya, og dei hadde såleis få synspunkt på Aspøya som stad. Ei erfaring som likevel er verd å ta med, er at brukarane ikkje var etnisk norske, og at ein såleis burde utarbeidd spørjeskjema på deira eigne morsmål. Eit slikt opplegg ville ha kravd anna førebuing.

Det vart også gjennomført ei spørjeundersøking med tilfeldig forbigassarande ulike stadar på Aspøya. I motsetnad til dei andre medverknadsmetodane, der ein la vekt på å ta seg god tid, møtte ein her folk som var «på farten» og med lita tid til å la seg intervjuje. Dette påverka resultatet. Vi erfarte også at utvalet i stor grad var

turistar og besøkande og at dei derfor i liten grad gjenspeglar innbyggjarane på Aspøya. Som ein kuriositet kan også nemnast at val av grøn T-skjorte som skulle signalisere tilhøyrse til Høgskulen i Volda, gjorde at mange forveksla dei med politiske parti på valkampoppdrag, noko som gjorde at dei unngjekk å la seg intervjuje.

Frå levekårsstatistikken veit vi at det bur mange eldre på Aspøya og at mange av desse er utan sosiale nettverk. Erfaring frå forskning på medverknad (Klausen et al., 2013, s. 109) syner at denne gruppa er vanskeleg å nå, og det var også vår erfaring. Truleg ville vi lukkast betre om vi forsøkte å nå desse på deira «heimebane», slik som nærbutikken eller i eigen bustad.

Medverknadsopplegga i seg sjølv var i utgangspunktet ikkje så utradisjonelle, men måten ein gjekk fram på for å gjennomføre intervju, spørjeundersøkingar og observasjon, skil seg frå dei tradisjonelle framgangsmåtane på ulike måtar. For det første måtte studentane takle situasjonar dei ikkje var budd på undervegs og improvisere i forhold til dei framgangsmåtane dei hadde lagt planar for. På nokre arenaer blei det naudsynt å bruke meir tid for å opparbeide tillit og for å overkome utfordringar knytte til språkvanskar. Ein måte å overkome språkvanskar blant barn på var å ta i bruk kunstnarlege uttrykk, slik som teikning.

Bruk av studentar var ein føresetnad for å oppnå tilstrekkeleg kapasitet. Det å vere mange gjorde at ein kunne bruke mykje tid på kvart enkelt individ, noko som gjorde at dei som medverka, opplevde å bli høyrd og sett. Ein styrke ved studentgruppa er at den utgjorde eit mangfald med omsyn til kjønn, alder og etnisitet. Dette var eit fortrinn når det gjaldt å bygge tillit mellom studentar og medverkande. Mangfald kan også ha noko å seie for korleis innspela vert tolka.

Vi erfarte at breidda i metodar og tilnæringsmåtar var viktig for å nå dei ulike målgruppene og for at dei skulle kunne formidle sine erfaringar på måtar som passa dei. I nokre samanhengar fungerte metodane svært godt, medan i andre opplevde ein mange av dei utfordringane som ein kjenner til frå tidlegare forskning og erfaringar med medverknad. Dette vil bli drøfta i det følgjande.

Metoden sitt potensial for å nå svake grupper

Erfaringane frå prosjektet stadfestar at det er tid- og ressurskrevjande å involvere barn, unge og svake grupper i kommunale planprosessar, slik tidlegare erfaringar også viser (Amdam & Amdam, 2000). Ressursane i prosjektet var i første rekke studentane. Samtidig var kvalitetssikringa frå tilsette ved høgskulen viktig. Samla gav dette auka kapasitet utan store kostnader for kommunen.

Det mest vellukka tiltaket var å få barn og unge i tale. Styrken her var å velje ein annan arena, og andre uttrykksformer enn det som vanlegvis vert nytta i slike prosessar.

Målet var å nå både barn, rusmisbrukarar, innvandrarar, eldre og «mannen i gata». Vi lukkast berre delvis med dette. Ein lukkast rett nok med å få andre grupper, som rusmisbrukarar, i tale, gjennom å bruke tid på å oppnå tillit. Dette er nyttige erfaringar i seg sjølv, men gav ikkje grunnlag for reell medverknad i den aktuelle planprosessen. Til dels kan dette skuldast tilfeldigheter som har å gjere med vêr og vind og kva aktivitetar som finn stad på dei valde arenaer. Det å treffe med dag og tidspunkt er såleis viktig. Meir medvit med tanke på val av tidspunkt kunne gitt betre resultat. Andre arenaer kunne vore aktuelle. Det gjeld til dømes å møte folk på nærbutikken, der eldre møtest og gjerne tek ein kopp i kaffekroken. Eit anna alternativ er å oppsøke folk der dei bur (Klausen et al., 2013; Pløger, 2015).

Språkvanskar er krevjande. Opplegg for medverknad må ta omsyn til dette og legge opp til variasjon/kreativitet i uttrykksformer. Forskinga og erfaringa på området er oppteken av behovet for å eliminere dei forskjellane som språkvanskar inneber, anten dette handlar om minoritetar eller om forholdet mellom fagspråket og det språket målgruppene kan relatere seg til (Klausen et al., 2013). Gjennom auka tidsbruk og bruk av kreative uttrykksformer fekk vi gjennom prosjektet illustrert at alternative måtar for kommunikasjon kan vere nyttige. Erfaringar frå Nærmiljøprosjektet (Bergem, 2020; Bergem et al., 2019) viser nettopp at ein gjennom å eliminere språkforskjellar og skape meir engasjement kan nå ut til breiare grupper av befolkninga.

PÅ KVA MÅTAR KAN SKREDDARSYDDE OPPLÉGG FOR MEDVERKNAD RETTA MOT SVAKE GRUPPER VERE EIT VERKTØY I KOMMUNAL PLANLEGGING?

Svake grupper sine opplevingar av ein stad, og kva som er kvalitetar med ein stad, blir sett ord på gjennom skreddarsydde opplegg for medverknad. Dette i seg sjølv er ei form for bevisstgjerjing, både for innbyggjarane og planleggarane. Desse erfaringane har overføringsverdi for plan- og utviklingsarbeid der målet er å forstå ein stad, slik som i tilfellet med Ålesund kommune sin kommunedelplan. Denne måten å arbeide på kan vere ein måte å møte utfordringar med å involvere særleg dei svake aktørane, slik plan- og bygningsloven påpeiker (Nyseth et al., 2018).

Erfaringane om Aspøya som stad kan nyttast til å nyanse leveårsstatistikken, for å stadfeste statistikken, og som argument for å tilgodesjå svake grupper sine interesser til staden og kva desse interessene er (Klausen et al., 2013).

Opplegget med skreddarsydde medverknadsopplegg for svake grupper syner at ein kan fange opp fleire og andre brukarar av staden enn gjennom tradisjonelle medverknadsopplegg og offentlege høyringar (Bergem, 2020). Det skreddarsydde medverknadsopplegget gjorde det også mogleg å fange opp ein auka kompleksitet i stadforståinga. Eit viktig moment her var at ein tok seg god tid og var medviten på å opparbeide tillit til gruppene ein involverte. Dette opna for at ein fekk fram eit mangfald i oppfatningar, motsetningar og konflikthar, men også manglande engasjement knytt til tema (Klausen et al., 2013; Olsen, 2015).

Opplegget for medverknad var både ressurs- og tidkrevjande, både med omsyn til førebuing og tilrettelegging. Trass i at opplegget var godt førebudd, var sjølve gjennomføringa uføreseieleg i den forstand at ein ikkje hadde kontroll over omfanget av deltakarar på dei ulike arenaene, og om ein møtte dei som var i målgruppa for prosjektet. Ein nådde til dømes i liten grad fram til grupper utan nettverk, slik som eldre og innvandrarar. Det er derfor naudsynt å vere meir kreativ i tilnærminga for faktisk å nå fram til dei ein ønskjer innspel frå.

Ved å ta i bruk skreddarsydde medverknadsopplegg oppnådde ein å få utvida kunnskap som er bidrag til relasjonell stadforståing. Då handlar det om å sjå stad og menneske som noko som grip inn i kvarandre og som påverkar kvarandre (Nyseth et al., 2018). For planleggarar er slik relasjonell stadforståing avgjerande som ein motsats til aktørar som representerer tunge interesser. Det svake grupper seier, har ein verdi, fordi dei trekker inn moment som andre grupper ikkje verdset på same måte (Klausen et al., 2013; Pløger, 2015).

Ifølgje Ringholm og Sandkjær Hansen (2018, s. 207) er det viktig at medverknad vert opplevd som inkluderande og meiningsfullt. Det inneber at både form, deltakarar og måten opplegget blir gjennomført på, må skreddarsyast. Det gjeld å finne fram til dei rette kombinasjonane av metodar tilpassa tid, stad og formål.

AVSLUTTANDE REFLEKSJONAR

Studien av det skreddarsydde opplegget for medverknad for svake grupper på Aspøya har vist at metoden både har fordelar og utfordringar knytte til å nå ulike målgrupper, men også som verktøy i kommunal planlegging. Desse funna meiner vi har relevans for både planforskarar og praktiskarar, og det har fått oss til å reflektere rundt behovet for å forske meir på desse funna.

Eit av funna syner at å ta i bruk kreative metodar som del av opplegget for medverknad var nyttig både for å forsere språkvanskar og for å opparbeide tillit som grunnlag for dialog. Det er derfor eit tankekors at kommunane, som i utgangspunktet har eit stort handlingsrom i val av metodar for medverknad, i liten grad

nyttar seg av kreative løysingar (Ringholm & Nyseth, 2018; Ringholm & Sandkjær Hanssen, 2018). Bruk av kreative former for medverknad inn mot svake grupper og verknadene av dette i kommunale planar og konkrete tiltak er eit område ein treng meir kunnskap om.

Eit anna funn var at metoden var ressurskrevjande, men også uføreseieleg i den forstand at ein måtte ta i bruk improvisasjon og vere fleksibel i datainnsamlinga. Mellom føresetnadene for å ta metoden i bruk er at kommunar har fagpersonar med kompetanse og erfaring til å gjennomføre slike opplegg for medverknad, og til å inkludere resultatata i kommunen sitt planverk. Ein treng meir kunnskap om potensialet for skreddarsydde opplegg for medverknad for svake grupper i kommunal planlegging og korleis ein kan dra veksjar på til dømes utdanningsinstitusjonar og frivillig sektor i dette arbeidet. Likeins treng ein meir kunnskap om korleis resultatata frå medverknadsopplegg kan brukast i kommunale planar.

Planleggarane i kommunane er nærmast desse utfordringane og dei som best kjenner kvar skoen trykker. Vidare forskning på desse felta bør derfor skje i eit samarbeid mellom planforskarar og praktikarar.

MERKNAD

Vi vil rette ein takk til studentane frå Høgskulen i Volda og planavdelinga i Ålesund kommune for godt samarbeid. Takk også til Aspøy skole, Frelsesarmeens varme-stue og Frivilligsentralen i Ålesund for at dei tok imot studentane på ein god måte.

LITTERATUR

- Akershus fylkeskommune. (2007). Sosiokulturelle stedsanalyser. Veileder.
- Amdam, J. & Amdam, R. (2000). *Kommunikativ planlegging: regional planlegging som reiskap for organisasjons- og samfunnsutvikling*. Oslo: Samlaget.
- Andersen, S.S. (1997). *Case-studier og generalisering: forskningsstrategi og design*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Aure, M., Gunnerud Berg, N., Cruickshank, J. & Dale, B. (2015). Sted – nyere teorier i en norsk kontekst. I M.G.B. Aure, Nina; Cruickshank, Jørn; Dale, Britt (red.), *Med sans for sted: nyere teorier* (s. 13–29). Bergen: Fagbokforlaget.
- Bergem, R. (2020). Medverknad i lokalt folkehelsearbeid: oversiktsartikkel. *Michael*, 24, 199–211.
- Bergem, R., Dahl, S.L., Olsen, M., Grethe & Synnevåg, S., Ellen (2019). *Nærmiljø og lokalsamfunn for folkehelse. Sluttrapport frå evalueringsprosjektet Karlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse* (Skriftserien; Rapport 1891–5981). Volda: Høgskulen i Volda. Henta frå <http://hdl.handle.net/11250/2632209>.

- Cruickshank, J. (2014). Stedsblind planlegging av lokalsamfunnet. *Plan*, 46(6), 4–9. Henta frå http://www.idunn.no/plan/2014/06/stedsblind_planlegging_av_lokalsamfunnet.
- Dale, B. & Gunnerud Berg, N. (2012). Hva er stedsidentitet, og hvordan fanger vi den opp? I A. K. Førde, Britt; Gunnerud Berg, Nina; Dale, Britt (red.), *Å finne sted. Metodologiske perspektiv i stedsanalyser* (s. 23–42). Trondheim: Akademika forlag.
- Healey, P. (2010). *Making better places : the planning project in the twenty-first century*. Basingstoke: Palgrave Macmillan.
- Innes, J.E. & Booher, D.E. (2004). Reframing public participation: strategies for the 21st century. *Planning theory & practice*, 5(4), 419–436. <https://doi.org/10.1080/1464935042000293170>.
- Klausen, J.E., Arnesen, S., Christensen, D.A., Folkestad, B., Hanssen, G.S., Winsvold, M. & Aars, J. (2013). Medvirkning med virkning? Innbyggermedvirkning i den kommunale beslutningsprosessen. I: Norsk institutt for by- og regionforskning.
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2014). *Medvirkning i planlegging: hvordan legge til rette for økt deltakelse og innflytelse i kommunal og regional planlegging etter plan- og bygningsloven?* Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
- Massey, D. (2005). *For Space* London: Sage Publications.
- Miljøverndepartementet. (1993). Stedsanalyse – Innhold og gjennomføring. Veileder.
- Nyseth, T., Førde, A. & Cruickshank, J. (2018). Fra attraktive steder til omtentksom by- og tettstedsutvikling – implikasjoner for planlegging. I N. Aarsæther, Falleth, E., Kristiansen, R., Nyseth, T. (red.), *Plan og samfunn: system, praksis, teori*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Olsen, G.M. (2015). Kartlegge steds-kvalitetar. I T.S. AS (red.), *10-punktsmodellen, strategisk og kreativ samfunnsutvikling*. Molde: Tibe.
- Plan- og bygningslova. *Lov om planlegging og byggesaksbehandling* (LOV-2008-06-27-71). Lovdata. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71>.
- Pløger, J. (2015). «Svake røsters» posisjon i planleggingen. Henta frå <http://www.kommunetorget.no/Planlegging/Kronikk-og-debatt-2/Svake-rosters-posisjon-i-planleggingen>.
- Ringholm, T. & Nyseth, T. (2018). Medvirkning. I G.S. Hanssen & N. Aarsæther (red.), *Plan- og bygningsloven 2008: fungerer loven etter intensjonene?* (s. 317–332). Oslo: Universitetsforlaget.
- Ringholm, T. & Sandkjær Hanssen, G. (2018). Medvirkning i lokal planlegging. I N. Aarsæther, Falleth, E., Kristiansen, R., Nyseth, T. (red.), *Plan og samfunn: system, praksis, teori*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Vestby, G.M. (2019). Byglød: Å skape nytt liv i hjertet av små og mellomstore byer. I I.M. Henriksen & A.H. Tjora (red.), *Bysamfunn*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Ålesund kommune. (2019). *Folkehelsen i Ålesund. Oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer*. Henta frå https://issuu.com/alesundkommune/docs/folkehelsen_i_alesund_folkehelse_.



5. Fortetting og byspreiing: praksis og haldningar gjennom tretti år i fire norske kommunar

Kyrre Groven, Liv Norunn Hamre, Karen Richardsen Moberg og Torbjørn Selseng

Samandrag Vi har kartlagt endringar i arealbruken i tettstadene i fire norske kommunar frå 1990-talet til i dag og gjer greie for utbygging av naturområde og jordbruksareal i og rundt dei aktuelle tettstadene. Vidare har vi analysert endringar i haldningar til arealbruk og miljøpolitiske verkemiddel blant folkevalde, byråkratar og sivilsamfunnsaktørar i desse kommunane over det same tidsrommet. På denne bakgrunnen studerer vi samanhangen mellom utbyggingspraksis, haldningar til arealbruk og eksterne drivarar.

Abstract We have mapped land-use changes since the 1990s in a selection of urban areas in four Norwegian municipalities, with a particular focus on natural areas and arable land in and around these urban areas. In addition, we have analysed changes in the attitudes of politicians, civil servants and civil society actors to land-use and environmental measures in the same municipalities during the same timespan. Based on this, we study the relationship between land use, attitudes to land use, and external drivers.

Nøkkelord fortetting | byspreiing | arealbruksendringar | arealplanlegging | miljøhaldningar

INTRODUKSJON

Byspreiing trugar matjord, naturmangfald og klima

Areal er ein grunnleggande og avgrensa ressurs, og dette kjem klarast til uttrykk i og rundt byar og tettstader, der konkurransen om arealet er størst. Arealbruken her har konsekvensar på mange område: Fordi byar og tettstader som regel ligg i

område med mykje jordbruksareal, vil utbyggingsmønsteret for all framtid påverke evna vi har til å produsere vår eigen mat (Skog & Steinnes, 2016). Vidare har nedbygging av naturområde og grøne areal følgjer for det biologiske mangfaldet og for økosystemtenester som flaumdemping og temperaturregulering (Johnson, 2001). Plassering av bustader og arbeidsplassar påverkar transportbehovet, og dermed utslipp av klimagassar og andre ureiningar (Næss, 2012). Ikkje minst har arealbruken mykje å seie for kor gode tettstadene er å bu i, til dømes om innbygarane har lett tilgang til friluftsområde og område av kulturhistorisk verdi (Neuvonen, Sievänen, Tönnes & Koskela, 2007).

Folkeauken og sentraliseringa som har prega landet heilt sidan etterkrigstida, har ført til sterk vekst i byar og tettstader, og sidan 1985 har tettstadarealet i Noreg auka med vel 20 prosent (Riksrevisjonen, 2007; Statistisk sentralbyrå, 2020). Utviklinga var lenge prega av ineffektiv arealbruk, og mellom 1970 og 1990 auka tettstadareal per innbyggjar med nesten 25 prosent (Larsen & Saglie, 1995). Dette var utslag av ei tiltakande *byspreiing*, eit fenomen som vi særleg kjenner som «urban sprawl» rundt amerikanske storbyar, men som også gjer seg gjeldande rundt byar og tettstader i Noreg. Viktige kjenneteikn ved byspreiing er svak arealplanlegging, stort arealforbruk, einsarta bruk (t.d. sovebyar), lange avstandar mellom ulike samfunnsfunksjonar og eit bilbasert transportsystem (EEA, 2006).

Ønsket om å stagge byspreiinga har mellom anna vore knytt til jordverninteresser. Berre tre prosent av det norske landarealet er jordbruksland, mindre enn halvparten av maten vi et kjem frå norske gardar, og sjølvforsyningsgraden blir mindre år for år. Stortinget har derfor sett som mål at det årlege tapet av matjord skal ned frå 12 000 dekar i 2004 til 4 000 dekar i 2020 (Skog & Bjørkhaug, 2020). Jordbruksareal, for det meste fulldyrka jord, dekkjer 32 prosent av den næraste randsona på 100 meter rundt alle tettstadene i Noreg, ein andel som er rundt ti gongar høgare enn i landet elles (Aune-Lundberg, 2017). Sjølv om matjord rundt tettstadene såleis er svært utsett for byspreiing, skjer overraskande mykje av utbygginga av jordbruksareal i sjølvne tettstadene: 56 prosent av matjorda som vart utbyggd mellom 2008 og 2015, låg innanfor tettstadgrensene, og 20 prosent i ei periurban sone inntil 3 km frå tettstadgrensene (Skog & Steinnes, 2016). Utbyggingsmønsteret innanfor og i nærleiken av tettstadene er derfor heilt avgjerande frå eit jordvernperspektiv.

Fortetting – eit naudsynt svar som reiser nye dilemma

Fortetting og samlokalisering er planstrategiar som vaks fram på 1970- og 1980-talet som reaksjon på byspreiinga, og på 1990-talet vart planlegging for kompakte

byar det viktigaste svaret på utfordringa om berekraftig utvikling i byar, både i Noreg og andre land (Hofstad, 2012; Jenks & Dempsey, 2005). Fortetting og kompakt byutvikling vart seinare innlemma i offentleg arealbruks- og miljøpolitikk (Næss, Saglie & Thorén, 2015). Eit hovudargument for fortetting som planstrategi har heilt frå starten vore at tett og konsentrert utbygging, jamført med spreidde utbyggingsmønster, gir lågare energibruk per innbyggar til transport, og med det også mindre lokal luftureining og klimagassutslepp (Næss, 2012). Andre miljøargument har vore knytt til lågare energibruk til stasjonær oppvarming, og mindre forbruk av matjord og naturområde utanom byar og tettstader. Sjølv om fortetting er eit naudsynt svar på utfordringane ved byspreiing, er ikkje høg arealutnytting i seg sjølv ein garanti for berekraftige byar og tettstader. Ukritisk fortetting, ofte drive fram av økonomiske motiv hos utbyggarinteresser, kan mellom anna føre til forringa bumiljø og tap av grønne lunger, og heilt sidan 1990-talet har det vore spenningar mellom desse omsyna (Thorén & Saglie, 2015).

Miljødiskursar

Parallelt med endringar i arealbruken i og rundt norske byar og tettstader har det også skjedd endringar i *haldningar* til arealbruk og til miljøpolitiske verkemiddel. Denne artikkelen ser på tida tilbake til 1990, og dei fleste miljø- og berekraftstema vi tar opp, som vern om matjord og naturmangfald, var grundig debattert også den gongen. Den største endringa i miljødiskursen er nok at menneskeskapte klimaendringar har gått frå å vere eit gryande interessefelt for dei mest miljømedvitne til å bli eit dominerande tema i samfunnsdebatten. På same vis som FNs klimapanel (IPCC) har hatt ei viktig rolle i den prosessen, har Det internasjonale naturpanelet (IPBES) gjort sitt til at merksemda rundt trugsmåla mot det biologiske mangfaldet har tatt seg opp dei seinare åra. Jordvernet har også fått ein renesanse, både på nasjonalt og lokalt nivå, og har i aukande grad hamna på den kommunale planagendaen mellom anna som resultat av regjeringas jordvernstrategi.

Kunnskapshol

Denne artikkelen bidrar til å tette fleire kunnskapshol. Kunnskap om fortetting og byspreiing, både som fysisk fenomen og som politikkområde, er best utvikla for dei større byområda. Her veit vi at fortetting har slått gjennom og fått status nærmast som ein planleggingsdoktrine eller «hegemonisk diskurs» (Næss, Strand, Næss & Nicolaisen, 2011; Thorén & Saglie, 2015), men vi veit mindre om korleis byspreiing og fortetting har utvikla seg i og rundt små og mellomstore tettstader.

Det er også behov for meir kunnskap om korleis desse prosessane har endra seg over tid. Vidare har det blitt peikt på at det er trong for meir kunnskap om samanhengane mellom byspreiing og tap av matjord (Skog & Steinnes, 2016).

Prosjektbakgrunn og problemstillingar

Forskningsprosjektet *Natur- og miljøvennlig tettstedsutvikling* (NAMIT), som fann stad i perioden 1988–1992, var eit tidleg uttrykk for den omtalte motreaksjonen mot byspreiing og forringing av levekår og miljøkvalitetar i dei gamle bysentra. Med utgangspunkt i casekommunane Borre (Horten), Sogndal, Malvik og Trondheim utgreidde NAMIT-forskarane prinsipp for tettstadutvikling som kunne bidra til å innfri eit sett berekraftmål som prosjektet heldt opp som eit normativt ideal (Næss, 1992).


Denne artikkelen spring ut frå MILJØFORSK-prosjektet *Vilkår for berekraftig tettstadutvikling* (Surround).¹ Dette prosjektet lét seg på fleire måtar inspirere av NAMIT, mellom anna ved å gjere nytte av dei same casekommunane. Vi har utført flyfotoanalyser av arealbruken sidan om lag 1990 innanfor ulike soner i og rundt tettstadene i Horten, Sogndal, Malvik og Trondheim aust sidan om lag 1990, og på ny gjennomført den omfattande spørjeundersøkinga om haldningar til tettstadutvikling som vart gjennomført i 1991. Med utgangspunkt i dette materialet vil vi her vise korleis arealbruken i undersøkingsområdet har endra seg, både i form av fortetting og byspreiing, og kva desse prosessane har hatt å seie for disponering av landbruksareal og naturområde. Vidare vil vi dokumentere endringar i haldningar til arealbruksrelaterte miljøproblem og til miljøpolitiske verkemiddel i tettstadutviklinga. Vi legg fram data som er eigna til å kaste lys over arealbruken i og rundt byar og tettstader i Noreg dei siste tiåra. Desse forskingsspørsmåla styrer resten av artikkelen:

- Korleis har arealbruken endra seg i og rundt tettstadene i undersøkingsområdet frå 1990-talet til i dag, med særleg vekt på førekomsten av fortetting, byspreiing og nedbygging av naturområde og dyrkajord?
- Korleis har haldningar til arealforbruksrelaterte miljøproblem og miljøpolitiske verkemiddel endra seg i det same tidsrommet?
- Korleis kan fysiske og samfunnsmessige rammevilkår ha påverka arealbruken?

1 Surround er eit samarbeid mellom Vestlandsforskning, Høgskulen på Vestlandet, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, University of Tartu, Aalto University og Arkitektkontoret 4B.

METODE

Studieområda omfattar tettstader (Statistisk sentralbyrå, 2019) i dei fire NAMIT-kommunane Horten, Sogndal, Malvik og Trondheim (figur 5.1). I Sogndal og Malvik er alle tettstadene inkludert, og i Horten kommune ser vi på Horten by og Åsgårdsstrand. I Trondheim var det i NAMIT definert eit studieområde kalla *Trondheim aust*, og det er denne delen av tettstaden Trondheim som også er inkludert i Surround.



Figur 5.1. Undersøkingssområda i kommunane Sogndal, Trondheim, Horten og Malvik.

Endringar i arealbruk i og rundt tettstadene dei siste 30 åra vart kartlagde ved tolking av digitale ortofoto og georefererte svart-kvitt flyfoto frå tidspunktet for NAMIT-prosjektet. Kartlegging og analyse vart utført i ArcMap 10.7.1 (ESRI, 2017). Undersøkingssperioden er bestemt av tidspunktet for flyfotografering, som for Sogndal, Horten og Malvik er om lag 1990 og 2018. Fordi flyfoto over Trondheim frå rundt 1990 er gradert av militære styresmakter, er undersøkingssperioden for denne kommunen avgrensa til 1999–2019. Studieområda vart avgrensa etter 2017-definisjonen av tettstad, som seier at ei hussamling skal registrerast som ein tettstad dersom det bur minst 200 personar der og avstanden mellom husa ikkje overstig 50 meter (Statistisk sentralbyrå, 2019). For også å kunne dekkje arealbruksendringar i dei nære omgivnadene til tettstadene, inkluderte vi ein omkrins på 1 km rundt 2017-tettstadsgrensa. Med ein omkrins på 1 km når vi i alle studieområda ut til nærnatur som ikkje er utbygd, og vil dermed fange opp det som har vore av tettstadutvikling i gradienten frå tettstadkjerne og ut til meir eller mindre urørt natur. Det samla studieområdet i dei fire kommunane er på 26 960 dekar i Sogndal,

34 743 dekar i Horten, 32 438 dekar i Malvik og 41 874 dekar i Trondheim. For å kunne kvantifisere byspreiing og skilje dette frå fortetting har vi i tillegg nytta tettstadgrensene slik dei var definerte av SSB i 1990. Fram til 1999 vart tettstadgrensene teikna inn manuelt i kvar kommune, og grensene er derfor ikkje heilt samanliknbare med dei automatisk avgrensa tettstadgrensene vi fekk frå 1. januar 1999. Etter kvart som det digitale kartgrunnlaget også har vorte meir detaljert, er det gjort ei teknisk endring i avgrensinga, som gjorde at tettstadene vart mindre i areal enn før (Steinnes 2014). All utviding som kjem fram ved å samanlikne dagens og tidlegare tettstadgrenser, er derfor eit uttrykk for reell byspreiing. Alle ikkje-utbygde areal (minimumsareal 2500 m²) vart kartlagt og klassifisert i kategoriar som bygger på systemet Natur i Norge (Bryn & Halvorsen, 2015), men for å få ein overordna oversikt har vi i denne artikkelen etablert dei tre hovudkategoriane *utbygde område* (m.a. bustadfelt, næringsareal, vegar, parkeringsplassar og andre grå flater), *jordbruksareal* (innmark som åker, eng og frukthagar) og *natur* (alt som ikkje er med i dei to andre hovudkategoriane, m.a. skog, myr og ulike strandareal).

Utbygging som har skjedd innanfor 1990-tettstadgrensa, omtaler vi i denne samanhengen som *fortetting*. Vi vil understreke at denne bruken av ordet fortetting berre dekkjer ein del av det vi vanlegvis legg i omgrepet: Ettersom vi har kartlagt arealbruksendringar i form av bygging på tidlegare uutbygde areal, får vi ikkje med den forma for fortetting som skjer på «grå» flater (transformasjon). Implikasjonane av dette kjem vi tilbake til i diskusjonen. All utbygging utanfor tettstadgrensa definerer vi som *byspreiing*. I motsetning til studiar som tar for seg ulike romlege dimensjonar ved byspreiing, som tettheit, sentralitet, porøsitet og tilgang (Hamidi & Ewing, 2014), har vi nøydd oss med å sjå på byspreiing som utviding av eksisterande tettstadområde, og kartlagt dei arealbruksendringane som har funne stad innanfor dette ekspansjonsområdet. Utbygging som har skjedd mellom tettstadgrensene for 1990 og 2017, omtaler vi som *nær byspreiing*, medan utbygging i 1 km omkrins utanfor tettstadgrensene har fått nemninga *fjern byspreiing*.

I tillegg til arealbruksanalysen har vi kartlagt haldningsendringar i undersøkingssperioden. Frå mars til juni 2020 gjennomførte vi ei spørjeundersøking om haldningar til tettstadutvikling og miljøpolitiske verkemiddel. I undersøkinga stilte vi dei same spørsmåla som i NAMIT si spørjeundersøking frå 1991 (Næss & Engesæter, 1992). Dette gjer det mogleg å analysere korleis haldningar med relevans til fortetting har utvikla seg over tid. Invitasjon til å delta i spørjeundersøkinga gjekk ut til eit selektert (i motsetning til tilfeldig) utval folkevalde og representantar for lokale interesseorganisasjonar i Trondheim, Malvik, Horten og Sogndal, i tillegg til tilsette i offentleg forvaltning i desse fire kommunane, og i for-

valtninga på fylkes- og nasjonalt nivå.² Spørjeundersøkinga i 2020 var nettbasert, og brukte plattformen SurveyMonkey. Vi anslår at svarprosenten var på 20,5 prosent.³ Det finst ikkje eit eintydig fagleg svar på kor stor ein akseptabel svarprosent må vere. Vi meiner at svarprosenten i dette tilfellet ikkje har ført til skeivheit i utvalet, ettersom vi ikkje finn systemiske responsbortfall i enkelte utvalsgrupper, bortfallet er tilfeldig og relativt jamt fordelt mellom gruppene. Responsbortfallet heng truleg saman med ein større nasjonal og internasjonal trend med fallande svarprosent i undersøkingar (Hellevik, 2015). Sjølv om responsbortfallet i 2020-undersøkinga er vesentleg større enn i 1991-undersøkinga, har undersøkingane liknande N-verdiar fordi eit større utval vart invitert i 2020. Data frå 2020-undersøkinga vart analysert på tilsvarende måte som for 1991-undersøkinga, basert på dokumentasjon i Næss og Engesæter (1992) og samtalar med Petter Næss. Sidan 1991-undersøkinga ikkje braut resultata ned på dei fire casekommunane, har vi heller ikkje kunna gjere det i vår analyse av 2020-undersøkinga, ettersom datafila frå 1991 har gått tapt.

RESULTAT

Arealbruksendringar

Figur 5.2 viser fordeling mellom arealbrukstypene *utbygde område*, *jordbruksareal* og *natur* ved starten og slutten av undersøkingsperioden. La oss først sjå på korleis fordelinga mellom arealbrukstypene var i utgangspunktet, ettersom dette er viktig for å forstå dei seinare endringane. Ved starten av undersøkingsperioden var fortettingssona, altså den delen av undersøkingsområdet som ligg innanfor 1990-tettstadgrensa, sterkast utbygd i Malvik (87 prosent) og minst i Sogndal og Trondheim aust (om lag 70 prosent). I sona *nær byspreiing* var utbyggingsgraden i Trondheim aust og Horten på rundt 60 prosent ved starten av undersøkingsperioden, vesentleg høgare enn i Malvik og Sogndal. Målt i andel utbygd areal var sona *jern byspreiing* prega av små endringar i alle kommunane (5–9 prosent), og dei største

-
- 2 Alle folkevalde politikarar og varamedlemmar i kommune-/bystyra vart invitert. Som i NAMIT låg det eit relevanskriterium til grunn ved utveljing av dei tilsette i forvaltninga. Invitasjonen gjekk til alle tilsette i kommunane, fylkeskommunane, fylkesmennene og departementa ved avdelingar som arbeider med plan, landbruk, samferdsel og miljøspørsmål. For kvar casekommune inviterte vi også rundt 10 lokale interesseorganisasjonar med interesse for arealbruk.
 - 3 Vi reknar med at rundt 1730 personar fekk invitasjon til å delta i spørjeundersøkinga, men dette talet er noko uvisst fordi e-posten vår vart luka ut av spamfilteret hos nokre av mottakarane. Ved enkelte institusjonar var det heller ikkje noka klar oversikt over tal aktuelle respondentar. I desse tilfella var det ein kontaktperson som distribuerte invitasjonane til dei som vedkomande meinte var relevante.


skilnadene låg i fordelinga mellom dyrka jord og natur. Horten hadde størst andel jordbruksareal i denne sona (38 prosent), og Sogndal minst (18 prosent). Når fjern byspreiing berre stod for mindre prosentvise endringar, heng det saman med at denne sona inneheld store utmarksareal, neste figur viser at om lag ein tredel av utbygginga fann stad nettopp som fjern byspreiing.



Figur 5.2. Fordeling mellom utbygd areal, jordbruksareal og natur ved starten og slutten av undersøkingsperioden. Fordeling av arealbrukstypar er gitt for tre soner i kvar av dei fire caseområda: Området innanfor 1990-tettstadgrensa (fortetting), området mellom tettstadgrensa av 1990 og 2017 (nær byspreiing) og omkretsen 1 km rundt ytste tettstadgrense (fjern byspreiing). Prosent.

Endringar i arealbruken kjem fram ved å samanlikne situasjonen i 1990 og 2018 (1999 og 2019 for Trondheim aust). Det skjedde ei vesentleg *fortetting* i alle kommunane, størst i Sogndal og minst i Malvik. Dei største prosentvise overgangane mellom arealkategoriene fann stad i form av *nær byspreiing*. Dette er naturleg med tanke på at denne sona er definert som området mellom gammal og ny tettstadgrense, altså det området som vart nytt tettstadareal frå 1990 til 2017. Arealbruken her endra seg særleg mykje i Sogndal (andel utbygd areal auka frå 35 til 84 prosent) og Malvik (frå 41 til 80 prosent), medan tettstadene i Horten og Trondheim aust ekspanderte inn i eit omland som frå før var nokså sterkt utbygd (ca. 60 prosent ved starten av undersøkingsperioden).

Figur 5.3 syner korleis det utbygde arealet i undersøkningsperioden fordeler seg mellom dei tre sonene. Dei fire kommunane viser nokså ulik profil: I Trondheim aust skjedde den største parten av utbygginga som fortetting og minst som nær byspreiing, medan det var motsett i Malvik. Utbyggingsmønsteret i Horten og Sogndal liknar kvarandre ved at ein tredel av utbygginga skjedde som fortetting, men dei to kommunane hadde motsett fordeling av nær og fjern byspreiing.




Figur 5.3. Fordeling av det utbygde arealet i form av fortetting, nær byspreiing og fjern byspreiing i dei fire casekommunane. Endringane for Trondheim aust gjeld 1999–2019, tala for dei andre kommunane gjeld 1990–2018. Prosent.

Fordelinga i figur 5.3 gjeld alt utbygd areal. Om vi avgrensar oss til det utbygde jordbruksarealet, og reknar på kor mykje av dette som vart bygd ut i samband med fortetting, finn vi også store variasjonar mellom kommunane: 68 prosent av den utbygde matjorda i Trondheim aust låg innanfor tettstadgrensene, i Horten var denne andelen 37 prosent, i Sogndal 32 prosent og i Malvik berre 16 prosent.

Fleire innbyggjarar og større økonomisk aktivitet i byar og tettstader stiller krav til omdisponering av areal. Det er av interesse å samanlikne kommunar for å sjå om denne veksten blir absorbert på ein arealøkonomisk måte, eller om nye bustader, næringsareal og infrastruktur legg beslag på mykje naturområde og landbruksareal, relativt sett. Vi har derfor valt å studere arealbruksendringane i våre studieområde i høve til folkeauken i dei aktuelle tettstodområda. Figur 5.4 syner nedbygd jordbruksareal og naturområde per år i forhold til folkeauke innanfor tettstadgrensa. Også her er arealbruken fordelt på fortetting og nær og fjern

byspreiing, men det er verdt å merke seg at vi ikkje har data om korleis folkeauken er fordelt mellom dei tre sonene. Poenget her er å relatere arealbruksendringane til den samla folkeauken i dei aktuelle tettstadene, det vil seie innanfor tettstadgrensa slik ho er definert av SSB.




Figur 5.4. Utbygging av naturområde og jordbruksareal per år i høve til folkeauken innanfor tettstadgrensa. Fordelt på dei tre sonene med fortetting, nær byspreiing og fjern byspreiing i perioden 1990–2018 for Horten, Malvik og Sogndal, og perioden 1999–2019 for Trondheim aust. Kvadratmeter per ny innbygger og år.

Figur 5.4 viser at arealbruken i høve til folketalsutviklinga var størst i Sogndal kommune. Det gjeld både utbygging av jordbruksareal og naturområde, og for alle dei tre sonene. Innanfor 1990-tettstadgrensa bygde Trondheim ut om lag like mykje jordbruksareal per ny innbygger som Sogndal, medan Malvik bygde ut klart minst. Når det gjeld byspreiing, utmerka Sogndal og Malvik seg med stor grad av bygging i naturområde. Horten står fram som ein kommune med moderat arealforbruk i høve til folkeveksten, kanskje med unntak av naturområde innanfor 1990-tettstadsgrensa.

Figur 5.5 bygger på same analyse som figur 5.4, men arealbruken i dei tre sonene (fortetting, nær og fjern byspreiing) er slått saman. Verdiane er relatert til Sogndal. Den årlege nedbygginga av naturområde i og rundt tettstadene, relatert til folkeauken, var halvparten så stor i Malvik som i Sogndal, medan Horten låg på 29 prosent og Trondheim aust på 18 prosent av nivået i Sogndal. Det årlege forbruket av jord-

bruksareal i høve til folkeauken var i Trondheim aust 44 prosent av nivået i Sogndal, med Malvik på 22 prosent og Horten på 25 prosent av Sogndal.




Figur 5.5. Utbygging av naturområde og jordbruksareal per år i høve til folkeauken inn- anfor tettstadgrrensa (Sogndal = 1).

Haldningar til arealbruk

Etter å ha vist korleis arealbruken i og rundt tettstadene i dei fire casekommunane har endra seg frå 1990-talet og fram til i dag, skal vi no vende blikket mot *haldningar* til arealbruk, basert på nokre resultat frå spørjeundersøkingane som har funne stad gjennom NAMIT-prosjektet i 1991 og i Surround nesten 30 år seinare.


Figur 5.6 viser korleis oppfatningar om nokre arealforbruksrelaterte miljøproblem har utvikla seg i undersøkingsperioden. Vi ser at det har skjedd ein stor auke i andelen respondentar som oppfattar miljøproblem knytte til arealforbruk i deira eigen



Figur 5.6. Andel av respondentane i 1991 og 2020 som vurderer arealforbruksrelaterte miljøproblem i heimkommunen som store. Prosent.

heimkommune som store. I 2020 er det nesten 60 prosent som svarer at tap av dyrkbar jord på grunn av utbygging er eit stort problem, medan det tilsvarende talet i 1991 var 20 prosent. Tap av biologisk mangfald som resultat av utbygging er eit anna arealforbruksrelatert miljøproblem som utvalet er langt meir opptatt av i dag enn for tretti år sidan, her er auken frå 15 til 40 prosent. Det ser også ut til at landskapskvalitetar og friluftsliv blir oppfatta å stå meir under press i dag enn i 1991.

I begge undersøkingane vart respondentane bedne om å ta stilling til om dei er positive eller negative til ulike verkemiddel i tettstadutviklinga, både slike som er venta å verke positivt på miljøet, og slike som verkar negativt i høve til dei miljømåla NAMIT tok utgangspunkt i. Figur 5.7 syner utviklinga i haldningar til eit utval verkemiddel med særleg relevans til arealbruk og fortetting, ved å vise andelen respondentar i 1991 og 2020 som stiller seg *positive* til dei ulike verkemidla.⁴ Haldningane til arealøkonomisering har jamt over blitt meir positive i løpet av dei tretti åra. Generelt formulerte verkemiddel om fortetting og samanhengande




Figur 5.7. Andel av respondentar i 1991 og 2020 som vurderer verkemiddel i tettstadutviklinga som positive. Verkemidla er sortert i to kategoriar, øvst finn vi slike som er venta å fremje fortettingsstrategien, nedst finn vi verkemiddel som trekkjer i retning byspreiing. Prosent.

4 I alt vart respondentane bedne om å ta stilling til 19 verkemiddel i tettstadutviklinga. Figur 5.7 syner berre verkemidla som påverkar fortetting sidan det er fokuset i artikkelen.

grønstrukturar stod sterkt allereie i 1991, og her er det berre mindre endringar, mens det er store positive utslag for verkemidla «satse på rekkehus og blokker» og «reduisert og omdisponert veg/parkering», og meir kritisk haldning til satsing på eiebustader og det å sette av areal til nye, romslege næringsområde.

ANALYSE OG DISKUSJON

Vi tar utgangspunkt i ein modell (figur 5.8) som er meint å vise korleis den faktiske arealbruken (utbyggingspraksis) og haldningar til denne arealbruken påverkar kvarandre gjensidig, og samstundes er underlagt fysiske og samfunnsmessige rammevilkår. Artikkelen gjer ikkje full bruk av dette rammeverket, som er under utvikling med tanke på vidare studiar. Det er innhaldet i dei blå boksane i midten, altså utbyggingspraksis og haldningar til arealbruk, som vi har dokumentert lenger oppe. Dei blå pilene mellom dei to boksane, det vil seie korleis arealbruken påverkar haldningane til arealbruken, og omvendt, er markert med stipla strek fordi vi ikkje har gjort greie for dette gjensidige forholdet. Modellen er generell, ved at han i prinsippet inkluderer alt som finst av ytre påverknadsfaktorar, både frå natur og samfunn. I utgangspunktet kan han derfor verke lite eigna til å leie drøftinga inn i bestemte spor, og avgrense tematikken for analysen. Likevel trur vi han kan hjelpe til å rydde i det mangfaldet av drivarar som påverkar arealbruken i og rundt byar og tettstader. Tematisk innsnevring kan skje ved bruk av punktlistene på kvar side, som er døme på fysiske og samfunnsmessige rammevilkår som kan danne utgangspunkt for analyse. Fysiske rammevilkår vi vil trekke inn i diskusjonen nedanfor, er *tilgjengelege arealressursar, topografi og avstandar*, medan omtalen av



Figur 5.8. Utkast til analytisk rammeverk for å studere praksis og haldningar knytt til arealbruk.

samfunnsmessige rammevilkår blir avgrensa til ein diskusjon om *miljødiskursar og haldingar til arealbruk*.

Fysiske rammevilkår

Kompakt byutvikling som planparadigme kviler på ein føresetnad om at det er betre å la veksten skje som fortetting innanfor dei etablerte tettstadgrensene, enn ved at det urbane området eser ut og legg jordbruksareal og naturområde under seg (Hanssen, Hofstad, Saglie, Næss & Røe, 2015). Samstundes kan utbygging innanfor tettstadgrensene også føre til tap av jordbruksareal og naturområde med verdi for biologisk mangfald og nærrekreasjon. Det finst om lag 98 km² jordbruksareal innanfor tettstadsgrensene i Noreg, 60 km² som øyer i det utbygde området, og dette er ofte jordbruksareal av høg kvalitet som er særleg utsett for nedbygging (Aune-Lundberg, 2017). Skog og Steinnes (2016) fann at 56 prosent av den norske matjorda som vart nedbygd i perioden 2008–2015, låg *innanfor* tettstader. I våre studieområde var det stor variasjon i kor stor del av den utbygde matjorda som låg innanfor tettstadgrensene, med Trondheim aust (68 prosent) og Malvik (16 prosent) som ytterpunkt. Figur 5.3 viser det same mønsteret når vi ser på korleis alt utbygde område er fordelt mellom fortetting og nær og fjern byspreiing gjennom undersøkingsperioden.

Tilgjengelege arealressursar er ein fysisk realitet som set sterkt preg på tettstadutviklinga. Dette er truleg med på å forklare kvifor det er så stor skilnad på kommunane med omsyn til om utbygging har skjedd i form av fortetting eller byspreiing. I Malvik var heile 87 prosent av tettstadarealet utbygde i 1990, slik at det var lite uutbygde areal å fortette på. I Sogndal og Trondheim aust var den tilsvarende andelen rundt 70 prosent, medan Horten var i ein mellomposisjon. Kommunane hadde med andre ord ulike utgangspunkt. Desse tala seier vel å merke ikkje noko om kor mykje *utbygde* areal som var tilgjengeleg for fortetting i dei ulike kommunane. I etablerte byområde skjer mykje av fortettinga som transformasjon av tidlegare næringsareal og andre grå flater, ein type fortetting vi altså ikkje har kartlagt.

På same måte har fordeling av arealressursane hatt mykje å seie for om nedbygging av jordbruksareal har skjedd innanfor, inntil eller lenger unna tettstadene. Figur 5.2 viser at berre 3 prosent av arealet innanfor 1990-tettstadgrensene i både Malvik og Horten var matjord, medan Sogndal og Trondheim aust begge hadde 14 prosent jordbruksareal innanfor tettstaden ved starten av undersøkingsperioden. Liten grad av nedbygging av matjord i tettstadsområdet treng ikkje vere utslag av ein bevisst jordvernpolitikk, det kan like gjerne ha si forklaring i at mykje av jord-

ressursane innanfor tettstaden har blitt utbygd på eit tidlegare tidspunkt, og at vi har å gjere med tettstader på ulike stadium i utviklinga frå rurale til urbane område.

Når det er sagt, er det liten tvil om at overordna planpolitiske val har sett sitt preg på utbyggingsmønsteret. Både Malvik og Horten kunne ha valt å la tettstadene vekse utover i sentrumsnære jordbruksareal med små krav til investeringar i infrastruktur. Igjen er tilgjengelege arealressursar ein viktig faktor. Til dømes for kommunesenteret Hommelvik i Malvik kommune vart mykje av tettstadutvidingane lagt til skogsområde. Dette kunne ein gjere fordi det fanst eigna skogsområde på Sveberg i nærleiken av E6, der tettstaden kunne utvikle seg vidare. Det gjorde det også mogleg å halde fram med å tilby tomter til einbustader og andre arealkrevjande bustadtypar.

Topografi er eit fysisk rammevilkår som heng tett saman med spørsmålet om tilgang til areal. Av våre studieområde er det særleg vestlandskommunen Sogndal som opplever dette som ein viktig premiss. Tettstaden Sogndal, som har utvikla seg kraftig dei siste tiåra, har i liten grad hatt høve til å ekspandere i areal utan å ta i bruk dyrka mark til utbyggingsformål, ettersom mykje av dei sentrumsnære naturområda ganske enkelt er for bratte. Vi meiner at dei topografiske føresetnadene har bidratt til at ein har bygd ut relativt mykje av det tilgjengelege jordbruksarealet, både innanfor og like utanfor 1990-tettstadgrensa. Samstundes har det bratte terrenget rundt kommunesenteret gjort at ein har følgd ein strategi med utbygging i satellittane Kjørnes og Kaupanger, der tilgangen på skogsområde har vore god. Dermed har det vore få incitament til arealeffektiv bustadutbygging: Blokker og lågblokker har blitt den vanlege bustadtypen ved nybygging i Sogndalsfjæra først det siste tiåret, og på Kjørnes og Kaupanger er einbustader og rekkehus framleis den dominerande hustypen ved nye utbyggingar. Den kombinerte effekten av dette ser vi i at Sogndal har bygd ut vesentleg meir naturområde og jordbruksareal per år i høve til folkeauken enn dei andre kommunane vi har studert (figur 5.4 og 5.5).

Dette bringer oss over på *avstand* som eit tredje fysisk rammevilkår. Eit viktig argument for fortetting er at konsentrert plassering av bustader, arbeidsplassar og servicetilbod skal føre til mindre transportbehov. I eksempelet Sogndal har så mykje som 82 prosent av fortettinga (forstått som utbygging av tidlegare uutbygd areal innanfor 1990-tettstadgrensene) skjedd i satellittane Kjørnes og Kaupanger. Fortetting i dei meir perifere tettstadene har ikkje ført til redusert transportomfang. Det er den fortettinga som finn stad i Sogndal sentrum, som har størst potensial til å gi redusert bilkøyring. I det perspektivet kan ein hevde at all utbygging på Kjørnes og Kaupanger er døme på «fjern byspreiing».

Samfunnsmessige rammevilkår

Miljødiskursar set sitt preg på arealbruken, noko vi nedanfor skal illustrere gjennom eit blick på arealbrukskonfliktar i Trondheim aust. I Trondheim har det i mange år vore ein intens debatt om arealbruk, der utbyggingsinteresser og jordvern har blitt ståande som motstridande omsyn (Vinge, 2020). I 2013 fekk Trondheim kommune statleg godkjenning av planar for å bygge ut 1100 dekar matjord av høg kvalitet på gardane Øvre Rotvoll og Overvik, som begge ligg innanfor vårt studieområde Trondheim aust. Bak det kommunale planvedtaket låg det mellom anna ein argumentasjon om at utbygginga var å sjå på som fortetting, og at etablering av bustader og næringsaktivitet i desse områda ville føre til mindre klimagassutslepp og meir skatteinntekter til Trondheim jamført med om utbygginga skulle finne stad i nabokommunane Malvik eller Melhus (Vinge, 2018). Ønsket om å ta vare på Bymarka vart også trekt fram i debatten, ut frå ein tanke om at valet stod mellom å ofre matjord eller naturområde av stor rekreasjonsverdi i nærleiken av byen.

Trondheim aust er det studieområdet der utbygginga i størst grad har skjedd gjennom utbygging innanfor 1990-tettstadgrensa (60 prosent). Dette harmonerer med at det var dei større byane som først etablerte kompakt byutvikling som planprinsipp, og Trondheim er kjent som ein av dei kommunane i landet som har ført den strengaste fortettingspolitikken. Arealbruksanalysen vår viser at utbygging i Trondheim aust har gått særleg ut over landbruksareal innanfor 1990-tettstadgrensa, det vi har definert som fortetting. Konfliktane rundt utbygging av to av dei få intakte gardane i bydelen illustrerer behovet for å utvide og nysansere fortettingsomgrepet ut over det som er gjort i denne artikkelen, slik at ein skil mellom ulike former for fortetting. Ein aktuell typologi kan vere (1) *transformasjon* (omskaping av tidlegare nærings-/industriområde), (2) *intensivering av arealbruken* (innfylling mellom eksisterande strukturar, auka utnytting i etablerte bystrukturar og intensivering i spreiddbygde nabolag) og (3) *ekspansjon* (utbygging av ubygde areal innanfor tettstadgrensa) (Hanssen et al., 2015). Utbygging av jordbruksareal og naturområde i sjølve tettstaden kan vi dermed sjå på som ein type fortetting som skjer gjennom indre ekspansjon. Dømet viser også korleis fleirtydig fagterminologi kan verke tilbake på miljødiskursen og få konsekvensar for arealbruken: Fordi fortetting er eit omgrep som oftast har eit positivt forteikn, ein planleggingsstrategi vi følgjer for å innfri viktige samfunnsmål som vern om matjord og biologisk mangfald, er det også ein fare for at fortetting blir ein merkelapp som kan nyttast til å selje inn utbyggingar som strir mot dei same måla.

Markagrensa i Trondheim, som i kommuneplanssamanheng har fått namnet «raud strek», er resultat av ein av våre eldste miljødiskursar, knytt til vern om

bymarka rundt dei større byane. Fordi markagrensa har ein sterk status, er raud strek i Trondheim aust ein effektiv barriere for vidare ekspansjon austover. Slik sett står verneinteressene for marka sterkare enn jordvernet, noko som har kome til uttrykk gjennom ein mangeårig og framleis uavklart strid rundt kommunedirektøren sitt framlegg til «grønn strek», jordvernet sin ekvivalent til markagrensa. Desse kryssande interessene illustrerer eit tilsynelatande uløseleg arealbruksdilemma i dei urbane områda som står under sterkast utbyggingspress.

Spørjeundersøkingane i NAMIT og Surround om *haldningar til arealbruk* vart gjennomført med 29 års mellomrom blant eit utval aktørar med tilknytning til miljø- og arealspørsmål i casekommunane. Spørjeundersøkingane vitnar om markante endringar i haldningar til arealbruk. Frå ein situasjon der 15–33 prosent av respondentane opplevde ulike arealforbruksrelaterte problem som store i eigen heimkommune i 1991, var tilsvarende verdiar mellom 30 og 59 prosent i 2020 (figur 5.6). Denne skjerpa oppfatninga av arealbruk som kjelde til alvorlege miljøproblem gir seg også utslag i haldningar til miljøpolitiske verkemiddel. Figur 5.7 tydar på at ideen om fortetting hadde vunne gehør hos utvalet i spørjeundersøkinga alt for tretti år sidan, medan respondentane i dag i større grad er klare for å akseptere dei konkrete implikasjonane av fortettingspolitikken, som å bygge rekkehus og blokker i staden for einebustader, eller å omdisponere trafikkareal til andre formål. Samanlikning av spørjeundersøkingane frå 1991 og 2020 viser at dei største haldningsendringane har skjedd i synet på verdien av dyrka jord og biologisk mangfald. Det gir eit viktig signal til kommunane som er sett til å forvalte arealet i og rundt våre byar og tettstader.

AVSLUTNING

Gjennom analysar av arealbruksendringar i og rundt tettstadene i fire norske kommunar over eit tidsspenn på tre tiår har vi bidratt med meir kunnskap om korleis tidlegare utbygde område, både naturområde og jordbruksareal, har blitt disponert. Studien er med på å tette dokumenterte kunnskapshol, særleg ved at han omfattar små og mellomstore tettstader (i tillegg til eit storbyområde) og følgjer utviklinga over ein såpass lang periode. Forståinga av materialet blir rikare ved at vi har kunna sjå det i lys av haldningsendringar hos aktørar knytte til miljø- og arealspørsmål i dei same kommunane over det same tidsrommet, sjølv om vi ikkje har kunna bryte haldningsdata ned på kommunenivå. Vår analyse tar utgangspunkt i ein modell som tar sikte på å forklare utbyggingspraksis og haldningar til arealbruk som ein funksjon av fysiske og samfunnsmessige rammevilkår. Denne modellen er også eit bidrag frå arbeidet vårt.

Sentrale funn er at arealbruken i undersøkingsområdet, det vil seie tettstadene og ein omkrins rundt desse på 1 km, har variert sterkt mellom dei fire kommunane vi har studert. Dette gjeld både andelen av undersøkingsområdet som vart bygd ut (mest i Sogndal og Malvik), og kor mykje av utbygginga som skjedde innanfor tettstadgrensene (mest i Trondheim aust og Horten). Sogndal skil seg ut med klart større forbruk av både jordbruksareal og naturområde per ny innbyggjar og år, samanlikna med dei tre andre kommunane. Desse skilnadene blir sett i samband med at kommunane ved starten av undersøkingsperioden stod på ulike stadium i utvikling frå rurale til urbane område, at dei har hatt ulik tilgang til utbyggbare arealressursar og ulike topografiske føresetnader for å utvide sentrumsområda. I tillegg til slike fysiske rammevilkår har vi analysert arealbruksendringane i lys av miljødiskursar rundt vern av matjord og sentrumsnære naturområde. Her ser vi døme på konfliktar som samsvarer godt med våre funn av at arealforbruk i sterkare grad blir oppfatta som kjelde til alvorlege miljøproblem i dag jamført med i 1991.

Vi har så langt drøfta materialet i lys av nokre få av rammevilkåra som er skissert i modellen i figur 5.8. Vidare analyse av den presenterte empirien vil truleg gå i desse retningane: Politiske vedtak om arealbruk er resultat av governance-prosesser som involverer nettverk, både opne og skjulte, politisk leiarskap og makt. Dette rører ved nokre av dei viktigaste, men også vanskelegaste tilgjengelege samfunnsmessige rammevilkåra for arealbruk. Vidare ønskjer vi å analysere materialet vidare ved hjelp av meir detaljerte data om bygningsmasse og demografi, som kan gi innsikt i den fortettinga som har funne stad på «grå» areal, og kor arealeffektiv utbygginga av bustader og næringsareal har vore i dei ulike sonene vi har kartlagt. Endeleg ser vi at fleire av trådane vi har nøsta i gjennom denne drøftinga, samlar seg i spørsmål om arealplanlegging, både utforming og praktisering av det kommunale planverket. Aktuelle tilnærmingar er å sjå på utforming av arealdelen til kommuneplanen, i kva grad denne har lagt opp til å unngå uheldige konsekvensar av fortetting, og om kommunane sin dispensasjonspraksis i plansaker har påverka kvaliteten på fortettinga.

MERKNADER

Artikkelen har blitt til som del av prosjektet *Sustainable urbanisation requirements of small and medium-sized urban settlements and their surroundings* (Surround), finansiert av MILJØFORSK-programmet til Noregs forskingsråd. Takk til professor Petter Næss ved NMBU for analysehjelp og gode kommentarar. Takk også til to anonyme fagfellar for gode innspel. Forfattarane har ingen interessekonfliktar knytte til temaet som er omtalt i artikkelen.

REFERANSAR

- Aune-Lundberg, L. (2017). Øyer av jordbruk midt i byen. *NIBIO POP*, 3(12). Tromsø: Norsk institutt for bioøkonomi.
- Bryn, A. & Halvorsen, R. (2015). *Veileder for kartlegging av terrestrisk naturvariasjon etter NiN (2.0. 2). Veileder versjon 2.0. 2a*. Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo.
- EEA (2006). *Urban sprawl in Europe: The ignored challenge EEA*. (Report No 10/2006). Copenhagen: European Environment Agency.
- ESRI (2017). *ArcMap 10.7.1*. Redlands, California: Environmental Systems Research Institute.
- Hamidi, S. & Ewing, R. (2014). A longitudinal study of changes in urban sprawl between 2000 and 2010 in the United States. *Landscape and Urban Planning*, 128(0), 72–82. doi: <http://dx.doi.org/10.1016/j.landurbplan.2014.04.021>.
- Hanssen, G.S., Hofstad, H., Saglie, I.-L., Næss, P. & Røe, P.G. (2015). Hvorfor studere den kompakte byen. I G.S. Hanssen, H. Hofstad & I.-L. Saglie (red.), *Kompakt byutvikling – muligheter og utfordringer* (s. 13–25). Oslo: Universitetsforlaget.
- Hellevik, O. (2015). Hva betyr respondentbortfallet i intervjuundersøkelser? *Tidsskrift for samfunnsforskning* 56(2), 211–229.
- Hofstad, H. (2012). Compact city development: High ideals and emerging practices. *European Journal of Spatial Development*, 49.
- Jenks, M. & Dempsey, N. (2005). *Future forms and design for sustainable cities*. Oxford, UK: Architectural Press/Elsevier.
- Johnson, M.P. (2001). Environmental impacts of urban sprawl: a survey of the literature and proposed research agenda. *Environment and Planning A*, 33(4), 717–735.
- Larsen, S.L. & Saglie, I.-L. (1995). *Tettstedsareal i Norge. Areal pr. innbygger 1970–1990 i 22 tettsteder i Norge* (NIBR-rapport 1995:3). Oslo: Norsk institutt for by- og regionforskning.
- Neuvonen, M., Sievänen, T., Tönnies, S. & Koskela, T. (2007). Access to green areas and the frequency of visits – A case study in Helsinki. *Urban Forestry & Urban Greening*, 6(4), 235–247.
- Næss, P. (1992). *Natur- og miljøvennlig tettstedsutvikling: Faglig sluttrapport* (NIBR-rapport 1992:2). Oslo: Norsk institutt for by- og regionforskning.
- Næss, P. (2012). Urban form and travel behavior: Experience from a Nordic context. *The Journal of Transport and Land Use*, 5(2), 21–45. <https://doi.org/10.5198/jtlu.v5i2.314>.
- Næss, P. & Engesæter, P. (1992). *Tenke det, ønske det, ville det – men gjøre det? Om muligheter for å gjennomføre en natur- og miljøvennlig tettstedsutvikling* (NIBR-rapport 1992:1). Oslo: Norsk institutt for by- og regionforskning.
- Næss, P., Saglie, I.-L. & Thorén, K.H. (2015). Ideen om den kompakte byen i norsk sammenheng. I G.S. Hanssen, H. Hofstad & I.-L. Saglie (red.), *Kompakt byutvikling – muligheter og utfordringer* (s. 36–47). Oslo: Universitetsforlaget.
- Næss, P., Strand, A., Næss, T. & Nicolaisen, M. (2011). On their road to sustainability? The challenge of sustainable mobility in urban planning and development in two Scandinavian capital regions. *Town Planning Review*, 82(3), 285–316.
- Riksrevisjonen (2007). *Riksrevisjonens undersøkelse av bærekraftig arealplanlegging og arealdisponering i Norge* (Dokument nr. 3:11 (2006–2007)). Oslo.

- Skog, K.L. & Bjørkhaug, H. (2020). Farmland under urbanization pressure: conversion motivation among Norwegian landowners. *International Journal of Agricultural Sustainability*, 18(2), 113–130. <https://doi.org/10.1080/14735903.2020.1719774>.
- Skog, K.L. & Steinnes, M. (2016). How do centrality, population growth and urban sprawl impact farmland conversion in Norway? *Land use policy*, 59, 185–196. <http://dx.doi.org/10.1016/j.landusepol.2016.08.035>.
- Statistisk sentralbyrå (2019). Digitale tettstadgrenser. Henta frå <https://www.ssb.no/a/kortnavn/bef tett/digtettgr.html>.
- Statistisk sentralbyrå (2020). 04862: Areal og befolkning i tettsteder, etter statistikkvariabel og år. Statistikkbanken. Henta frå <https://www.ssb.no/statbank/table/04862>.
- Steinnes, M. 2014. Justert tettstedsavgrensing. Dokumentasjon av metode (Notater 2014/28). Oslo: Statistisk sentralbyrå. Henta frå <https://www.ssb.no/natur-og-miljo/artikler-og-publikasjoner/justert-tettstedsavgrensing>.
- Thorén, K.H. & Saglie, I.-L. (2015). Hvordan ivaretas hensynet til grønnstruktur og naturmangfold i den kompakte byen? I G.S. Hanssen, H. Hofstad & I.-L. Saglie (red.), *Kompakt byutvikling – muligheter og utfordringer* (s. 117–133). Oslo: Universitetsforlaget.
- Vinge, H. (2018). Farmland conversion to fight climate change? Resource hierarchies, discursive power and ulterior motives in land use politics. *Journal of Rural Studies*, 64, 20–27. <https://doi.org/10.1016/j.jrurstud.2018.10.002>.
- Vinge, H. (2020). *Jordvernets vilkår – mellom verdier og verdi. En empirisk studie av mening, kunnskap og makt i planlegging og politikk* (doktoravhandling ved NTNU, 2020:74). Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim.

Næringsutvikling



6. Frå student til entreprenør: Kva fremmar og hemmar studententreprenørskap i høgare utdanning?

Kjersti Kjos Longva

Samandrag Entreprenørskap har ei viktig rolle for utvikling av stadar, regionar og for økonomisk vekst. Institusjonar innan høgare utdanning vert sett på som sentrale aktørar i miljøet som påverkar entreprenørskap, og bidreg mellom anna gjennom kommersialisering av forskning og at studentar startar opp bedrifter etter utdanning. Denne studien ser nærmare på entreprenørskap blant studentar og studententreprenørar si erfaring med kva som fremmar og hemmar dette. Dette blir utforska gjennom intervju med studententreprenørar som er supplert med sekundærdata om miljø for studententreprenørskap ved høgskolar og universitet i Noreg.

Abstract Entrepreneurship has an important role in the development of regions and for economic growth. Higher education institutions are key actors in the entrepreneurial environment and contributes to entrepreneurship through commercialization of research and trough student entrepreneurship. This study set out to examine entrepreneurship among students and student entrepreneurs' perception of the facilitators and challenges for this. This is explored through interviews with student entrepreneurs and complement with secondary data on the environment for student entrepreneurship at higher education institutions in Norway.

Nøkkelord studententreprenørskap | entreprenørskapsutdanning |
entreprenørielle universitet | høgare utdanning

INTRODUKSJON

Dei siste tiåra har det vore ei auka forståing for rolla entreprenørskap har som katalysator for utvikling og økonomisk vekst. Entreprenørskap handlar om å starte ny

forretningsverksemd og kan definerast som ein prosess der forretningsmogelegheiter vert identifisert, utvikla og utnytta for å skape forretningsverksemd (Shane & Venkatamaran, 2000). Empiriske studiar viser at entreprenørskap bidreg til å skape nye arbeidsplassar, til produktivitetsvekst og til å bringe innovasjonar til marknaden (Ulstein & Grünfeld, 2012). Entreprenørskap vert difor sett på som eit sentralt element i utvikling og omstilling av stadar og regionar. Spilling (2005) trekkjer til dømes fram korleis entreprenørielle hendingar er tett knytte til staden dei skjer på. Han argumenterer for at ei entreprenøriell hending har all historisk utvikling på staden som fundament, samtidig som den entreprenørielle hendinga sjølv vil kunne gje sitt bidrag til utviklinga til næringslivet på staden gjennom arbeidsplassar, skatteinntekter og utvikling av industri. Korleis ein kan legge til rette for entreprenørskap og dermed bidra til stadutvikling og regional utvikling, har difor fått stadig større merksemd både frå myndigheiter og forskingsmiljø (Spilling, 2006).

Høgare utdanningsinstitusjonar har blitt peika på som sentrale aktørar i det regionale økosystemet for entreprenørskap (Etzkowitz et al., 2000; Etzkowitz & Leydesdorff, 2000). Lenge var det kommersialisering av forskning frå universitetstilsette som blei sett på som det viktigaste entreprenørskapsbidraget frå universiteta. Dei siste årene har det derimot vore ei auka forståing for at studententreprenørskap også kan ha ei viktig rolle. Ein studie frå Åstebro et al. (2012) viser til dømes at det er mykje meir sannsynleg at studentar startar bedrift like etter utdanning enn at universitetstilsette gjer det. Vidare syner forskning at dei fleste studentar som startar bedrift like etter utdanning, lokaliserer den nye bedrifta i same region som utdanningsinstitusjonen dei er uteksaminerte frå (Wright et al., 2017). Studententreprenørar kan dermed vere ei kjelde til økonomisk og regional utvikling på staden dei vel å etablere seg.

Trass i rolla studententreprenørar har i entreprenørskap som kjem ut frå universitet, seier litteraturen lite om korleis ein kan legge betre til rette for studententreprenørskap. Spreidde empiriske studiar syner at entreprenørskapsutdanning (Elert et al., 2015) og studentmiljø (Morris et al., 2017) kan vere viktig for studententreprenørskap, men forståinga i litteraturen for kva som påverkar studententreprenørskap er avgrensa. Denne studien søker å sjå nærmare på dette for å kunne bidra til auka innsikt om kva som kan vere viktig å ta omsyn til om ein ynskjer å legge betre til rette for studententreprenørskap. Frå entreprenørskapslitteraturen veit ein at korleis aktørar i lokalområdet er kopla saman, er viktig for at entreprenørskap og tilhøyrande næringsutvikling skal finne stad (Spilling, 2005). Entreprenørskap vert difor ofte sett i eit systemperspektiv, og til dømes klyngeteori, regionale innovasjonssystem og entreprenørielle økosystem har vorte nytta for å forklare samspelet

mellom entreprenørskap og staden det går føre seg på (Spigel & Harrison, 2017). Ifølgje Isenberg (2016) er politikk, finansiering, kultur, støtteapparat, humankapital og marknad dei sentrale komponentane i eit entreprenørielt økosystem og vil vere avgjerande for entreprenørskapen som finn stad, medan MIT sin REAP-modell (Aulet, 2013) trekkjer fram entreprenøren, risikokapital, næringsliv, det offentlege og universiteta som sentrale aktørar i det entreprenørielle økosystemet.

Innanfor entreprenørskap har systemperspektivet fått mykje merksemd dei siste tiåra (Spigel & Harrison, 2017), mens dette perspektivet i stor grad har vore fråverande innanfor studententreprenørskap. Her har fokuset hovudsakleg vore korleis entreprenørskapsutdanning og utanomfaglege studentorganisasjonar kan fremme studententreprenørskap i høgare utdanningsinstitusjonar. Formålet med studien er difor å undersøke studentar sitt perspektiv på korleis staden ein studerer på, kan legge til rette for studententreprenørskap. Forskingsspørsmålet for studien tek utgangspunkt i studententreprenørane sine refleksjonar rundt egne erfaringar og lyd: *Kva vurderer studententreprenørar som sentrale faktorar som fremmar og hemmar studententreprenørskap i høgare utdanning?* Dette vert undersøkt i ein kvalitativ studie med intervju av studententreprenørar i ulike høgskole- og universitetsmiljø, samt ei supplerande kartlegging av dei same miljøa for å få innblikk i sentrale aktørar og funksjonar i miljøet for studententreprenørskap.

ENTREPRENØRSKAP I HØGARE UTDANNING

Med bakgrunn i den auka forståinga for korleis entreprenørskap skapar økonomisk utvikling, har høgare utdanning vorte utfordra på korleis ein i større grad kan bidra til entreprenørskap. Det vert i dag forventa at høgare utdanningsinstitusjonar har ei nøkkelrolle i dette, mellom anna gjennom utvikling av humankapital og kunnskapsoverføring til industri (Ankrah & Al-Tabbaa, 2015; Criaco et al., 2014). Akademisk entreprenørskap, der oppstartsbedrifter spinn ut frå universiteta for å kommersialisere forskning, har vorte peikt på som eit viktig bidrag (Shane, 2004). Denne typen universitetsoppstartar kan til dømes vere spesielt viktige for å kommersialisere teknologi som treng mykje tilpassing før ei eventuell overføring og implementering i eksisterande bedrifter, og som dermed ikkje ville blitt utvikla vidare utanfor universitetet (Clausen & Rasmussen, 2013; Mathisen & Rasmussen, 2019).

Eit anna viktig satsingsområde når det gjeld entreprenørskap ved høgskular og universitet, har vore entreprenørskapsutdanning. Dei første kursa i entreprenørskap starta opp i USA på 1950-talet, og det har sidan vært ein eksponentiell vekst av entreprenørskapskurs i høgare utdanning (Katz, 2003; Kuratko 2005). I Noreg har entreprenørskap i utdanning vore satsa på både av utdanningsinstitusjonar og

politisk. Noreg var blant dei første landa som hadde ei politisk målsetting om entreprenørskapsutdanning, og vedtok i 2004 ein eigen strategi for entreprenørskap i utdanninga (KD, 2004). I 2009 blei dette følgt opp av ein eigen handlingsplan for entreprenørskapsutdanning (KD, 2009). Formålet med entreprenørskapsutdanning er å utvikle entreprenørielle ferdigheiter blant studentane som deltek. EU framhevar dette som ein av åtte nøkkelkompetansar for det 21. århundret og som ei sentral ferdigheit for yngre som skal inn i arbeidslivet (EC, 2006). Nokre av dei viktigaste entreprenørielle ferdigheitene som kan utviklast gjennom entreprenørskapsutdanning, er ifølgje Bacigalupo et al. (2016) kreativitet, samarbeidsevner, evne til å ta initiativ og sjå moglegheiter, motstandsdyktigheit, evne til resursmobilisering og handtering av usikkerheit.

Bedriftsetablering blant studentar

I tillegg til utvikling av entreprenørielle ferdigheiter er det også ein sentral ambisjon at satsinga på entreprenørskap skal gje fleire nye bedrifter. Kor vidt dette er eit faktisk resultat, er vanskeleg å dokumentere, då dei fleste studiar av effekten av til dømes entreprenørskapsutdanning ser på intensjonen om å starte bedrift og ikkje faktisk bedriftsoppstart (Longva og Foss, 2018). Ei av få studiar som ser nærmare på dette, er Elert et al. (2015). I studien undersøker Elert et al. (2015) effekten av at svenske skuleelevar deltek i entreprenørskapsutdanning i vidaregåande skule. Ved å samanlikne desse med kohortar som ikkje deltok i entreprenørskapsutdanning, finn forfattarane at deltaking gjev signifikant høgare sannsyn for å starte bedrift, og gjev høgare inntekt som entreprenør for dei som startar bedrift.

Forskning viser også at studententreprenørskap utgjer ein betydeleg del av entreprenørskap som kjem ut frå universiteta. Åstebro et al. (2012) syner, som tidlegare nemnt, at uteksaminerte studentar startar fleire bedrifter enn universitetstilsette. Videre viser til dømes forskning frå Massachusetts Institute of Technology (MIT) at kandidatar uteksaminerte frå MIT har skapt meir enn ein million jobbar gjennom oppstart av nye bedrifter og ei samla omsetjing på over 164 milliardar dollar. Ein studie av tidlegare studentar ved Babson College gjev tilsvarande funn (Lange et al., 2014). Babson College er kjent for si satsing på entreprenørskap, og av 3775 alumni i undersøkinga starta 913 av dei eigne bedrifter. Til saman skapte desse 1300 bedrifter og over 25 000 arbeidsplassar. Studiane frå USA syner at studententreprenørskap kan utgjere eit betydeleg bidrag til entreprenørskap både på regionalt og nasjonalt nivå, medan den svenske studien indikerer at dette også kan gjelde for entreprenørskap i vidaregåande skule. For studententreprenørskap i Noreg, og for den del Europa generelt, er det mangel på empiriske studiar som tek

tak i dette. På global basis etterlyser ein også empiriske studiar som ser på betydninga av omgjevnadane for studententreprenørskap og kva som er viktige drivarar for dette (Miller & Acs, 2017; Wright et al., 2017).

METODISK TILNÆRMING

Studien omhandlar studententreprenørskap, som er eit tema der eksisterande konseptuell og empirisk litteratur er avgrensa. Designet for studien er difor eksplorativ case-studie med mål om å kunne utdjupe eksisterande teori om studententreprenørskap med bakgrunn i funn frå casar (Eisenhardt & Graebner, 2007). Det vert nytta kvalitative intervju som er supplerte med sekundærdata frå studiestadane. I tråd med Yin (2009) vert fleire kjelder til informasjon nytta for å sjå at funna stemmer overeins, og for å styrke validitet. Intervjudelen består av fem intervju med studententreprenørar som har arbeidd med å starte eiga bedrift i og etter studietida. Studententreprenør vert i denne artikkelen definert som både studentar som har arbeidd med å starte bedrift undervegs i studiet, og studentar som driv ei bedrift som dei starta like etter utdanning. Den siste kategorien er i praksis «vanlege» entreprenørar. Men sidan artikkelen også omtaler andre entreprenørar, vert studententreprenør i denne studien definert breitt. Det blei gjort intervju ved fire ulike norske høgskule- og universitetsmiljø mellom september og desember i 2019. Tabell 6.1 syner meir informasjon om informantane.

Tabell 6.1. Oversikt over informantar i intervjua

Informant	Stad	Entreprenørskaps- utdanning	Student- inkubator	Alumni- inkubator	Næringslivs- inkubator	Finansier- ing 1*	Finansier- ing 2**
1	A	Masterstudium, spesialisering	V	V	-	V	V
2	A	Masterstudium, spesialisering	V	V	-	V	V
3	B	Bachelorstudium, spesialisering	-	-	V	-	V
4	C	Bachelorstudium, spesialisering	-	-	V	-	V
5	D	Masterstudium, valfag	-	-	V	-	-

*Finansiering 1: kr. 1 000 000,- frå Noregs Forskningsråd

**Finansiering 2: kr. 200 000–300 000 frå Innovasjon Norge

Intervjua baserte seg på ein semistrukturert intervjuguide med fokus på tilrettelegging og utfordringar for studententreprenørskap. Det blei gjort lydopptak av kvart intervju. Intervjua varte mellom 25–55 minutt og vart transkriberte i etterkant. I analysen vert det freista å bygge teori ut frå refleksjonane til studentane gjennom ein todelt kodingsprosess som anbefalt av Saldaña (2012, s. 207) i NVivo. Det transkriberte materialet fekk i første fase tildelt kodar som oppsummerte utsegnene frå informantane. I den andre fasen vart det anvendt fokusert koding med fremmande og hemmande faktorar med utgangspunkt i forskingsspørsmålet. Kodinga resulterte i 10 faktorar som blei identifiserte som spesielt viktige av studentane, enten fordi dei fremma studententreprenørskap eller fordi det var utfordringar eller barrierar som hemma framdrifta til studententreprenørane.

I neste steg vart det laga ei oversikt over miljø for studententreprenørskap ved dei fire høgskule- og universitetsstadane. Oversikta baserte seg på informasjon i intervjua og søk i sekundærdata som nettsider og medieomtalar for å følgje opp utsegn frå studententreprenørane. Dette arbeidet resulterte i ein illustrerande figur for kvar av stadane.


PRESENTASJON AV FUNN

Funna frå datainnsamlinga som vert presentert i dette kapitlet, er delt inn i to delar. Først vert ei oversikt av miljøa for studententreprenørskap presentert gjennom fire ulike figurar med tilhøyrande beskrivingar for kvar av stadane. I neste del vert innsikt rundt det studententreprenørane oppfattar som fremmande og hemmande for studententreprenørskap, samanfatta.

Miljø for studententreprenørskap


Miljøet for studententreprenørskap er ulikt ved dei fire stadane. Miljø er ulike med tanke på innhald og graden av samspel mellom dei ulike delane.

To av studentane som er intervjuja, er frå stad A, som er ein av dei større byane i Noreg. Miljøet ved denne studiestaden er det mest utvikla for studententreprenørskap blant stadane i studien både når det gjeld innhald og graden av samspel mellom dei ulike delane i miljøet. Dette kjem fram både gjennom intervju og sekundærdata om miljøa for studententreprenørskap. Når det gjeld det faglege miljøet, har staden eit spesialisert masterprogram som studentane som vart intervjuja, var tilknytte, eit forskingssenter for entreprenørskapsutdanning og innovasjonslabar på campus tilknytt miljøet. Når det gjeld utanomfaglege aktivitetar, er det eit aktiv miljø for studententreprenørskap gjennom studentorganisasjonar og



Figur 6.1. Stad A – Miljø for studententreprenørskap.

eige identitetslokale. Ein av studentorganisasjonane tilbyr mentortjenester til studentar som ynskjer rettleiing for å utvikle ein idé, der studentar med entreprenørskaps erfaring fungerer som frivillige studentmentorar. I tillegg eksisterer det ulike typar inkubatorar på staden. Ein inkubator er ein organisasjon som gjev støtte til etablering av nye verksemdar og som disponerer ressursar som kontorfasilitetar, rettleiingstenester og finansiell støtte. Ved stad A blir dette gjort gjennom ein studentinkubator tilknytt masterprogrammet, der studentar får tilgang til eige kontor for å arbeide med idéen sin, samt ein alumni-inkubator der studentar kan søke om å få kontorplass i opptil eitt år etter studiane. Dei intervjuar studentane hadde vore ein del av begge desse inkubatorane. Når det gjeld finansiering, kan studentane søke på interne middel der det er høg tilsalsprosent. Det er også etablert infrastruktur for søknadsstøtte for å førebu søknadar om ekstern finansiering til Noregs forskingsråd og Innovasjon Norge. Graden av næringslivskontakt vart oppgitt å vere noko mindre i dette miljøet enn ved nokre av dei andre stadane, og det vart uttalt i intervjuar at store delar av næringslivskontakten går gjennom studentorganisasjonar. Ei interessant utsegn rundt miljøet ved stad A er at informantane oppfatta det som svært godt tilpassa til studentane som er ein del av masterprogrammet eller studentorganisasjonane, men at det nok kunne opplevast som mindre tilgjengeleg for studentar som ikkje var ein del av miljøet gjennom studiar eller studentorganisasjon.




Figur 6.2. Stad B – Miljø for studententreprenørskap.

Éin studententreprenør vart intervju ved stad B, som er ein mindre by i Noreg. Medan det ved stad A er høg grad av samspel mellom dei ulike delane av miljøet, er miljøet ved stad B i stor grad bygd opp rundt to spesialiserte bachelorprogram. Studententreprenøren som vart intervju, hadde gått ved eit av desse programma. Begge studieprogramma har tett kontakt med næringsliv og næringslivsinkubator, som både deltek aktivt i programma og tek imot studentane etter at dei er uteksaminerte. Også her er det ein aktiv studentorganisasjon, og moglegheiter for intern finansiering for studentar. I tillegg er Ungt Entreprenørskap ein viktig bidragsytar i studieprogramma. Samanlikna med studiestad A vart det oppgitt at det var mindre formell infrastruktur på campus for studententreprenørskap, noko som også var uttrykt som eit område for forbetring av studententreprenøren som var intervju.

Stad C er også ein mindre by i Noreg, og éin studententreprenør vart intervju her. Både studieprogram og støtte frå Ungt Entreprenørskap liknar stad B, men studentorganisasjonar/studentmiljø og kontakt med næringsliv er i mindre grad til stades, ifølgje informanten. Det vart uttrykt at dette var eit sakk under studiane. Miljøet ved campus er tilknytt ein næringslivsinkubator som også tilbyr studentinkubator for aktive studentar.

Éin studententreprenør vart intervju frå stad D. Dette er ein større by i Noreg, der miljøet for studententreprenørskap er mindre utvikla. Fokus ved utdanningsinstitusjonen er andre fagfelt, og det eksisterer få studentmiljø for entreprenørskap tilknytt studiestaden. Studententreprenøren som var intervju frå denne staden,



Figur 6.3. Stad B og C – Miljø for studententreprenørskap.

hadde aktivt søkt etter stadar å finne eit fellesskap og fag innan entreprenørskap. Det var beskrive at faga hadde eit tydeleg teoretisk tilsnitt og baud på mindre praktisk kunnskap for ein student i oppstartsfasen. Næringslivsinkubatoren som studenten blei tilknytt, vart beskrive som meir tilpassa oppstartsbedrifter med lang industrierfaring innan maritime industrier. Studenten hadde flytta til Oslo i ettertid, der han hadde funne eit miljø å fortsette å arbeide med oppstartsbedrifta i.

Faktorar som fremmar studententreprenørskap

Analysen av intervju avdekte fleire viktige faktorar som fremmar studententreprenørskap sett frå perspektivet til studententreprenørane sjølve. Dei viktigaste faktorane var entreprenørskapsutdanning, kontakt med næringsliv under utdanning, finansiering via verkemiddelapparat, studentmiljø for entreprenørskap, inkubatorar i og etter utdanning og mentorar. Funna relatert til dei ulike faktorane er nærare beskrivne under.

Entreprenørskapsutdanning

Studententreprenørskap som vart omtalt i intervju, hadde, med eitt unntak, sitt utspring i entreprenørskapsutdanning. Det at studentane fekk arbeide over tid med prosjekt i utdanninga, var for mange avgjerande for at dei hadde kome langt med prosjekta sine. Spesielt når det gjaldt utviklinga av ideen, hadde aktivitetar i utdanninga vore viktige. Ein studententreprenør fortel:

«Første semester er det ei intens idejakt. Og ein jobbar mykje og lenge med å finne gode business-casar. Både for idear ein hadde frå før og gjennom samar-

beid med institusjonar og andre organisasjonar. Vi hadde ein syretest som var med [Bedrift] og då kom dette problemet fram. Nokre veker seinare var vi ved [Forskingsinstitusjon] og jobba med teknologi som er utvikla der, som er veldig spesiell og ofte vanskeleg å sjå verdien av. Men då jobba vi med ei programvare som eg følte kunne løyse delar av det problemet vi hadde oppdaga i den andre syretesten. Og det viste seg å vere berre tull. Det stemte ikkje i det hele tatt. Men då var grunnlaget lagt, i alle fall. Så vi tenkte at dette er eit kjempeproblem, og vi må ha programvare som kan hjelpe oss med å løyse dette. Og liksom, det kan bli business.»

Entreprenørskapsutdanning var også avgjerande for at team hadde funne kvarandre og fortsette å jobbe saman. For nokre hadde entreprenørskapsutdanning vore viktig for å finne team-medlemmar med anna kompetanse enn dei sjølv hadde.

Kontakt med næringsliv under utdanning

Kontakt med næringsliv under utdanning vart trekt fram som sentralt av fleire. Nokre trekte også fram kontakt med forskingsinstitusjonar og offentlege verksemder som viktig. Spesielt i idefasen var det sentralt for fleire å ha kontakt med næringsliv for å kome fram til reelle problem som treng ei løysing. Sitatet frå studenten i avsnittet over er eit eksempel på dette. Vidare blei det understreka av fleire at næringslivskontakt også er av stor betydning i overgangen frå student til entreprenør. Nokre hadde inngått samarbeidsprosjekt i løpet av studiet med bedrifter som seinare gjekk inn som investorar i prosjekta deira, andre hadde knytt til seg mentorar, medan andre igjen hadde overlevd det kritiske første året ved å ta på seg konsulentoppdrag for bedrifter dei hadde samarbeidd med under studiane.

Finansiering via verkemiddelapparat

Finansiering er kritisk for alle oppstartsbedrifter, men er spesielt viktig for student-entreprenørar som ikkje har oppsparte middel. Fleire trekkjer fram finansiering frå verkemiddelapparat som Innovasjon Norge og Noregs forskingsråd som avgjerande for at dei kunne fortsette med bedriftene dei hadde starta opp i utdanninga si. Som ein studententreprenør fortel:

«Vi hadde jo ikkje klart oss utan Innovasjon Norge og STUDENT-pengane. Bedrifter treng pengar for å overleve, og er du ferdig å studere så treng du lønn. Du treng ikkje nødvendigvis så mykje, men du er heilt avhengig av å kunne leve

av noko. Det er alltid mogeleg å jobbe deltid, men det blir så halvvegs, og du får ikkje det fulle fokuset som du verkeleg treng. Skal du gjere det bra med ei oppstartsbedrift, så må du være dedikert, og du må være konsentrert. Du må liksom ha tid til å få gjort alle dei tinga som skal gjerast.»

Fleire av studententreprenørane hadde fått middel som kunne nyttast til å dekke løn, noko dei såg på som spesielt avgjerande for vidare drift.

Studentmiljø for entreprenørskap

Studententreprenørane fortalde om viktig læring i entreprenørskapsutdanning i løpet av studiane. Men det vart også framheva at studentmiljø for entreprenørskap hadde bidratt til læring og utvikling. Studentorganisasjonar og andre felles møteplassar for entreprenørskap hadde stor betydning ved at ein kunne treffe likesinna der, bli ein del av eit fellesskap, bli inspirert og bygge nettverk. Fysiske møteplassar som knytte saman utdanning, studentorganisasjonar og andre aktivitetar innan innovasjon og entreprenørskap på campus, hadde vore spesielt viktig for mange for å føle at dei hørte til ein plass. Studentmiljøa var også viktige for å knytte kontakt med næringsliv under ulike arrangement utanfor emne og studieprogram. Fleire fortalde om deltaking i ulike kurs, workshop og konkurransar, som hadde vore viktige på reisa mot å velje entreprenørskap som karriereveg. For dei som ikkje hadde hatt tilgang til slike aktivitetar og miljø, var det noko som dei uttrykte at dei sakna. Ein studententreprenør forklarar:

«Det er viktig å vere i kontakt med andre som er i same situasjon som deg. I større byar er det ofte større og etablerte miljø for startups. Sånn eg ser det, er det mindre av det i distrikta. Så det blir vanskeleg å finne studentar eller entreprenørar som har vore i same situasjon som deg. Men når eg har treft studentar eller tidlegare studentar som har liknande erfaringar som meg, har eg alltid fått verdifulle råd.»

Noko som hadde vore viktig for fleire, var mogelegheita som studentmiljøet gav for å rekruttere andre studentar, både som konsulentar og tilsette. Ved å rekruttere studentar med kompetanse innan til dømes programmering, design eller marknadsføring til kortare og lengre oppdrag, kunne studententreprenørane utvikle idéen sin utan å måtte betale store summar til konsulentselskap. For eksempel gjorde «Join a Startup»-kveldar i studentmiljø denne typen rekruttering mogeleg.

Inkubatorer i og etter utdanning

Ulike former for inkubatorar vart sett på som viktige av dei fleste som vart intervjua. Nokre få hadde erfaring med studentinkubatorar, der ein gjennom studiet er med i ein inkubator og tek del i aktivitetar der. Fleire hadde også erfaring med alumni-inkubator, som dei trekte fram som svært positivt. I ein alumni-inkubator får studentar vere på campus i opptil eitt år etter studiane for å arbeide med bedrifta si. Det sparte kostnader til oppstartslokale og gav tilgang til ressursar på campus sjølv om ein ikkje var student. Det gav eit fellesskap å vere ein del av, og det gav tid til å arbeide meir med prosjektet før ein skulle over i ein inkubator for næringslivet. Ein studententreprenør uttrykte:

«For oss er det heilt nydeleg å vere her no. Forhåpentlegvis er vi ein annan stad neste år, der det vil vere andre ting vi treng. Men det å vere her er heilt nydeleg med tanke på at vi kan tilsette studentar kjempelett. Og det er litt lettare for studentane å sjonglere studiar og startup. Og så i neste runde kan vi kanskje betale litt meir for kompetanse, og då blir det viktigare å vere nær investorar. Men det er perfekt å vere her no. Det er hybriden som gjer det som eigentleg er ganske vanskeleg litt mindre vanskeleg.»

Som sitatet over illustrerer, var alumni-inkubatoren eit viktig steg på vegen til ein næringslivsinkubator. Fleire uttrykte at dei ikkje følte seg klare for næringslivsinkubator rett etter utdanninga. Nokre av dei som hadde erfaring frå næringslivsinkubatorar rett etter studiane, meinte at det hadde kome litt brått på, og at dei difor ikkje hadde fått fullt utbytte av å vere der. På ei anna side var det også studententreprenørar som understreka at slike inkubatorprogram hadde vore viktig for dei.

Mentorar

Mentorar blei sett på som sentralt for utvikling av oppstartsbedriftene, både under utdanning og i overgangen frå utdanning til oppstartsbedrift. Ulike typar mentorar blei nemnde som viktige. I tillegg til fagpersonar ved utdanningsinstitusjonane vart studentmentorar trekt fram som gode sparringspartnarar under studiane. Desse vart sett på som viktige fordi dei forstod spesielt godt situasjonen studentane var i. I tillegg var eksterne mentorar sentrale for å bidra til både fagleg forståing og forretningsforståing. Nokre hadde fått tildelt mentorar, der relasjonen ikkje klaffa så bra, og hadde difor avslutta eller fasa ut kontakta. Det vart understreka kor viktig det var å sjølv ta ei aktiv rolle i å knytte til seg mentorar.

Faktorar som hemmar studententreprenørskap

Analysen av intervju avdekte også fleire utfordringar og barrierar som kan forseinke og hindre studententreprenørskap. Dei viktigaste faktorane var manglande tilgang til finansiering, manglande nettverk og bransjeerfaring, gründerprogram som ikkje treff, og overdrive skaleringsfokus. Funna relatert til dei ulike utfordringane er nærare beskrivne under.

Manglande tilgang til finansiering

Sjølv om mange trekte fram gode finansieringsordningar frå verkemiddelapparatet som viktige for utviklinga av sine bedrifter, var det også fleire som lufta frustrasjon rundt å ikkje passe inn i desse. Nokre ordningar kravde mastergrad, mens andre, som for eksempel NAV si ordning «Dagpengar under etablering av eigen verksemd», kravde at ein hadde arbeidd fulltid. Ein studententreprenør reflekterte over korleis ein dermed fell mellom to stolar:

«Så har ein NAV. Dei har jo eit løp for dei som har mista jobben. Men om du er student, så «uff, nei, det blir vanskeleg». Du må ha hatt over kr 150 000 i løn for å få dagpengar. Men om du har over kr 150 000 i løn, så får du ikkje stipend. Så dei feller kvarandre. For å få dagpengar må du ha mista ein jobb. Og det gjeld ikkje studentar som nett er ferdige.»

Vidare var det ein frustrasjon frå nokre at det mangla god oversikt over støtteordningar og ein infrastruktur på campus som kunne bidra til rettleiing rundt desse. Validering av eige prosjekt var ein positiv effekt av støtte frå verkemiddelapparatet, men det viktigaste var å få tilgang til middel slik at ein kunne bruke tida på eige oppstartsprosjekt. Elles var gjerne alternativet å melde seg opp i ulike fag for å kunne fortsette å få studielån eller å sjonglere fleire jobbar for å halde hjula i gang medan ein arbeidde med oppstartsbedrifta.

Manglande nettverk og bransjeerfaring

Som studententreprenør har ein gjerne avgrensa arbeids- og bransjeerfaring, og manglar dermed også nettverk innanfor området og bransjen ein søker seg inn i. Fleire studententreprenørar beskrev korleis dei aktivt jobba for å bøte på dette ved å samarbeide med bedrifter, knytte til seg mentorar og delta på aktivitetar for å utvide nettverk. Men manglande nettverk og bransjeerfaring var stadig ei naturleg utfordring for dei fleste studententreprenørane.

Gründerprogram som ikkje treff

Sjølv om fleire nemnde ulike gründerprogram som både lærerike og nyttige, understreka også nokre at enkelte program ikkje treffe godt nok. Ein kunne oppleve det som frustrerande når program ein måtte ta del i, tok verdifull tid bort frå eige prosjekt. Standardiserte program og program som ikkje tillét at idéen til oppstartsbedrifta endra seg undervegs, vart opplevd som spesielt krevjande. Ein studententreprenør uttrykte dette slik:

«Vi har jo vore med på ein del sånne ulike program. Og dei er alltid designa med dei beste intensjonar om at det skal være nyttig for bedrifta. Men veldig ofte blir det dessverre veldig distraherande frå det ein eigentleg burde konsentrert seg om. Fordi ein prøver å skvise inn x oppstartsbedrifter i eit fast løp, som vert veldig kunstig, og som ikkje kjem til å matche alle eller nokon i det heile tatt i dei verste tilfella. Mange kan ha lyst til å vere aktiv i prosessane for å gjere ein skilnad, men det verkar ofte mot si hensikt.»

Overdreve fokus på skalering

Eit anna tema som kom opp i intervjuet, var at bedrifter som vert utvikla under studiar, ofte i entreprenørskapsutdanning, gjerne kan få for mykje fokus på skalering. I staden for å fokusere på realistiske sal i nær framtid meinte nokre at ein blir sett til å utvikle luftslott-prosjekt som ikkje kan realiserast utan store finansielle ressursar. Ifølgje informantane kunne dette kome av manglande kontakt med næringsliv og investorar under utvikling av idéane, samt at det vert fokusert for mykje på dei store suksessane i staden for stabile små og mellomstore bedrifter. Ein tidlegare studententreprenør reflekterte til dømes over dette:

«Vi hadde jo studentbedrift. Vi brukte mykje tid på å få det til å bli noko skalerbart. Ein har veldig mykje fokus på at ein skal verte veldig store. Ikkje unicorn, men ein ynskjer å ta ein stor posisjon i marknaden. I staden for å sikte mot ein meir realistisk Sebra-posisjon. Så du ynskjer å ta alt, du skal liksom konkurrere med dei største. Du er litt naiv, så du ynskjer å ta heile marknaden. I staden for å seie at det er plass til mange i ein by og at det fungerer godt å vere nok ein utstyrsløseleverandør. Men ein spinn det så lenge som student at ein klarer å skape noko veldig visjonært, som jo er positivt, men som kanskje ikkje er veldig jorda i bakken.»


DISKUSJON OG KONKLUSJON

Dei siste tiåra har det vore ei aukande forståing av entreprenørar sitt bidrag til verdiskaping og økonomisk utvikling. Entreprenørskap har også ei viktig rolle i stad-utvikling og regional utvikling. Entreprenørar som ynskjer å skape noko nytt, vert påverka av miljøet dei er i, men påverkar også miljøet sjølve gjennom det dei skaper (Spilling, 2006). For at entreprenørar skal kunne kommersialisere nye idear, syner forskning at kapital, kompetanse og støttefunksjonar er sentralt (Aulet, 2013; Isenberg, 2016; Spigel & Harrison, 2017). Funna i denne studien peiker mot at dette også er sentralt for studententreprenørskap.

Formålet med studien var å undersøke studententreprenørane sitt eige perspektiv og erfaringane som dei har om kva som fremmar og hemmar studententreprenørskap. Analysen av intervjuar syner seks hovudfaktorar som fremmar studententreprenørskap; entreprenørskapsutdanning, kontakt med næringsliv under utdanning, finansiering, studentmiljø for entreprenørskap, inkubatorar og mentorar.

Vidare er det fire faktorar som vert trekte fram som hemmande for studententreprenørskap: manglande tilgang til finansiering, manglande nettverk og bransjeerfaring, gründerprogram som ikkje treffer og overdrive fokus på skalering. Om ein ser dei faktorane ovanfor i samanheng, ser ein at nokre kan vere både fremmande og hemmande avhengig av situasjonen til studententreprenøren. Når det gjeld finansiering, er dette til dømes ein fremmande faktor når studentane har tilgang til finansieringsordningar, men det kan også vere ein hemmande faktor for dei som opplever å falle utanfor eksisterande ordningar. Figur 6.4 under gjev ei oversikt over sentrale element i miljøet for studententreprenørskap når ein ser funna ovanfor i samanheng med kvarandre.

Entreprenørskapsutdanning er ein viktig igangsetjar av studententreprenørskap. Sjølv om studentar også startar opp bedrift utan å ta del i slik utdanning, kan utdanninga vere ein katalysator for idéutvikling og ein arena å treffe likesinna på. Dette er i tråd med tidlegare empiriske studiar av Elert et al. (2015) og Morris et al. (2017). Kontakt med næringslivet vart også trekt fram som svært viktig. Næringslivskontakt gav viktige innspel til utvikling av idear og til realitetsorientering i ulike fasar av prosjektet. Tilsvarende vart manglande nettverk og bransjeerfaring beskrive som noko som hemma framgangen, og som studententreprenørane jobba aktivt med å kompensere for. Dette er ein faktor som så langt har fått lite merksemd i litteraturen rundt studententreprenørskap, men som det er viktig å ta omsyn til i utvikling av entreprenørskapsutdanning og miljø for studententreprenørskap på campus. Vidare er finansiering gjennom verkemiddelapparat også av stor betydning for studententreprenørskap. Intervjuar synte at dette kunne vere til



Figur 6.4. Sentrale element i miljøet for studententreprenørskap.

stor hjelp for mange, men også til stor frustrasjon for dei som fall utanfor eksisterande finansieringsordningar. Frustrasjonen er forståeleg, men indikerer samtidig ei avgrensa forståing av korleis verkemiddelapparatet må konstruerast for å gi størst mogleg avkastning på ressursane ein investerer i det. Dette er ei viktig forståing å etablere for unge entreprenørar i til dømes entreprenørskapsutdanning.

Studentmiljøet hadde vore ein viktig fremmar for studententreprenørskap for fleire. Studentmiljøet gav moglegheiter for læring som komplementerte faglege studiar, og var i tillegg ein stad å høyre til saman med likesinna. Dette har også blitt understreka som viktig i tidlegare studiar på studententreprenørskap (Pittaway et al., 2015). For mange opnar slike miljø moglegheiter til å bli med på andre sine idéar, mens andre brukte miljøa til å rekruttere studentar til eigne bedrifter. Innhaldet i studentmiljø for entreprenørskap varierer, men viktige element kan til dømes vere ulike typar inkubatorar, idékonkurransar og studentmentorar. Næringslivinkubatorar og industrimentorar er viktige i neste fase når studentar har kome eit steg nærare marknaden med ideane sine.

Funna i denne studien har både fellestrekk og ulikheiter med beskrivingar i litteraturen av entreprenørielle økosystem. Entreprenørskapsutdanning i denne modellen har for eksempel fellestrekk med det Isenberg (2016) omtaler som humankapital, og Aulet (2013) som universitetstilgang. På same vis har støttefunksjonar og finansiering i Isenberg (2016) sin modell og risikokapital i Aulet (2013) parallellar til det studentane beskriv rundt verkemiddelapparat, inkubatorar og til

dels mentorar. Kulturdelen i Isenberg (2016) sitt perspektiv kan i ein studentsetting tilsvare studentmiljø for entreprenørskap i figur 6.4. Det Isenberg (2016) refererer til som marknad og politikk, og Aulet (2013) som det offentlege får mindre merksemd i modellen ovanfor. Dette reflekterer nok at det er utsegnene til studentane sjølve som har vore grunnlaget for utforminga av modellen, og at dette er noko som er mindre tydeleg for dei fleste i ein tidleg fase som studententreprenør. Samtidig er kontakt med næringsliv trekt fram som eit viktig element, noko som er naturleg all den tid studententreprenør ikkje har bransjeerfaring og næringslivsnettverk som eldre entreprenørar dreg nytte av. Det kan difor vere til stor nytte at utdanningsinstitusjonar arbeider for å fasilitere næringslivskontakt for studentar som arbeider med entreprenørskap både for å hjelpe til med idéutvikling og bidra til realitetsorientering rundt marknadsmogelegheiter.

Elementa i miljøet for studententreprenørskap er på ulike måtar med på å fremme eller hemme studententreprenørskap. Å skape miljø som best mogeleg understøttar desse elementa, er difor ei viktig oppgåve både for utdanningsinstitusjonane som studentane høyrer til, og for stadane der dei studerer. Forsking syner at studentar som startar bedrifter like etter utdanning, i stor grad vel å lokalisere desse i same region som utdanningsinstitusjonen dei er uteksaminerte frå (Wright et al. 2017). Å bygge entreprenørskapsmiljø regionalt krev dermed at utdanningsinstitusjon og stad spelar på lag for å skape slike miljø. Denne studien gjev nokre innsikter i kva som kan vere viktig i dette arbeidet. Samtidig er det viktig å framheve at dette er element som må tilpassast den regionale konteksten for entreprenørskapsmiljøet. Eit sterkt studententreprenørskapsmiljø på campus vil for eksempel vere spesielt viktig når studentar ikkje er tett på andre entreprenørskapsmiljø gjennom kontakt med næringsliv eller inkubatorar. Det er dermed ikkje slik at det finst ei beste løysing for å skape eit godt miljø for studententreprenørskap. Det er viktigare at miljøet er tilpassa tradisjonen, den regionale konteksten og institusjonen det skal vere ein del av.

Sidan dette er ein kvalitativ studie som er gjort ved norske utdanningsinstitusjonar, vil det vere interessant å undersøke andre kontekstar for studententreprenørskap i framtidig forskning. Med omsyn til ekstern validitet er det difor viktig å understreke at refleksjonane frå informantane ikkje kan generaliserast. Intervju med andre informantar enn dei i studien kunne gitt andre funn. Medan generalisering er eit uttalt mål i kvantitativ forskning, søker kvalitativ forskning det Lincoln og Guba (1985) kallar overførbarheit. Det vil seie å beskrive kontekst og metode på ein måte som gjev nok innsikt til å la lesar vurdere kor vidt funna er overførbare til andre kontekstar. Det er også viktig å understreke at fem studententreprenørar er intervjuja i denne studien. I framtidig forskning om temaet vil det vere hensikts-

messig å sjå på eit større utval og også inkludere andre sentrale aktørar, som universitetstilsette og aktørar i støtte- og verkemiddelapparat. Temaet kan også undersøkast kvantitativt med mål om å generalisere funna. Videre er det viktig å påpeike at intervjuar baserer seg på retrospektiv refleksjon frå fem studententreprenørar, noko som kan gjere at narrativet har endra seg undervegs i prosessen. Å følge opp studententreprenørar longitudinelt vil difor kunne gi rikare innsikt i vegen dei har gått frå å vere student til å bli entreprenør.

LITTERATUR

- Ankrah, S. & Al-Tabbaa, O. (2015). Universities–industry collaboration: A systematic review. *Scandinavian Journal of Management*, 31, 387–408.
- Aulet, B. (2013). *Disciplined entrepreneurship: 24 steps to a successful startup*, John Wiley & Sons.
- Bacigalupo, M., Kamylyis, P., Punie, Y. & Van den Brande, G. (2016). *EntreComp: The entrepreneurship competence framework*. Luxembourg: Publication Office of the European Union.
- Clausen, T.H. & Rasmussen, E. (2013). Parallel business models and the innovativeness of research-based spin-off ventures. *Journal of Technology Transfer*, 2013:1-14.
- Criaco, G., Minola, T., Migliorini, P. & Serarols-Tarrés, C. (2014). «To have and have not»: founders' human capital and university start-up survival. *Journal of Technology Transfer*, 39(4), 567–593.
- Eesley, C. & Wang, Y. (2017). Social influence in career choice: Evidence from a randomized field experiment on entrepreneurial mentorship. *Research Policy*, 46(3), 636–650.
- Eisenhardt, K.M. & Graebner, M.E. 2007. Theory Building from Cases: Opportunities and Challenges. *Academy of Management Journal*, 50: 25–32.
- Elert, N., Andersson, F.W. & Wennberg, K. (2015). The impact of entrepreneurship education in high school on long-term entrepreneurial performance. *Journal of Economic Behavior & Organization*, 111, 209–223.
- Etzkowitz, H. & Leydesdorff, L. (2000). The dynamics of innovation: from National Systems and «Mode 2» to a Triple Helix of university–industry–government relations. *Research policy*, 29(2), 109–123.
- Etzkowitz, H.A., Webster, A., Gebhardt, C. & Terra, B.R.C. (2000). The future of the university and the university of the future: Evolution of ivory tower to entrepreneurial paradigm. *Research Policy*, 29(2), 313–330.
- European Commission (EC). (2006). *Recommendation of the European Parliament and the Council of 18 December 2006 on key competences for lifelong learning*. (2006/962/EC). Brussels: Official Journal of the European Union.
- Isenberg, D.J. (2016). Applying the ecosystem metaphor to entrepreneurship: uses and abuses. *The Antitrust Bulletin*, 61(4), 564–573.
- Katz, J.A. (2003). The chronology and intellectual trajectory of American entrepreneurship education: 1876–1999. *Journal of Business Venturing*, 18(2), 283–300.

- Kunnskapsdepartementet (KD). (2004). *Se mulighetene og gjør noe med dem! Strategi for entreprenørskap i utdanningen 2004–2008*. Hentet fra: https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/grunnskole/strategiplaner/75561_entreprenorskop_strategi.pdf.
- Kunnskapsdepartementet (KD). (2009). *Handlingsplan: Entreprenørskap i utdanningen – fra grunnskole til høyere utdanning 2009–2014*. Hentet fra: https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/krd/vedlegg/rega/rapporter/entreprenorskop_i_uttanningen.pdf?id=2292351.
- Kuratko, D.F. (2005). The emergence of entrepreneurship education – development, trends and challenges. *Entrepreneurship Theory and Practice*, 29(5), 577–598.
- Lange, Julian E., Edward Marram, Ajay Solai Jawahar, Wei Yong & William Bygrave. (2014) «Does an entrepreneurship education have lasting value? A study of careers of 4,000 alumni.» *Frontiers of entrepreneurship research* 31, no. 6 (2011): 2.
- Lincoln, Y.S. & Guba, E.G. (1985). *Naturalistic inquiry*. Thousand Oaks, CA: Sage Publications.
- Longva, K.K. & Foss, L. (2018). Measuring impact through experimental design in entrepreneurship education: A literature review and research agenda. *Industry and Higher Education*, 32(6), 358–374.
- Mathisen, M.T., & Rasmussen, E. (2019). The development, growth, and performance of university spin-offs: A critical review. *Journal of Technology Transfer*, 2019:1–48.
- Miller, D.J. & Acs, Z.J. (2017). The campus as entrepreneurial ecosystem: University of Chicago. *Small Business Economics*, 49(1), 75–95.
- Morris, M.H., Shirokova, G. & Tsukanova, T. (2017). Student entrepreneurship and the university ecosystem: A multi-country empirical exploration. *European Journal of International Management*, 11(1), 65–85.
- Pittaway, L.A., Gazzard, J., Shore, A., & Williamson, T. (2015). Student clubs: experiences in entrepreneurial learning. *Entrepreneurship & Regional Development*, 27(3–4), 127–153.
- Saldaña, J. (2012). *The coding manual for qualitative researchers*. Thousand Oaks: Sage Publications.
- Shane, S. & Venkataraman, S. (2000). The promise of entrepreneurship as a field of research. *Academy of Management Review*, 25(1), 217–226.
- Shane, Scott Andrew. (2004). *Academic entrepreneurship: University spinoffs and wealth creation*. Edward Elgar Publishing.
- Spigel B. & Harrison, R. (2017). Towards a Process Theory of Entrepreneurial Ecosystems. *Strategic Entrepreneurship Journal*. 2018(12): 151–168.
- Spilling, O. (2005). *Entreprenørskap i et evolusjonært perspektiv*. Arbeidsnotat 19-2005. NIFU STEP.
- Spilling, O. (2006). *Entreprenørskap på norsk*. Oslo: Fagbokforlaget.
- Ulstein, H. & Grünfeld, L. (2012). *Entreprenørskapets bidrag til økonomisk vekst – en litteraturogjennomgang*. Menon-publikasjon nr. 22/2012. Oslo.
- Yin, R.K. (2009). *Case study research: design and methods*. Thousand Oaks, CA: Sage Publications.
- Wright, M., Siegel, D.S. & Mustar, P. (2017). An emerging ecosystem for student start-ups. *Journal of Technology Transfer*, 42(4), 909–922.
- Åstebro, T., Bazzazian, N. & Braguinsky, S. (2012). Startups by recent university graduates and their faculty: Implications for university entrepreneurship policy. *Research policy*, 41(4), 663–677.



7. «Niliv»: innovasjonsøkosystem for stadutvikling – Lærdomar frå åtte nettverk

Øyvind Heimset Larsen, Jon Gunnar Nesse og Ingjerd Skogseid

Samandrag Artikkelen drøftar korleis innovasjonsøkosystem, samarbeid i nettverk av ulike grupper av aktørar, kan vere til hjelp i stadutvikling. Over 50 intervju er gjort frå 2012 til 2020 med sentrale aktørar i utvalde nettverk i Sogn og Fjordane. Konklusjonen er at systemet må ha i seg «NILIV»: tydeleg skaping av nytte i nettverket og samfunnet rundt, lansering av innovasjonar, høg grad av legitimitet og ein sterk institusjonell kapasitet. Elementa må vedvare for at dei berekraftige systema skal styrkje stadutviklinga.

Abstract The article discusses how innovation ecosystems, collaboration in networks of actors, can support place development. Over 50 interviews were conducted from 2012–2020 with key players in selected networks in Sogn og Fjordane. The system must include «BILIS»: Clear creation of benefits in the network and the surrounding community, launch of innovations, high degree of legitimacy and a strong institutional capacity. The elements must persist in the sustainable system to strengthen place development.

Nøkkelord innovasjonsøkosystem | regional utvikling | institusjonell kapasitet | legitimitet | nettverk

BAKGRUNN

Stadutvikling kan vere eit komplekst puslespel der mange ulike bitar må på plass. Berre tenk på alle dei aktørane som vil ha eit ord med i laget: Ulike grupper av vanlege innbyggjarar, styresmakter på ulike nivå, verksemder i ulike næringar og av ulik storleik, forskings- og utdanningsinstitusjonar og eit mangfald av interesseorganisasjonar og frivillige organisasjonar. Resultatet av ei positiv stadutvikling kan vere

arbeidsplassar, fritidsaktivitetar, høve til utdanning eller generelt eit triveleg samfunn der folk vil bu og arbeide i eit langsiktig perspektiv. Ein viktig føresetnad for å lukkast med dette er at dei ulike gruppene av aktørar kan trekke i same retning. Det er lite hjelp i flotte mål om dei ulike aktørgruppene ikkje samarbeider med kvarandre og utfyller kvarandre på vegen mot måla. Slikt samarbeid mellom ulike aktørar i nettverk blir gjerne omtalt som innovasjonsøkosystem (Skogseid & Strand, 2011).

Eit konkret døme er Campus Sogndal, som viser kva som er mogleg å få til på ein liten stad om fleire aktørar dreg i same retning. Campus Sogndal er realisert gjennom eit samarbeid mellom fleire aktørar: Sogndal Fotball, Statsbygg / Høgskulen på Vestlandet, Sogn og Fjordane fylkeskommune (no del av Vestland) og Sogndal kommune. Fosshaugane er arbeidsstad for 970 personar, i tillegg er der over 4000 studentar. Vi finn høgskule, forskingsinstitutt og ca. 50 private bedrifter på området (Campus Sogndal, 2020a). Mange av dei private bedriftene er oppstartsbedrifter lokalisert i FUS Sogn sine lokale i Innovasjonsbygget (Campus Sogndal, 2020b; Driftig.no, 2020; FUS, 2020). Offentlege støtteaktørar for bedrifter og entreprenørar som Innovasjon Norge og Kunnskapsparcken Vestland har også mange tilsette her. Utviklingsmiljø som dette finn ein i andre tettstader i Sogn og Fjordane knytt til PEAK-kontorfellesskapa i Førde, Florø, Måløy og på Sandane (Peakspace.no, 2020; Peak Sunnfjord, 2020). Slike miljø som i Campus Sogndal blir no gjerne karakterisert som *coworking space*, altså fleksible og kostnadseffektive, gruppeorienterte arbeidsområde som skal forenkle samarbeid, samhandling og nettverksbygging mellom deltakarane (Mauseth & Alsos, 2017).

I nettverkssamarbeid er det tradisjonelt tre grupper av aktørar som er nemnde: forskings- og utviklingsmiljø, offentlege styresmakter og bedrifter. Dette er det klassiske trippel heliks-samarbeidet. I tillegg vil vi framheve behovet for entreprenørar og andre tiltakslystne personar (eldsjeler). Funksjonelle fleirpartsamarbeid som dette er sentrale i nyare teoriar om innovasjonsdrive entreprenørskap, som illustrert av MIT REAP (2020), og ligg til grunn for dei nye offentlege nettverksatsingane fordi verkemiddelapparatet etterspør dette for å støtte satsingar på næringsnettverksmiljø med vekstambisjonar (Innovasjon Norge, 2020).

Eit fruktbart eller funksjonelt samarbeid mellom slike aktørar vil truleg gjere det enklare å få til ei positiv stadutvikling. Men korleis kan lokale aktørar få eit slikt samarbeid til å fungere med tilsvarende resultat som i miljøet rundt Campus Sogndal? Denne artikkelen drøftar korleis teori og empiri om innovasjonsøkosystem kan vere til hjelp i stadutvikling. Problemstillinga er: Korleis skape funksjonelle innovasjonsøkosystem som grunnlag for stadutvikling?

Resten av denne artikkelen er lagt opp slik: Først gjer vi greie for teorigrunnlaget vårt, så presenterer vi kva forskingsmetodar og casar vi har brukt. Deretter legg vi

fram og drøftar resultatata våre. Til sist summerer vi opp hovudresultat og implikasjonar av desse.

TEORI

Det kan vere mange innfallsvinklar til å drøfte korleis ei positiv stadutvikling kan kome i stand. Denne artikkelen ser på samarbeid i nettverk mellom ulike grupper for å nå eit eller fleire felles mål som føresetnad for positiv stadutvikling. Vi bruker omgrepet innovasjonsøkosystem for å karakterisere ei slik form for samarbeid (Nesse, 2017). For å kome under huda på dette omgrepet må vi forklare omgrep som innovasjon, nettverk, innovasjonssystem og økosystem.

Innovasjon kan definerast som introduksjon av nye innsatsfaktorar, prosessar, produkt, marknader eller organisasjonsformer både i offentleg og privat sektor. Dette er i samsvar med Schumpeter (1983) sin klassiske definisjon knytt til fornying, nyetablering og økonomisk utvikling (Spilling, 2006, s. 25). Innovasjon kan både føre til auka verdiskaping og til kvalitative betringar. Ofte blir entreprenørskap nemnt i samband med innovasjon. Vi definerer entreprenørskap i tråd med Aldrich & Ruef (2006) som det å starte og drive ein ny organisasjon eller ei ny bedrift. Ei nyetablering kan vere meir eller mindre innovativ (Aldrich & Ruef, 2006).

Eit nettverk er rett og slett eit mønster av relasjonar mellom aktørar (Greve, 1995, s. 92). Når fleire ulike aktørar samarbeider systematisk i nettverk for å skape innovasjonar, kan vi tale om innovasjonssystem. Ordet klynge er ofte brukt i ein slik samanheng, men dette omgrepet er problematisk i norsk samanheng, av følgjande grunn: I ei oppsummering av den norske klyngeforskinga viser Reve (2007) til at berre tre norske næringar kunne seiast å vere komplette klynger: olje- og gassnæringa, maritim næring og sjømatnæringa. Desse næringane er representerte i Sogn og Fjordane, men ikkje som komplette klynger. Vi føretrekker derfor omgrepet nettverk, som er mindre strengt definert enn klynge.

Innovasjonssystem kan finnast på ulike nivå, både nasjonalt og regionalt (Asheim & Isaksen, 1997; Edquist, 1997; Lundvall, 1992). For oss er det regionale nivået det viktigaste. Definisjonar av innovasjonssystem kan vere både ulike og vage (IRE, 2008; Sire et al., 2014; Uyarra, 2010), men vi prøver likevel: Vi definerer eit regionalt innovasjonssystem som nettverk av interaksjon, innanfor eller på tvers av bransjar, offentlege og private, som har som formål å fremje FoU og innovasjon innan ein bestemt region. I eit innovasjonssystem finn vi aktørar (offentlege og private) som tek initiativ til utviklingsamarbeid, hentar idear frå kvarandre, og modifiserer og spreier kunnskap om innovasjonar. Dette er ein kollektiv og samhandlande prosess med aktiv kunnskapsdeling og idéutvikling.

Omgrepet innovasjonsøkosystem har vorte lansert som ein parallell til biologiske økosystem (Nesse, 2017). Ein slik parallell er lett å tenkje seg: Økonomiske system består av element som kan minne om «kampen for tilværet»: konkurrentar, alliansar, konkursar og nyetableringar, og endringar i overordna system som får følgjer for aktørane på underordna nivå. Moore (1993) definerte «forretningsmessige økosystem» («Business Ecosystems») som eit økonomisk fellesskap av samhandlande organisasjonar og individ – organismane eller aktørane i forretningsverda. Dette økonomiske fellesskapet produserer varer og tenester til kundane, som også er med i økosystemet. Leverandørar, distributørar, konkurrentar og andre interessentar, som til dømes det offentlege støtteapparatet, private konsulentar, finansinstitusjonar og forskingsinstitusjonar, kan også vere medlemmar av økosystemet.

Bedrifter som nyt godt av å delta i eit nettverk, kan bidra til stadutvikling gjennom auka verdiskaping, t.d. gjennom betre resultat eller auka sysselsetjing. Porter (2000) viste til tre fordelar med klynger, nemleg at dei fremjar produktivitet, innovasjon og entreprenørskap. Desse fordelane meinte han måtte springe ut av lokale forhold. Det som kan setjast bort til lågkostland, gir ingen fordelar, meinte Porter (2000), det kan i beste fall fjerne ulemper. Sidan outsourcing er noko «alle» kan gjere, gir det ingen fordelar. Trass globaliseringa gir det altså framleis meining å knyte nettverk til utvikling i eit bestemt geografisk område (Porter, 1990; Porter, 2000; Håkansson et al., 2006).

Det har vore gjort nokre forsøk på å dokumentere slike fordelar av medlemskap i nettverk eller klynger. I ein metaanalyse fann Rachão et al. (2019) at nettverk basert på matturisme kunne fremje innovasjonar og berekraftig utvikling i lokalsamfunn. Bjørndal et al. (2017) fann at klippfiskindustrien i Ålesund-regionen hadde større verdiskaping enn tilsvarande industri andre stadar i Noreg. Men det er ikkje gitt at bedrifter i nettverk gjer det betre enn andre bedrifter. Colgan & Baker (2003) samanlikna sysselsetjingsutviklinga i ulike næringsklynger i Maine med utviklinga i tilsvarande næringar i heile USA. Resultata viste stor variasjon i grad av suksess: Nokre klynger i Maine gjorde det mykje betre enn USA totalt, andre var midt på treet, og ei tredje gruppe gjorde det faktisk dårlegare enn landssnittet. Colgan & Baker (2003) har to hovudforklaringar på problema: Produkt med dårleg marknadspotensial og dårleg samarbeid i klyngene (for lause koplingar).

Dette fortel oss at retningslinjer for leiing og utvikling av regionale og lokale nettverk for å kunne hente ut fordelane av slikt samarbeid er ei sentral oppgåve i stadutvikling (Zakharova et al., 2015). Då må samarbeidet fungere på ein slik måte at det blir skapt det som Castells (2000) kallar «flyt» («space of flows»), det vil seie flyt i arbeid, transport, kommunikasjon etc. For å gå meir konkret inn i korleis ein

kan få til dette, skal vi ta utgangspunkt i MIT REAP (2020) sitt rammeverk for regional utvikling, som består av interessentar, system og strategiar. Dette rammeverket er førebels ikkje presentert i fagfelleverderte publikasjonar, så vi legg våre eigne tolkingar til grunn i det følgjande.

Regional utvikling eller stadutvikling er avhengig av at relevante aktørar samarbeider mot felles mål. Om vi teiknar opp eit innovasjonssystem som eit nettverk, vil vi sjå aktørane som boksar og relasjonane mellom dei som strekar. Tradisjonelt har aktørane i eit innovasjonssystem vorte klassifisert i tre grupper, nemleg representantar for bedriftene, for det offentlege og for forskingsmiljøa (akademia). Dette blir kalla trippel heliks (Etzkowitz, 2008). For dei som arbeider i praksis med etablering og drift av innovasjonssystem, har det vist seg nyttig å utvide aktørgruppene med to viktige interessentar: entreprenørar (gründerar, nyetablerarar) og risikokapital (investorar) (MIT REAP, 2020). Det blir då ein kvindruppel heliks (5H-modell). Det er då fem grupper av interessentar som må samarbeide i eit fellesskap for stadutvikling.

For at samarbeidet skal fungere, må det inngå i eit velfungerande system. I vår tolking er systemet den institusjonelle overbygninga i nettverkssamarbeidet med leiging, kommunikasjonskanalar, møteplassar og spelereglar med meir. Det krevst med andre ord institusjonsbygging, slik at ein får etablert spelereglar, retningslinjer, åtferdskodar og avklaring av forventningar mellom ulike aktørar (Nesse et al., 2014; North, 1991; Scott, 2001).

Strategi kan tolkast på ulike måtar, både som konkrete tiltak og som retningslinjer for nettverkssamarbeidet. Her konsentrerer vi oss om det siste, og vi byggjer i stor grad på arbeidet til Bergek et al. (2008; 2010), som såg behov for å trekke ut praktiske retningslinjer frå eiga og andre si forskning på innovasjonssystem. Dei lanserte «funksjonsanalyse» for å gjere jobben enklare for dei som arbeider med strategi- og politikktutforming, som til dømes politikkarar, bedriftsleiarar og konsulentar. Funksjonsanalyse er eit verktøy som vart klassifisert som beste praksis i ein rapport frå eit EU-/Interreg-program om regionale innovasjonssystem (Heydebreck et al., 2014, s. 10–12). Som vi skal sjå i det følgjande, har vi utvikla dette verktøyet vidare.

Hovudpoenget til Bergek et al. (2008; 2010) er at innovasjonssystem må handtere ulike sentrale funksjonar eller oppgåver for å lukkast. Arbeidet til Bergek et al. (2008; 2010) i kombinasjon med eiga forskning på nettverk i Sogn og Fjordane inspirerte Nesse et al. (2014) og Skogseid et al. (2017a) til å utarbeide følgjande sett av funksjonar som må oppfyllest i velfungerande nettverk eller innovasjonsøkosystem: Skaping av *medlemsfordelar* (det må bli attraktivt å vere med i nettverket), utvikling og deling av *kunnskapar*, bygging av *legitimitet* (truverd, tillit), skaping

av *innovasjonar*, mobilisering av *ressursar* (pengar, arbeidskraft, kontaktar, kunnskapar) og skaping av *ekstern nytte* (nytte for aktørar utanfor nettverket).

I denne artikkelen ønskjer vi å gjere eit par justeringar i denne lista over funksjonar, for å få klarare inn element som entreprenørskap og institusjonell kapasitet. Entreprenørskap er å starte og drive nye organisasjonar (Aldrich & Ruef, 2006), medan institusjonell kapasitet er evne til å møte eksterne endringskrefter med innovasjonar og pågangsmot, for å unngå tilbakegang og krise (Healey et al., 1999; Larsen et al., 2017; Skogseid, 2007; Skogseid et al., 2017b).

Å forstå betydninga av institusjonell kapasitet er kritisk når det gjeld stadutvikling, lokalt eller regionalt. Eksterne endringskrefter påverkar rammevilkåra for eit samfunn. Typiske endringskrefter er sentraliseringstendensar, tap av arbeidsplassar, fråflytting og tap av kompetanse. Innovasjonsøkosystem som kanskje var mangelfulle i utgangspunktet, blir ikkje betre av dette. Det er tradisjonelt tre viktige komponentar i institusjonell kapasitet: kunnskap, relasjonar og evne til å mobilisere (Healey et al., 1999). Her inkluderer vi også evne til å mobilisere økonomisk kapital som ein del av den institusjonelle kapasiteten. Kvar av desse komponentane representerer ein nødvendig ressurs for regional utvikling. Vi ser også at institusjonell kapasitet overlappar med to av dei seks viktige funksjonane som er nemnt ovanfor (kunnskapar og mobilisering av ressursar). Bygging av institusjonell kapasitet kan altså erstatte desse to funksjonane, noko vi kjem til å gjere i våre analysar.

I vår nye liste over sentrale funksjonar i nettverksarbeid har vi dessutan slått saman nytte for medlemmane og for samfunnet rundt til ein funksjon, og teke med som eit eige element at arbeidet som leiinga av, og medlemmane i, nettverket gjer for å oppfylle funksjonane, skal vere vedvarande over tid, ikkje berre enkeltstående punktinnsetsar.

Dette fører oss fram til ein ny modell for velfungerande innovasjonsøkosystem beståande av fem kritiske element: nytte (for medlemmane og samfunnet rundt), innovasjon og entreprenørskap, legitimitet, institusjonell kapasitet, vedvarande over tid. Dette er «NILIV»-modellen, som vi vil nytte vidare i denne artikkelen.

METODE

Datagrunnlaget vårt er frå tre ulike prosjekt med felles metodisk case-tilnærming. Vi har nytta semistrukturerte intervjuguidar og gjennomført intervju med over 50 informantar. Intervjua på typisk 1–1,5 time vart tekne opp og seinare transkribert og analysert. Vi intervjuar både leiarar i medlemsorganisasjonar og nettverksleiing:

- VRI2-prosjektet «Innovasjon i Sogn og Fjordane – vilkår og barrierar» (Nesse, 2017; Nesse et al., 2014). Forskarar frå Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane intervjuar leiing og medlemmar i fem innovative nettverk i Sogn og Fjordane. Dette er å forstå som sekundærdata, men analysert på nytt for denne artikkelen.
- VRI3-prosjektet RECIN (REgional Challenges and possibilities – Innovation and value creation in business networks) der forfattarane intervjuar leiing og medlemmar i Maritim forening, Sogn og Fjordane (Larsen et al., 2018; Larsen & Nesse, 2017). Dette er å forstå som sekundærdata, men analysert på nytt for denne artikkelen.
- I 2020 intervjuar forfattarane sentrale personar med førstehandskunnskap om to av dei fem nettverka frå VRI2-prosjektet og Maritim Forening frå VRI3-prosjektet på nytt. Dessutan vart leiinga i to nye nettverk rundt MF-miljøet intervjuar. Dei utvalde nettverka dekkjer interessante felt som maritim sektor, IKT og jordbruk. Dette er primærdata, altså samla inn spesielt for denne artikkelen.

Datainnsamling

VRI2-prosjektet (2011–14). Datainnsamling i form av intervju skjedd i 2012–13. Det vart gjort ei første kartlegging våren 2012 som enda med ei liste på 117 innovative nettverk som var aktive i Sogn og Fjordane. Dette var langt fleire enn det var ressursar til å studere nærare, så etter ein nøye seleksjonsprosess stod forskarane igjen med fem nettverk: IT-forum Sogn og Fjordane (IT-F), Frukt- og bæretnettverket i Sogn og Fjordane, Bedriftsnettverket i Jostedalen (BJ), Energiregion Sogn og Fjordane (ESF) og Marint Vekstforum (MV). Som grunnlag for djupneintervju vart det laga ein intervjuguidar for nettverksleiing, nettverksmedlemmar og støtteapparatet (Fylkeskommunen, Innovasjon Norge). Intervjuguidane vart laga for å kartlegge nettverka ut frå eit rammeverk for funksjonar i velfungerande nettverk presentert av Bergek et al. (2008) og justert av Nesse et al. (2014). Totalt vart det gjennomført 56 intervju, fordelt på IT-F (10), Frukt og bær (19), BJ (7), ESF (18) og MV (2). For ei grundigare oversikt over metodane brukt i VRI2, sjå Nesse et al. (2014) eller Nesse & Skogseid (2017).

VRI3-prosjektet (2014–17). RECIN var eit stort samarbeidsprosjekt der ein del av arbeidet gjekk ut på å kartlegge og analysere Maritim Forening (MF) Sogn og Fjordane. Det er den delen av prosjektet vi dreg vekslar på her. Forfattarane hadde djupneintervju med leiinga i MF (to intervju), med medlemsbedrifter i MF (ni intervju) og med andre medlemmar i MF som Fylkeskommunen (eitt intervju) og Innovasjon Norge (eitt intervju). For ei grundigare oversikt over metodane brukt i VRI3, sjå Larsen & Nesse (2017) eller Larsen et al. (2018).

Tredje runde av datainnsamling (2020). For å få oppdatert informasjon om nettverka gjorde forfattarane ein ny intervjurunde i 2020. Vi ville sjå nærare på tre velfungerande nettverk frå VRI2 og VRI3: IT-forum, Frukt og bær og Maritim Forening (MF). Vi gjorde eitt intervju med ein sentral informant frå IT-forum, som har skifta namn til IT-Forum Vest. Frukt og bær, som var eit Arena-prosjekt, hadde Lærdal Grønt som ein sentral aktør. Sidan Arena-prosjektet er avslutta, var det naturleg å intervju ein person med inngåande kjennskap til Lærdal Grønt, og eit slikt intervju vart gjennomført. MF hadde endra namn til Hub for Ocean i 2019. Miljøet rundt MF hadde dessutan etablert to nye nettverk: Ocean Hyway Cluster og Node GCE Ocean. Det vart gjennomført eitt intervju med leiinga i kvar av desse nettverka, altså til saman tre intervju. Runde tre omfattar altså i alt fem intervju. All datainnsamling er gjennomført i tråd med Vestlandsforskning sine rutinar for handtering av personopplysningar i forskingsprosjekt og bruk av datasystem, data-behandlarar og elektroniske hjelpemiddel. Instituttet har sidan 11.02.2003 hatt avtale om personvernombod med NSD.

Andre kjelder. Vestlandsforskning har dei siste par åra vore medlem av Hub for Ocean og Ocean Hyway Cluster. Ein av forfattarane (Larsen) har som representant for Vestlandsforskning vore til stades på dei fleste nettverkssamlingane til Hub for Ocean sidan 2015 og observert utviklinga over tid. Dette har gitt nyttig informasjon. Forfattarane tok dessutan kontakt med aktørar i og tett på BJ og MV for å avklare status for desse nettverka. Vidare er det samla inn sekundærmateriale som avisoppslag (med atekst) og informasjon frå heimesidene til nettverka.

Analysar

Data frå dei tre intervjurundene vart analysert opp mot MIT REAP (2020) sitt rammeverk for regional utvikling: interessentar, system og strategi (her funksjonar). Data frå dei to første rundane vart analysert på nytt, og dette vart gjort med utgangspunkt våre eigne tidlegare, grundige analysar. Data frå tredje runde vart naturleg nok analysert med utgangspunkt i transkriberte intervju. Hovudvekt er lagt på analysar for å teste ut NILIV-modellen, altså sentrale funksjonar i eit velfungerande innovasjonsøkosystem. Tekstutdrag frå tidlegare analysar og intervju frå tredje runde vart klassifiserte i forhold til elementa i NILIV-modellen.

Kvalitetsvurdering

I kvalitetsvurdering av kvalitativ forskning står gjerne fire kriterium sentralt (Guba & Lincoln, 1982; Lincoln & Guba, 1986): truverd («credibility»), overføringsverdi

(«transferability»), pålitelegheit («dependability») og stadfesting («confirmability»).

Truverd tilsvarear intern validitet i kvantitativ forskning, og er eit mål på kor gyldige resultatane er for det utvalet av nettverk vi har studert. Det som styrkar truverd i resultatane våre, er at vi har følgd nokre (ikkje alle) nettverk tett over tid, at vi også har intervjua medlemmar i nettverka, at vi har brukt triangulering ved å hente data frå andre kjelder enn intervjua (nettsider, rapportar, avisoppslag etc.). Dessutan har vi publisert resultat frå tidlegare fasar av prosjektet utan å få tilbakemeldingar om at noko er gale.

Overføringsverdi er det same som ekstern validitet i kvantitativ metode, og fortel oss noko om høvet til å overføre resultatane til andre utval og situasjonar. Slik generalisering kan vere eit problem i kvalitativ metode, men sidan vi har data frå åtte nettverk, skulle høve til overføring vere rimeleg godt. Likevel må det åtvarast mot å ta blåkopi av andre, det vil vere meir føremålstenleg å hente erfaring frå andre og tilpasse til eigen kontekst (Skogseid, 2007).

Pålitelegheit (reliabilitet i kvantitativ metode) viser graden av konsistens i resultatane om andre forskarar gjentek undersøkinga i same eller liknande kontekst. Det som styrkar pålitelegheita i våre undersøkingar, er bruk av fleire forskarar som samarbeider om intervju og analyse, felles analyseskjema, felles intervjuguide, bruk av opptakar og full transkribering av intervju. Intervjuguide og analyseskjema kan delast med andre forskarar som vil gjere tilsvarende undersøkingar. Triangulering, som er nemnt ovanfor, vil også styrke pålitelegheita.

Stadfesting (objektivitet i kvantitativ metode) dreier seg om i kva grad resultatane ikkje er påverka av forskaren sine interesser, motiv og ønske om å få fram bestemte samanhengar. Fokuset i forskingsprosessen må vere stadfesting av data, ikkje forskaren sine interesser. Forskaren skal vere nøytral. Mykje av det som er nemnt under styrking av pålitelegheit, vil også styrke stadfestinga av at data gir eit reelt bilete av nettverka. Det skal også nemnast at i to tilfelle hadde den eine forskaren tett kontakt med det aktuelle nettverket, då var det ein annan forskar som gjennomførte intervjuet.

SKILDRING AV CASANE

Vi skal i det følgjande presentere innovasjonsøkosystema frå VRI2, VRI3 og den nye intervjurunden i 2020 før vi går vidare til resultat- og drøftingsdelen. For grundigare skildringar av VRI2- og VRI3-casar, sjå Nesse et al. (2014), Nesse (2017) og Larsen & Nesse (2017).

VR12: Casar med oppdatert informasjon

Bedriftsnettverket i Jostedalen (BJ). BJ vart starta opp i 2012, med støtte frå Innovasjon Norge. Reiselivsaktørane i Jostedalen såg behovet for å samordne seg og i fellesskap få til ei endring. Av 10 aktuelle reiselivsbedrifter vart åtte med i nettverket. Målet var å kome bort frå ein fragmentert situasjon der kvar enkelt utvikla eigne produkt og med lite felles utviklingsarbeid, til ein situasjon der dei i større grad mobiliserte ressursar i fellesskap. Bedriftene måtte ta tak i dette med ei tru på produkta sine innan aktivitetsturisme, som internasjonalt har vore i vekst. Samarbeidet som vart etablert gjennom BJ, er ført vidare under namnet Jostedal SigNatur (Jostedal SigNatur, 2020).

Energiregion Sogn og Fjordane (ESF). Det første initiativet til ESF kom i 2010, og i 2011 løyvde Sogn og Fjordane fylkeskommune pengar til tiltaket. ESF er ikkje lenger aktivt, men medlemmane representerte alle tre område i ein klassisk trippeheliksmodell: Bedrifter frå heile verdikjeda i produksjon og sal av fornybar energi, FoU-miljø og det offentlege verkemiddelapparatet. Aktørane i ESF oppdaga at dei trong å gjere noko for å ta del i den verdiskapinga som ville kome med store utbyggingar innan småkraft, utviding av eksisterande vasskraftanlegg, utbygging av vindkraft og energieffektivisering. ESF klarte ikkje å mobilisere ressursar på ein konstruktiv måte, trass i at potensialet var der.

IT-Forum Vest (tidlegare IT-forum Sogn og Fjordane, IT-F). Nettverket vart etablert i 1995 som eit breitt samarbeid og spleiselag som skulle sikre at Sogn og Fjordane var i fremste rekkje i å utnytte informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i næringsliv, offentleg sektor, opplæring og utdanning. I samband med samanslåinga av Sogn og Fjordane og Hordaland til Vestland fylke frå 1.1.2020 vart det aktuelt med namneskifte, og nettverket heiter no IT-Forum Vest. Vestland fylkeskommune har vedteke å inngå samarbeidsavtale med IT-Forum Vest for utviklingsarbeid knytt til innovasjon og næringsutvikling for åra 2021 og 2022. Avtalen er eit fagleg samarbeid og nettverk for å nå mål og strategiar i Vestland fylke.

Lærdal Grønt SA (LG, har vore del av «Arena frukt- og bær» 2010–13). Frukt- og bærproduksjon er ei næring med små marginar der innovasjonsprosessar tek tid, og det har vore vanskar med rekruttering, rammevilkår og prispress frå matvarekjeder. Men trenden i matmarknaden, med mat som oppleving, identitet og kvalitet, gir eit vekstpotensial som dei lokale aktørane såg kunne utnyttast. LG vart etablert i 1999. Nettverket sel poteter, gulrøter, blomkål og ulike typar bær på vegner av meir 40 produsentar i Lærdal. I september 2020 vedtok LG og Sognefrukt å gå saman i Sogn Frukt og Grønt SA, med ca. 140 medlemmar. I 2021 eller 2022 vil det bli etablert eit nytt og moderne fellespakkeri på Håbakken. Det vil her også bli rom for FK-butikk, profileringsbutikk og visingscenter (Stedje, 2020b).

Marint Vekstforum (MV). MV var i undersøkningsperioden (2011–13) eit framveksande nettverk i veldig tidleg fase av si utvikling og har ikkje hatt synleg aktivitet etter 2016. MV arbeidde for å betre kåra for medlemsbedriftene og næringa. Nettverket – med 19 medlemmar frå næringsliv og det offentlege – hadde ingen som representerte academia. Det var derfor ikkje eit trippel heliks-nettverk i undersøkningsperioden (2011–13).

VRI3: Casar med oppdatert informasjon

Vi brukar her berre ein av casane frå VRI3-prosjektet, nemleg Maritim Forening (MF). Dette var den einaste casen frå Sogn og Fjordane i VRI3-prosjektet. MF har i mellomtida skifta namn til Hub for Ocean (HFO), og miljøet rundt MF/HFO har etablert to nye nettverk: Arena-prosjektet Ocean Hyway Cluster (OHC) og node GCE Ocean Technology (GCE-O). Vi skal i det følgjande gjere greie for desse tre nettverka.

Hub for Ocean (HFO, Maritim Forening Sogn og Fjordane til 2019). HFO vart stifta i 2012 og er eit nettverk for verksemdar med havromsbasert aktivitet i Sogn og Fjordane. HFO har i 2020 66 medlemsverksemdar som dekkjer heile verdikjeda i havromsrelatert verksemd. Medlemmane er til ein viss grad spreidd rundt i Sogn og Fjordane, men med ein konsentrasjon på kysten i og rundt Kinn kommune. På samlingane har HFO fått til ei fin blanding av bedrifter, offentleg tilsette og academia. Trippel heliks-faktoren er altså klårt til stades. Dei har bidrege til å få havromsrelatert høgskuleutdanning til Florø og er tett integrert med ei eiga underavdeling av NCE Ocean Technology i Bergen. HFO gjennomførte ei satsing på hydrogen som la grunnlaget for ny arena-klynge (OHC, sjå eige avsnitt nedanfor), internasjonale prosjekt og ein årleg stor internasjonal konferanse. I dei seinare åra har HFO og arbeidd med andre element i det grønne skiftet. Vestland fylkeskommune har vedteke å inngå samarbeidsavtale med HFO for utviklingsarbeid knytt til innovasjon og næringsutvikling for åra 2021 og 2022. Avtalen er eit fagleg samarbeid og nettverk for å nå mål og strategiar i Vestland fylke.

Ocean Hyway Cluster (OHC). Det maritime næringslivet på Vestlandet er verdsleiar på design og bygging av ulike typar fartøy. Noregs største ferjearlag har hovudkontor i Florø. Samstundes har regionen overskot av fornybar energi, og her finst fleire aktørar som er spesialiserte innan prosessindustri. HFO og eit breitt utval næringsaktørar ville utnytte desse fortrinna og legge til rette for bruk av hydrogen til nullutslepp-framdrift av fartøy.

HFO (då MF) søkte i 2018 og fekk støtte frå Innovasjon Norge, Forskningsrådet og Siva til å opprette Arena-klynga OHC, med base i Florø. Klynga femner om

bedrifter som er kopla opp mot hydrogenbruk i dei havbaserte næringane. OHC hadde i 2020 48 medlemmar, og er ei nasjonal klynge, eit kompetansesenter og møteplass for bedrifter innan hydrogen-verdikjeda, innretta mot maritim sektor. Årsmøte i HFO vedtok fusjon av HFO med OHC frå 01.01.2021.

Node GCE Ocean Technology (GCE-OT). Sidan 2014 har HFO samarbeid med GCE-OT (GCE Ocean Subsea til 2019), som etablerte sin første node utanfor Bergen i Florø i 2015, med fem medlemsbedrifter i Sogn og Fjordane. Ny teknologi for det grøne skiftet innan havromsverksemd står sentralt i GCE-OT. Dette omfattar eksempelvis undersjøisk gruvedrift, bioprospektering, kraftverk basert på tidevatn, utanskjers vindkraftverk og utanskjers akvakultur, noko som gir mange moglegheiter for havromsrelaterte bedrifter. GCE (Global Centre of Expertise) er øvste nivå ein kan oppnå for klyngestatus i Noreg. Sidan 2017 har nettverket støtta entreprenørar og bedrifter med vekstpotensial i satsinga MIT REAP in Oceans Industries.

RESULTAT OG DRØFTING

Interessentar: 3H/5H

Hovudkonklusjonen er at det å etablere og utvikle samarbeid mellom relevante aktørar kan fremje stadutvikling. Nettverka har mobilisert til både offentlege og næringslivsbasert arbeidsplassar, nye studiar på høgskulenivå og ny kunnskap som bidreg til stadutvikling og bevaring. Dei har mobilisert til betre infrastruktur og dei har mobilisert til betre tenester og samarbeid på tvers av tradisjonelle skiljelinjer. Dei to nettverka som no har fått status som partner for næringsutvikling dei neste to åra av Vestland fylkeskommune, har særleg godt dokumentert dette. Nettverksleiinga erkjenner i intervjuet at 5H-modellen gjev mening i deira arbeid. Dette observerte vi òg i aktivitetane til nettverka. Den nye datainnsamlinga i 2020 har forsterka våre tidlegare studiar der vi har observert ein del særtrekk ved nettverksarbeid som 3H/5H i Sogn og Fjordane. Vi meiner desse særtrekka bidreg til stadutviklinga regionalt:

- Multipleksitet (Greve, 1995): Det er eit overlapp mellom dei ulike nettverka, og dette gir sterkare band og betre informasjonsflyt mellom nettverka. Døme: HFO, OHC og node GCE Ocean.
- Mot-nettverk (Larsen et al., 2017): Mobilisering av ressursar for å henge med, unngå å bli forbikeyrt av nasjonale eller internasjonale aktørar. IT-Forum Vest, Lærdal Grønt, HFO og OHC er gode døme. Men alle nettverka har hatt dette som ei målsetjing.

- Nærleik til avgjerdstakarar: Som hovudregel er sentrale aktørar tilgjengelege. Koplar ein denne nærleiken til multipleksitet, så møtest mange aktørar i fleire samanhengar. Døme: IT-Forum Vest og HFO.
- Variasjon i balansen mellom elementa: Næringslivet er prega av små aktørar, knappheit på ressursar (inklusive tid). Det er relativt små FoU-miljø, men med god kompetanse på enkelte område. Vidare er det ein relativt sterk offentleg sektor. HFO, IT-Forum Vest og Lærdal Grønt er gode døme på dette.

System: Leiing og infrastruktur

Leiinga av nettverksorganisasjonane bekreftar i intervjuet at dei har som strategisk oppgåve å arbeide for elementa i NILIV-modellen for å lukkast. Ei tydeleg leiing trengst til dømes når overgang til meir miljøvenleg teknologi blir kritisk i maritim sektor, som i HFO. Styret i HFO inviterte forfattarane til å innleie strategisamlinga si i desember 2017 om funksjonar i velfungerande nettverk. IT-Forum Vest treng også tydeleg leiing på veg inn i eit nytt fylke (Vestland), då blir det nye aktørar å forhalde seg til, nye medlemmar å rekruttere, gamle medlemmar får utvida sine verkeområde, og ein må vere frampå for å unngå forvitring. Leiing av nettverk er elles eit område som det bør forskast meir på.

Strategi: NILIV

Dei viktigaste resultatane vedrørande NILIV går fram av tabell 7.1, som vi kommenterer under.

Tabell 7.1. Funksjonsanalyse av åtte innovasjonsøkosystem

Innovasjonsøkosystem-funksjonar.	Nytte (for medlemmar og samfunnet rundt)	Innovasjon og entreprenørskap	Legitimitet	Institusjonell kapasitet, som inkluderer finansiering	Vedvarande aktivitet over tid (berekraftig)
HFO	<p>Konferansar gir høve til å møte viktige aktørar i og rundt verdikjeda og til gjensidig informasjonsutveksling.</p> <p>Kontaktformidling, speed-dating, leverandørdatabase.</p> <p>Utviklings- og pilotprosjekt, danning av nye selskap, finne nye produkt og forretningsområde.</p> <p>Medlemskap har verdi i seg sjølv, det blir ein del av omdømebygginga.</p>	<p>Nye produkt som følgje av samarbeid, nye bedrifter, mange og store utviklingsprosjekt.</p> <p>Døme: Arena-hydrogensatsinga. Leverandørutviklingsprogram for medlemmane, Verdikjedeprojekt.</p> <p>Det er etablert spinn off-bedrifter og ei prosjektsatsing på hydrogen er blitt til eige nettverk.</p> <p>«Vi er ein næringsutviklingsaktør og ein innovatør.»</p> <p>«Fordi at vi har heile tida jobba i forhold til næringsutviklingsmoglegheiter hos dei respektive bedriftene. Og vi har heile tida vore på jakt etter innovasjons-prosjekt eller nye vegar å gå.»</p>	<p>Motiverte og engasjerte leiararar skapar høg intern legitimitet.</p> <p>Suksess som dørøpnar, profilerte prosjekt/konferansar, er ein indikator på ekstern legitimitet.</p> <p>Aksept gjennom formelt samarbeid med stort nettverk. GCE.</p> <p>Aksept med støtte frå fylkeskommunen.</p>	<p>Ei bedrift: Dei viktigaste ressursane dei får gjennom nettverket, er kunnskap og informasjon, og hjelp frå andre aktørar til å løyse konkrete problem for kundane.</p> <p>Nettverket er om lag tredelt medlems-, offentlig- og prosjektfinansiert. Stor aktivitet nasjonalt og internasjonalt. «Det som går på finans og risikokapital og investorar, er kanskje det vi har jobba minst med, som vi no har byrja å intensivere.»</p>	<p>Aktiv og engasjert medlemsmasse sidan 2014. Solide verksemdar, offentlege miljø og kunnskapsmiljø er medlem. Fleire ulike satsingar. Verdikjede, hydrogen, Det grøne skiftet.</p>
Arena OHC	<p>Verdikjedesatsing på hydrogen utviklar ein marknad alle medlemmar har nytte av.</p>	<p>Nytt felles prosjekt – Hydrogenverdikjede.</p> <p>Nystarta nettverk – for tidleg for entreprenørskap.</p>	<p>Stor som del av nasjonalt nettverksprogram, Arena.</p>	<p>Har evna å handtere korona med høg aktivitet via webinar og digital teknologi, samt mobilisert til nytt verdikjedeprojekt.</p>	<p>Posisjonering innan miljøteknologi vil ha store verknader på berekraft. Ungt nettverk der og store aktørar deltek.</p>
Node GCE Ocean Technology	<p>Tilgang til store GCE-nettverksressursar og medlemskap sjølv på avstand frå hovudkontoret.</p>	<p>Første GCE som har etablert ein node og eit formalisert samarbeid med delt ressurs på denne måten. Dette er ein prosessinnovasjon i seg sjølv. Eit prosjekt, «Deep Purple», er ein kombinasjon av «sub sea»-kunnskap og hydrogen som ein «spin off» av eit stort internasjonalt selskap.</p>	<p>Del av nasjonalt øvste nivå nettverksprogram, GCE. Det eksisterer berre tre med status på øvste nivå. Verdsleiande klynger med potensial til vekst i internasjonale marknader. Lokalt nærvær i regionen. Node med 50 %-tilsett.</p>	<p>Ei halv stilling har kontorstad i Florø. GCE har fast offentlig støtte, spesialistkunnskap om fag og moglege verkemiddel og er tett på store finansmiljø.</p>	<p>Eit 5 år gammalt formalisert samarbeid mellom eit stort og eit mindre nettverk. Ein pilot på denne type samarbeid.</p>

Innovasjons-økosystem-funksjonar.	Nytte (for medlemmar og samfunnet rundt)	Innovasjon og entreprenørskap	Legitimitet	Institusjonell kapasitet, som inkluderer finansiering	Vedvarande aktivitet over tid (berekraftig)
IT-Forum Vest	Små miljø oppnår meir ved å samarbeide. Kunnskapsdeling viktig. Årleg konferanse – åleine fram til 2014, i samarbeid etterpå. Arbeidsgrupper med prosjektsatsingar og utviklingsprosjekt. Studieturar. Informasjonsmøte med kommunar og leverandørar.	Er ein arena for innovasjon der nye idear vert vidareutvikla for fylket og medlemmane sitt beste. Stor grad av involvering av ulike medlemmar, men tid og ressursar er knappe faktorar hjå dei små verksemdene. Etablering av bedrift etter internasjonalt prosjekt (Asplan Viak internett – GIS). Etablering av Norge.no etter prosjekt (som seinare utvikla seg til DIFI/DIGDIR).	Nettverket er eit av få døme på regionale nettverk i Stortingsmelding 5, 2019. Bygger samarbeidsinfrastruktur mellom etablerte organisasjonar. Aktive i strategiske satsingar, Nærleik til avgjerdstakarar, høyringsinstans og lobbyverksemd (breiband, helse).	Fleire av medlemmane har bygd seg opp god kjennskap til strukturar og system, og ein har gjennom dette klart å mobilisere finansielle ressursar både innan nettverket og i form av prosjektmiddel på regionalt, nasjonalt og europeisk nivå. Finansiering frå fylkeskommunen, medlemsfinansiering og prosjektfinansiering.	25 år gamalt nettverk som framleis er aktivt og får støtte frå fylkeskommunen. Prosjektsamarbeid for å utvikle felles gode, som breibandsdekning og tenester. Har bana vegen for statlege arbeidsplassar i fylket (t.d. Digdir).
Lærdal Grønt	SA, samvirkeorganisasjon. 40 medlemmar, vart etablert i 99. Og har då halde på 21 år. Driv pakkeri, driv felles innkjøp, og driv utviklingsprosjekt for medlemmane.	«Her er både prosessinnovasjon og organisasjonsutvikling. Og her er det jo direkte produktutvikling både i forhold til tilpassa nye sortar, og til å tilarbeide produkt». No kjem ei stor omstilling med fusjon. Neste steg er Lærdal Grønt 2.0 på Håbakken.	Innovasjon Noreg har alltid vore positive, også Fylkesmannen. Lærdal er ikkje så stort. Det er eigentleg jordbruk, med ein høg profil. På verdiskaping per areal truleg ein av dei største.	«Der har vore ein vekselverknad ved at LG har stilt opp, så har vi og lett for å skaffe prosjekt, og fordi at LG har fått pengar til å reise på studietur osv. Har no mobilisert over 90 millonar til LG 2.0-satsinga.»	20 år gamalt nettverk som framleis er aktivt og no satsar på fusjon og omstilling.
Bedriftsnettverket i Jostedal	Nytten av å samarbeide og lære frå kvarandre for å oppnå meir og få ny marknadskunnskap. Lokal prosjektleiar var i 50 % stilling med å drive prosessen for å nå mål å styrke skulder-sesongane, blant anna gjennom å tilby nye produktpakker. Tilrettelegte nettverksamlingar.	Har hatt fleire innovative satsingar på gang. Nye produktpakker retta mot skuldersesongen. Nye marknader og ny organisasjon som koordinerer og pakkar produkt. Hatt problem med å innhente spesifikk marknadsinformasjon som grunnlag for produktutvikling og med ei formalisering av samarbeidet utover prosjektperioden.	Reiselivstrender med fokus på aktivitet i natur. Nettverket har høg legitimitet i reiselivsnæringa regionalt. Kopla til av NCE Fjord-tourism. Tett nettverk med lang samarbeidshistorie. Ulik motivasjon utfordrar samarbeidet.	Svært små enkeltbedrifter. Rådgivingsstøtta frå Innovasjon Norge var svært viktig for nettverket. Ei halv prosjektleiarstilling vart finansiert, gjer at det er framdrift i arbeidet og lettar belastninga for kvar enkelt bedrift. God kontakt med kommunen.	Nettverket er uformelt og lite synleg, men næringssjefen i kommunen bekreftar (2020) eksistens. Lukkast nettverket, vil også reiselivet i resten av regionen, spesielt Luster, få fleire turistar i utvida sesong.

Innovasjons-økosystem-funksjonar.	Nytte (for medlemmar og samfunnet rundt)	Innovasjon og entreprenørskap	Legitimitet	Institusjonell kapasitet, som inkluderer finansiering	Vedvarande aktivitet over tid (berekraftig)
Marint Vekstforum (MV)	Forumet tek sikte på å styrke samspelet mellom marin sektor og leverandørindustrien. Dette for å finne nye løysingar og styrke verdiskapinga. Havbruk og fiskeri har i dag store ringverknader som samfunnet ikkje er observant på. Dette treng å bli gjort meir synleg.	Nettverket har informasjonsaktivitet, men her finn ein ikkje synlege døme på innovasjon. Dei to skipingsbedriftene er særskild aktive, men nyttar ulike samarbeidsformer for innovasjon. Den eine nyttar opne innovasjonsprosessar, og lagar teknologipilotar for andre. Den andre har eit meir lukka system der dei knyter ressurspersonar tett til eiga verksemd og innovasjon i eigen produksjon.	I 2014 var dette eit nytt nettverk der intern legitimitet ikkje vart undersøkt. Det har fått støtte frå Innovasjon Norge og Sparebankstiftinga. Aktivitetar har vore promotert seinast i januar 2016 av det etablerte og modne Salmon Group-nettverket, som var blant stiftarane.	Mobiliserte finansiell støtte frå Innovasjon Norge og Sparebankstiftinga. Vart framheva av nettverket Salmon Group.	Nettverket har vore lite synleg etter oppstartsåra. Betre omdome for marin sektor ved å synleggjere verdiskapinga og informere betre er berekraftig. Ingen aktivitet etter 2016.
Energiregion Sogn og Fjordane (ESF)	Ønske om å delta samla i store oppdrag og kontraktar. For å behalde verdiskapinga i fylket. Leverandørar til næringa interessert, produsentar i næringa var ikkje det. Dei er ikkje «tent med at leverandørane organiserer seg, dei vil ha mest mogleg konkurranse og billigast mogleg utvikling.»	Hadde fått på plass nokre strukturar (møteplass, Arenasøknad, leiarskap). ESF kunne bli ein arena for innovasjon og nyskaping, men vart det ikkje.	Finansiert forprosjekt frå offentlege. Offentlege aktørar såg potensialet til nettverket. Måtte elles ha bygd legitimitet (tillit) og skapt større eigarskap hos aktørane for å bli vidareført.	Mobiliserte lite finansielle prosjektersursar, men nettverket i seg sjølv hadde stor velvilje i Fylkeskommunen og Innovasjon Norge, pga. det store verdiskapingspotensialet. Nettverket omfatta både små og store bedrifter med breitt kompetansegrunnlag, ein viktig ressurs nettverket underutnytta.	ESF ønskte å gi eit bidrag til å utvikle samfunnet, men lukkast ikkje å etablere og forankre samarbeidet godt nok.

Nytte. Vi talar her om å skape nytte, både for aktørane i nettverket og for omgivnadene utanfor nettverket. Alle dei undersøkte nettverka som har eksistert over tid, har dokumentert stor nytteverdi både for medlemmar og omgivnadene. Dei meir kortvarige har sjølv sagt mindre å vise til. Nettverka vi har studert, var nokre få og lovande blant dei 117 vi identifiserte i 2012, og særleg utvalde i 2015 og 2020. Derfor er dette venta, men illustrerer eit viktig poeng, nemleg at eit viktig element i vellukka nettverksbygging er at både medlemmar og samfunnet rundt ser nytten. ESF opplevde til dømes tydelege sprikande interesser i bransjen, noko som gjer den opplevde nytten svakare. Men fleire av nettverka samarbeider tett, utan at intern konkurranse øydelegg. Dette er fordi dei er spesialiserte. Arena-satsinga til HFO kunne ikkje lukkast utan dette.

Innovasjon og entreprenørskap. Innovasjon definerer vi her som å setje ut i livet nye typar innputt, nye prosessar, nye produkt, nye marknader og/eller nye organisasjonsformer som resultat av nettverkssamarbeidet (Schumpeter, 1983). Med entreprenørskap meiner vi etablering av nye organisasjonar/bedrifter som følgje av nettverkssamarbeidet (Aldrich & Ruef, 2006). Det er naturleg at dei eldre

nettverka har mest resultat å vise til, men vi finn òg innovasjon i dei unge nettverka. Særleg dei som er spinn-off frå etablerte. Vi finn døme på alle typane innovasjonar og entreprenørskap. Finansiering av satsingar har ofte vore medlems- og offentleg prosjektfinansiering, men finansiering frå fond og investorar har òg etter kvart fått nettverka si merksemd. Internasjonale prosjekt har fleire av nettverka og god erfaring med. For IT-F var dette kimen som la grunnlaget for offentlege arbeidsplassar i Digdir på Leikanger.

Legitimitet. Å skape legitimitet betyr å bygge opp truverd, omdøme eller tillit (Aldrich & Ruef, 2006). Leiinga av eit nettverk treng til dømes tillit frå medlemmane (intern legitimitet), og eit nettverk treng dessutan tillit frå samfunnet rundt (ekstern legitimitet). Alle nettverka vektlegg dette og har lukkast med å bygge og vedlikehalde legitimitet, og alle dei som har fått halde fram over tid, har dette temaet høgt på dagsordenen. Profilerte prosjekt, partnerskapsavtalar, konferansar og synlege vinstar for medlemmane og verdiskaping er sentralt.

Institusjonell kapasitet. Det å ha institusjonell kapasitet (Healey et al., 1999; Larsen et al., 2017; Skogseid, 2007; Skogseid et al., 2017) vil seie å ha evne til å takle endringar; det kan til dømes vere evne til å mobilisere ressursar av ulike slag, ikkje berre kapital, men også kunnskapar og kontaktar/nettverk, og det å ha drivkrefter som eldsjeler og entreprenørar. Mobilisering til godt forankra prosjektsatsingar er ein sentral aktivitet for nettverka. Også her er det dei eldre nettverka som naturleg nok har mest å vise til. Alt frå studium som sikrar medlemmar rekruttering, til infrastruktur som breiband eller tenester som eHelse, til verdikjedeutvikling og felles produktutvikling, profilering og påverknad av rammevilkår. Dette er tiltak som såleis skapar lokal flyt (Castells, 2000) og lokale konkurransefordelar (Porter, 1990; 2000), noko som er heilt essensielt for stadutvikling. Nettverka mobiliserer til satsingar som òg påverkar både stadutvikling og studiestadar i regionen. Dei krev forpliktande deltaking frå sine medlemmar. Nettverka er meir enn ein møteplass. Dei har mobilisert til nye studium både i Førde og Florø.

Vedvarande aktivitet over tid. Alle vi intervjuar i tredje runde var samde om at dette er eit avgjerande punkt. For å skape berekraft, ikkje berre skipptak og enkeltståande, tidsavgrensa tiltak, må eit nettverk vare ved over tid. Element som nytte, innovasjon, legitimitet og institusjonell kapasitet må fornyast kontinuerleg for å halde oppe nettverket over tid. Dei eldre nettverkssatsingane som framleis eksisterer, har omstilt seg opptil fleire gonger, og har slik dokumentert si berekraft. Desse nettverka er i stadig utvikling knytt til marknad, rammevilkår og ny region med Vestland fylke. Eit av nettverka lukkast ikkje med forankring og legitimitet, så medlemmane har funne andre arbeidsmåtar. Eit anna nettverk har redusert aktiviteten til eit minimum med informasjonsformidling, og eitt nettverk har funne si

form med ei aktiv, men lokal satsing utan høgprofilerte prosjekt. Dette er òg berekraftig, når medlemmane opplever at dette, saman med innsats frå andre aktørar, løyser behova nettverksorganiseringa var til for.

Tabell 7.2. Vurdering av status og funksjonalitet for åtte innovasjonssystem

Funksjonar i innovasjonsøkosystem	MF/HFO	Arena OHC	GCE node	IT-Forum	LG	BJ	MV	ESF
Status	Aktiv	Aktiv	Aktiv	Aktiv	Aktiv	Aktiv	Inaktiv	Avvikla
Nytte	Svært stor	Stor	Stor	Svært stor	Stor	Stor	Potensial	Potensial
Innovasjon og entreprenørskap	Svært stor	Stor	Stor	Svært stor	Stor	Stor	Potensial	Potensial
Legitimitet	Svært god	Svært god	Svært god	Svært god	God	Potensial	God	Potensial
Institusjonell kapasitet	Svært god	God	Svært god	Svært god	Svært god	God	God	Mangelfull
Vedvarande over tid (berekraftig)	Svært god	God	God	Svært god	Svært god	God	Mangelfull	Mangelfull

Dei viktigaste resultatane knytt til NILIV er summert opp i tabell 7.2. Dette er ei samla vurdering basert på forskarane sitt beste skjønn av status og funksjonalitet for åtte undersøkte innovasjonsøkosystem. Nettverk som har overlevd over tid med bølgedalar undervegs, skårar òg godt i tabellen. Dei som er passive eller nedlagde, skårar dårlegare. Dette styrkar NILIV-modellen både som ei forklaring på og ei oppskrift for suksess med innovasjonsøkosystem.

Implikasjonar

Rammeverket til MIT REAP (2020) med vekt på få dei rette aktørane til å samarbeide i nettverk, system for leiing og overordna infrastruktur for samarbeidet, og utvikling av strategiar for nettverkets funksjonar, viser seg å vere godt egna til å skildre både fortid og mogleg framtid for innovasjonsøkosystem som grunnlag for stadutvikling. Nettverk som ikkje fungerer, må sjekke desse tre elementa for å legge grunnlag for framgang. Om viktige aktørar i ein 3H/5H-modell ikkje deltek, må dei utfordrast til å kome på bana. Vidare må motiverte og velkvalifiserte personar rekrutterast til nettverksleiingane. Og til sist, men ikkje minst: Velfungerande nettverk må utviklast i tråd med NILIV-modellen.

KONKLUSJON

I nettverka vi har følgd over tid, har vi observert stadig utvikling og omstilling. Dei som overlever over tid, har lukkast med å bli funksjonelle innovasjonsøkosystem som synleg medverkar til stadutvikling. Dette har dei oppnådd gjennom suksessformelen NILIV: tydeleg skaping av nytte for medlemmane i nettverket og samfunnet rundt, lansering av innovasjonar og nyetableringar, høg grad av legitimitet og ein sterk institusjonell kapasitet. Desse elementa må vere til stades vedvarande for å skape berekraftige nettverk der deira institusjonelle kapasitet styrkjer stadutviklinga. Dei nettverka vi har undersøkt, har mange døme å vise til på at dei har sett preg på og utvikla både bygder og regionar. To har fått status som viktige for næringsutvikling vidare i nye Vestland fylke. Dei unge nettverka vi har studert, syner òg potensial til å bli berekraftige. Våre resultat stemmer godt med MIT REAP (2020) sitt rammeverk for regional utvikling med vekt på interessentar, system og strategiar.

Tabell 7.3. Samarbeid for stadutvikling må oppfylle følgjande kritiske element

N	Nytte – Verdi
I	Innovasjon – Nytt, nyttig og nyttiggjort
L	Legitimitet – Tillit og truverd
I	Institusjonell kapasitet – Endringskraft og tilpassing
V	Vedvarande over tid – Berekraftig

Det er mange ulike og aukande nettverk og klynge-initiativ, og med trendar som digitalisering, sentralisering og internasjonalisering utviklar samhandlingsmønster og samarbeid over avstand seg. Det er derfor eit openbert behov for vidare forskning på om, og i kva grad, nettverk som veks ut frå eit regionalt og lokalt behov, kan understøtte stadutvikling. Det bør også forskast vidare på kva rolle offentleg sektor bør og kan spele for å lukkast med slik rural stadutvikling. Til sist påpeiker vi også på behovet for meir forskning på nettverksleiing.

MERKNADER

Øyvind Heimset Larsen er med i sekretariatet i IT-Forum Vest. Han har òg som representant for Vestlandsforskning vore til stades på dei fleste nettverkssamlingane til HFO sidan 2015. Vestlandsforskning har dei siste par åra vore medlem av HFO og OHC. Larsen er dessutan kollega med informantane i IT-Forum og Lærdal

Grønt. Derfor var det medforfattar (Nesse) som leia desse intervju. Elles har forfattarane ingen interessekonfliktar. Første og andre runde av datainnsamlinga var ein del av forskingsrådsprosjekta (VRI2 og VRI3), som også var tungt støtta av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Tredje runde av datainnsamlinga er finansiert av Vestlandsforskning.

LITTERATUR

- Aldrich, H.E. & Ruef, M. (2006). *Organizations Evolving*. London: SAGE Publications Ltd.
- Asheim, B.T. & Isaksen, A. (1997). Regionale Innovasjonssystemer – en teoretisk diskusjon. I A. Isaksen (red.), *Innovasjoner, næringsutvikling og regionalpolitikk* (s. 51–77). Kristiansand: Høy-skoleforlaget AS.
- Bergek, A., Jacobsson, S., Carlsson, B., Lindmark, S. & Rickne, A. (2008). Analyzing the functional dynamics of technological innovation systems: A scheme of analysis. *Research Policy*, 37(3), 407–429.
- Bergek, A., Jacobsson, S., Hekkert, M. & Smith, K. (2010). Functionality of innovation systems as a rationale for and guide to innovation policy. I R.E. Smits, S. Kuhlmann & P. Shapira (red.), *The Theory and Practice of Innovation Policy* (s. 117–146). Cheltenham: Edward Elgar.
- Bjørndal, T., Pasquine, M. & Nettet, E. (2017). Does geographical clustering pay? I J.R. Andersen, E. Bjørhusdal, J. G. Nesse & T. Årethun (red.), *Immateriell kapital* (s. 275–295). Oslo: Universitetsforlaget.
- Campus Sogndal (2020a). *Om oss*. Henta 02.09.2020 frå <https://www.campussogndal.no/om-oss>.
- Campus Sogndal (2020b). *Perfekt for gründerar*. Henta 09.09.2020 frå <https://www.campussogndal.no/grunder?rq=innovasjonsbygget>.
- Castells, M. (2000). *The rise of the network society*. Oxford, UK: Blackwell.
- Colgan, C.S. & Baker, C. (2003). A framework for assessing cluster development. *Economic Development Quarterly*, 17(4), 352–366.
- Driftig.no (2020). *Prøv FUS!* Henta 09.09.2020 frå <https://www.driftig.no/nyhende/fus-nettverk-av-grnderbedrifter-og-etablert-nringsliv-i-sogn>.
- Edquist, C. (1997). Systems of innovation approaches – Their emergence and characteristics. I C. Edquist (red.), *Systems of innovation. Technologies, institutions and organisations* (s. 1–35). London, Washington: Pinter.
- Etzkowitz, H. (2008). *The triple helix: University-industry-government / innovation in action*. New York, London: Routledge.
- FUS (2020). *Om gründerfelleskapet FUS*. Henta 09.09.2020 frå <https://www.fussogn.no/om-fus>.
- Greve, A. (1995). *Organisasjonsteori – nyere perspektiver*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Guba, E.G., & Lincoln, Y.S. (1982). Epistemological and methodological bases of naturalistic inquiry. *ECTJ*, 30(4), 233–252.
- Healey, P., Magalhaes, C. d. & Madanipour, A. (1999). Institutional capacity-building, urban planning and urban regeneration projects. *FUTURA (Journal of the Finnish Society for Futures Studies)*, 3, 117–137.

- Heggheim, J. (2015). *IT-forum, eit føredøme?* Henta 13.02.2017 frå <http://www.porten.no/artikler/meiningar/IT-forum-eit-foredome>.
- Heydebreck, P., Gabriëlsson, N. & Dahlöf, C.A. (2014). *INTERREG IVC analysis report: innovation systems*. European Union: European Regional Development Fund. Henta 18.09.2020 frå https://issuu.com/interreg_4c/docs/innovation_systems/9.
- Hub for Ocean (2020). *Om oss*. Henta 09.09.2020 frå <https://www.hubforocean.no/om-oss>.
- Håkansson, H., Tunisini, A. & Waluszewski, A. (2006). Place as a resource in business networks. I E. Baraldi, H. Fors & A. Houltz (red.), *Taking place: the spatial contexts of science, technology, and business* (s. 223–246). Sagamore Beach, MA: Science History Publications /USA.
- Innovasjon Norge (2020). *Norwegian innovation clusters*. Henta 02.09.2020 frå <https://www.innovasjon norge.no/no/tjenester/innovasjon-og-utvikling/samarbeid-klynger-nettverk/opptak-av-nye-klynger/>.
- IRE (Innovating regions in Europe) (2008): *Final report of IRE Working Group Effective regional innovation systems*. Henta 18.09.2020 frå <https://wbc-rti.info/object/document/7823>.
- Jostedal SigNatur (2020). *Om Jostedal SigNatur*. Henta 01.10. 2020 frå <https://www.jostedalsig-natur.no/>.
- Larsen, Ø.H. & Nesse, J.G. (2017). Den immaterielle sida av nettverkssamarbeid. I J.R. Andersen et al. (Red.), *Immateriell kapital – Fjordantologien 2017* (s. 362–397). Oslo: Universitetsforlaget. DOI: <https://doi.org/10.18261/9788215028163-2017-19>.
- Larsen, Ø.H., Nesse, J.G. & Rubach, S. (2018). The public sector's role in Norwegian network cooperation: Triple helix or laissez-faire? *Triple Helix*, 5, 4. <https://doi.org/10.1186/s40604-018-0052-x>.
- Larsen, Ø.H., Nesse, J.G. & Skogseid, I. (2019). *Toolbox 2.0 for strategic leadership of innovative networks: Four exercises to establish and revitalize networks – and seven pieces of advice for good network management*. Sogndal: Vestlandsforskning, VF-rapport 7/2019. Henta 18.09.2020 frå <https://www.vestforsk.no/en/publication/toolbox-strategic-leadership-innovative-networks-2019>.
- Larsen, Ø.H., Skogseid, I. & Nesse, J.G. (2017). Mot-nettverk som ei kraft i perifere innovasjonssystem. I J.G. Nesse (red.), *Innovasjonsøkosystem* (s. 69–88). Bergen: Fagbokforlaget.
- Lincoln, Y.S. & Guba, E.G. (1986). But is it rigorous? Trustworthiness and authenticity in naturalistic evaluation. *New directions for program evaluation*, 1986(30), 73–84.
- Lundvall, B.-Å. (red.) (1992). *National systems of innovation*. London: Pinter.
- Maritim Forening Sogn og Fjordane & PwC (2016). *Verdiskapingsanalysen 2016 – petroleumsrelatert leverandorindustri i Sogn og Fjordane*. Henta 26.09.2020 frå <https://s3-eu-west-1.amazonaws.com/maritimsfj-files/Verdiskapingsanalysen+2016.pdf>.
- Marint Vekstforum (2020). *Om Marint Vekstforum*. Henta 01.10.2020 frå <https://www.facebook.com/pg/Marint-Vekstforum-593099944115469/about/>.
- Mauseth, I.K. & Alsos, G.A. (2017). Er coworking space et godt tilbud for gründere? *Magma*, 8/17, 61–70.
- MIT REAP (2020). *Helping regions foster economic growth and social progress*. Henta 02.09.2020 frå <https://reap.mit.edu/>.
- Moore, J.F. (1993). Predators and prey: A new ecology of competition. *Harvard business review*, 71(3), 75–86.
- Nesse, J.G. (red.) (2017). *Innovasjonsøkosystem*. Bergen: Fagbokforlaget.

- Nesse, J.G., Larsen, Ø.H. & Skogseid, I. (2017). Konklusjonar og tilrådingar. I J. G. Nesse (red.), *Innovasjonsøkosystem* (s. 285–297). Bergen: Fagbokforlaget.
- Nesse, J.G. & Skogseid, I. (2017). Datagrunnlaget for boka. I J.G. Nesse (red.). *Innovasjonsøkosystem* (s. 49–65). Bergen: Fagbokforlaget.
- Nesse, J.G., Skogseid, I., Skarbø, K. & Larsen, Ø.H. (2014). *Innovasjon i Sogn og Fjordane – vilkår og barrierar – Dokumentasjonsrapport*. Sogndal: Vestlandsforskning, VF-rapport 3/2014.
- North, D.C. (1991). Institutions. *Journal of Economic Perspectives*, 5(1), 97–112.
- Ocean Hyway Cluster (2020). *About Ocean Hyway Cluster*. Henta 09.09.2020 frå <https://www.oceanhywaycluster.no/about-us>.
- Peak Sunnfjord (2020). *Om Peak Sunnfjord*. Henta 09.09.2020 frå <https://www.peaksunnfjord.no/#om>.
- Peakspace.no (2020). *Peakspace – nettverk, coworking space og møteplass*. Henta 09.09.2020 frå <https://peakspace.no/#about>.
- Porter, M.E. (1990). The competitive advantage of nations. *Harvard Business Review*, 68(2), 73–93.
- Porter, M.E. (2000). Location, competition, and economic development: Local clusters in a global economy. *Economic development quarterly*, 14(1), 15–34.
- Rachão, S., Breda, Z., Fernandes, C. & Joukes, V. (2019). Food tourism and regional development: A systematic literature review. *European Journal of Tourism Research*, 21, 33–49.
- Reve, T. (2007). 15 år med klyngestudier – hva har vi lært? I O.R. Spilling (red.), *Kunnskap, næringsutvikling og innovasjonspolitik* (s. 43–68). Bergen: Fagbokforlaget.
- Schumpeter, J.A. (1983). *The theory of economic development*. London: Transaction Books.
- Scott, W.R. (2001). *Institutions and Organizations* (2nd ed.). Thousand Oaks, CA.: Sage Publications.
- Sire, A., Skogseid, I. & Nesse, J.G. (2014). *Innovation in rural places – Conditions and barriers. Status of knowledge*. Sogndal: Vestlandsforskning, VF-notat 3/2014.
- Skogseid, I. (2007). *Information Infrastructure and Rural Innovation Systems. A study of the dynamics of local adaptation of ICT*. Doktorgradsavhandling. Oslo: UiO.
- Skogseid, I., Nesse, J.G. & Larsen, Ø.H. (2017a). Innovasjonssystem – ei teoretisk overbygning. I J.G. Nesse (red.). *Innovasjonsøkosystem* (s. 23–48). Bergen: Fagbokforlaget.
- Skogseid, I., Larsen, Ø.H., Skarbø, K. & Nesse, J.G. (2017b). Institusjonell kapasitet og regionale nettverk. I J.G. Nesse (red.). *Innovasjonsøkosystem* (s. 89–112). Bergen: Fagbokforlaget.
- Skogseid, I. & Strand, G.L. (2011). Rural innovation ecosystems—a challenge but possible. I *Triple Helix IX International Conference «Silicon Valley: Global Model or Unique Anomaly?»*, 11.–14. juli, Stanford University, Stanford, CA, USA.
- Spilling, O.R. (2006). Om entreprenørskap. I O.R. Spilling (red.), *Entreprenørskap på norsk* (s. 21–47). Bergen: Fagbokforlaget.
- Stedje, H. (2020a, 7. september). – Dette er liv laga. Gjev ikkje opp håpet om fruktfusjon på Håbakken. *Sogn Avis*, s. 12.
- Stedje, H. (2020b, 1. oktober). Stemmetriller i fruktfusjon. *Sogn Avis*, s. 4–5.
- Uyarra, E. (2010). What is evolutionary about «regional systems of innovation»? Implications for regional policy. *Journal of Evolutionary Economics*, 20(1), 115–137.
- Zakharova, E.N., Prokhorova, V.V., Shutilov, F.V. & Klochko, E.N. (2015). Modern tendencies of cluster development of regional economic systems. *Mediterranean journal of social sciences*, 6(5 S3), 154–154.



8. Med hjarte på rette staden – turistopplevingar, kultur og «sense of rural place»

Agnes Brudvik Engeset, Anna Maria Urbaniak-Brekke og Øyvind Heimset Larsen

Samandrag Kapittelet drøftar korleis kulturturisme bidreg til utvikling av rurale stadar, med utgangspunkt i ein kvalitativ studie av britiske gruppeturistar i Balestrand. Eitt hovudfunn er at sjølv om turistane kom for å oppleve natur, var kulturopplevingar blant høgdepunkta. Møtet med andre menneske forsterka også turistane sine positive opplevingar av både natur- og kulturattraksjonar. Funna gjev grunnlag for ein diskusjon av korleis kulturturisme bidreg til å utvikle Balestrand, og korleis turistar si tilknytning til stad kan bidra til å utvikle reisemål.

Abstract This chapter reflects on the contribution of cultural tourism to the development of rural places. It is based on a qualitative study of British group tourists in Balestrand. The main finding is: even though tourists came to experience nature, culture was among highlights. Meeting with other people also reinforced tourists' positive experiences of nature and culture. Findings provided a basis for a discussion of cultural tourism's contribution to developing Balestrand and how tourists' connection to a place contributes to destination's development.

Nøkkelord kulturturisme | distriktsreiseliv | reiselivsbasert stadutvikling | sense of place | Norge

INNLEIING

Tittelen på kapittelet, «Med hjarte på rette staden», er henta frå den nynorske omsettinga av den britiske dramaserien om livet i den fiktive landsbyen Aidensfield på 1960-talet. Kjenningsmelodien var Buddy Holly sin song «Heartbeat», som handla mest om kjærleik mellom mann og kvinne. Dette kapittelet handlar ikkje om kjærleik, men om korleis møte mellom menneske, og menneske og stad,

skaper positive kjensler og tilhørsle til ein stad. Nærare bestemt handlar teksten om møtet mellom tilreisande og lokalbefolkning, og om møtet mellom turistar og den vesle turistbygda Balestrand ved Sognefjorden. Bygda ved fjorden, som er omkransa av høge fjell, føyer seg inn i det store biletet av Norge som naturbasert reisemål. Samtidig har også bygda mange innslag av kulturopplevingar, som gjev grunnlag for å vidareutvikle kulturbasert turisme.

Etter at Norge har vore eit naturbasert reisemål i over 200 år, ynskjer den norske regjeringa at Norge skal bli ein kulturdestinasjon innan 2030, som betyr at kultur skal vere det viktigaste motivet for eit Norges-besøk (Kulturdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet, 2019). Kulturturisme er ein internasjonal trend i stadig vekst (UNWTO, 2018). Potensialet for økonomiske ringverknader og verdiskaping for kulturbasert reiseliv vert vurdert som større enn frå naturbasert reiseliv. Samarbeidsråd for kultur og reiseliv (Samarbeidsråd for kultur og reiseliv 2017–2019, 2019, s. 10), oppretta i 2017–2019 for å utvikle innspel til politikk for kulturturisme, hevdar at Norge har få kulturturistar. Dersom Norge skal verte ein kulturdestinasjon, meiner Samarbeidsrådet at Norge må trekke til seg turistar som først og fremst ynskjer å oppleve kultur med natur som «nogo attåt». Det vert òg etterlyst meir kunnskap om denne marknaden (Kulturdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet, 2019).

Ein veg å gå for å imøtekome dei nasjonale føringane om å utvikle eit meir kulturbasert reiseliv er å rette søkelyset mot typiske turiststadar i Bygde-Norge. Ofte vert byane peika ut i satsinga på kulturturisme på grunn av tilgangen til eit heilårstilbod av høg kvalitet, infrastruktur som passar for store grupper, og dei mange forretningsreisande som gjev mindre sesongsvingingar. Samstundes er distrikta rike på kulturopplevingar av høg kvalitet, som kunst, musikk og kulturarv. Bygde-Norge skil seg dermed frå byane ved å tilby ein kombinasjon av rurale og urbane kvalitetar.

Fenomenet kulturturisme vert vidt definert av UNWTO (2018) og inkluderer fysisk og immateriell kultur. Eit viktig poeng er at omgrepet ikkje berre dekkjer kulturminne, arkitektur eller kunstuttrykk, men også kvardagsliv og kvardagskultur i alle verdshjørne. Fenomenet kulturturisme har også endra karakter, frå først å vere nisjefenomen for velstående og velutdanna personar i tida etter andre verdskrig til å rette seg meir mot eit større lag av befolkninga, og dermed få eit preg av masseturisme frå 1980-talet og framover. I dag kan ein dele kulturturisme inn i ulike former for nisjeturisme; musikketurisme, vinturisme, gourmetturisme og kulturarvturisme (Richards, 2018), for å nemne nokre. Den vide forståinga av kva kulturturisme er, finn vi også i den siste stortingsmeldinga om norsk reiseliv (2017), *Opplev Norge – unikt og eventyrlig: om historiske bymiljø, kultur, natur, arrangementsturisme, god mat og drikke med lokale råvarer, festivalar og sjømat*.

Sjølve kulturturisten kan karakteriserast ut frå motivasjon, slik UNWTO (2018) gjer: 4 av 10 internasjonale turistinnkomstar er motivert av kultur, og UNWTO hevdar at talet vil auke. Vender vi oss til forskingslitteraturen sine definisjonar av kulturturistar, finn vi til dømes McKercher (2002), som deler kulturturistar inn etter to dimensjonar; kor stor betydning kulturopplevingar har for reisa, og kor djup oppleving av kultur turistane har. Djupna på ei oppleving kan mellom anna målast ved kor lang tid turisten oppheld seg på kulturattraksjonar. McKercher (2002, s. 31) gjer eit poeng av tidsbruken, og meiner at ein individuell turist som oppheld seg i fire timar på ein kulturattraksjon, får ei djupare oppleving enn ein sightseeing-turist som oppheld seg der i fem minutt. Denne inndelinga er interessant, fordi han viser ein type kulturturist – *tilfeldige kulturturistar* – som i utgangspunktet ikkje er særleg motivert av kultur, men som likevel har overflatiske til midtels djupe kulturopplevingar under reisa. Poenget med å trekke fram denne typen kulturturistar er at kategorien kan høve med korleis Samarbeidsrådet karakteriserer turistar i Norge, som tiltrekt av natur, men som opplever kultur i tillegg.

Ved å vende oss til ulike forskingsfelt ser vi eit behov for meir kunnskap om korleis den klassiske gruppeturisten i Norge, som opphaveleg kjem for å oppleve norske naturfenomen, også opplever ulike former for norsk kultur. Nordiske studiar av *kulturbasert reiseliv* har vore opptekne av mellom anna destinasjonsutvikling basert på ulike typar kulturattraksjonar og kulturarv (Smed, Dressler & Have, 2015; Mattson & Praesto, 2005; Cassel & Pashkevich, 2011). Vidare har kulturattraksjonar som eventar og festivalar vore eit sentralt tema i nordisk turismeforskning, og festivaldeltakarane si rolle har vore utforska (Armbrecht, Lundberg, Andersson & Mykletun, 2020; Gyimóthy, 2009; Getz & Andersson, 2010). Vender vi oss til forskingsfeltet *turistopplevingar*, finn vi nokre studiar av korleis turisten opplever kultur, nærare bestemt i form av lokalmat og gastronomi som vert analyserte som minneverdige og ekstraordinære turistopplevingar (Björk, Prebensen, Rääkkönen & Sundbo, 2020; Goolaup & Mossberg, 2017; Frisvoll, Forbord & Blekesaune, 2016). Går vi til eit tredje forskingsfelt, *naturbasert aktivitetsturisme*, viser nyare nordisk forskning at også materiell og immateriell kulturarv er verdifulle for naturbaserte turistopplevingar (Fredman & Tyrväinen, 2010; Fredman & Margaryan 2020; Fossgard & Stensland, 2020). Denne uthevinga av kulturen si rolle gjer at vi meiner det er behov for fleire studiar som går djupare ned i naturbaserte turistar sine opplevingar av kultur. Vidare vil vi analysere funna ut frå ei forståing av omgrepet «sense of place», stadkjensle, som handlar om personlege og emosjonelle relasjonar mellom menneske og stad (Berg & Dale, 2015), nærare bestemt forstått som stadtilknytning skapt gjennom positive opplevingar og rekreasjon (Kastenholz, Marques & Carneiro, 2020).

I dette kapittelet stiller vi eit overordna forskingsspørsmål: Korleis bidreg kulturturisme til å utvikle reisemålet Balestrand sett i lys omgrepet «sense of place» og stadtilknytning? To delproblemstillingar vil underbygge det overordna forskingsspørsmålet: Kva rolle spelar natur- og kulturopplevingar i turistopplevingane? Korleis påverkar fysiske, sosiale og kommersielle element turistopplevinga og korleis kan turistopplevingar skape tilknytning til reisemålet? Kapittelet føyer seg dermed inn i det overordna tema for antologien, *stadutvikling*, der det er det rurale reisemålet som er staden vi drøftar. Det er forskingsfeltet kulturturisme vi vil bidra med ny kunnskap til.



Figur 8.1. Drakestilshuset Villa Strandheim, oppført 1893 i Balestrand, var sommarhuset til den norske kunstmålaren Hans Dahl (1849–1937). Han utdanna seg og arbeidde i Düsseldorf i Tyskland, og var kjend for å måle nyromantiske bilete, ofte bunadskledd jenter i vestnorsk fjordlandskap. Foto: Inga-Britt Morken.

BAKGRUNN – BALESTRANDSTUDIEN

Utgangspunkt for kapittelet er ein studie utført av Vestlandsforskning i 2018, av britiske gruppeturistar som var på ei veker opphald i turistbygda Balestrand i Sogn. Programmet bestod av dagsutflukter med base på Kviknes Hotel. Målet med studien var å kartlegge britane sine heilskaplege opplevingar i turistbygda, med vektlegging av kulturopplevingar og ved hjelp av teoriar om opplevingsdesign (Cutler & Carmichael, 2010). Ifølgje ein av teoriane om heilskaplege perspektiv på turismeopplevingar vert ei turistoppleving påverka av indre og ytre faktorar, og vi vektla å kartlegge dei ytre faktorane. Det interessante i modellen

til Cutler og Carmichael (2010) er at turistane si oppleving ikkje berre vert påverka av det kommersielle produktet, som til dømes transport, overnatting, mat, guide-tilbod, informasjon og tilrettelegging som turistene betalar for. I tillegg inkluderer modellen også korleis andre eksterne element påverkar opplevinga: *fysiske* element som naturlege omgjevnadar, menneskeskapa omgjevnadar, geografiske og kulturelle eigenskapar, og *sosiale* element som personlege relasjonar, samtalar med tilsette, lokalbefolkning og andre turistar, samt vert-gjest-relasjonar. Vi vil no skildre turistbygda der gruppeturistane oppheldt seg, med vekt på kulturattraksjonar.

Staden Balestrand, med ca. 800 innbyggjarar, vart knutepunkt for handel og samferdsle frå slutten av 1800-talet. Bygda er i dag mest kjent for det store kvite trehotellet, Kviknes Hotel, som byrja som ein gjestgivarard i 1877. Hit har gjester frå alle verdshjørne kome sidan slutten av 1800-talet for å oppleva fjordlandskapet. Like ved hotellet ligg St. Olavs Church frå 1897, ei stavkyrkjeinspirert trekyrkje, som vart reist til minne om britiske Margaret Sophie Green Kvikne, som vart gift med Knut Kvikne, eigar av hotellet. I dag er kyrkja open for besøkande om sommaren. På slutten av 1800-talet kom òg nasjonalromantiske kunstnarar, mellom andre Johannes Flintoe, I.C. Dahl og Thomas Fearnley. Kunstnarar var dei første tilreisande som slo seg ned i bygda, og dei etablerte galleri og bygde seg villaer i drakestil. Cooper-huset på kaien vart bygd av den britiske kunstnaren Alfred Heaton Cooper. I dag finst det seks villaer i drakestil frå denne tida, og ein av dei, Villa Heimdalstrand, er open for besøkande. For å styrke formidlinga av kunstopplevingar vart Kunstbygda Balestrand etablert i 2013. Langs den 2 kilometer lange vegen utover langs fjorden finn vi Kulturløypa, med informasjonsskilt om ulike kulturopplevingar langs vegen, som til dømes drakestilhusa, bilderammer, som peiker på motiv frå kjende måleri, og gravhaugar frå vikingtida. Langs Kulturløypa står også statua av Kong Bele, ein av hovudpersonane i den svenske diktaren Esaias Tegnér sin populære diktsyklus, Fridjofsaga (1820–1825), gjeven i gåve av den tyske keisar Wilhelm II i 1913. Balestrand er òg eitt av dei eldste fruktområda i Norge, og på 1990-talet vart Balholm etablert, som i dag produserer økologisk fruktmost. I 2005 opna Ciderhuset, som satsar på fruktdyrking, ciderproduksjon og tilhøyrande gardsbutikk og sommarrestaurant. Reiselivshistoria om både Balestrand og resten av landet vert formidla av Norsk Reiselivsmuseum, som ligg vegg i vegg med Kviknes Hotel. Besøkande kan også lære om livet i fjorden hjå Sognefjord Akvarium.

TEORETISK TILNÆRMING – RURAL TURISME OG STADKJENSLE

Omgrepet stad har vore utvikla i ulike fagdisiplinar, og stad er eitt av geografifaget sine kjerneomgrep. Den humanistiske vendinga på 1970-talet førte til at stad vart sett på som noko meir enn eit fysisk punkt på kartet, og tre dimensjonar ved omgrepet stad vart identifiserte (Agnew, 1987): Den første forståinga vert referert til som *location*, og tyder ein fysiske avgrensa stad, reinska for betydning. Berre synlege og kvantifiserbare eigenskapar ved staden er med her. Den andre forståinga, lansert som ei motvekt til å forstå ein stad berre som eit geografisk punkt, vert omtala som *locale*, og forståinga viser til stad som arena for sosial interaksjon, for det levde liv. Den tredje forståinga er meir abstrakt og vert kalla «sense of place», eller *stadkjensle* på norsk (Clemetsen & Krogh, 2010), og handlar om menneska sine personlege og emosjonelle relasjonar til ein stad. Stadkjensla vert skapt av sanselege erfaringar, menneska sin bakgrunn og sosiale relasjonar (Berg & Dale, 2004). Desse tre dimensjonane utfyller kvarandre, og til saman utgjer dei eit heilskapleg bilete av ein stad (Berg & Dale, 2004). I ein studie av turistdestinasjonar er det også verd å ta med ei *relasjonell* forståing av omgrepet stad (Massey, 1994, 2005), som er kjenneteikna av eit syn på stadar som opne og utan klare grenser, forma av relasjonar til omverda. Stadar vert også sett på som dynamiske og stadig i endring, fordi relasjonane til omverda stadig endrar seg. Synet inkluderer også at stadar er gjensidig avhengige av kvarandre, samt at menneske og stadar er gjensidig konstituerande (Berg & Dale, 2015).

Omgrepet stadkjensle (sense of place) handlar altså om å sjå stad som eit subjektivt opplevd fenomen (Dale & Berg, 2012). Det vert hevda at *stadidentitet* er sentralt i ei slik forståing av stad, og at identitet blir her forstått som noko grunnleggande, som relativt stabile trekk ved eit individ – som noko vi har. For samfunnsgeografar handlar altså stadidentitet om at relasjonen mellom menneske og stadar er tett. Folk gjev stadar identitet og stadar gjev folk identitet, skriv Dale og Berg (2012), og dei skil mellom «identity with», der folk knyter seg til stadar, og «identity of» når ein identifiserer stadar sin særeigne karakter (Dale & Berg, 2012, s. 25). Vi vil no skunde oss og påpeike at kapittelet handlar om korleis turistane får ei positiv oppleving av staden, om «identity with», i form av tilknytning til reise-målet Balestrand.

Trass i den sentrale rolla som stadar spelar i turisme, har turismeforskarar først det siste tiåret vorte merksame på stad som noko meir enn ein geografisk lokalisering (Smith, 2015; Jepson & Sharpley, 2015; Prayag & Ryan, 2012). I studiar av rural turisme og staden si betydning handlar det ofte om å undersøke den unike «sense of place» som ligg nettopp i dei rurale områda, om særeigenheitene som

ligg i det rurale (Lane & Kastenholz, 2015). Staden som kapittelet handlar om, er ei bygd i Distrikts-Norge, altså ein stad med rurale kvalitetar. Ifølgje turismeforskarane Jepson og Sharpley (2015 s. 1158) har mange rurale område utvikla seg til å vere attraktive for turistar på grunn av dei fysiske sidene ved områda, måten turistar samhandlar med desse fysiske sidene på, og den kulturelle forståinga og betydninga av den rurale staden, som ofte er omtala som «a sense of (rural) place». Sagt på ein anna måte er distrikta eller rurale område attraktive for turistar av fleire årsaker; som arena for utandørs rekreasjons- og fritidsaktivitetar eller som ein stad å flykte til frå meir urbane område. Samtidig har det lenge vore semje om at den mest grunnleggande årsaka til kvifor folk kjem til rurale område, ligg i det som ofte vert omtala som «sense of rurality» (Jepson & Sharpley, 2015, s. 1157). Kort sagt, turistar kjem til distrikta ikkje berre på grunn av dei fysiske kvalitetane, slik som frisk luft og nærleik til naturen. Dei kjem også på grunn av det som det rurale representerer eller står for, som ein åstad for rekreasjon og fritid og som ein antitese til det moderne, industrialiserte og urbane livet.

Turistar sitt forhold til stad er altså heilt grunnleggande i turisme, også i den rurale turismen, og det vert hevda at det er avgjerande å forstå den sosiale, kulturelle og psykologiske interaksjonen som besøkande har med ein stad (Morgan, 2009). Mange omgrep har vore brukte for å forklare det emosjonelle forholdet mellom folk og stadar, og liknande omgrep har vore nytta, som til dømes «sense of place» (Stedman, 2003 Tuan, 1977, 1980) og «place attachment» (Kaltenborn, 1998; Williams & Vaske, 2003; Williams, Patterson, Roggenbuck & Watson, 1992). Mange forskarar forstår «sense of place» som eit paraplyomgrep, medan omgrepet «place attachment» er mest nytta (Prayag & Ryan, 2012). «Place attachment», eller på norsk stadtilknytning, kan definerast som det emosjonelle bandet mellom eit individ og ein bestemt romleg kontekst (Williams, Patterson, Roggenbuck & Watson, 1992).

Fleire turismeforskarar (sjå til dømes George & George, 2004; Gross & Brown, 2008) forstår omgrepet stadtilknytning med to underkategoriar: «Stadidentitet» (place identity), eit individ si sterke emosjonelle tilknytning til ein bestemt stad eller kontekst (Proshansky, Fabian & Kaminoff, 1983, s. 61), kan styrke ein person si kjensle av tilhøyrigheit til eit reisemål (Tuan, 1977, 1980). Smith (2015) koplar omgrepet stad til kulturbasert turisme, og basert på ei forståing av «sense of place» som ein stad sin særeigne karakter og identitet, utforskar han forholdet mellom stad og kultur. Han meiner at stad kan sjåast som ressurs i kulturbasert turisme ved å samanlikne staden med omgrepet «terroir» i vindyrkinga, der terroir er eit sett med kvalitetar som gjev smak og ei historie til produktet. Kulturturisme, tufta på ein stad sin særeigne karakter, inkluderer eit vidt repertoar frå historie, lokale tradisjonar og kultur, religion til mattradisjonar og kunst, for å nemne nokre. Den

andre underkategorien er «stadavhengighet» (place dependence), som er definert kor godt dei fysiske omgjevnadane på reisemål fyller behova til turisten (Jorgensen & Stedman, 2001, s. 234).

Ein annan inngang til stadtilknytning er å fokusere på opplevinga av den fysiske dimensjonen ved ein stad. Ifølgje Stedman (2003) er det fysiske aspektet neglisjert i studiar av stadtilknytning. Han argumenterer for at dei fysiske omgjevnadane kan vere dei viktigaste faktorane når stadtilknytning vert skapt. Å kjenne tilhøyrighet til ein stad er generelt knytt til lojale kundar som vender tilbake og som tilrår staden til andre reisande, og stadtilknytning er difor av stor betydning for rurale reisemål (Silva, Kastenholz & Abrantes, 2013). Kastenholz, Marques og Carneiro (2020) peikar på at det finst lite kunnskap om vekselverknaden mellom sanslege, rurale turismeopplevingar og stadtilknytning. I ein studie av dagsbesøkande og turistar som oppheld seg meir enn ein dag i rurale delar av Portugal undersøker dei nærare korleis stadtilknytning kan sjåast som eit direkte resultat av sanslege opplevingar som gjev turisten positive kjensler. Kastenholz, Marques og Carneiro (2020) viser til at tidlegare studiar har trekt fram at rurale turistopplevingar er multisanslege: synet av ruralt landskap eller blåfargen på himmelen (Quadri-Felitti & Fiore, 2016; Carneiro, Lima & Silva, 2015), smaken av lokal mat og drikke (Carneiro, Lima & Silva, 2015), lydar frå naturen, lukta av våt jord og plantar samt kjensla av sol og vind i andletet (Kastenholz, Marques & Carneiro, 2020). Men, understrekar Kastenholz mfl. (2020), det er likevel få studiar som har vist samanheng mellom sanslege opplevingar og positive kjensler. For å analysere nettopp denne samanhangen låner Kastenholz mfl. (2020) omgrepa «delight», her omsett til glede, og «relaxation», her omsett til rekreasjon/avslapping, frå studiefeltet forbrukaråtferd (consumer behaviour). Slik vi forstår Kastenholz mfl. (2020) definerer dei ordet delight som eit resultat av sterke og langvarige emosjonelle opplevingar, medan vi oppfattar relaxation som rekreasjon eller avkopling, ein tilstand som ofte er omtala i forskingslitteratur om rurale turismeopplevingar. Funna deira viser at særleg utsikt, lukta og fysisk berøring kan skape glede, medan utsikt, lyd og lukter er meir knytt til avkopling og rekreasjon. Vidare finn dei at turistar som oppheld seg meir enn éin dag ein stad opplever at fleire sansar vert stimulerte, som igjen skapte kjenslene av glede og rekreasjon. For desse turistane vart også stadtilknytning skapt over tid av rekreasjon og avslapping, medan dei dagsbesøkande utvikla stadtilknytning gjennom sanslege opplevingar som gav glede.

Oppsummert: Til diskusjonen tek vi med oss vidare omgrepet stadtilknytning, stadidentitet og korleis sanslege opplevingar påverkar opplevinga. Omgrepa skal vere analyseverktøy for å sjå korleis turistar kan utvikle stadtilknytning til kulturopplevingar i eit ruralt reisemål som Balestrand.

METODE

Kapitlet tek utgangspunkt i ein studie, utført av dei to førsteforfattarane, av to grupper britiske turistar som kom til Balestrand i 2018. Det overordna målet var å kartlegge positive og negative opplevingar ved turistar sitt opphald i Balestrand, særleg knytt til kulturopplevingar. Ein kvalitativ metode vart nytta og vi utførte åtte kvalitative intervju, som først og fremst handlar om å forstå verda sett frå informantane sin ståstad og få fram deira erfaringar og opplevingar av verda (Kvale & Brinkmann, 2009). Eit kjenneteikn ved kvalitative intervju er at det er gjennom samspelet mellom forskar og informant at kunnskap oppstår. Eit viktig poeng her er at forskaren konstruerer ein realitet, og dei spesifikke kategoriane eller omgrepa som forskaren vel å dra nytte av i analysen, set observasjonar i relieff, medan andre observasjonar vert utelatne, ikkje sett eller vigd merksemd (Olsen, 2002, s. 8). Skildringa av samproduksjonen av data høver med korleis vi gjennomførte datainnsamlinga, at kjeldematerialet vart samprodusert i møte med informanten.

Utvalet av informantar, britiske gruppeturistar, høyrer til ein av dei viktigaste marknadane til Kviknes Hotel i fleire tiår attende. For Norge generelt er Storbritannia eit av våre nærmarknader, altså eitt av dei landa som forsyner Norge med flest turistar (Innovasjon Norge, 2015). Utvalet og funn frå studien gjev grunnlag for *analytiske* generaliseringar, som er ei form for generalisering basert på rikhaldige skildringar av kontekst, og forskaren sin argumentasjon for at intervjuresultat kan overførast til andre intervjupersonar og situasjonar. Ei slik type generalisering handlar om å grunngje i kva grad funna frå ein studie kan gje retningsliner for kva som kan skje i ein annan situasjon, og argumentasjonen byggjer på analyse av likskap og skilnader mellom situasjonane (Kvale & Brinkmann, 2009).

Nær alle av dei åtte informantane våre var mellom 70–80 år, medan ei kvinne var i 60-åra. Fleire av turistane sa at dei var vane med å reise utanlands, medan andre refererte i større grad til heimby/heimland. Ein av informantane stilte til intervju med mannen sin, som hadde norske anar. Begge hadde vore i Balestrand og Fjærland på 1950-talet, og dei deltok på turen for å bu på Kviknes Hotel og oppleve desse bygdene igjen. Ein av informantane hadde delteke på gruppeturar med det same firmaet tidlegare og var nøgd med opplegget deira.

Programmet for denne turen bestod av eit førehandsbetalt og fastlagt program med ekskursjonar til både natur- og kulturbaserte opplevingar; Fjærland og Jostedalsbreen og Sogn folkemuseum – De Heibergske Samlinger på Kaupanger. Første og siste dag på vekesturen var til fri disposisjon, og turistane brukte dagen i Balestrand. Vi rekrutterte informantane på velkomstmøtet som fann stad første dagen. Etter at reiseleiaren hadde informert om Balestrand og attraksjonane der, fortalde

reiseleiaren kort om oss og spurde deretter om handsopprekking frå dei som ville intervjuja. I den fyste gruppa fekk vi fire personar, medan åtte personar i den andre gruppa ville stille. Vi valde sjølve ut tilfeldige personar frå denne gruppa.

Intervjua vart gjennomførte i ein av salongane på Kviknes Hotel, og kvar person vart intervjuja to gongar. Det første intervjuet gjekk føre seg rett etter velkomstmøtet og vart eit kort intervju på om lag 15 minutt, om kvifor dei hadde valt denne turen og kva forventningar dei hadde. Det andre intervjuet gjekk føre seg siste kvelden før avreise. Spørsmåla dreia seg om kva turistane hadde opplevd i løpet av veka, kva dei meinte var høgdepunkt, og kva som trakk opplevingane ned. Det andre intervjuet tok om lag 45 minutt, vart registrert på lydopptakar og deretter transkribert av forskarane. Seinare blei hovudkategoriane i alle svara identifiserte og analyserte.

RESULTAT

Den følgjande tekstbolken vert strukturert etter dei to delspørsmåla: 1) Kva rolle spelar natur- og kulturopplevingar i turistopplevingane? 2) Korleis påverkar fysiske, sosiale og kommersielle element turistopplevinga, og korleis kan turistopplevingar skape tilknytning til reisemålet? Tilknytning vert drøfta i diskusjonsdelen, del 6.

Eit viktig funn i studien gjaldt motivasjonen til dei britiske turistane for Norgesreisa og kva som enda opp med å verte høgdepunkta. Motiva som turistane oppgav, var hovudsakleg norsk natur. Fleire av dei opplyste at å sjå fjordane, breen eller Norge i det heile var den viktigaste årsaka til at dei drog til Norge, slik som 72 år gamle Richard seier: «I would like to see the glaciers of Europe.»

Ein av informantane hadde òg norske anar og hadde vore i Balestrand og Fjærland på 1950-talet med kona si. No deltok dei på turen for å bu på Kviknes Hotel og oppleve desse bygdene og fjordlandskapet att.

Trass i fokuset på natur avdekte undersøkinga vår at kulturopplevingar var blant høgdepunkta til britane då vi bad dei trekke fram tre høgdepunkt under det siste intervjuet. Kulturopplevingane varierte når det gjaldt i kva grad dei var organiserte av turoperatøren, oppsøkt av turistane sjølve eller tilfeldige opplevingar. Ei av opplevingane, dagsturen til Sogn Folkemuseum – De Heibergske Samlinger på Kaupanger, var del av fellesprogrammet for gruppa. Der vart særskilt omvisarane på museet trekt fram av ein av turistane som elementet som bidrog til at museumsbesøket vart eit høgdepunkt:

«The highlight there was when they did a presentation and there was a delightful lady, 85 years old, she was absolutely superb. And ... you know, that really is going to stick in the memory.» (Ariel, 72)



Figur 8.2. St. Olav's Church, også kalla Engelskkyrkja, vart bygd i stavkyrkjestil etter initiativ frå den engelske prestedottera Margaret Sophie Green. Ho gifta seg med hotell-eigar Knut Kvikne, og ynskte seg ei engelsk kyrkje i det nye heimlandet. Margaret døydde i 1894, tre år før kyrkja vart ferdig, men ektemannen fullførte bygginga. Kyrkja er i dag administrert av «Church of England», og om sommaren vert det dagleg halde engelske messer der. Foto: Inga-Britt Morken.

Eit anna høgdepunkt var ein dagstur som turistane gjorde på eiga hand. Ekteparet som hadde vore i Balestrand på 1950-talet, drog til Vik i Sogn for å besøke Hopperstad stavkyrkje. Dei droppa ein fellestur med resten av gruppa og valde då denne turen, som også vart trekt fram som eitt av høgdepunkta:

«And today, we had a lovely day that was very special. We went up to see what I really love, the dark, dark churches ... Stave church in Vik. Hopperstad. We walked. And just had a wonderful time seeing the village, how it lives, children running, people walking their dogs. It was lovely ... we were able to see the church.» (Laura, 74)

I sitatet over kan vi legge merke til at ikkje berre tradisjonelle element av norsk kulturarv vert trekt fram, stavkyrkja, men også bygdelivet. Det var fleire av turistane

som snakka om kvardagslivet i Bygde-Norge som noko dei likte svært godt å høyre om. Då vi i tillegg spurde dei kva slags aktivitetar dei ynskte meir av, var det nettopp å møte lokalbefolkning og høyre dei fortelje om noko særlege frå Balestrand, som dei tok fram. Denne informanten fortel om eit besøk på Norsk Reiselivsmuseum og korleis ein prat med den tilsette der arta seg:

«He was telling what it meant to him to come and work here this summer (...)
I just feel people here go out their way here to be helpful and supportive, which is lovely and makes it a very welcoming place to come and be.»

Denne opplevinga vil vi trekke fram som ei tilfeldig kulturoppleving, der turisten vitjar museet, men kjem i prat om den tilsette sjølv.

Eit anna hovudfunn handlar om korleis dei fysiske aspekta ved det rurale reise-målet påverka turistopplevingane, og kva innverknad det sosiale aspektet, møte med menneske, hadde på turistopplevingane. For det første bidrog dei menneskeskapte fysiske elementa –forstått som kulturopplevingar i form av stavkyrkjer eller historisk bygningsmiljø på museet – til at turistane fekk positive opplevingar. For det andre medverka dei fysiske elementa i form av naturen, som fjordlandskapet med fjord, fjell og fossefall, til at turistane fekk ei minnerik veke. Haustdagane i månadsskiftet august–september i 2018 var varme og solrike, og fleire av turistane hadde nytt første og siste dag utandørs i Balestrand. Steve fortalde at han hadde sete ei god stund på ein benk med utsikt over Sognefjorden. I tillegg til utsikta nemnde han også fråvær av lydar, at han aldri før i sitt liv hadde opplevd å ha det fullstendig stille rundt seg: «Just very, very peaceful. Total silence.»

Det er likevel den sosiale dimensjonen i turistane sine opplevingar i Balestrand som vart mest framheva. Britane, som til vanleg budde både i byar og på mindre stadar, opplevde det svært hyggjeleg at bygdefolket helsa når dei møtte dei langs vegen. Og, som turisten som vitja Norsk Reiselivsmuseum sa, dei kjende seg svært velkomne i Balestrand fordi folk var så imøtekomande og hjelpsame. Sjølv på ein båttur på fjorden, der turistane kom nær dei fysiske elementa fjord og fjøre, var det møtet med menneske som vart nemnt. To av dei britiske turistane drog på ein båttur, og undervegs fekk dei motorstopp. Medan dei venta på hjelp, fortalde ein av båtførarane om korleis det var å bu og leva i Balestrand. Den eine av turistane skildrar det slik:

«... these things you really remember. The same with the guys on the RIB boat, they are all local and they would tell us the stories about their families and how they lived here and bought that piece of land ... it makes it very alive when people are telling their personal stories.»

Felles for sitata frå både besøket på Norsk Reiselivsmuseum og båtturen på fjorden er at det er dei personlege møta med andre menneske som trekk opp sjølve opplevinga av det kommersielle produktet. Informantane seier spesifikt at dei kjenner seg velkomne, og at personlege historier gjer opplevinga av Balestrand meir levande.

Alt i alt viser studien at naturen blir framheva som ei viktig årsak til reisa og som ei flott oppleving i seg sjølv. Samstundes set turistane like mykje pris på kvardagskulturen og kvardagshistoria, der den sosiale faktoren, der turistane møtte folk på gata som helste og smilte, gjev like stor verdi som spektakulære utsiktspunkt. I den neste bolken, diskusjon og konklusjon, vil vi kople funna våre opp mot omgrepet stadkjensle.

DISKUSJON

I dette kapitlet drøftar vi det overordna forskingsspørsmålet: Korleis bidreg kulturturisme til å utvikle reisemålet Balestrand sett i lys omgrepet «sense of place» og stadtilknytning? Først må det naturbaserte reisemålet Balestrand anerkjenne potensialet som ligg i å tilby kulturopplevingar, i tillegg til naturbaserte attraksjonar. I studien av dei britiske gruppeturistane vart det avdekt at også attraksjonar og opplevingar som var kulturbaserte, vart opplevd som eitt av høgdepunkta under turen. Sett i lys av korleis kulturturistar kan definerast, kan dei britiske turistane karakteriserast som tilfeldige kulturturistar (McKercher, 2002). Kultur spela ei underordna rolle for deira motivasjon for Norges-reisa samanlikna med natur, men tilfeldigheter gjorde at kulturopplevingar vart eitt av høgdepunkta. Opplevinga deira av kultur kan ein plassere ein stad mellom overflatisk og middels djup etter kor mykje tid dei brukte på kulturopplevinga. Tid er ein måte McKercher (2002) definerer djupna av turistar si kulturoppleving på. Difor vil vi hevde at ekteparet som tok initiativ til ein dagstur for å vitje stavkyrkja i Vik, fekk ei djupare kulturoppleving enn ein medturist som gjekk ei kort tur innom Engelskkyrkja under spaserturen langs fjorden. Bygda må også tilby eit variert repertoar, i tråd med slik både UNWTO (2018) og den norske reiselivsstrategien (2019) definerer kultur; frå materiell kultur, som kunst, arkitektur eller stavkyrkjer, til immateriell kultur som forteljingar om historie og lokal kultur.

Reisemålet Balestrand har mange ingrediensar som kan tiltrekke seg utanlandske reisande motivert primært av kultur, som til dømes arkitektur og byggjeskikk gjennom sveitsarstilhus og drakestilsvillaer, mat og lokalt produsert drikke samt historieforteljingar om bygdelivet. Men som Samarbeidsrådet for reiseliv og kultur peikar på, må god kunnskap om kulturturistane ligge i botnen for ei slik utvikling.

Her kjem vi inn på ein av svakheitene til denne studien, at det ikkje er kulturistar, men turistar som er motiverte av naturattraksjonar, som funna gjev meir kunnskap om. Ein konklusjon om kulturturisme som drivkraft for utvikling av reisesmålet vil difor vere at ein av dei viktige nærmarknadane for bygda og Norge, britiske turistar som kjem for å ta føre seg naturopplevingar i bygda, regionen og landet, også har ei interesse for varierte typar kulturopplevingar. Vidare ligg det godt til rette for å tilby kulturbaserte opplevingar, ettersom Balestrand kunne by på eit variert repertoar av kulturopplevingar.

Vi forlét no kulturturisme og går vidare til omgrepet stadkjensle (sense of place), kva slags innsikter har vi fått? Vi vil gjere nokre refleksjonar kring kva slags sanselege opplevingar som skapte glede og avkopling (Kastenholz, Marques & Carneiro, 2020) for dei britiske turistane. Det er tydeleg at dei fysiske kjenneteikna ved bygda Balestrand, dei rurale kvalitetane ved eit fjordlandskap med høge fjell, fossar og brear, var ei attraktiv side ved staden. Materialet fortel om korleis dei fysiske elementa påverkar opplevingane positivt eller negativt. Dersom vi analyserer korleis dei fysiske aspekta påverkar turistane sine opplevingar, er funna i tråd med Kastenholz mfl. (2020) sine funn av at sanselege opplevingar skaper gode kjensler: Det visuelle vart mellom anna stimulert av utsikta over fjordlandskapet, bygda Balestrand og kulturhistoriske bygningar som St. Olavs Church og drakestillhusa. Og, som Steve (76) trekte fram, å oppleve ei total stille – fråvær av lyd – gjorde stort inntrykk på han på ein måte som vi tolkar som avkopling og rekreasjon. Det varme solskinet på desse seinsommardagane vart også ei sanseoppleving som vart omtala av turistane som positivt. Å smake mat og drikke vart også nemnt som ein del av aktivitetane, særleg vart fiskemiddagen på hotellet trekt fram. Å smake lokalmat er ifølgje tidlegare studiar ein typisk høgt verdsett dimensjon i rural turisme (Carneiro, Lima & Silva, 2015), og funna her er i tråd med dette. Få turistar nemnde lukter, noko som kan ha samanheng med at informantane var mellom 70 og 80 år, og at luktesansen vert svekt med alderen. Studien viser at utsikta, stillheita og mat og drikke gav turistane sanselege opplevingar som gjerne først og fremst gav kjensler av rekreasjon og avkopling, eit avbrekk frå det kvardagslege. Det kan vere vanskeleg å setje grenser mellom kva som gav glede og kva som gav avkopling, men alt i alt er funna er i tråd med korleis studien til Kastenholz mfl. (2020) viser at gode sanselege opplevingar kan knytast til utvikling av stadtilhørslse.

I Balestrandstudien viser fleire funn at det er i møta med menneske at dei britiske turistane fekk ekstra positive opplevingar, og desse funna høver godt med korleis omgrepet *stadidentitet* vert forklart: Den emosjonelle tilknytninga til ein stad vert skapte av gode opplevingar, noko som kan resultere i stadtilhørslse. Som vist i bolken over var det båtføraren sine forteljingar om dagleglivet sitt som

turistane framheva som årsak til at båtturen var ei spesiell oppleving. Denne samtalen skapte ein nærare relasjon mellom dei britiske turistane og staden Balestrand. Funna tyder på at det er samspelet mellom dei fysiske sanselege opplevingane og dei gode møta med menneske som gav dei britiske turistane ei sterk kjensle av glede. Interaksjonen eller samhandlinga som dei hadde med bygda og folka, bestod både av passiv nyting av natur, frå benk på kaien, gjennom hotellvindauga, utsikta over kaien og båtlivet, men også meir aktiv samhandling gjennom spaserturar i bygda eller vandreturar i fjellet der dei møtte bygdefolk som helsa og sa «hei» når dei passerte. Helsinga gjorde inntrykk på britane, det at bygdefolk helste sjølv om dei ikkje kjende dei. I tillegg opplevde fleire hyggjelege samtalar med serveringsdama på den lokale kafeen, eller med båtføraren på sightseeingturen på fjorden som fortalde om livet sitt som innbyggjar i Balestrand. Desse handlingane utgjør dei sosiale elementa som påverka opplevinga og bidrog til at opplevinga av bygda Balestrand var positiv. Den sosiale komponenten styrka deira tilknytning til staden, i samspel med sanselege opplevingar av synet av fjordutsikt og lyden av stillheit.

KONKLUSJON

I kapittelet stilte vi spørsmålet korleis kulturturisme bidreg til å utvikle reisemålet Balestrand sett i lys omgrepet «sense of place» og stadtilknytning. Eitt av funna viser at også utanlandske turistar som kjem til Norge motivert av natur, kan kategoriserast som *tilfeldige kulturturistar* (McKercher, 2002) idet dei også trekker fram ulike kulturopplevingar som eitt av høgdepunkta under Norges-reisa. Her svarar kapittelet vårt berre dels på utfordringa til Samarbeidsrådet, om å betre kunnskapen om kulturturisten, ettersom det er naturbaserte turistar vi studerer.

Eit anna funn er at den fysiske dimensjonen ved reisemålet Balestrand – ei lita sognebygd omkransa av eit fjordlandskap – gjev gode sanseopplevingar som skapar positive kjensler av avslapping og rekreasjon. Turistane tek med seg heim visuelle opplevingar, då især naturopplevingar som gjev positive opplevingar, og dermed styrkar tilknytninga til reisemålet. I tillegg vert lyd- og smakssans stimulert gjennom stillheit og ro, samt mat- og drikkeopplevingar, som igjen aukar tilknytninga. Det siste, men kanskje viktigaste funnet er at det er den sosiale dimensjonen som påverkar turistopplevingane særst positivt, og i kombinasjon med gode sanselege opplevingar oppstår positiv gledeskjensle. Dette skapar tilhøyrse, og dette får turisten til å tilrå reisemålet til andre og til å kome att sjølv ein dag. Reisemålet må difor granske nøyse alle personlege møte som ein turist kan ha i Balestrand: Korleis føregår møta, er alle møte opplevd like positive? Er både tilsette og innbyggjarar

klare over korleis dei påverkar turistane sine opplevingar? Sett i lys av omgrepet stadtilknytning kan nettopp det å styrke det sosiale aspektet også heve den heilskaplege opplevinga av reisemålet. Turistane får dermed eit sterkare band til reisemålet, og desse positive opplevingar bidreg til at turistane gjerne kjem att. Dei gode møta mellom menneske bidreg til å skape lojalitet til reisemålet, noko som på sikt kan gje gjenkjøp (Kastenholz, Marques & Carneiro, 2020). Dei fysiske fasilitetane må sjølvstøtt fungere slik at reisemålet si fysiske utforming må gje turistane det han treng av informasjon og skilt, men det er likevel stadidentiteten som vi meiner er viktigast for opplevinga. Kort sagt, reisemålet Balestrand må ha «hjarta på rette staden» og utvikle dei gode møta mellom menneske.

MERKNADER

Forfattarane har ingen interessekonflikta.

LITTERATUR

- Agnew, J.A. (1987). *Place and politics: the geographical mediation of state and society*. Boston og London: Allen and Unwin. <https://doi.org/10.1191/0309132503ph451xx>.
- Armbrecht, J., Lundberg, E., Andersson, T.D. & Mykletun, R.J. (2020). 20 Years of Nordic event and festival research: a review and future research agenda. *Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism*, <https://doi.org/10.1080/15022250.2020.1823245>.
- Berg, N.G. & Dale, B. (2004). Sted – begreper og teorier. I N.G. Berg, B. Dale, H.K. Lysgård & A. Løfgren (red.), *Mennesker, steder og regionale endringer* (s. 39–59). Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Berg, N.G. & B. Dale, (2015). Sted. Noen nyere teoretiske tilnærmingar og debatter. I M. Aure, N.G. Berg, J. Cruickshank & B. Dale (red.), 2015. *Med sans for sted. Nyere teorier* (s. 13–31). Bergen: Fagbokforlaget.
- Björk, P., Prebensen, N., Rääkkönen, J. & Sundbo, J. (2020). 20 Years of Nordic tourism experience research: a review and future research agenda. *Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism*. <https://doi.org/10.1080/15022250.2020.1857302>.
- Carneiro, M.J., Lima, J. & Silva, A.L. (2015). Landscape and the rural tourism experience: identifying key elements, addressing potential, and implications for the future. *Journal of Sustainable Tourism*, 23(8–9), 1217–1235. <https://doi.org/10.1080/09669582.2015.1037840>.
- Cassel, S.H. & Pashkevich, A. (2011). Heritage Tourism and Inherited Institutional Structures: The Case of Falun Great Copper Mountain. *Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism*, 11(1), 54–75. <https://doi.org/10.1080/15022250.2011.540795>.
- Clemetsen, M. & Krogh, E. (2010). Landskapsressursanalyse – Verktøy for mobilisering, stedsbasert læring og verdiskaping. I P.I. Haukeland (red.), *Landskapsøkonomi* (TF notat 263) (s. 51–76). Bø: Telemarksforskning.

- Cutler, S. & Carmichael, B. (2010). The dimensions of the tourist experience. I M. Morgan, P. Lugosi & B. Ritchie (red.), *The Tourism and Leisure Experience: Consumer and Managerial Perspectives* (s. 3–26). Bristol: Channel View Publications.
- Dale, B. & Berg N.G. (2012). Hva er stedsidentitet, og hvordan fanger vi den opp? I A. Førde, B. Kramvig, N.G. Berg & B. Dale (red.), *Å finne sted. Metodologiske perspektiver stedsanalyser* (s. 23–43). Trondheim: Akademika Forlag.
- Fossgard, K. & Stensland, S. (2020). Broadening the scope of resources in nature: an explorative study of nature-based tourism firms. *Journal of Ecotourism*. <https://doi.org/10.1080/15022250.2011.540795>.
- Fredman, P. & Margaryan, L. (2020). 20 years of Nordic nature-based tourism research: a review and future research agenda. *Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism* 16(4), 484–499. <https://doi.org/10.1080/15022250.2020.1823247>.
- Fredman, P. & Tyrväinen, L. (2010). Frontiers in Nature-Based Tourism. *Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism*, 10(3), 177–189. <https://doi.org/10.1080/15022250.2010.502365>.
- Frisvoll, S., Forbord, M. & Blekesaune, A. (2016). An Empirical Investigation of Tourists' Consumption of Local Food in Rural Tourism. *Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism*, 16(1), 76–93. <https://doi.org/10.1080/15022250.2015.1066918>.
- George, B.P. & George, B.P. (2004). Past Visits and the Intention to Revisit a Destination: Place Attachment as the Mediator and Novelty Seeking as the Moderator. *Journal of Tourism Studies*, 15(2), 51–66.
- Getz, D. & Andersson, T.D. (2010). The event-tourist career trajectory: A study of high-involvement amateur distance runners. *Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism*, 10(4), 468–491. <https://doi.org/10.1080/15022250.2010.524981>.
- Goolaup, S. & Mossberg, L. (2017). Exploring consumers' value co-creation in a festival context using a socio-cultural lens. I J. Ambrecht, E. Lundberg, T.D. Andersson & D. Getz (red.), *The Value of Events* (s. 39–57). London: Routledge. <https://doi.org/10.4324/9781315558950>.
- Gross, M. J. & Brown, G. (2008). An Empirical Structure Model of Tourists and Places: Progressing Involvement and Place Attachment into Tourism. *Tourism Management*, 29(6), 1141–51. <https://doi.org/10.1016/j.tourman.2008.02.009>.
- Gyimóthy, S. (2009). Casual observers, connoisseurs and experimentalists: A conceptual exploration of niche festival visitors. *Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism*, 9(2–3), 177–205. <https://doi.org/10.1080/15022250903157413>.
- Innovasjon Norge, 2015. *Vestlandsturistene*. Oslo. Epinion. Henta februar 2021 frå https://assets.simpleviewcms.com/simpleview/image/upload/v1/clients/norway/turistundersokelsen_2015_vestlandsturistene_bakgrunnsrapport_576ae244-71f3-4cd9-a9ef-16100074b446.pdf.
- Jepson, D. & Sharpley R. (2015). More than sense of place? Exploring the emotional dimension of rural tourism experiences. *Journal of Sustainable Tourism*, 23(8–9), 1157–1178. <https://doi.org/10.1080/09669582.2014.953543>.
- Jorgensen, B.S. & Stedman, R.C. (2001). Sense of Place as an Attitude: Lakeshore Owners' Attitudes toward Their Properties. *Journal of Environmental Psychology*, 21(3), 233–48. <https://doi.org/10.1006/jevps.2001.02>.

- Kaltenborn, B.P. (1998). Effects of Sense of Place on Responses to Environmental Impacts. *Applied Geography*, 18(2), 169–89. [https://doi.org/10.1016/S0143-6228\(98\)00002-2](https://doi.org/10.1016/S0143-6228(98)00002-2).
- Kastenholz, E., Marques, C.P., Carneiro, M.J. (2020). Place attachment through sensory-rich, emotion-generating place experiences in rural tourism. *Journal of Destination Marketing and Management* (18)100455. <https://doi.org/10.1016/j.jdmm.2020.100455>.
- Kulturdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet. (2019, 13. juni). *Strategi for kultur og reiseliv. Noreg som attraktiv kulturdestinasjon*. Henta februar 2021 frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/strategi-for-kultur-og-reiseliv.-noreg-som-attraktiv-kulturdestinasjon/id2654372/>.
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju* (2. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Lane, B. & Kastenholz, E. (2015). Rural tourism: the evolution of practice and research approaches – towards a new generation concept? *Journal of Sustainable Tourism*, 23(8–9), 1133–1156. <https://doi.org/10.1080/09669582.2015.1083997>.
- Mattsson, J. & Praesto, A. (2005) The Creation of a Swedish Heritage Destination: An Insider's View of Entrepreneurial Marketing. *Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism*, 5(2), 152–166. <https://doi.org/10.1080/15022250510014426>.
- Massey, D. (1994). *Space, Place, and Gender*. Minneapolis, MN: University of Minnesota Press.
- Massey, D. (2005). *For space*. London, Thousand Oaks, New Delhi: SAGE Publications.
- McKercher, B. (2002). Towards a Classification of Cultural Tourists. *International Journal of Tourism Research*, 4(1), 29–38. <https://doi.org/10.1002/jtr.346>.
- Morgan, P. (2009). Towards a developmental theory of place attachment. *Journal of Environmental Psychology*, 30(1), 11–22. <https://doi.org/10.1016/j.jenvp.2009.07.001>.
- Nærings- og fiskeridepartementet (2017). *Opplev Norge – unikt og eventyrlig*. (Stortingsmelding nr. 19 (2016–2017)). Oslo: Nærings- og fiskeridepartementet. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-20162017/id2543824/>.
- Olsen, H. (2002). *Dansk kvalitativ interviewforskning* (The Danish National Institute of Social Research Arbejdspapir 11). Henta frå <https://www.vive.dk/media/pure/6180/351436>.
- Prayag, G. & Ryan, C. (2012). Antecedents of Tourists' Loyalty to Mauritius: The Role and Influence of Destination Image, Place Attachment, Personal Involvement, and Satisfaction. *Journal of Travel Research*, 51(3), 342–356. <https://doi.org/10.1177%2F0047287511410321>.
- Proshansky, H.M., Fabian, A.K. & Kaminoff, R. (1983). Place identity: physical world socialization of the self. *Journal of Environmental Psychology*, 3, 57–83. [https://psycnet.apa.org/doi/10.1016/S0272-4944\(83\)80021-8](https://psycnet.apa.org/doi/10.1016/S0272-4944(83)80021-8).
- Quadri-Felitti, D. & Fiore, A.M. (2016). Wine tourism suppliers' and visitors' experiential priorities. *International Journal of Contemporary Hospitality Management*, 28(2), 397–417. <https://doi.org/10.1108/IJCHM-05-2014-0224>.
- Richards, G. (2018). Cultural Tourism: A Review of Recent Research and Trends. *Journal of Hospitality and Tourism Management* 36, 12–21. <https://doi.org/10.1016/j.jhtm.2018.03.005>.
- Samarbeidsråd for kultur og reiseliv 2017–2019 (2019, 6. juni). Powered by Culture, 2019. Slutt-rapport. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/samarbeidsrad-for-kultur-og-reiseliv-sluttrapport-4.-juni-2019-powered-by-culture/id2653652/>.

- Silva, C., Kastenholz, E. & Abrantes, J.L. (2013). Place attachment, destination image and impacts of tourism in mountain destinations, *Anatolia*, 24(1), 17–29. <https://doi.org/10.1080/13032917.2012.762312>.
- Smed, K., Dressler, S. & Have, P. (2016) The Vikings Are Here! Experiencing Volunteering at a Viking Heritage Site. *Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism*, 16(1), 94–109. <https://doi.org/10.1080/15022250.2015.1084149>.
- Smith, S. (2015) A sense of place: place, culture and tourism. *Tourism Recreation Research*, 40(2), 220–233. <https://doi.org/10.1080/02508281.2015.1049814>.
- Stedman, R. (2003). Is it really just a social construction? The contribution of the physical environment to sense of place. *Society & Natural Resources*, 16(8), 671–685. <http://dx.doi.org/10.1080/08941920309189>.
- Tuan, Y.F. (1977). *Space and place: The perspective of experience*. Minneapolis, MN: University of Minnesota Press.
- Tuan, Y.F. (1980). Rootedness versus Sense of Place. *Landscape*, 24, 3–8.
- UNWTO. (2018). *Tourism and Culture Synergies*. Madrid: UNWTO. Henta frå <https://www.e-unwto.org/doi/book/10.18111/9789284418978>.
- Williams, D.R., Patterson, M.E., Roggenbuck, J.W. & Watson, A.E. (1992). Beyond the Commodity Metaphor: Examining Emotional and Symbolic Attachment to Place. *Leisure Sciences*, 14, 29–46. <https://doi.org/10.1080/01490409209513155>.
- Williams, D.R. & Vaske, J.J. (2003). The Measurement of Place Attachment: Validity and Generalisability of a Psychometric Approach. *Forest Science*, 49(6), 830–40.



9. Geografi og tiltakslyst: tvilsame mytar eller snev av sanning?

Georg Arnestad, Torbjørn Årethun og Jon Gunnar Nesse

Samandrag Med data frå ein studie av entreprenørlyst og proaktiv personlegdom (eldsjelfaktor) blant ungdom i Sogn og Fjordane, leiter vi etter samanhengar mellom geografisk opphav og tiltakslyst. Vert mytane om slike skilnader stadfesta? Vi finn ingen skilnader i entreprenørlyst. Men kystgutar har høgare og sognejenter lægre eldsjelfaktor enn andre ungdomar i fylket. Mytane stemmer altså delvis, men berre når vi tek med kjønn som analysefaktor.

Abstract With data from a study covering entrepreneurial intentions and proactive personality among young people in Sogn og Fjordane, we look for correlations between geographical origin and entrepreneurial skills. Will myths about such differences be confirmed? We found no differences in entrepreneurial intentions. But coastal boys had a higher and girls from Sogn had a lower proactive personality than other youths. Therefore, myths partly prove to be true, but only when gender is included in the analysis.

Nøkkelord eldsjeler | entreprenørlyst | futedøme | indre strøk | kystkommunar | mytar

BAKGRUNN

Innleiingsvis vil vi presentere mytane om folk som bur i dei tre futedøma i Sogn og Fjordane, og kva mytane eventuelt seier om skilnadene i tiltakslyst, arbeidsvilje og arbeidsevne. Deretter presenterer vi statistikk som syner om det er eventuelle skilnader mellom futedøma når det gjeld sysselsetjingsgrad og talet på nyetablerte bedrifter. Dette er variablar som kan seie noko om skilnader i tiltakslyst mellom futedøma.

Mytane om futedøma

Ein myte var opphavleg ei forteljing om gudar og andre overnaturlige vesen, overlevert i munnleg form frå ein generasjon til ein annan. Ordet myte vert i dag nytta i ei vidare tolking, som ei forteljing om korleis verda er, korleis ho har vorte slik, og korleis ting heng saman på mange område. Mytar skil seg frå soger, fablar og epos ved at mange meiner mytar inneheld ein kjerne av sanning. Andre ser på ein myte som ei sjølvinnlysande sanning, men uansett kan mytar vere eit godt utgangspunkt for ei vitskapleg gransking.

Historisk sett har ein i Sogn og Fjordane lenge vore opptekne av kva for trekk som karakteriserer sogningar, sunnfjordingar og nordfjordingar, og kva som skil dei frå kvarandre. Tradisjonslitteratur har sidan midten av 1800-talet stort sett formidla dei same oppfatningane om folket i dei tre gamle futedøma.

«Største skilnaden på folk i Sogn og Fjordane fylke finn me mellom indresogningar og sunnfjordingar. Nordfjordingane kjem på ein måte midt mellom, ikkje geografisk, men åndeleg.» Slik innleier sogningen Jens Brekke (2010) boka si *Dei seie so ... om sogningen, sunnfjordingen og nordfjordingen*. På baksida av boka si summerer han opp: «Er sogningane hakkande galne, sunnfjordingane tilsvarende trege og nordfjordingane midt imellom?» Ja, seier Brekke (2010), og viser med fynd til både Eilert Sundt og Amund Helland. Sistnemnde karakteriserte i sitt verk om Nordre Bergenhus amt folk i dei tre futedøma på måtar som nok appellerer til ein humorist som Brekke:

- Sogn: «Befolkningen er ikke særdeles høi, mest af middelhøide, men velvoksen, muskuløs, kraftig og rask. ... Sogningens sind er lyst og let som hans tale og hans bevægelser, og noget ustadigt er der over ham» (Helland, 1901, s. 580).
- Sunnfjord: «Medens sogningen er spræk og letvindt, raptunget, livlig og ilter og tildels noget uvorren, er søndfjordingen mere tung og træg og af en stiltfærdig og sendrægtig karakter» (Helland, 1901, s. 582).
- Nordfjord: «Den indre fjord- og dalbefolkning er en vakker, slankbygget, muskuløs og kraftig race, seig og udholdende, og den giver endel af vort lands bedste soldateremner med en høi dygtighedsprocent ... » (Helland 1901, s. 583).

Men det er ikkje berre humoristen Jens Brekke og ironikaren Einar Førde (Førde, 2002a; 2002b) som har drege fram desse markerte skiljelinjene mellom folk i dei tre futedøma i fylket vårt. Fram til ganske nyleg har også faghistorikarar brukt å skildre slike (historiske) særtrekk ved folket i dei ulike futedøma. Dei går stort sett etter same lesten: Sunnfjordingen er treig, tung til sinns og tiltakslaus, (indre)sogningen er livleg og sutalaus, medan nordfjordingen er påliteleg, grannsam og uthaldande.

Fleire forskarar har framheva identitet som ein sentral ressurs i stadutvikling (Haukeland & Brandtzæg, 2019; Krane, 2020; Nygaard et al., 2009; Storvoll, 2020; Vestby, 2009; Vestby & Røe, 2004). Dette har absolutt mykje føre seg, men det er også fallgruver i tiltak basert på lokal identitet, som til dømes fare for stiafhengnad, altså det å bli låst fast i fortida (Jakobsen et al., 2001).

I takt med veksten i omfanget av litteratur kring region- og landsdelshistorie dei siste tiåra utvikla det seg ein fagleg diskusjon om og i kva grad det finst eit sett med ekte, stabile og autentiske fellestrekk ved innbyggjarane i landsdelar og regionar i Noreg. Dette gav rom for det ein kallar «essensialiseringar», det vil seie at «bestemte trekk ved regionen og dens innbyggere fremheves som ‘typiske’ eller ‘naturlige’» (Hundstad, 2012, s. 43). Men det er all grunn til å stille spørsmål ved dette. Og det er nettopp dét den framveksande «sosialkonstruktivismen» gjer. Den hevdar at «den sosiale virkeligheten er konstruert» og stiller spørsmål ved forhold i samfunnet som vert framstilte som «selvfølgelige». Det er derfor problematisk å hevde at «regionen eller dens innbyggere har et sett ‘ekte’ eller stabile og autentiske karakteristika». Og typiske trekk ved ein region kan forandre seg over «en relativt kort tidsperiode» (Hundstad, 2012, s. 43). Sørlandet vert her trekt fram.

Georg Arnestad (2016) har i sin artikkel om nordfjordidentiteten i *Nordfjordboka* lagt ei slik forståing til grunn. Han avskriv nordfjordingen som idealtipe. Men likevel, skriv Arnestad, «er vi alle i éin forstand ‘nordfjordingar’. Fjorden og landskapet pregar oss framleis, men gjer oss ikkje like. Identiteten vår ‘som uttrykk for opplevd og erfart fellesskap over tid er knytt til bygda og lokalsamfunnet’» (Arnestad, 2016, s. 27).

Han hevdar også at når vi ser på identitet som *identifikasjon*, er nordfjordidentiteten framleis levande og sterk. Kontrasteringa lever framleis i beste velgåande. Vi er ikkje, og vil ikkje vere, sunnfjordingar. Og slett ikkje sogningar. Arnestad (2016) trekkjer i staden fram eit skilje i lynne og mentalitet mellom bygdene i Indre og Ytre Nordfjord. Folk ute ved kysten er opne, kjappe, risikovillige, gamblar, tek sjansar, litt overflatiske, snakkar i store «bukstavar». Dei har vore på havet og tent gode pengar. Inne i fjorden er folket traustare, meir føreseielege, rolegare, bundne til jorda. Men stryningane er prega av sunnmørsk gründerånd og «tiltaksaktivitet». I Gloppen er det meir «vedtaksaktivitet» (Arnestad, 2016, s. 26).

Historikaren Narve Bjørgo (2008) skil i ein artikkel om regional identitet mellom identitetens utside og innside. Det kan ikkje, skriv han «vere rimeleg tvil om at det eg har kalla identitetens utside – den ytre livsstilen – er blitt globalisert og dermed uniformert» (Bjørgo, 2008, s. 7). Ytre kulturforskjellar har vorte «hovla ned».

Men vi må også spørje oss: gjeld denne uniformeringa også identitetens innside, altså vårt indre erfaringsperspektiv? Kan det tenkast at det her er bevart kjernar av identitetens historiske og geografiske dimensjon? Om dette står det strid i forskinga (Bjørge, 2008, s. 7).

Oppsummert vil vi hevde at det framleis finst både nordfjordingar, sunnfjordingar og sogningar. Men vi stiller oss skeptiske til oppfatninga om at det finst visse historisk gjevne og autentiske karaktertrekk som kan knytast til innbyggjarane i dei tre futedøma. Derimot identifiserer innbyggjarane seg gjerne med dei enkelte futedøma når det gjeld kontrastering overfor og samanlikning med (kvar)andre. Identitet fungerer altså godt som identifikasjon.

Fakta om Sogn og Fjordane

Finst det nokon registerbasert statistikk som kan gje ein peikepinn på om det er skilnader mellom futedøma når det gjeld tiltakslyst, slik mytane kan tyde på? I denne artikkelen er folketalsutviklinga, sysselsetjingsgraden og talet på nyetablerte bedrifter nytta som indikatorar på tiltakslyst. I perioden 1965–2019 vaks folketalet i Sogn og Fjordane frå 100 800 til 109 800, tilsvarande ein vekst på 8,9 %. Veksten er klart mindre enn landsgjennomsnittet, og berre Nordland og Finnmark har hatt lægre folketalsvekst i denne perioden. Om vi ser på futedøma, har Sogn hatt den svakaste folketalsutviklinga, med ein tilbakegang på 3400 personar i perioden (frå 40 800 til 37 400), deretter følgjer Nordfjord med ein nedgang på 700 (frå 33 400 til 32 700). Heile veksten i fylket, og litt til, kan altså tilskrivas Sunnfjord. Futedømet har fått 13 000 fleire innbyggjarar (frå 26 600 til 39 600) i perioden frå 1965 til 2019.

Det var også store skilnader i folketalsutviklinga mellom kommunar i same futedømet. Sogn og Sunnfjord har hatt kvar sin sterke motor, høvesvis Sogndal med ein folketalsvekst på 22,9 % i perioden 2000–2019 og Førde med ein vekst på 25,0 % i den same perioden. I tillegg har ein kommune som står på eigne bein i kvart av desse futedøma hatt ein viss vekst; Leikanger og Florø. Dei andre kommunane har anten hatt nedgang i folketalet eller ein svært moderat folketalsvekst.

Fram til tidleg på 1970-talet hadde også Årdal ein sterk folketalsvekst knytt til etableringa og utviklinga av aluminiumsverket i 1950- og 60-åra (Askheim & Thorsnæs, 2020), men dei siste 50 åra har kommunen hatt ein jamn tilbakegang i folketalet. Folketalsveksten i Florø har òg vorte mindre dei siste par tiåra.

I Nordfjord har det vore to motorar for vekst, Stryn og Eid, med ein folketalsvekst på høvesvis 7,5 % og 6,4 % i perioden 2000–2019. Desse motorane har

likevel hatt noko mindre trekraft for eige futedøme enn det Førde og Sogndal har hatt. Dei andre kommunane i Nordfjord har hatt negativ eller svært låg, positiv folketalsvekst.

Er det skilnader i tilknytninga til arbeidsmarknaden mellom dei tre futedøma? Blant personar i alderen 40–54 år var 88,0 % av sunnfjordingar sysselsette ved utgangen av 2019, medan dette var tilfellet for 87,6 % av sogningane og for 87,3 % for nordfjordingar. Dette er høvesvis små skilnader som kan skuldast at jordbruket har noko større omfang i Nordfjord, medan innslaget av offentlege arbeidsplassar er noko mindre enn i Sogn og i Sunnfjord. Den høge sysselsetjingsprosenten i Sunnfjord heng og saman med ein ung arbeidsstyrke og at det er stor etterspurnad etter yngre arbeidskraft i helsevesenet og i varehandelen, som begge er dei dominerande næringane i Førde.

Er det nokre skilnader i talet på nyetablerte verksemder mellom futedøma, noko som kan peika mot skilnader i tiltakslyst? I perioden 2009–2019 utgjorde talet på nye føretak i privat sektor, utanom primærnæringane, om lag 7–8 prosent av eksisterande føretak i alle dei tre futedøma og i tre av vekstkommunane Stryn og Eid i Nordfjord og Førde i Sunnfjord. Sogndal i Sogn hadde ei etableringsrate på 10 %.

Den registerbaserte statistikken støttar dermed i liten grad opp om mytane når det gjeld skilnader mellom futedøma. Då vil vi i det følgjande sjå på to andre, moglege forklaringar til mytane, ved å nytte to andre mål på tiltakslyst: entreprenørlyst, som er ønske om å starte eiga bedrift, og proaktiv personlegdom (eldsjelfaktor), som er ein type person som er initiativrik, som brenn for å setje i gang noko, og som ikkje bøyer seg for motstand. I metodekapittelet forklarar vi nærare korleis desse variablane blir operasjonaliserte.

Kyst kontra innland: Er det skilnader?

Kolle og Haaland (2006) skildrar Vestlandet som «den sjøvende landsdelen». Landskapet vender seg mot fjordane og mot havet, og sjøen har vore viktig både som ferdselsåre, matfat og inntektskjelde (sjøbruk). Tradisjonelt har sjøbruk omfatta fiske og fangst, men også sanking av dun, egg, tang, tare og rekved. Ringverknader av sjøbruket har vist seg i båtbygging og mykje anna (Kolle & Haaland, 2006). I nyare tid har sjølvsagt havbruk og petroleumsværksemd kome til. Kolle og Haaland (2006) nemner, utan å vise til kjelder, at «det har vorte hevda» at sjøbruket hadde størst økonomisk betydning på kysten, og at betydninga vart mindre di lenger inn i fjordane ein kom. Dette skiljet mellom ytre og indre strøk på Vestlandet er noko vi finn att i tradisjonlitteraturen. Kristian Elster d.e. (1872) skreiv om det vestlandske lynnet som skifta langs ein geografisk akse frå havet og ytre strøk til

fjordbotnen og dei indre strøka. Mennesketypen vart seigare, tregare, mindre religiøst grublande og meir stabil i livsstilen etter kvart som ein kom innover i landet. Han forklarte dette reint «naturdeterministisk», det vil seie at både dei ytre kjenneteikna ved eit individ, som kroppsform og ganglag, og eigenskapane til personen, som åtferd og haldningar, i stor grad er prega av den fysiske naturen, som til dømes topologi og klimatiske tilhøve som menneska lever i (Hansen, 2020).

I perioden 1965–2019 gjekk folketalet i kystkommunane i Sogn og Fjordane ned med 8,3 %, medan det var ein auke på 19,1 % i dei resterande kommunane. Kystkommunane hadde ein nedgang på mellom 14,0 % og 48,1 % med unnatak for Florø, der folketalet auka med 53,8 %. Noko av skilnaden mellom kystkommunane på den eine sida og kommunar i midtre og indre delar av fylket på den andre sida skuldast at dei to store vekstsentera, Førde og Sogndal, ligg i midtre del. Men sjølv om ein tek vekk desse to kommunane, har likevel folketalsveksten vore monaleg lægre i kystkommunane (–8,3 %) enn i dei andre delane av fylket (–2,1 %).

Bukve et al. (2006, s. 302) summerer det kort og godt opp slik: «Det er tale om at sør, kyst og by vinn, medan nord, fjord og bygd stagnerer.» Forklaringa er ifølgje Bukve et al. (2006) at Rogaland og Hordaland var komme lenger i moderniseringa enn Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Dei var dermed betre rusta for vekst innan viktige næringar som industri og tenesteyting.

Ulik utvikling mellom kyst og innland kan altså dokumenterast sør på Vestlandet, men i mindre grad i Sogn og Fjordane. Likevel lever det ei førestilling i Sogn og Fjordane om at folk utmed kysten er annleis enn dei lenger inne. I sitt arbeid med ein artikkel om nordfjordingen (Arnestad, 2016) intervjuar Georg Arnestad fleire nordfjordingar, mellom anna dei fire lokalavisredaktørane. Informantane hevda med styrke at det var store skilnader i mentalitet og lynne mellom dei ulike delane av Nordfjord. Særleg framheva dei vesentlege skilnader mellom Ytre og Indre Nordfjord.

Arnestads informantar hevda, med stor overtyding, at folk ute ved kysten, særleg i Vågsøy, var opne, kjappe, risikovillige, litt overflatisk og snakka i store bokstavar. Dei hadde vore på havet og tent gode pengar. Inne i fjorden var folket ifølgje informantane traustare, meir føreseielege, rolegare og bundne til jorda (Arnestad, 2016).

Når det gjeld lokal identitet forstått som mentalitet og lynne, vil vi hevde at det framleis finst eit skilje mellom indre og ytre strøk, i tråd med Arnestad (2016). Kor sterk denne identiteten framleis er, og korleis den gir seg utslag, er likevel vanskeleg å seie. Vi vil i utgangspunktet tru at vi kan få fram nokre ulikskapar mellom indre og ytre strøk når det gjeld entreprenørlyst og eldsjelsfaktor. Det er rimeleg å tru at begge desse eigenskapane er mest til stades hos kystbefolkninga.

LITTERATURGJENNOMGANG

Entreprenørlyst

Det er eit aukande omfang av internasjonal litteratur kring regionale skilnader i entreprenørskapslyst. Beugelsdijk og Noorderhaven (2004) utvikla ein indeks for å kunne måla den entreprenørielle kulturen i ulike område av Nederland, medan Tamásy (2006) fann signifikante regionale skilnader i Tyskland når det gjaldt haldningar til det å starta eiga bedrift og kva ein såg som viktige faktorar for å kunne lukkast som entreprenør.

I tillegg til å finna store variasjonar i entreprenørielle haldningar mellom forskjellige regionar i ulike EU-land, fann Bosma & Schutjens (2007) og at det var store skilnader i kva faktorar som betyr mest for dei regionale variasjonane. Dei fann at der var forskjellar i trua på eigne kunnskapar og evner når det gjaldt å skipa ei bedrift som varierte mest mellom regionar.

Det er ein samanheng mellom entreprenørielle haldningar og entreprenørielle handlingar. Ajzen, Czasch og Flood (2009) fann at samvariasjonen mellom haldningar og handlingar svara til ein korrelasjonskoeffisient på mellom 0,90 og 0,96. Tilsvarande tal frå ein norsk studie (Kolvereid & Isaksen, 2006) var 0,63 – ein indikasjon på at intensjonar forklarte cirka 40 % av variasjonen i åtferd. Ein metastudie frå USA viser derimot at entreprenørielle haldningar berre kan forklare om lag 27 prosent av variasjonen i entreprenørielle handlingar (Armitage & Conner, 2001).

For Noreg viser resultat frå GEM-studiar (Global Entrepreneurship Monitor) at menn har monaleg større entreprenørlyst enn kvinner. I perioden 2000–2012 stod kvinner for mellom 25 % og 30 % av den samla entreprenørielle aktiviteten i landet (Alsos et al., 2013, s. 18–19). I ei undersøking blant ungdom i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fann Nesse (2010) at jenter uttrykte mindre entreprenørlyst enn gutar. Også studiar frå andre land (Camelo-Ordaz et al., 2016; Espiritu-Olmos & Sastre-Castillo, 2015; Maes, Leroy & Sels, 2014; Minnitti et al., 2005) viser at entreprenørielle intensjonar blant kvinner er lægre enn blant menn. Det er altså ein rimeleg grunn til å ta med kjønn som analysefaktor.

Regionale skilnader i lysta og evna til å etablera verksemder kan skuldast anten individuelle kjenneteikn ved innbyggjarane eller ved utforminga av den lokale og regionale samfunns- og næringsstrukturen. Område med ei høgt utdanna befolkning og ein arbeidsstyrke med variert yrkesbakgrunn har gode føresetnader for entreprenørskap (Becker, 1964). Personar med høg, yrkesspesifikk utdanning og erfaring frå ein bestemt bransje har gode føresetnader for å kunne starte eiga verksemd innan denne bransjen. Sambandet mellom humankapital og entreprenørskap er likevel ikkje eintydig positivt i litteraturen, der det òg vert peikt på at personar med låg utdanning og lite arbeidserfaring, gjerne arbeidslause, har færre

alternativ på arbeidsmarknaden og derfor i større grad har driv til å starta eiga bedrift (Gimeno et al., 1997).

I område med stort innslag av personar med høg inntekt og stor formue, eller der mange finansinstitusjonar er nærverande, vil den samla tilgangen på risikovillig kapital vera stor. Slike regionar vil tendera til å ha fleire nyetablerarar enn andre (Blanchflower & Oswald, 1998; Kan & Tsai, 2006).

Næringsstrukturen i ein region har stor innverknad på entreprenørskapen. Område med stort innslag av offentlege arbeidsplassar og store, til dels dominerande private bedrifter verkar negativt på entreprenørlysta. Når ein ser vekk ifrå samanhengen mellom næringsstruktur og entreprenørskap, peikar lokal tilhøyrslse seg ut som den dominerande lokaliseringsfaktoren for nye bedrifter. Dette er mellom anna tilfellet for entreprenørar som startar bedrifter innan nye bransjar, som til dømes IT-bedrifter (Illeris & Jakobsen, 1991; Stam, 2007; Årethun et al., 2020). Lokale entreprenørar har i stor grad anten vakse opp på staden eller var tilflyttarar med lang arbeidserfaring frå nettopp denne staden (Lenz & Kulinat, 1997; Zander, 2004). I litteraturen vert det peika på to viktige grunnar til at lokalt entreprenørskap er den dominerande kjelda til regionale skilnader i etableringsratar. For det fyrste kan familien og dei sosiale omgjevnadene elles gje personen idear, kveik og hjelp til å starta eiga bedrift eller dei kan, gjennom sin eigen entreprenørielle aktivitet, visa aktøren at dette kan realiserast også på heimebane. Personen vil òg sjølv kjenna godt til kundebehov og tilgjengelege ressursar i eigen region (Shane & Venkataraman, 2000; Zander, 2004). For det andre er tilgangen til kapital større i eige nærområde, der ein har betre kjennskap til lokale finansinstitusjonar og, ikkje minst, ofte kjenner tilsette i desse institusjonane eller andre i regionen som difor lettare stiller kapital til rådvelde (Stam, 2007). Entreprenøren kan òg vente at lokale finansinstitusjonar har større tolsemnd med eventuelle periodevise betalingsvanskar, samstundes som det sosiale nettverket i lokalmiljøet i større grad enn andre stader vil støtte ein lokal entreprenør i vanskar. Dette gjer også at risikoen ved å etablere eiga verksemd i nærområdet er mindre enn å gå utanfor eigen region.

Proaktiv personlegdom (eldsjelfaktoren)

Personar med ein proaktiv personlegdom, eller eldsjeler, er framoverlente individ som leitar etter moglegheiter, tek initiativ og er trottige i arbeidet med å skapa liv og endringar i omgjevnaden (Bateman & Crant, 1993; Covey, 2004). Det er etter kvart ein omfattande litteratur som viser at personar med høg eldsjelfaktor i større grad enn andre både planlegg og etablerer eiga verksemd (Becherer & Maurer,

1999; Crant, 1996; Frank, Lueger & Korunka, 2007; Kickul & Gundry, 2002; Luthje & Franke, 2003; Prabhu et al., 2012). Dette heng saman med at nokre eigenskapar ved ein proaktiv personlegdom som det å vera frampå, sjå kva som er mogleg og vere meir risikovillig også kjenneteiknar fleirtalet av entreprenørane.

Det er også gjort undersøkingar som knyter proaktiv personlegdom til innovasjonsprosessar (Kickul & Gundry, 2002) og til ulike former for suksess i arbeidslivet (Fuller & Marler, 2009; Kim et al., 2009; Seibert et al., 1999; Thompson, 2005). Eldsjelfaktoren viser også samanheng med eigenskapar som læringsevne, målorientering og meistringstru (Fuller & Marler, 2009). Når det gjeld samanhengen mellom kjønn og proaktiv personlegdom, er resultatata sprikande. Seibert et al. (1999) og Årethun et al. (2017) fann at menn var meir proaktive enn kvinner. Crant (1996) og Li et al. (2010) fann derimot ingen skilnader mellom kjønna med omsyn til proaktiv personlegdom.

Merk at høg eldsjelfaktor ikkje er det same som høg entreprenørlyst. Ei eldsjel er ofte ein person som (også) etablerer og driv ideelle lag og foreiningar, samt ulike festivalar og ikkje-kommersielle opplevingstilbod. Desse personane vert ofte kalla lokalsamfunnsentreprenørar eller sosiale entreprenørar (Arbo & Bukve, 1990). Eldsjelene er ressursrike og aktive personar som greier å skape aktivitet og dermed mobilisere ressursar, både lokalt og utanfrå, noko som kan gje grunnlag for både auka tilflytting og auka kommersiell aktivitet i lokalområdet (Årethun et al., 2017).

Tiltakslyst og stadutvikling

«Stedsutvikling», eller på ikkje heilt godt nynorsk, «stadutvikling», er eit uttrykk som fangar opp i seg prosessar og tiltak som vert planlagde og sette i verk av både private og offentlege aktørar for å utvikle mest mogleg trivelege og attraktive stader for alle brukar- og interessegrupper (jf. definisjon av Lønning & Teigen, 2009, s. 2). Omgrepet rommar ei lang rekkje tema som er avgjerande for å skape livskraftige lokalsamfunn (jf. Vestby 2018, s. 2). Kobro (2011) lanserer omgrepet «stedsinnovasjon» for å karakterisere stadutviklingstiltak med positiv folketalsutvikling som mål.

«Staden» har vore eit lite lokalsamfunn, ein tettstad, ein (mindre) by, iblant også ein heil (by)region, byen og omlandet. Men etter kvart har stadutvikling kome til å handle meir om sentrumsutvikling i byar og tettstader. Opp gjennom åra har det vore store statlege satsingar på området, det har vorte utarbeidd ei rekkje stortingsmeldingar, statlege utviklingsprogram og ulike prisar for god (by- og) stadutvikling. Eit statleg senter, Distriktssenteret, med kontor i Sogndal, Steinkjer og Alstahaug, vart oppretta i 2008 for å arbeide med og systematisere erfaringar og

kunnskap om lokale utviklingstiltak. I dag arbeider senteret mest med å styrkje attraktiviteten til kommunar og regionar. Seinast i oktober 2020 inviterte senteret saman med to andre aktørar kommunar til å delta i eit nytt innovasjonsprogram for å styrkje distriktskommunars arbeid med smart og berekraftig stad- og næringsutvikling.

Ulike trendar og tankegoods har sjølvsagt prega arbeidet med stadutvikling dei siste 30 åra. Vestby (2018, s. 17–26) peikar i sitt oppsummeringsnotat på fleire slike trendar. Frå «innflytterplage til tilflytterjakt» er éin slik trend, frå «røtter og lokal-patriotisme til stedstilhørighet og stolthet over stedet» er ein annan. Ein tredje er frå «jakten på den kreative klassen til mer heimlege trakter», og ein fjerde er frå «romjultreff til stedsprofilering og markedsføring». Tendensen er at ein stolar meir på eigne krefter, stadens verdiar og lokal mentalitet. Vestby (2018, s. 26) strekar vidare under at ho har observert ein positiv tendens til at profileringskampanjane no rommar «hele den funksjonelle regionen», at jobbmoglegheiter og gründerverksemd vert koplade til «det gode liv»-kvalitetar i regionen og at det er eit tydelegare samarbeid mellom lokale/regionale offentlege myndigheiter og næringslivet. Dette meiner ho er i tråd med at desse aktørane samarbeider meir om lokalsamfunnsutvikling enn tidlegare.

I dette siste perspektivet vil ei auka innsikt i moglege samanhengar mellom verdiar, haldningar og identitet lokalt/regionalt og ulike former for tiltakslyst og entreprenørskap kunne vere eit bidrag i arbeidet med positiv stadutvikling både på eit regionalt og eit lokalt nivå.

Mykje av litteraturen om stadutvikling handlar om sjølvoppofrande entusiastar som står på for å få til noko, som festivalar, opplevingstilbod, idrettstilbod, frivillig arbeid eller å starte og drive bedrifter. Tiltakslystne personar, ofte kalla eldsjeler eller entreprenørar, er ein viktig føresetnad for stadutvikling. Arbo & Bukve (1990) forklarar til dømes gode resultat i to stadutviklingsprosjekt (Melbu og Jostedalen) med eldsjeler som fungerte som lokalsamfunnsentreprenørar. Andre som har skrive om kva betydning slike eldsjeler eller samfunnsentreprenørar har for stadutvikling, er Alsos (2010), Breirem (2016), Haraldseid (2019), Rønning (2010) og Rønning et al. (2010). Dette blir også understreka av Vestby et al. (2014, s. 10), som skriv at «ildsjeler kan og bør defineres og verdsettes som utviklingsaktører i langt sterkere grad enn hva som er tilfellet mange steder». Ein hovudkonklusjon i Vestby et al. (2014) si undersøking av norske eldsjeler i frivillig arbeid og stadutvikling, er at eldsjelene må trekkjast med fordi dei brenn for den aktuelle saka og for lokalsamfunnet. Dessutan kjenner dei gjerne lokalsamfunnet godt, med den lokale kulturen og historia, og har eit godt nettverk. Vidare motiverer dei med glød og entusiasme andre til innsats.

I ei undersøking i Høylandet kommune fann Skarholt (2014) at eldsjeler bidrog positivt i utviklinga av lokalsamfunnet gjennom å skape felles identitet, bygge eit godt omdøme og skape nye næringar og nye bedrifter. Dei var dessutan flinke til å mobilisere andre til innsats. Onsager et al. (2011) studerte Sandøy kommune si gode utvikling med vekst i arbeidsplassar og folketal. Dei identifiserte fire suksessfaktorar, der den eine var ein kultur for entreprenørskap og innovasjon, med ivrige føregangspersonar og eldsjeler. I ein studie av 15 suksessrike distriktskommunar fann Kobro et al. (2012) ein del interessante fellestrekk:

En rekke funn fra studien peker mot egenskaper ved stedets utviklingskultur, sentrale aktørers evner til å ta vare på de anledningene som byr seg, og det handlingsrommet som gis til ildsjeler og innovatører, både i offentlig sektor, privat næringsliv og i sivilsamfunnet (Kobro et al., 2012, s. 2).

Desse utdraga frå litteraturen viser at det både er interessant og relevant å studere entreprenørar og eldsjeler i samband med stadutvikling. Her ser vi spesielt på geografiske variasjonar i tiltakslyst. Gjennom meir kunnskap om eldsjelene håpar vi at det blir lettare å betre utnytte den ressursen eldsjelene står for, både når det gjeld arbeidsplassutvikling og plassattraktivitet, noko som er etterlyst av Kobro et al. (2012), jf. også Årethun et al. (2017). Sidan grad av entreprenørlyst og eldsjelfaktor kan variere mellom kjønna, har vi valt å skilje mellom gutar og jenter i hypotesane nedanfor.

Hypotesar om skilnader mellom futedøma:

H1: Gutar frå Nordfjord har høgare entreprenørlyst enn gutar frå Sunnfjord og Sogn.

H2: Jenter frå Nordfjord har høgare entreprenørlyst enn jenter frå Sunnfjord og Sogn.

H3: Gutar frå Nordfjord har større grad av proaktiv personlegdom enn gutar frå Sunnfjord og Sogn.

H4: Jenter frå Nordfjord har større grad av proaktiv personlegdom enn jenter frå Sunnfjord og Sogn.

Hypotesar om skilnadene mellom vekstkommunar og andre delar av Sogn og Fjordane:

H5: Gutar frå vekstkommunane Eid, Førde, Sogndal og Stryn har høgare entreprenørlyst enn gutar frå andre delar av Sogn og Fjordane.

H6: Jenter frå vekstkommunane Eid, Førde, Sogndal og Stryn har høgare entreprenørlyst enn jenter frå andre delar av Sogn og Fjordane.

H7: Gutar frå vekstkommunane Eid, Førde, Sogndal og Stryn har høgare eldsjelfaktor enn gutar frå andre delar av Sogn og Fjordane.

H8: Jenter frå vekstkommunane Eid, Førde, Sogndal og Stryn har høgare eldsjelfaktor enn jenter frå andre delar av Sogn og Fjordane.

Hypotesar om skilnader mellom kystfolk og personar busette lenger inne i fylket.

H9: Gutar frå kystkommunar har høgare entreprenørlyst enn gutar frå midtre og indre strøk.

H10: Jenter frå kystkommunar har høgare entreprenørlyst enn jenter frå midtre og indre strøk.

H11: Gutar frå kystkommunar har i større grad proaktiv personlegdom enn gutar frå midtre og indre strøk.

H12: Jenter frå kystkommunar har i større grad proaktiv personlegdom enn jenter frå midtre og indre strøk.

DATA OG METODE

Vi vil i dette kapittelet gjera greie for datainnsamlingsmetode og korleis vi operasjoniserte variablane i modellen vår. Vi har nytta t-testar for å testa hypotesar om samanhengen mellom entreprenørskapslyst og sentrale forklaringsvariablar vi finn i litteraturen. Svarkategorien «veit ikkje» var inkludert i nokre av spørsmåla. I våre analysar er denne variabelverdien fjerna, slik at respondentar med dette svaralternativet ikkje er med i grunnlagsmaterialet når dei aktuelle spørsmåla blir analyserte.

Datamaterialet i denne undersøkinga er samla inn ved ti vidaregåande skular i tidlegare Sogn og Fjordane fylke våren 2011. Elevane vart mellom anna spurde om kjønn, foreldres bakgrunn, heimstadkommune, karriereanker (Schein, 1975), haldningar til å starta eiga bedrift og ein del andre haldningsspørsmål (mellom anna om proaktiv personlegdom, som er forklart nedanfor). Ingen av spørsmåla var sensitive, og undersøkinga var anonym.

Forskarane hadde eit tett samarbeid med leiing og lærarstab ved dei vidaregåande skulane, slik at alle avgangselevane som var til stades den aktuelle dagen, svarte på eit spørjeskjema, i alt 1124 elevar med bustadadresse i Sogn og Fjordane.

Låg intern svarprosent på nokre av dimensjonane som utgjer omgrepa eldsjelfaktor og entreprenørlyst, gjer at det er monaleg færre respondentar i somme tabellar.

I denne artikkelen vert resultatata presentert som krysstabellar, sjølv om skilnader mellom grupper, som til dømes skilnader mellom kyst og innland og mellom ulike futedøme, er analysert ved bruk av t-testen for to, uavhengige utval. Skilnader kommentert i tabellane, er difor grunna i resultat frå t-testane.

I våre analysar nyttar vi to avhengige variablar; entreprenørskapslyst og proaktiv personlegdom. Begge desse variablane er sett saman av fem undervariablar, operasjonalsert som påstandar i spørjeskjemaet, der kvar av påstandane er målt med ein 4-/5-punkts Likert-skala frå 1 («heilt einig») til 4 eller 5 («heilt ueinig»). Skåren på dei fem relevante påstandane er summert slik at den samansette variabelen, entreprenørskapslyst, fekk verdiar frå 5 til 24. Det same vart gjort for variabelen proaktiv personlegdom. Dette inneber at låge verdiar på den samansette variabelen indikerer høvesvis stor entreprenørskapslyst eller stor grad av proaktiv personlegdom, og vice versa.

Tabell 9.1. Undervariablane til entreprenørlyst

Påstandar (undervariablar)	Måleskala	Variabelverdiar
Påstand 1: Det er betre å ha si eiga bedrift enn å jobba for andre	5-punkts ordinal skala	1 = heilt einig 5 = heilt ueinig
Påstand 2: Eg ville starte mi eiga bedrift sjølv om faren for økonomisk tap er stor	5-punkts ordinal skala	1 = heilt einig 5 = heilt ueinig
Påstand 3: Eg kunne ikkje tenkje meg å etablere eiga bedrift	5-punkts ordinal skala	Motsett koda: 1 = heilt ueinig 5 = heilt einig
Påstand 4: Det å ha si eiga bedrift inneber ein livsstil som passar meg bra	5-punkts ordinal skala	1 = heilt einig 5 = heilt ueinig
Påstand 5: Kor aktuelt er yrket: drift av eiga bedrift?	4-punkts ordinal skala	1 = svært aktuelt 4 = svært lite aktuelt
Entreprenørlyst		Summen av verdien på kvar av dei fem undervariablane. Verdi frå og med 5 til og med 24

Tabell 9.2. Undervariablane til proaktiv personlegdom

Påstandar (undervariablar)	Måleskala	Variabelverdiar
Eg likar å møte og overvinne hindringar for ideane mine	5-punkts ordinal skala	1 = heilt einig 5 = heilt uenig
Ingenting er meir spennande enn å sjå idear bli verkelege	5-punkts ordinal skala	1 = heilt einig 5 = heilt uenig
Eg har eit spesielt talent når det gjeld å finne moglegheiter	5-punkts ordinal skala	1 = heilt einig 5 = heilt uenig
Eg elsker å utfordre etablerte løysingar	5-punkts ordinal skala	1 = heilt einig 5 = heilt uenig
Eg kan sjå gode moglegheiter lenge for andre	5-punkts ordinal skala	1 = svært aktuelt 5 = svært lite aktuelt
Proaktiv personlegdom		Summen av verdien på kvar av dei fem undervariablane. Verdi frå og med 5 til og med 25

Vi gjennomførte ein reliabilitetstest, Cronbachs alfa, for begge dei samansette variablane for å testa om det var høg nok korrelasjon mellom undervariablane i kvart av dei fem setta til at det var metodisk forsvarleg å aggregere dei.

For variabelen *entreprenørlyst* fann vi at Cronbachs alfa for dei fem undervariablane var 0,835, medan han for variabelen *proaktiv personlegdom* var 0,818. For begge dei samansette variablane ligg verdien på Cronbachs alfa over den nedre grensa for intern konsistens (0,75) som vart tilrådd av Crano og Brewer (2002). Testen indikerer dermed at det er forsvarleg å aggregere dei to setta av undervariablar.

I analysane våre er kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane fylke delt langs tre dimensjonar (merk at gamal kommuneinndeling er nytta, altså kommuneinndeling slik ho var i 2011):

- Vekstkommunar (Eid, Førde, Sogndal og Stryn) versus andre kommunar
- Kommunar i dei tre historiske futedøma Nordfjord, Sunnfjord og Sogn
- Kystkommunar versus andre kommunar (kommunar i midtre og indre delar av Sogn og Fjordane)

Kommuneinndelingane ligg i vedlegg 1 og følgjer respondentane sin heimstadkommune. For å skilja *entreprenørlyst* og *proaktiv personlegdom* mellom ulike futedøme og mellom kyst- og innlandskommunar har vi nytta t-testen for uavhengige utval.

RESULTAT OG DRØFTING

Analysane viser at ca. 14 % av respondentane har høg entreprenørlyst, ca. 65 % har middels entreprenørlyst, og ca. 21 % har låg entreprenørlyst. Tilsvarende tal for eldsjelfaktoren er 15 % (høg), 67 % (middels) og 21 % (låg).

Totalmaterialet gir ingen skilnader i tiltakslyst mellom vekstkommunar og andre, mellom futedøme eller mellom kyst og innland. Derfor skilde vi mellom jenter og gutar i våre hypotesar, og la oss no sjå på resultatata av hypotesetestinga.

Vi finn inga støtte for hypotesane om at jenter og gutar frå dei fire vekstkommunane i Sogn og Fjordane (Eid, Førde, Sogndal eller Stryn) har større entreprenørlyst eller høgare eldsjelfaktor enn jenter og gutar frå andre delar av fylket. Hypotesane H5, H6, H7 og H8 blir derfor forkasta.

Når det gjeld futedømedimensjonen, var det ingen signifikante skilnader å finne når det gjeld entreprenørlyst. Entreprenørlysta var altså ganske lik mellom jenter og gutar i alle tre futedøma. Hypotesane H5 og H6 vart følgjeleg forkasta. Men når vi såg på eldsjelfaktoren, var det signifikante skilnader når det gjeld jenter, men ikkje blant gutar. Det viste seg at jenter frå Nordfjord og Sunnfjord hadde signifikant høgare eldsjelfaktor enn jenter frå Sogn. Dette er vist i tabell 9.3, som viser at ca. 13 % av fjordajentene, mot 5 % av sognejentene, har høg eldsjelfaktor. H4 blir derfor styrkt, medan H3 blir forkasta.

Tabell 9.3a. Prosentdel med ulik styrke på eldsjelfaktoren blant jenter i ulike futedøme i Sogn og Fjordane

	Sogn	Sunnfjord	Nordfjord	I alt
Høg eldsjelfaktor	5,3 %	13,9 %	12,6 %	11,3 %
Middels eldsjelfaktor	60,5 %	65,8 %	65,1 %	64,4 %
Låg eldsjelfaktor	34,2 %	20,3 %	22,3 %	24,4 %
Totalt	100,0 % (N=114)	100,0 % (N=187)	100,0 % (N=175)	100,1 % (N=476)

*Gjennomsnitt Sogn < Gjennomsnitt Sunnfjord med sign.sannsyn = 0,0 %

*Gjennomsnitt Sogn < Gjennomsnitt Nordfjord med sign.sannsyn = 0,2 %

Tabell 9.3b. Resultat frå t-testen av skilnader i eldsjelfaktor blant jenter i dei tre futedøma

	Sogn	Sunnfjord	Nordfjord
Sogn		1,502 (<0,1 %)	1,283 (0,2 %)
Sunnfjord	-1,502 (<0,1%)		-0,218 (53,3 %)
Nordfjord	-1,283 (0,2 %)	0,218 (53,3 %)	

Tal utanfor parentes: Skilnad i indikatorverdi mellom futedøme i kolonne og i rad.

Tal i parentes: Signifikanssannsyn

Det er heller ingen signifikante skilnader i entreprenørlyst mellom kystkommunane og midtre/indre delar av Sogn og Fjordane. Vi fann altså ingen skilnader i entreprenørlyst mellom jenter og gutar i kystkommunar samanlikna med dei lengre inne i landet. Det betyr at hypotesane H9 og H10 må forkastast. Men interessant nok viser det seg at eldsjelfaktoren slår positivt ut for kystgutane, som altså har høgare eldsjelfaktor enn gutane i midtre og indre strøk. Tabell 9.4 viser til dømes at nesten ¼ av kystgutane har høg eldsjelfaktor, samanlikna med 1/6 av gutane i innlandet. Blant jentene var det ingen slike skilnader. Hypotesen H11 blir derfor styrkt, medan H12 må forkastast.

Tabell 9.4. Prosentdel med ulik styrke på eldsjelfaktoren blant gutar. Fordelt på kystkommunar og midtre og indre kommunar i Sogn og Fjordane

	Kystkommunar	Midtre/indre kommunar	I alt
Høg eldsjelfaktor	23,7 %	16,8 %	19,0 %
Middels eldsjelfaktor	63,3 %	70,7 %	68,3 %
Låg eldsjelfaktor	13,0 %	12,5 %	12,7 %
Totalt	100,0 % (N = 169)	100,0 % (N = 352)	100,0 % (N = 521)
Skilnad i indeks *	0,767		
Skilnad Signifikanssannsyn	1,7 %		

*Gjennomsnitt kystkommunar – Gjennomsnitt midtre/indre kommunar.

Dei små skilnadene i ønske om å skipa eiga bedrift mellom ungdom frå ulike delar av Sogn og Fjordane, vert spegla i tilsvarende små, regionale skilnader i etableringsratane. Om vi definerer etableringsratar som talet på nyetablerte bedrifter i privat sektor (med unnatak av primærnæringane) i høve til folketalet i aldersgruppa 20–64 år i åra 2008–2013, så ligg denne mellom 7 % og 8 %, anten vi ser på futedøme, kyst/innland eller 3 av dei 4 vekstkommunane. Berre Sogndal skil seg litt ut, med om lag 10 %.

Litteratur om haldningar til entreprenørskap og kven som startar eiga bedrift, viser at sannsynet for å planleggja og starta eiga bedrift aukar dersom ein av, eller begge, foreldra også er sjølvstendig næringsdrivande (Nesse, 2010). I den undersøkinga var det ingen skilnader mellom kystgutar og gutar frå andre delar av fylket når det gjeld prosentdelen med foreldre som er sjølvstendig næringsdrivande. Om lag 41–42 prosent av begge gruppene hadde minst ein forelder som dreiv eiga bedrift.

Det er heller ingen skilnader i graden av forventta støtte frå familie og vener om ein ønskjer å starta eige bedrift. Om lag 25 % av respondentane både frå kystkommunane og kommunane i andre delar av Sogn og Fjordane har særskilde høge forvent-

ningar til den støtta dei kan få. Også når det gjeld tilgangen på denne typen av sosial kapital, stiller altså gutar frå kystkommunar og dei andre kommunane likt.

Dette inneber at korkje data om entreprenørskapslyst, nyetableringar eller om variablar som ein ventar påverkar entreprenørlyst og nyetableringar, tilseier at det er nokre skilnader i viljen og evna til å starta eige verksemder mellom ulike futedøme eller mellom kyst og innland i Sogn og Fjordane.

Når det gjeld eldsjefaktoren, kan ulik skår på denne dels bli reflektert i skilnader i personlege eigenskapar eller haldningar som blir danna tidleg og som er styrande for karriereval seinare i livet. Desse vert kalla karriereanker (Schein, 1975; 1978; 1990), og vi har i denne artikkelen målt karriereanker ved spørsmål om å gradere kor viktige fem ulike faktorar er når ungdommen skal gjera sitt karriereval. Desse er: ønske om autonomi, sikker framtid, å skape noko nytt, å bli leiar eller å dyrke faglege interesser.

I analysane fann vi at gutar i kystkommunane i større grad enn gutar frå indre delar av fylket var samde i at det å bli leiar og det å skape noko nytt er viktige karriereanker. Trass i skilnader i eldsjefaktor mellom fjordajenter og sognejenter fann vi ikkje signifikante skilnader i karriereanker på 5 %-nivået. Skilnaden når det gjaldt karriereankeret å dyrka faglege interesser, er likevel signifikant på 10 %-nivået, med eit signifikanssannsyn på 6,8 %, i favør av fjordajenter. Den moderate samanhengen kan tyde på at fjordajenter i større grad har bestemt seg for framtidig karriereveg enn sognejentene.

I litteraturgjennomgangen såg vi at personar med tiltakslyst er ein viktig føresetnad for vellukka stadutvikling (t.d. Kobro et al., 2012; Skarholt, 2014; Vestby et al., 2014). Kunnskapar om personar med tiltakslyst er derfor viktig å få på bordet. Vi har her funne tydelege geografiske skilje i eldsjefaktoren, ved at kystgutar og fjordajenter utmerker seg i positiv lei. For geografiske område med mange eldsjeler gir dette eit potensial for utvikling. Bateman og Crant (1993) og Covey (2004) viser at eldsjeler er framoverlente og initiativrike personar som skapar og bidreg til auka aktivitet. Undersøkinga vår tyder på at geografiske skilnader i tiltakslyst mellom ulike delar av Sogn og Fjordane ikkje gjev seg utslag i form av forskjellar i lysta til å etablere eiga bedrift, men derimot i skilnader i lysta til å skape lokale, ikkje-kommersielle aktivitetar. Desse skilnadene i sosialt entreprenørskap (Arbo & Bukve, 1990) kan over tid gjera det meir attraktivt å flytta til kyststrøka og til Sunnfjord/Nordfjord (Årethun et al., 2017).

Resultata er ein tankekross for dei områda som kjem svakare ut, som Indre Sogn. For å finne meir ut av kva som kan gjerast, trengst det meir forskning, kanskje med andre metodar enn spørjeskjema. Spørjeskjema har den fordel at ein når ut til mange, men ved å bruke intervju eller fokusgrupper kan ein kome meir i djupna på utfordringane.

KONKLUSJON

Mytane om den driftige nordfjordingen, den gjerandslause sunnfjordingen og den korttenkte og impulsive sogningen finn vi få spor av i denne analysen. Det er ikkje skilnader korkje i lysta eller evna til å etablera eiga bedrift mellom ungdom frå ulike delar av Sogn og Fjordane, og statistikken syner at det heller ikkje er skilnader i kor mange bedrifter som faktisk vert etablert. Dette er i tråd med Ajzen et al. (2009), Armitage og Conner (2001) og Kolvereid og Isaksen (2006), som også fann ein samvariasjonen mellom entreprenørielle haldningar og handlingar.

Derimot er det nokre skilnader i graden av proaktiv personlegdom, der gutar på kysten og jenter i Fjordane har høgare eldsjelfaktor enn høvesvis gutar i indre delar av fylket og jenter i Sogn. Dette inneber at hypotese H8 (jenter frå Nordfjord har større grad av proaktiv personlegdom enn jenter frå Sunnfjord og Sogn) og hypotese H11 (gutar frå kystkommunar har i større grad proaktiv personlegdom enn gutar frå midtre og indre strøk) vert styrkt, dei 10 andre hypotesane vert svekte.

Vi har ikkje funne nokre andre relevante skilnader mellom fjordajenter og sognejenter som kan forklare noko av skilnadene i deira proaktive personlegdom. Konklusjonane inneber at kysten har gutar med høg eldsjelfaktor, medan Fjordane har dei same eigenskapane blant jentene. Dette inneber at det her ligg eit potensial for sosialt entreprenørskap med utvikling av lokale kulturtilbod og aktivitetar som kan skapa større bulyst og tiltrekkje seg fleire innflyttarar. utfordringa vert å få jenter langs kysten og fjordagutar til i større grad å engasjera seg i lag, organisasjonar og anna frivillig arbeid. Medan kystkommunane har sine framoverlente gutar og fjordane har sine proaktive jenter, men kva har Indre Sogn?

Næringsstrukturen i Indre Sogn har eit stort innslag av offentleg forvaltning og tenesteyting, og store, private bedrifter. Sjølv om denne bransjesamansetjinga isolert sett skulle tilseie låg entreprenørlyst og låge etableringsratar samanlikna med andre delar av Sogn og Fjordane, så viser analysane at dette ikkje er tilfellet. Mange av arbeidsplassane i Indre Sogn krev høgare utdanning, noko som truleg gjer at tilflyttinga i stor grad er driven av etterspurnaden etter arbeidskraft med høg utdanning. Då får andre attraksjonsfaktorar mindre betydning, og området vil difor vera sårbart om aktiviteten i offentleg forvaltning vert redusert og ein samstundes har låg eldsjelfaktor blant ungdom. I ein slik omstillingsperiode vil det vere behov for at sosialt entreprenørskap aukar og bidreg både til å oppretthalde tilflyttinga og, ikkje minst, reduserer utflyttinga.

Analysen vår peikar i særleg grad på eitt verkemiddel som kan auka tiltakslysta blant ungdom. Dette dreier seg om å stimulere lysta til å bli leiarar og å skapa noko nytt, mellom anna ved å sette eit større fokus på entreprenørskapsopplæring og å leggja til rette for skiping av lag og organisasjonar, slik at personar i lokalmiljøet får betre tilgang til aktivitetar å engasjera seg i.

MERKNADER

Forfattarane har ingen interessekonflikhtar.

LITTERATUR

- Ajzen, I., Czasch, C. & Flood, M.G. (2009). From intentions to behavior: Implementation intention, commitment, and conscientiousness. *Journal of Applied Social Psychology*, 39 (6), 1356–1372.
- Alsos, G.A. (2010). Ildsjeler og samfunnsentreprenører. I O.J. Borch & A. Førde (red.), *Innovative bygdemiljøer* (s. 27–38). Bergen: Fagbokforlaget.
- Alsos G.A., Bullvåg E., Clausen T.H., Kolvereid L. & Åmo B.W. (2013), *Global entrepreneurship monitor. Entreprenørskap i Norge 2012*, Bodø: Handelshøgskolen.
- Arbo, P. & Bukve, O. (1990). Regionalpolitiske sruoperasjoner og lokale handlingsmiljø. I H. Baldersheim (red.), *Fornyelse nedefra* (s. 101–136). København: NordREFO/Akademisk Forlag.
- Armitage, C.J. & Conner. M. (2001). Efficacy of the theory of planned behaviour: A meta-analytic review. *British Journal of Social Psychology*, 40 (4), 471–499.
- Arnestad, G. (2005). *Vestlendingen – finst ho eller han og eventuelt kvar helst? Ein frittstående artikkel om kultur og identitet. Ei utgreiing for Vestlandsrådet*. Sogndal: HSF.
- Arnestad, G. (2016). Nordfjordingen. I J. Tvinnereim (red.), *Nordfjordboka. Kulturhistorisk vegvisar* (s. 22–28). Førde: Selja Forlag.
- Askheim, S. & Thorsnæs, G. (2020, 29. januar). Sogn og Fjordane – tidligere fylke. I *Store norske leksikon*. Henta 31. mars 2020 frå https://snl.no/Sogn_og_Fjordane_-_tidligere_fylke.
- Bateman, T.S. & Crant J.M. (1993). The Proactive Component of Organizational Behavior: A Measure and Correlates. *Journal of Organizational Behavior*, 14(2), 103–118.
- Becherer, R.C. & Maurer, J.G. (1999). The proactive personality disposition and entrepreneurial behaviour among small company presidents. *Journal of Small Business Management*, 37(1), 28–36.
- Becker, G.S. (1964). *Human capital: a theoretical and empirical analysis*. Columbia University Press: New York.
- Beugelsdijk, S. & Noorderhaven, N. (2004). Entrepreneurial attitude and economic growth: A cross-section of 54 regions. *Annals of Regional Science*, 41(4), 346–365.
- Björgo, N. (2008, februar). *Kva vart det av vestlandsidentiteten? Om identitet, vestlandshistorie og regionbygging*. Foredrag, Fosshaugane Campus, 06.02.08.
- Blanchflower, D.G. & Oswald, A.J. (1998). What makes an entrepreneur? *Journal of Labor Economics*, 16, 26–60.
- Bosma, N. & Schutjens, V. (2007). Patterns of Promising Entrepreneurial Activity in European Regions. *TESG Tijdschrift voor Economische en Sociale Geografie*, 98(5), 675–686.
- Breirem, I.M. (2016). *Velkommen til Havfolket. En studie av stedsidentitet, mobilisering og samfunnsentreprenørskapsprosesser i Træna*. Masteroppgåve, UiT Norges arktiske universitet. Tromsø, UiT.

- Brekke, J. (2010). *Dei seie so...om sogningen, sunnfjordingen og nordfjordingen*. Førde: Selja Forlag.
- Bukve, O., Aurvåg Farsund, A. & Amdam, J. (2006). Næringsliv og sysselsetjing i vår tid. I K. Helle, O. Grepstad, A. Lillehammer, & A.E. Tryti (red.), *Vestlandets Historie. Bind 1: Natur og næring* (kapittel 6, s. 296–339). Bergen: Vigmostad & Bjørke.
- Camelo-Ordaz, C., Diáñez-González, J.P. & Ruiz-Navarro, J. (2016). The influence of gender on entrepreneurial intention: The mediating role of perceptual factors. *BRQ Business Research Quarterly*, 19(4), 261–277.
- Covey, S.R. (2004). *The 7 Habits of Highly Effective People*. Englewood Cliffs, NJ: Prentice-Hall.
- Crano, W.D. & Brewer, M.B. (2002). *Principles and methods of social research*. Mahwah, New Jersey: Lawrence Erlbaum Associates Inc.
- Crant, J.M. (1996). The proactive personality scale as a predictor of entrepreneurial intentions. *Journal of Small Business Management*, 34(3), s. 42–49.
- Elster d. e., K. (1872). *Om modsætningen mellem det vestlige og østlige Norge: Ved tusindaarsfesten til minde om Norges samling som rige*. København: O. B. Wroblewskys Forlag.
- Espíritu-Olmos, R. & Sastre-Castillo, M.A. (2015). Personality traits versus work values: Comparing psychological theories on entrepreneurial intention *Journal of Business Research* 68, 1595–1598.
- Fossåskaret, E. (2006). Vestlandssamfunnet i dag. I K. Helle, O. Grepstad, A. Lillehammer, & A. E. Tryti (red.), *Vestlandets Historie. Bind 3: Samfunn* (Kap. 8, s. 344–391). Bergen: Vigmostad & Bjørke.
- Frank, H., Lueger, M. & Korunka, C. (2007). The significance of personality in business start-up intentions, start-up realization and business success. *Entrepreneurship & Regional Development*, 19(3), 227–251.
- Fuller, Jr., B. & Marler, L.E. (2009). Change driven by nature: A meta-analytic review of the proactive personality literature. *Journal of Vocational Behavior*, 75, 329–345.
- Førde, E. (2002a, 31. juli). Raseteoriar. *Bergens Tidende*, s. 18.
- Førde, E. (2002b, 7. august). Raseteoriar 2. *Bergens Tidende*, s. 18.
- Gimeno, J., Folta, T., Cooper, A. & Woo, C. (1997). Survival of the fittest? Entrepreneurial human capital and the persistence of underperforming firms. *Administrative Science Quarterly*, 42, 750–783.
- Hansen, F. (2020). *Naturdeterminisme i Den Store Danske*, Gyldendal. Henta 6. mai 2020 frå <http://denstoredanske.dk/index.php?sideld=482932>.
- Haraldseid, T. (2019). Exploring social creativity in place-making: A case study from a coastal town in Northern Norway. *Norsk Geografisk Tidsskrift-Norwegian Journal of Geography*, 73(5), 257–272.
- Haukeland, P.I., & Brandtzæg, B.A. (2019). Bred verdiskaping som strategi for bærekraftig stedsutvikling. *Tidsskrift for utmarksforskning*, 1, 32–50.
- Helland, A. (1901). *Topografisk-statistisk beskrivelse over Nordre Bergenhus amt*. Første del. Kristiania: H. Aschehoug & Co (W. Nygaard).
- Helle, K. (2006a). Innleiing – Ei søge om Vestlandet. I K. Helle, O. Grepstad, A. Lillehammer, & A.E. Tryti (red.), *Vestlandets Historie. Bind 1: Natur og næring* (s. 10–25). Bergen: Vigmostad & Bjørke.

- Helle, K. (2006b). Den opphavlege vestlandsregionen. I K. Helle, O. Grepstad, A. Lillehammer, & A.E. Tryti (red.), *Vestlandets Historie. Bind 3: Samfunn* (kap. 1, s. 8–59). Bergen: Vigmostad & Bjørke.
- Hundstad, D. (2012). Historikeren som regionbygger? – et fagkritisk perspektiv på fire landsdelshistoriske verk. *Historisk tidsskrift*, 2012, 91(1), 37–63.
- Illeris, S. & Jakobsen, L. (1991). Computer services and the urban system. A case study in Denmark. I D. Pumain, T. Saint-Julien & H. Van der Haegen (red.), *Cities in movement; urban systems on the eve of the 21st century* (s. 39–45). Leuven: Katholieke Universiteit Leuven.
- Jakobsen, S.E., Alvheim, S., Kvitastein, O.A. & Hansen, J.C. (2001). Næringsutvikling, stedsutvikling og omstilling: underveisevaluering av den statlig støttede stillingsinnsatsen i Vaksdal, Bremanger, Odda, Dalane (med Sokndal) og Glåmdal. Bergen: SNF.
- Kan, K. & Tsai, W.D. (2006). Entrepreneurship and risk aversion. *Small Business Economics*, 26, 465–474.
- Kickul, J. & Gundry, L. (2002). Prospecting for strategic advantage: The proactive entrepreneurial personality and small firm innovation. *Journal of Small Business Management*, 40(2), 85–97.
- Kim, T.Y., Hon, A.H.Y. & Crant, J.M. (2009). Proactive personality, employee creativity, and newcomer outcomes: A longitudinal study. *Journal of Business and Psychology*, 24, 93–103.
- Kobro, L.U. (2011). *Stedsinnovasjon. Nytte eller smykke? – Et begrep på leting etter innhold*. TF-notat nr. 10-2011. Bø: Telemarksforskning.
- Kobro, L.U., Vareide, K. & Hatling, M. (2012). *Suksessrike distriktkommuner. En studie av kjennetegn ved 15 norske distriktkommuner*. TF-rapport nr. 303–2012. Bø: Telemarksforskning.
- Kolle, N. & Haaland, A. (2006). Den sjøvende landsdelen. I K. Helle, O. Grepstad, A. Lillehammer, & A.E. Tryti (red.), *Vestlandets Historie. Bind 1: Natur og næring* (kapittel 3, s. 132–185). Bergen: Vigmostad & Bjørke.
- Kolvereid, L. & Isaksen, E. (2006). New business start-up and subsequent entry into self-employment. *Journal of Business Venturing*, 21(6), 866–885.
- Krane, M.S. (2020). *Stedsutvikling i Hedmark. Oppsummering og evaluering av arbeidet med stedsutvikling i 16 distriktkommuner i Hedmark i perioden 1998–2018*. Tromsø: Norge.
- Lenz, B. & Kulinat, K. (1997). Contact networks and regional milieux in rural areas. Contribution to the concept of the regional milieu and empirical experiences from Baden-Württemberg/Germany. *Erdkunde*, 51, 33–42.
- Li, N., Liang, J., & Crant, J.M. (2010). The role of proactive personality in job satisfaction and organizational citizenship behavior: A relational perspective. *Journal of applied psychology*, 95(2), 395.
- Luthje, C. & Franke, N. (2003). The making of an entrepreneur: Testing a model of entrepreneurial intent among engineering students at MIT. *R&D Management*, 33(2), 135–147.
- Lønning, D.J. & Teigen, H. (2009). *Kunnskap for stadutvikling. Utviklingsrelevante norske bidrag i perioden 1999–2009*. Nordlandsforskning og Høgskulen i Lillehammer. Henta 17.11.2020 frå <https://distriktssenteret.no/litteratur/kunnskapsstatus-om-stedsutvikling/>.
- Maes, J., Leroy, H. & Sels, L. (2014). Gender differences in entrepreneurial intentions: A TPB multi-group analysis at factor and indicator level. *European Management Journal* 32, 784–794.

- Minniti, M., Arenius, P. & Langowitz, N. (2005), *Global entrepreneurship monitor. 2004 report on women and entrepreneurship*. London: Babson College and London Business School.
- Myrestrand, G. (2020, 10. november). – Våre ungdommer er blant de heldigste i landet, de trenger ikke reise noe annet sted. *Fjordenes Tidende*. Henta 10.11.2020 frå <https://www.fjt.no/nyheter/2020/11/10/%E2%80%93-V%C3%A5re-ungdommer-er-blant-de-heldigste-i-landet-de-trenger-ikke-reise-noe-annet-sted-22972386.ece>.
- Nesse, J.G. (2010). Kjønnsskilnader i ungdommars motivasjon for entreprenørskap. *Beta*, 24(01), 2–24.
- Nygaard, V., Ness, C. & Kvidal, T. (2009). *Regional utvikling, boligsosialt arbeid og stedsutvikling i Nord-Troms og Finnmark*. Alta: Norut Alta-Åltå.
- Onsager, K., Gundersen, F., Schmidt, L., Sørli, K. & Vestby, G.M. (2011). *Livskraftige kystsammfunn. Steds- og næringsutvikling i Sandøy kommune*. NIBR-rapport nr. 24-2011. Oslo: NIBR.
- Prabhu, V.P., McGuire, S.J., Drost, E.A. & Kwong, K.K. (2012). Proactive personality and entrepreneurial intent: Is entrepreneurial self-efficacy a mediator or moderator? *International Journal of Entrepreneurial Behavior & Research*, 18(5), 559–586. <https://doi.org/10.1108/13552551211253937>.
- Rønning, L. (2010). Samfunnsentreprenørskap som initiering av lokal næringsutvikling. I O.J. Borch & A. Førde (red.), *Innovative bygdemiljøer* (s. 53–67). Bergen: Fagbokforlaget.
- Rønning, L., Ljunggren, E. & Wiklund, J. (2010). The Community Entrepreneur as a Facilitator of Local Economic Development. I C. Karlsson, B. Johansson & R.R. Stough (red.), *Entrepreneurship and Regional Development: Local Processes and Global Patterns* (s. 195–237). Cheltenham UK: Edward Elgar.
- Schein, E.H. (1975). How «career anchors» hold executives to their career paths. *Personnel*, 52(3), 11–24.
- Schein, E.H. (1978). *Career dynamics: Matching individual and organizational needs*. Reading, Massachusetts: Addison-Wesley Publishing Company.
- Schein, E.H. (1990). *Career anchors: Discovering your real values*. Revised Edition, San Francisco: Pfeiffer & Company.
- Seibert, S.E., Crant, J.M. & Kraimer, M.L. (1999). Proactive personality and career success. *Journal of Applied Psychology*, 84 (3), 416–427.
- Shane, S. & Venkataraman, S. (2000). The promise of entrepreneurship as a field of research. *Academy of Management Review*, 25, 217–226.
- Skarholt, K. (2014). *Ladestasjon for ildsjeler: Hva er en ildsjel, hvordan mobiliserer ildsjeler andre aktører, og hva er ildsjelers betydning for lokalsamfunnet?* SINTEF Rapport nr. A26120. Trondheim: SINTEF.
- Stam, E. (2007). Why butterflies don't leave. Locational behavior of new firms. *Economic Geography*, 83(1), 27–50.
- Storvoll, R.A. (2020). *Ung drivkraft i nord. Unges legitime medvirkning i stedsutvikling*. Doktorgradsavhandling. Tromsø: UiT.
- Tamásy, C. (2006). Determinants of Regional Entrepreneurship Dynamics in Contemporary Germany: A Conceptual and Empirical Analysis. *Regional Studies*, 40(4), 365–384.
- Thompson, J.A. (2005). Proactive personality and job performance: A social capital perspective. *Journal of Applied Psychology*, 90(5), 1011–1017.

- Vestby, G.M. (2018). *Fugleperspektiv på tre tiår med stedsutvikling*. Notat. Oslo: By- og regionforskningsinstituttet NIBR/OsloMet. Henta 16.11.2020 frå <https://distriktssenteret.no/artikkel/fugleperspektiv-pa-tre-tiar-med-stedsutvikling/>.
- Vestby, G.M. (2009). *Stedsutvikling i Eidfjord*. Oslo: NIBR.
- Vestby, G.M., Gundersen, F. & Skogheim, R. (2014). *Ildsjeler og lokalt utviklingsarbeid–Gløden, rollen og rammevilkårene*. NIBR-rapport nr 2-2014. Oslo: NIBR.
- Vestby, G.M. & Røe, P.G. (2004). *Fortellingen om en stedsutvikling – en sosiokulturell prosess. Evalueringsrapportering fra arbeidet med sentrumsutvikling i Eidskog*. Oslo: NIBR.
- Zander, I. (2004). The microfoundations of cluster stickiness—Walking in the shoes of the entrepreneur. *Journal of International Management*, 10, 51–75.
- Årethun, T., Nesse, J.G. & Larsen, Ø.H. (2020): Er e-entreprenørskap vegen til vekst i distrikta? Ein studie av fem regionale it-bedrifter. I L. Longvanes & T. Årethun (2020), *Berekraftig verdiskaping* (kapittel 7, s. 99–112). Bergen: Fagbokforlaget.
- Årethun, T., Nesse, J.G. & Oklevik, O. (2017). Eldsjeler i framtidsfylket. Kven er dei og korleis få fleire av dei til Sogn og Fjordane? I J.R. Andersen, E. Bjørshusdal, J.G. Nesse & T. Årethun (red.), *Immateriell kapital – Fjordantologien 2017* (kapittel 20, s. 398–415). Oslo: Universitetsforlaget. <https://doi.org/10.18261/9788215028163-2017-20>.

VEDLEGG 1: ULIKE GEOGRAFISKE GRUPPERINGAR AV KOMMUNAR I SOGN OG FJORDANE (KOMMUNEINNDELING PER 2011)

Vekstkommunedimensjonen

Vekstkommunar: Eid, Førde, Sogndal, Stryn

Kommunar med lite vekst/tilbakegang: Alle andre kommunar i Sogn og Fjordane

Futedømedimensjonen

Kommunar i Sunnfjord: Askvoll, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Jølster, Naustdal

Kommunar i Nordfjord: Bremanger, Eid, Gloppen, Hornindal, Selje, Stryn, Vågsøy

Kommunar i Sogn: Aurland, Balestrand, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Solund, Vik, Årdal

Kystkommunedimensjonen

Kystkommunar: Gulen, Solund, Hyllestad, Fjaler, Askvoll, Flora, Bremanger, Vågsøy, Selje.

Midtre og indre kommunar: Årdal, Aurland Lærdal, Luster, Sogndal, Gaular, Jølster, Stryn, Hornindal, Vik, Leikanger, Balestrand, Høyanger, Gloppen, Eid, Førde, Naustdal



10. Tilbake til stedet – steder, klynger og regional utvikling

Lise Lillebrygfjeld Halse og Ove Bjarnar

Sammendrag Denne artikkelen tar for seg den viktige rollen som steder og deres generiske ressurser har hatt for fremveksten og utvikling av klynger, som klyngelitteraturen hittil i liten grad har adressert. Vi tar utgangspunkt i klyngeteori og teorier som belyser steders betydning, og presenterer en historisk studie av en tilsynelatende vellykket norsk maritim klynge med utgangspunkt i stedet. Vi belyser hvordan steder er viktig for klynger, og hvordan globalisering kan påvirke dette. Denne innsikten sammenfattes i en konseptuell modell. Ved å forankre forskningen i stedets historie oppnår vi en dypere forståelse for hvordan de endringene vi har sett med globalisering av klyngen påvirker stedene og dermed også klyngen.

Abstract This article addresses the important role that places and their generic resources have played in the emergence and development of clusters, which the cluster literature has so far addressed only to a small degree. Based on cluster theory and theories that shed light on the significance of places, we present a historical study of a seemingly successful Norwegian maritime cluster. We shed light on how places are important for clusters, and how globalization can affect this. This insight is summarized in a conceptual model. By anchoring the research in the history of places, we gain a deeper understanding of how the changes we have seen with the globalization of the cluster affect places and thus also the cluster.

Nøkkelord sted | klynger | kunnskap

INTRODUKSJON

I moderne innovasjonslitteratur og litteratur om industrielle klynger og globalisering har den regionale forståelsen av modernisering vært enerådende (senest tydelig uttrykt i Asheim, Isaksen og Trippel (2019)). Riktig nok peker litteraturen på det grunnleggende vekstpotensialet som ligger i det dynamiske samspillet mellom bedrifter og ulike institusjonelle og politiske aktører i regionale økonomier, men

egenskaper ved og prosesser knyttet til steder er nærmest fraværende som forklaring på teknologisk og sosioøkonomisk modernisering og globalisering. Det fremstår som at det er bransjer og regioner som utvikler konkurransemessige (og ikke bare komparative) fortrinn i den globaliserte økonomien. I motsetning til dette hevder vi i denne artikkelen at historiske steder og samhandling mellom steder har vært en grunnleggende drivkraft i teknologisk og økonomisk modernisering. Fravær av stedet har bidratt til overforenkledte observasjoner og diagnoser om drivere i industriell og økonomisk utvikling og globalisering. Denne artikkelen tar utgangspunkt i følgende problemstilling: Hvilken rolle har steder og deres generiske ressurser i fremveksten, evolusjonen og globaliseringen av klynger? Vi presenterer en omfattende historisk studie av en tilsynelatende vellykket norsk maritim klynge og stiller spørsmålet: Kan vi oppnå en dypere forståelse for hvordan globalisering påvirker den gjensidige avhengigheten mellom steder og klynger ved å forankre forskningen i stedets historie?

KLYNGELITTERATURENS FORSTÅELSE AV STEDET

En umiddelbar forståelse av stedet handler ofte om geografi, som ramme, restriksjoner og ressurser for aktiviteter (Lysgård, 2004). Porters populære definisjon på klynge inneholder koblinger til en slik forståelse med begrepet «geographically proximate group of firms» (Porter, 1998). I klyngeteorien har fordelene for bedrifter ved å lokalisere seg på bestemte steder stått sentralt. Det kan handle om tilgang på innsatsfaktorer i produksjon og infrastruktur, og samhandling mellom ulike aktører innenfor geografisk definerte områder, som illustrert i den såkalt Trippel-Helix-modellen (Etzkowitz & Leydesdorff, 2000). I de siste tiårene har deling av den kontekstspesifikke kunnskapen, den «tause og klebrige kunnskapen» mellom aktører, blitt særlig fremhevet som en viktig forklaring for hvorfor enkelte steder fosterer et mer vitalt næringsliv enn andre steder. Det kan imidlertid påstås at denne litteraturen nærmest tar kunnskapen for gitt, at den er alltid tilstedeværende, som en ressurs som bedriftene kan dra veksler på, hvor stedet reduseres til kun å være en lokalisering (Berg & Dale, 2004).

Klyngeforskningen brukes i dag som utgangspunkt for en aktiv innovasjonspolitik i mange land, hvor en har søkt å operasjonalisere det en oppfatter som viktige dimensjoner som karakteriserer vitale klynger med høy innovasjonsgrad, gjerne med internasjonalt kjente klynger som «Silicon Valley» som forbilde. Klyngepolitikken og mye av klyngeforskningen ser internasjonalisering av klyngen i stor grad som positivt, og har i liten grad adressert hvordan for eksempel utsetting av produksjon kan påvirke en klynges kunnskapsbase og innovasjonsevne (Halse & Bjarnar,

2014). Dette illustrerer at klyngepolitikken, og til dels også klyngeforskningen, langt på vei har forlatt stedet som forståelsesramme for klyngers fremvekst og suksess. Med dette utgangspunktet søker denne artikkelen å vende tilbake til stedet, og dets betydning for kunnskap og innovasjon. Vi hevder at uten en forståelse for de sosiokulturelle aspekter ved steder, og deres betydning for klynger og deres bedrifter, står en også i fare for å overse eventuelle trusler som endringer på disse stedene kan utgjøre.

Siden klynger og steder er karakterisert av at aktører på ulike måter er tett på hverandre, geografisk, sosialt og kulturelt, er forståelse av begrepet nærhet en relevant innfallsvinkel for å forstå stedets rolle for utvikling av klynger. Begrepet nærhet (proximity) og dets rolle for læring og innovasjon står da også sentralt i mye av litteraturen om regionale innovasjonssystem og klynger. Ulike dimensjoner av nærhet adresseres i denne litteraturen, som har til felles at disse fremmer interaktiv læring og innovasjon. Boschma (2005) studerte hvordan de ulike former for nærheter henger sammen med hverandre i regionale innovasjonssystemer. Med utgangspunkt i en tidligere studie av Torre og Gilly (2000) definerer han fire dimensjoner av nærhet i tillegg til den geografiske: kognitiv, organisatorisk, sosial og institusjonell nærhet, som er viktige begreper for å forstå stedets rolle.

I tråd med nyere stedslitteratur er stedet i denne artikkelen først og fremst en teoretisk-analytisk kategori som betegner et territorielt forankret meso-nivå mellom bedrift og klynge (Håkansson, Tunisini & Waluszewski, 2002). Til tross for at klynge litteraturen inneholder et bredt spekter av flerdimensjonale geografiske perspektiver som utgjør en vesentlig kunnskap om territoriale endringsprosesser, er stedet i denne betydningen lite utforsket i klynge litteraturen.

AVSTAND OG DIVERGENS

Frem til årtusenskiftet fant det på mange måter sted en nyfortolkning av steder som gjerne betegnes som den kulturelle vendingen i stedsforskningen. En mer materielt orientert funksjonell og strukturell tilnærming til steder, eller romlighet, ble avløst av et nytt paradigme som fokuserte på alle sider ved produksjon og reproduksjon av romlighet, som en sammenveving av sosialisering, identitet, kultur og politikk og fysiske kjennetegn som geografi, ressurser og infrastruktur. Lefebvres (1991) begrep om romlig triade ble en kjerne i et gryende paradigmeskifte med nøkkelbegreper som romlig praksis, rommets representasjoner og representasjonenes rom (Berg & Dale, 2004; Lysgård, 2004). Programmatisk ble det formulert slik ved årtusenskiftet:

«Det er ikke stedet eller regionen i seg selv som bør være objekt/subjekt for våre studier. Det vi bør studere er de sosiale handlingene og prosessene som produserer og reproducerer romlighet. Stedet og regionen bør forstås som konstruerte kategorier som representerer samfunnets manifestering av sosiale og kulturelle prosesser i form av møter mellom mennesker og/eller institusjonaliserte strukturer. Det er derfor ikke stedets eller regionens ulike romligheter som bør studeres og analyseres, men den sosiale praksisens produksjon av romlighet, der stedet eller regionen kan forstås som et produkt og en produksjonsfaktor for videre reproduksjon av romlighet» (Lysgård, 2004, s. 25).

I denne kulturelle vendingen ble avstand og divergens, det vil si prosesser som knyttet steder til fysisk uforenlige rom, og brøt opp steder i motstridende lokale – globale prosesser, etter vår oppfatning trengt helt i bakgrunnen. Integrasjon og gjensidig konstruksjon av det lokale i det globale, og omvendt, kom til å prege tenkningen rundt globaliseringen. Dette skiftet har også preget klyngeforskningen med et overveiende harmonisk syn på lokal – regional – global synergi. Berg og Dale (2004) viser blant annet til Castells' (1996) formuleringer om «logic of a space of flows» hvor steder nærmest er en gammel illusjon. Uttrykket «space of flows» representerer ifølge Castells «the material arrangements that allow for simultaneity of social practices without territorial contiguity» (Castells, 1999, s. 294). Dette var en ny romlig form som han mente hadde vokst frem i informasjonsalderen, i tillegg til «space of places» som var den tradisjonelle og vanlige formen for romlig eksistens. Castells refererer til dette som menneskers hjem, nabolag, by, region eller land. Han mente at slike steder fremdeles hadde en viktig rolle for erfaring og sosial interaksjon, men hevdet at de fleste dominerende aktivitetene i voksende grad ville bli konstruert rundt «space of flows». Dette gjelder aktiviteter som økonomiske strømmer, ledelse av store selskaper, nettverk av firma og store selskaper, underholdning, vitenskap og religion. Castells påsto at siden disse var så dominerende og innbyrdes relaterte, så ville stedene som var mer fragmenterte, bli maktesløse overfor dem. Stedene ville i den forstand etter hvert miste sin betydning.

I denne forståelsen ble det i mange kretser snakket om «the end of geography». Denne vendingen utfordret en tidligere geografisk tenkning der nettopp avstand, eller «avstandsfriksjon», hadde spilt en viktig rolle. Nå førte altså globaliseringen til at verden ble «krympet» og steder ble homogenisert. Stedet ble til en ulempe som individuelle bedrifter måtte overvinne i den globaliserte økonomien.

Men i motsetning til store deler klyngeforskningen ble ikke de mer ytterliggående utslag av denne kulturelle vendingen stående uimotsagt. Mange geografer mente at steder slett ikke var tilintetgjort. De argumenterte for, skriver Berg og

Dale (2004), at steder var vel så viktige som før, men kanskje på nye måter. Globalisering førte ikke bare til homogenisering, men også differensiering idet det ble skapt nye forskjeller mellom steder. Og; «selv om steder er knyttet sammen gjennom kortere reisetid og elektronisk kommunikasjon, er det fortsatt fysisk avstand mellom dem» (Berg & Dale 2004, s. 47). Dette kan illustreres gjennom distansebegreper som kulturell, sosial og institusjonell avstand som er utviklet innen kultur-geografiske komparative studier i tradisjonen fra Gert Hofsteede og andre, så vel som i litteratur innenfor International Business (IB). Likeledes spenning mellom nærhet og distanse som er brukt i klyngestudier (Boschma, 2005). En viktig motstemme mot den ensidige fokuseringen på homogenisering var også påpekingen av at de fleste sosiale relasjoner og produksjon og reproduksjon av sted faktisk var lokale fenomener. På tross av at steder ble mer og mer bundet sammen av globaliseringsprosesser, levde de fleste sitt hverdagsliv innenfor en svært begrenset aktivitetsradius der den viktigste formen for sosial interaksjon skjedde ansikt til ansikt (Berg & Dale, 2004; Castree, 2003; Holloway & Hubbard, 2013).


- Giskeødegård, M.F., & Kjersem, K. (2020). «Det kan være et veldig godt verktøy, hvis det fungerer» En produksjonsorientert studie av potensialet for Augmented Reality løsninger i verftsindustrien. *Fjordantologien*, 2020, 143–162. doi: <https://doi.org/10.18261/9788215037394-2020-08>.
- Giskeødegård, M.F., Otterlei, L.K., Kjersem, K., & Junge, G.H. (2017). *Globale trender, regionale kompetansebehov og en metode for forpliktende regional kompetansesamarbeid* (MA 17-17). Retrieved from <https://www.moreforsk.no/publikasjoner/rapporter/marin/globale-trender-regionale-kompetansebehov-og-en-metode-for-forpliktende-regionalt-samarbeid/1074/3164/>.
- Gosling, J., & Naim, M.M. (2009). Engineer-to-order supply chain management: A literature review and research agenda. *International Journal of Production Economics*, 122, 741–754. doi: <https://doi.org/10.1016/j.ijpe.2009.07.002>.

- Grashof, N., Kopka, A., Wessendorf, C., & Fornahl, D. (2020). Industry 4.0 and clusters: Complementaries or substitutes in firm's knowledge creation? *Competitiveness Review, Ahead-of-print*. doi: <https://doi.org/10.1108/CR-12-2019-0162>.
- Grimsrud, B., Bugge, T., & Skulberg, A.M. (2005). *Endring av kultur og roller for mellomledere og operatører – Omstillinger ved Ulstein Verft og Aker Stord* (489). Retrieved from Oslo: https://www.fao.no/media/com_netsukii/489.pdf.
- Gøtz, M., & Jankowska, B. (2017). Clusters and Industry 4.0 – do they fit together? *European Planning Studies*, 25(9), 1633–1653. doi: <https://doi.org/10.1080/09654313.2017.1327037>.
- Halse, L.L., Bjarnar, O., & Berge, D.M. (2020). Digitalisering og regional kunnskapsutvikling. *Fjordantologien*, 2020, 123–142. doi: <https://doi.org/10.18261/9788215037394-2020-07>.
- Hervas-Oliver, J.-L., Estelles-Miguel, S., Mallol-Gasch, G., & Boix-Palomero, J. (2019). A place-based policy for promoting Industry 4.0: the case of the Castellon ceramic tile district. *European Planning Studies*, 27(9), 1838–1856. doi: <https://doi.org/10.1080/09654313.2019.1642855>.
- Hicks, C., Earl, C.F., & McGovern, T. (2000). An Analysis of Company Structure and Business Processes in the Capital Goods Industry in the U.K. *IEEE Transactions on Engineering Management*, 47(4), 414–423. doi: <https://doi.org/10.1109/17.895337>.
- Isaksen, A., Trippel, M., Kyllingstad, N., & Rypestøl, J.O. (2020). Digital transformation of regional industries through asset modification. *Competitiveness Review*. doi: <https://doi.org/10.1108/CR-12-2019-0140>.
- Jahn, N., Friedewald, A., & Lødding, H. (2020, August 30 – September 3). *Using the Smartphone as an Augmented Reality Device in ETO industry*. Paper presented at the Advances in Production Management Systems, Novi Sad, Serbia.
- Jakobsen, E.W., Helseth, A.M., & Aamo, A.W. (2020). *GCE Blue Maritime Global Performance Benchmark* (107/2020). Retrieved from Oslo, Norway: <https://www.menon.no/wp-content/uploads/2020-107-GCE-Blue-Maritime-Global-Performance-Benchmark-2020.pdf>.
- Kagerman, H.W., Wolfgang, Helbig, Johannes. (2013). *Securing the future of German manufacturing industry – Recommendations for implementing the strategic initiative Industrie 4.0*. Retrieved from Frankfurt, Germany.
- Kane, G.C. (2017, November 7th, 2017). Are you taking the wrong approach to digital transformation. Retrieved from <https://sloanreview.mit.edu/article/are-you-taking-the-wrong-approach-to-digital-transformation/>.
- Kane, G.C., Palmer, D., Phillips, A.N., Kiron, D., & Buckley, N. (2014). Strategy, not Technology, Drives Digital Transformation. *MIT Sloan Management Review, Summer 2015*. Retrieved from <https://sloanreview.mit.edu/projects/strategy-drives-digital-transformation/>.
- Katic, M., Cetindamar, D., Agarwal, R., & Sick, N. (2019). *Operationalising Ambidexterity: The role of 'better' management practices in High-Variety, Low-Volume Manufacturing*. Paper presented at the Portland International Conference on Management of Engineering and Technology (PICMET), Portland, OR, USA.
- Keane, A., Brett, P.O., Gaspar, H.M., Ebrahimi, A., & Agis, J.J.G. (2017, 2017). *Preparing for a Digital Future-Experiences and Implications from a Maritime Domain Perspective Offshore construction vessel design View project Simosys View project*, Cardiff, UK.
- Koilo, V. (2019). Financial Performance under stress: The case of the Norwegian Maritime Cluster. *Public and Municipal Finance*, 8(1), 54–72. doi: [https://doi.org/10.21511/pmf.08\(1\).2019.05](https://doi.org/10.21511/pmf.08(1).2019.05).

- Kotter, J.P. (2001). What Leaders Really Do. *Harvard Business Review*(December). Retrieved from <https://hbr.org/2001/12/what-leaders-really-do?autocomplete=true>.
- Malmberg, A., & Power, D. (2005). How Do Firms in Clusters Create Knowledge? *Industry and Innovation*, 12(4), 409–431. doi: <https://doi.org/10.1080/13662710500381583>.
- March, J.G. (1991). Exploration and Exploitation in Organizational learning. *Organization Science*, 2(1), 71–87. Retrieved from <http://web.ebscohost.com/ehost/pdfviewer/pdfviewer?vid=1&sid=8b42a6cf-094c-4147-95b6-80f9026e8bc6%40pdv-v-sessmgr03>.
- Mintzberg, H.W., James A. (1985). Of Strategies, Deliberate and Emergent. *Strategic Management Journal*, 6(3), 257–272. Retrieved from <https://www.jstor.org/stable/pdf/2486186.pdf?refreqid=excelsior%3A041568af143a262001a67892dcb59364>.
- Mumford, M.D., & Gustafson, S.B. (1988). Creative Syndrome: Integration, application and innovation. *Psychological Bulletin*, 103(1), 27–43. doi: <https://doi.org/10.1037/0033-2909.103.1.27>.
- Mustafa, G., Solli-Sæther, H., Håvold, J.I., Ilyas, A., Danielsen, A.V., & Nujen, B.B. (2019). *Human Side of Digitalization*. 2019. Aalesund, No. Retrieved from <https://www.ntnu.no/documents/1265701259/0/WPS+1-2019.pdf/8627057e-1051-4d6f-a612-7b9ee02d6eb5>.
- Nambisan, S., Lyytinen, K., Majchrzak, A., & Song, M. (2017). Digital Innovation Management: Reinventing Innovation Management Research in a Digital World. *MIS Quarterly*, 41(1), 223–238. doi: <https://doi.org/10.25300/misq/2017/41:1.03>.
- Njøs, R., Jakobsen, S.-E., Wiig Aslesen, H., & Fløysand, A. (2017). Encounters between cluster theory, policy and practice in Norway: Hubbing, blending and conceptual stretching. *European Urban and Regional Studies*, 24(3), 247–289. doi: <https://doi.org/10.1177/2F0969776416655860>.
- Osterwalder, A., & Pigneur, Y. (2010). *Business Model Generation: A handbook for visionaries, game changers and challengers*. Hoboken, New Jersey, USA: John Wiley & Sons.
- Parviainen, P., Tihinen, M., Kääriäinen, J., & Teppola, S. (2017). Tackling the digitalization challenge: how to benefit from digitalization in practice. *International journal of information systems and project management*, 5(1), 63–77.
- Porter, M.E. (1998). Clusters and the New Economics of Competition. *Harvard Business Review*, November – December Issue, 1998(November – December Issue, 1998). Retrieved from <https://hbr.org/1998/11/clusters-and-the-new-economics-of-competition>.
- Porter, M.E. (2000). Location, Competition and Economic Development; Local Clusters in a Global Economy. *Economic Development Quarterly*, 14(1), 15–34. doi: <https://doi.org/10.1177%2F089124240001400105>.
- Rosen, B., & Jerdee, T.H. (1976). The influence of age stereotypes on Managerial Decisions. *Journal of Applied Psychology*, 61(4). doi: <https://doi.org/10.1037/0021-9010.61.4.428>.
- Shalley, C.E., Zhou, J., & Oldham, G.R. (2004). The Effects of Personal and Contextual Characteristics on Creativity: Where should we go from here? *Journal of Management*, 30(6), 933–958. doi: <https://doi.org/10.1016/j.jm.2004.06.007>.
- Shipper, F., & Davy, J. (2002). A model and investigation of managerial skills, employees' attitudes, and managerial performance. *The Leadership Quarterly*, 13(2), 95–120.
- Slack, N., Chambers, S., & Johnston, R. (2010). *Operations Management* (6th Ed ed.). Edinburgh, UK: Pearson Education Limited.
- Snow, C.C., Fjeldstad, Ø.D., & Langer, A.M. (2017). Designing the digital organization. *Journal of Organization Design*, 6(1), 7–7. doi: <https://doi.org/10.1186/s41469-017-0017-y>.

- Solberg, E., Traavik, L.E.M., & Wong, S.I. (2020). Digital Mindsets: Recognizing and leveraging individual beliefs for digital transformation. *California Management Review*, 62(4), 105–124. doi: <https://doi.org/10.1177/0008125620931839>.
- Tempelaar, M.P., & Rosenkranz, N.A. (2017). Switching Hats: The Effect of Role Transition on Individual Ambidexterity. *Journal of Management*, 014920631771431-014920631771431. doi: <https://doi.org/10.1177/0149206317714312>.
- Thomas, W.H.N., & Feldman, D.C. (2013). Age and Innovation – Related Behaviour: The joint moderating effects of supervisor undermining and proactive personality. *Journal of Organizational Behaviour*, 34(5), 583–606. doi: <https://doi.org/10.1002/job.1802>.
- Tosey, P., & Robinson, G. (2002). When change is no longer enough: What do we mean by ‘transformation’ in organizational change work? *The TQM Magazine*, 14(2), 100–109. doi: <https://doi.org/10.1108/09544780210416711>.
- Verhoef, P.C., Broekhuizen, T., Bart, Y., Bhattacharya, A., Qi Dong, J., Fabian, N., & Haenlein, M. (2019). Digital transformation: A multidisciplinary reflection and research agenda. *Journal of Business Research*. doi: <https://doi.org/10.1016/j.jbusres.2019.09.022>.

Bulyst



12. Fotball, idrettsanlegg og byutvikling i Kristiania i perioden 1900–1924

Frode Fretland og Joar Fossøy

Samandrag Artikkelen viser fotballen si utvikling i Kristiania i perioden mellom 1900–1924. Den uorganiserte fotballen (løkkefotballen) var viktig i heile perioden, men den organiserte fotballen vart meir og meir synleg, i fyrste omgang dominert av klubbar frå vestkanten, etter kvart i heile byen. Auka utbygging av fotballbaner gav grunnlag for større aktivitet med meir prestasjonsretta fokus, forstått som sportifisering. Ut frå dette vil me argumentere for at fotballen påverka by- og samfunnsutviklinga i Kristiania.

Abstract This article explores the development of football in Kristiania in the period 1900–1924. Unorganised football played in green areas and in streets was important throughout the period, but the organized football was more and more visible, initially dominated by clubs from Western Kristiania and then spreading to the rest of the city. Increased building of football fields laid the foundations of a more performance-oriented focus of the sport, known as sportification. From this starting point, we argue that football affected city planning and societal development in general in Kristiania.

Nøkkelord fotballhistorie | Kristiania | fotballbaner | sportifisering | byutvikling

INNLEIING

Sport og idrett finn stad og blir utøvd på konkrete stadar. Dette kan vere tilrettelagde idrettsanlegg med trening og konkurransar som mål, eller naturen som omarbeidd for føremålet i ulik grad. Det kan vere stadiona for fotball (Ullevål) og friidrett (Bislett), idrettshallar for ei rekkje ulike ballspel (Håkons hall) og alle typar idrettar, spesialbygde hallar for ishockey (gamle Jordal Amfi) og skøyteløp (Vikingskipet), skibakkar for hopp (Holmenkollen) og alpine øvingar (Kvitfjell),

løypearear i skog og mark (Birkebeinarrittet) og landbruksareal til golfporten (Østmarka) (Lesjø, 2008, s. 197). Dette er fysiske stadar samtidig som dei like fullt er symbolske stadar, og mange menneske har sterke kjensler knytt til desse. Sportens stadar kan for mange vere med på å definera oss, styrka oss, utfordra oss og ikkje minst vere med og bidra til vår identitet. Slike stadar kan vera både internasjonale, nasjonale, regionale eller lokale. Felles for alle er at dei er sentrale for utøving av idrett, og dei er synlege og viktige i samfunnet dei er ein del av.

I denne artikkelen vil me undersøka idrettsutvikling i ein lokal kontekst, nærare bestemt fotballen si utvikling i Kristiania tidleg på 1900-talet. Me er særleg oppteken av å sjå fotballen si utvikling opp mot anleggsutvikling i byen og prøva å svara på om fotballen si utvikling òg kan seiast å spela ei rolle for byutviklinga. Meir konkret er vår problemstilling:

Korleis var utviklinga av fotballen i Kristiania i perioden frå 1900–1924? Spela denne utviklinga ei rolle for byutviklinga? I tilfelle på kva måte?

Utviklinga av fotballen kan femna om mykje. I det vidare arbeidet konsentrerer me oss i hovudsak om fotballen sin aktivitet, organisering og anleggsutvikling.

KJELDER OG METODE

Å studere historie dreier seg om å studere handling og samfunn i fortida. Artikkelen byggjer på eit kjeldekritisk arbeid med bruk av historiske kjelder og data. Jubileumbøker, aviser, sportsblad og kommunale dokument er nytta for å skildra historiske hendingar. I tillegg har historisk og idrettshistorisk litteratur vore med og belyst historiske utviklingstrekk i perioden frå 1900 til 1924. Kjeldekritikk og kjeldegransking er eit sett av handverksreglar som kan delast inn i ulike trinn: kartlegging og avgrensing av kjelder, kjeldeobservasjon og opphavsbestemming, innhaldsbestemming og brukbarheitsbestemming (Kjeldstadli, 1999; Fossøy, Moe & Fretland, 2018). Me har jobba systematisk med dei ulike trinna og vurdert kjeldene etter kjeldekritiske reglar. Målet har vore å vise korleis fotballen i Kristiania utviklar seg over tid.

I problemstillinga over har me fokusert på fotballen si utvikling i Kristiania med tanke på aktivitet, organisering og anleggsutvikling, samt stilt spørsmål om og eventuelt på kva måte denne utviklinga har spela ei rolle for byutviklinga. Medan den fyrste delen kan svarast ut empirisk, er den andre delen vanskelegare å vera tydeleg på. Her kunne me hatt store ambisjonar, slik som å undersøke sosiale og kulturelle meiningsdimensjonar gjennom fotballen si utvikling. Kva rolle spelte til

dømes den borgarlege danninga for fotballen si utforming tidleg på 1900-talet, og omvendt? Eller kva samanheng var det mellom framvekst av arbeidarkultur og danning av nye lag på austkanten? Meir overordna kunne me undersøkt korleis fotballen var vevd inn i ulike samfunnskontekstar (Andersen, 2007), og slik sett svara ut kva rolle fotballen si utvikling hadde for byutviklinga. Sjølv om dette er viktige spørsmål, vil det vera utanfor ramma av denne artikkelen å gå grundig inn på slike sosialhistoriske og mentalitetshistoriske problemstillingar. Målet vårt vil difor vera å undersøka organisatorisk vekst og banebygging og sjå på korleis dette var med på å forme byen Kristiania tidleg på 1900-talet.

Kristiania vart framstilt som den delte byen på 1900-talet (Kjeldstadli, 1990). Særleg var hovudstaden spesiell i høve dei andre norske byane med sitt markante aust/vest-skilje. Skiljet mellom den klassiske austkanten og vestkanten vart særleg forsterka på slutten av 1800-talet (Kjeldstadli & Myhre, 1995, s. 95, 119; Myhre, 1990). Det er vanleg å lage skiljet mellom aust og vest til elva som renn frå Mari-dalsvatnet og ut i Oslofjorden, Akerselva. Oppkomsten av industrien langs Akerselva frå midten av 1800-tallet skapte likevel arbeidarstrok på begge sider langs elva. Skiljet mellom aust og vest går dermed litt vest for Akerselva, omtrent langs Iladalen. Dette skiljet blir i denne artikkelen nytta som eit analytisk utgangspunkt.

Overordna er den historiske framstillinga knytt til tidsperioden 1900–1924. Startpunktet 1900 er valt med utgangspunkt i at det var då fotballen byrja å få feste i Noreg. I artikkelen vil me belysa på kva måte dette kom til syne i Kristiania med tanke på baneutvikling og organisering. I den andre enden ville me avslutta framstillinga før den politiske kampen, både i idretten og i det norske samfunnet elles, då den vart ein sentral drivar og sette så tydeleg preg på byutvikling og idretten si utvikling i mellomkrigstida. Denne delen har me ikkje gått inn på. Ein meir prosaisk grunn kan vera at Kristiania i 1925 endra namn til Oslo.

Eit analytisk grep me har gjort er å dela inn framstillinga i to periodar. Den fyrste perioden går frå 1900–1912. Då vart det fyrst og fremst danna fotballklubbar og bygd idrettsanlegg på vestkanten. I den andre perioden, frå 1912–1924, kom det til klubbdoming og banebygging aust i byen. Den geografiske og sosiale spreinga for den organiserte fotballen i Kristiania er eit særtrekk for denne perioden.

HISTORISK INNRAMMING

Framveksten av organisert idrett kan reknast frå om lag år 1850, og Goksøyr (2008; 2010) omtalar tida frå 1850–1910 som «en ny tid» Den nye tida innebar radikale endringar for idretten sin del. Den moderne idretten i Noreg utvikla seg frå ei rekke kjelder og bygde både på import og særnorsk utvikling. Skyttarrørsla og nasjo-

nale idrettar som ski og skøyter var sentrale i etableringsfasen med eit nytteverdi-perspektiv i fokus. I tillegg vart desse utfordra av turnrørsla (tysk turn og svensk gymnastikk). Den britiske importen og impulsane, kalla den engelske sporten, var likevel den som utfordra det tradisjonelle norske synet på idrett aller mest. Den engelske sporten sitt utgangspunkt var liberalisme og det frie mennesket, og målet var å drive idrett for idrettens skuld – eigenverdi. Dette var idrettar som tennis, friidrett, sykling og ikkje minst fotball. Den engelske fotballen spreidde seg til Noreg i 1880-åra blant anna gjennom norske studentar og forretningsfolk sin personlege kjennskap til spelet etter opphald i England. Engelskmenn på reise eller stasjonert i Noreg kan òg ha vore forklaring på spreinga av fotballen. Det vart spelt kampar på eit tidleg stadium i Bergen og Oslo, og den fyrste offisielle kjente fotballkampen vart spelt i Bergen i 1886 mellom offiserar og kadettar frå den engelske marine (Goksøy, 1991; Fossøy, 2008).

Organisasjonsutvikling nasjonalt og internasjonalt var òg ein viktig faktor for å forstå framveksten av den moderne idretten, og Norges idrettsforbund sine røter kan først attende til 1861. Då vart den fyrste landsomfattande idrettsorganisasjonen for idrett her i landet danna: Centralforeningen for Udbredelse af Legemsøvelser og Vaabenbrug (CF) (Olstad, 1987). Skyttarrørsla og koplinga til Forsvaret med godt trente rekruttar var her sentral. Etter kvart vart klubbar organiserte i særforbund med eit meir eigenverdifokus. Særforbunda autoriserte baner og godkjente idrettsanlegg. Det vart stilt krav om standardiseringar sidan idrettane skulle målast i rasjonelle rammer for å få sikre meir rettferdige konkurranseforhold og for å få godkjent rekordar og resultat (Rafoss & Breivik, 2012). Nasjonale og internasjonale idrettsorganisasjonar var med og overvakte bestemte konkurransereguleringar, og dette gjorde det lettare å kåre anten «verdast», «Europast» eller «Noregst» beste utøvar og etter kvart fotballag. Goksøy (1989, s. 11) kallar denne utviklinga sportifisering og definerar det slik: «... en del tradisjonelle og enkelte andre fysiske aktiviteter som mer og mer blir preget og karakterisert av følgende dominerende prinsipper: prestasjon målt i konkurranser i en rasjonell ramme.» Denne utviklinga var utfordrande for fleire av idrettsleiarane i CF. CF var oppteken av idrettens nytteverdi og ytre rasjonalitet. Den skulle vera samfunnsnyttig mellom anna ved å leggja til rette for bygging av arenaer for utøving av idrett. Særforbunda, derimot, var opptekne av idrettens eigenverdi og indre rasjonalitet. Det vil seie at dei hadde søkelys på gleder av aktivitet og korleis aktiviteten vart praktisert gjennom prestasjonar og konkurransar (Fossøy, Moe & Fretland, 2020).

Sjølv om byane var staden for den moderne idrettens gjennombrot, skapte òg byutviklinga utfordringar. I 1890-åras byar hadde den uorganiserte idretten fått vanskelegare kår. Der gater tidlegare hadde vore møtestader for det sosiale liv, var

dei same gatene no gjennomgangsårer for aukande trafikk. Stigande tomteprisar førte og til at tidlegare fellesareal anten vart lagt ut for sal eller blei regulert til anna bruk. Dette førte til at idretten fjerna seg meir og meir frå sitt naturlege og opphavlege miljø for å finne nye arenaer. Anlegg vart idretten sin materielle basis og ei fotballbane, til dømes, hadde internasjonale standardar i botn når det gjaldt lengde og breidde, mållinjer og sidelinjer, hjørneflagg, midtsirkel, målfelt og straffesparkfelt. Goksøyr og Olstad (2002, s. 191) presiserer nettopp dette: «Ordentlig fotball måtte spilles på ordentlige baner.» Det tok likevel tid før fotballen og standardiseringa sette seg.

1900–1912 FOTBALLEN I KRISTIANIA BLIR ORGANISERT

Fotball ble en masseidrett. Kamper mellom skolene i byen startet i 1903. Klubber kom til i nesten hver gatestump eller stor bygård i de tetttest befolkede områdene. Strøksjåvinisme, lokalpatriotisme som lå bak de store gutteslagsmålene, fikk en ny utløper i løkkefotballen.

Slik skildrar historikaren Knut Kjeldstadli (1990, s. 427) fleire sentrale trekk ved fotballen si utvikling i Kristiania frå hundreårskiftet og frametter. Fotballen fekk vekst og vart masseidrett, ikkje spesifikt i denne perioden, men når ein ser attende er det lett å sjå at starten på masserørsla var dei fyrste 10–12 åra i det nye hundreår.

Eit viktig grunnlag for denne veksten var skulekampane for gymnas og middel-skulelag som starta i 1903. Desse kampane, som gjekk årleg i perioden fram til 1912, gav unge gutar i Kristiania viktige erfaringar og var utgangspunktet for mange nye fotballklubbar. Klubbane vart danna på grunnlag av auka bustadbygging og konsentrasjon av folk. Dette skjedde fyrst på vestkanten, seinare på austkanten. Då austkanten kom på bana, vart det og tydelegare rivalisering mellom klubbar, ikkje minst mellom austkantklubbar og vestkantklubbar. Lokalpatriotismen og strøksjåvinisme vart ein del av fotballkulturen.

I denne perioden vart fotball som organisert idrett meir tydeleg i bybildet. Danninga av Norsk Fodboldforbund i 1902 og Kristiania og Omegn Fodboldkreds i 1905 var viktige milepælar og var teikn på aukande sportifisering. Fotball vart i større grad enn tidlegare akseptert og respektert som positiv ungdomsaktivitet. Centralforeningen for Udbredelse af Idræt støtta fotballaktiviteten, og pedagogiske og militære autoritetspersonar argumenterte for at fotball var ein sær sunn «friluftssleik» for barn om den vart driven fornuftig (Andersen, 1927).

Materielt sett byrja og fotballen å få betre vilkår. Sjølv om kommunen ikkje var veldig aktiv i bygging av fotballbaner i byen, vart det i denne perioden særleg tilrettelagt for fotballspel både ved Frogner (1902) og ved Bislett (1907). I dei neste tiåra, for Bislett Stadion sin del heilt fram til i dag, var dette stadion som hadde ein spesiell status langt utover Kristiania. Frogner og Bislett vart nasjonale arenaer for både skøyter, friidrett og fotball, og viktige symbol for idrettens vekst. I det fyrste tiåret var det mykje å utsetja på banene for fotballfolket, men utover 1910-talet betra tilhøva seg, og banene vart etter kvart utbygd i tråd med internasjonale standardar for fotballspel. Dermed vart desse fotballstadiona ein viktig materiell føresetnad for at fotball som idrett kunne utvikla seg i ei sportifiserande retning i hovudstaden (Goksøyr & Olstad, 2002, Fretland, 2007).

Sjølv om fotball etablerte seg som ein organisert idrett i vekst, var den uorganiserte løkkefotballen framleis ein viktig del av den totale aktiviteten. Løkkefotball var i større grad prega av lokale tilhøve enn organisert fotball. Der kunne ein ha eigne reglar og tilpassa spelet etter banetilhøve og kor mange som var med. Likevel gav slik aktivitet ei læring og sosialisering til spelet som var avgjerande for den vidare veksten. Det økonomiske grunnlaget for klubbane var ofte ein beskjeden kontingent og etter kvart publikumsinntekt (Olstad, 2013).



Figur 12.1. Fotballaktivitet blant barn og unge ved Tullinløkka sentralt i Kristiania. Fotograf: Wilse, Anders Beer. Eigarinstusjon: Oslo Museum.

Klubbane heldt til på vestkanten


I januar 1911 var følgjande klubbar frå Kristiania og omegn registrert med adresse og medlemstal i Norges Fotballforbund.

Tabell 12.1. Klubbar frå Kristiania og Omegn Fotballkreds registrert hjå Norges Fotballforbund

	Lag eller foreining	Adresse	Medlemstal
1	Ski og Fotballklubben «Lyn»	H.Schjølberg, Sofiegate 88 IV	125
2	Mercantile fotballklub	Rolf Haavind, Neuberggt.20	103
3	Fotballklubben «Ready»	Aage B Lorentzen, Harbitzt gt 4.	72
4	Oslo Fotballklub	H Fr Granum, Arupsgt 10	62
5	Sportsforeningen «Mjølner»	A.Mikkelsen Toftes gt 58 I	30
6	Kra Ynglingeforenings fotball og Idrætsfor,»Snar»	Einar Böhler Hermann Foss gt 1	59
7	Idrætsforeningen «Trygg»	Aage Tandberg Kolbjørnsens gt 13	68
8	Ski og Fotballklubben «Viking»	Fr.Holmsen, Hansteens gt 22 I.	31
9	Fotballklubben «Pil»	Osc Ruud, Arboesgt 4 IV	31
10	Sportsklubben «Frigg»	Georg Hansen, Realkreditbanken	41
11	Kristiania Idrætsforening	Harald Hansen, Josefinesgt. 22.	25
12	Bjølser Fotballklubb	P Chr Andersen, Mogt 22.	23
13	Ski og Fotballklubben Lynild	Brynjulf Bull Gottenberg, Sorgenfrigt. 9.	43

Kjelde: Fotball, Officielt Organ For Norges Fotballforbund 1911, nr 6 – Tilæg.

Geografisk kan klubbane plasserast slik på eit kart over Kristiania. Midt i bildet deler Akerselva byen i to, ein vestleg del og ein austleg del.



Figur 12.2. Geografisk plassering av medlemslaga i Kristiania og Omegn Fodboldkrets 1911. Grunnillustrasjon er henta frå Dokument nr. 19 (1919–1920) Indstilling fra det kommunale Idrætsutvalg om anlæg, utstyr, bruk og tilsyn av leke-, øvelses- og idrætspladser i Kristiania. Aktstykker Kristiania kommune. Forfattarane har sjølv teikna inn medlemslaga. Kjelde: Fotball, Officielt Organ For Norges Fotballforbund 1911, nr 6 – Tilæg.

Ut frå adressene i tabell 12.1 ser me at 11 av 13 lag hadde adresse vest for Akerselva, men sidan Bjølseren Fotballklubb i vår inndeling vil vera å rekna som eit austkantlag, kan me snakka om at berre tre av 13 lag hadde tilhald på austkanten. To av desse laga forsvann frå listene i 1912 og 1915 (Mjølner og Oslo). Dette gjorde sitt til at austkanten av Oslo i denne perioden om lag ikkje var synleg i den organiserte fotballen i Kristiania.

Fotball vart spela på løkker og stadion

Det fyrste tiåret etter hundreårskiftet var fotball i Kristiania på veg til å slå rot. Eit grunnleggjande spørsmål er: Korleis var det materielle grunnlaget for fotballsparking? Kor spelte dei unge fotball? Trening og kamp for dei unge guteklubbane gjekk føre seg på område som var nokolunde flate, ofte jorde i nærleiken av tettare busetnad (Sæther 2016). Eit betre, og kanskje oftare nytta uttrykk i fotballens verd

enn jorde er løkker. Løkker, forstått som ubygde tomteareal, fanst i fleire strøk av byen (Oslo Byleksikon 2000, s. 268; Kjeldstadli 1990, s. 427). Desse områda, som lenge hadde vore populære plassar for idrett og leik, var viktig for fotballveksten blant barn og unge i Kristiania frå 1900. Men kva var ei fotballøkke? Definisjonen på ei løkke er vanskeleg å få eintydig. I denne konteksten var det plassar rundt om i hovudstaden ein kunne sparka fotball, der underlaget kunne vera både grus, stein, mold eller gras og ofte ei blanding. Nokon standard eksisterte ikkje. Løkkefotball har ein annan tyding enn den organiserte idretten fotball. Aktiviteten på løkka følgjer ikkje same standardkrava som fotballspel i organisert form, men slik aktivitet var heilt avgjerande for veksten i den organiserte fotballen og byutviklinga.

Eit stadion, derimot, måtte kunne tilby relativt gode trenings- og konkurransetilhøve der minstestandardmål for baner måtte vera oppfylte. Desse minstemåla har heile tida vore ein del av regelgrunnlaget for sjølve fotballspelet. Frogner frå 1902 og Bislett frå 1907 var hovudanlegga for organisert fotballaktivitet i byen. Her vart det arrangert privatkampar, kretskampar, cupkampar, bykampar eller landskampar. Alle dei viktige kampane gjekk på Frogner.

Det er i denne samanhengen viktig å ha med seg at fotballen ikkje stod åleine som ein idrett det skulle byggjast baner for, men likevel kan ein hevda at fotball som aktivitet var ganske avgjerande. Dette viser seg att gjennom dei banene som vart bygd for idrettsaktivitet, som vart kalla sportsplassar. Banene stetta etter kvart internasjonale mål for ei fotballbane, men sjølvsagt ikkje berre det. Ein annan sommaridrett, friidrett, var ganske viktig. I tillegg var både Frogner Stadion og Bislett viktige skøytearenaer om vinteren.

1912–1924 FOTBALLEN BLIR FOLKELEG, OG FLEIRE LAG KJEM TIL

I 1912 hadde Kristiania og Omegn Fotballkrets 13 medlemslag. 10 år seinare hadde fotballkretsen 53 medlemslag. Veksten hadde vore enorm, og austkanten hadde for alvor kome med i det gode selskap. Det gjaldt ikkje berre kvantitativt, men òg kvalitativt. Fleire lag frå austkanten hadde utfordra laga i vest. Kva var det som hadde skjedd? Kvifor hadde austkanten plutsleg fått mange fotballag? Og kvifor vart fotball i organisert form så populært i heile byen i denne perioden? Fotball hadde eksistert som aktivitet blant ungdom frå 1880-åra, men aktiviteten var stort sett avgrensa til dei vestlege delane av Kristiania. Kva var det som gjorde at fotballinteressa i denne perioden tok av, spreidde seg til heile byen, og at det enda opp med så mange lag i fotballkretsen?

Den geografiske og sosiale spreinga av den organiserte fotballen i Kristiania er eit særtrekk i denne perioden. Det var mange nye lag som kom til særleg nord og aust i byen. Å forklara denne veksten er ikkje lett. Ein kan snakka om at mange prosessar går parallelt med fotballveksten. I Kristiania var dette midt i ein periode med sosiale endringar der meir fritid (åtte timars dag frå 1919), betre buforhold, betre kommunikasjon og betre kommunal tilrettelegging på fritida var viktige utviklingstrekk. Nye område i randsoner rundt sentrum vart bygd ut, og sjølv om innbyggjartalet totalt ikkje auka så mykje i perioden, frå 242 113 innbyggjarar i 1910 til 260 817 i 1920, var det auke i folketalet aust og nord i byen. Akkurat det skapte godt grunnlag for fleire fotballklubbar i Kristiania (Kjeldstadli, 1990).

Organisatoriske endringar

Skulle fotballen vera tilgjengeleg for alle, måtte alle som ville ha det, få tilgang til fotballen sine eigne organisasjonar. Slik var det ikkje i den fyrste perioden for fotball i Kristiania. Forbund, krets og lag var eksklusive og prega av det akademiske miljø. Dette endra seg på 1910-talet. I hovudstaden kan ein snakka om at fotballen vart demokratisert. Den nådde ut til folket. Fotballkretsen i Kristiania vart i denne perioden verkeleg ein fellesorganisasjon for dei mange fotballaga i byen. Folkeleggjering av idrettsorganisasjonane kan dermed vera ei forklaring. Det at organisasjonane ikkje lenger var så eksklusive, og at det ikkje var så vanskeleg som tidlegare for nye grupper å organisera seg, spela nok ei rolle for nye lag. Denne trenden var ikkje berre lokal, men del av ei nasjonal utvikling. Det var i denne perioden at organisert idrett for alvor byrja å ta tak i det norske folk. Ei fruktbar tilnærming for å forklara den store veksten kan vera å sjå på kommunal tilrettelegging for fotballaktivitet. Tilgang til baner har alltid vore ein styrande og sentral del av fotballaktiviteten. Dette må likevel ikkje forståast slik at utan gode baner ingen fotballspel. I praksis er det heller motsett. Trass i dårlege banetilhøve har det vore stor fotballaktivitet mange stader i Norge. Slik var det òg i Kristiania.

Om baneutviklinga i Kristiania

I perioden fram til 1924 kan ein snakka om fire større baneprojekt i Kristiania som hadde som mål å tilby gode trenings- og konkurransetilhøve for idrettsutøving, særleg for fotball, friidrett og skøyter. Det var Frogner Stadion, Bislett Stadion, Dælenenga og Jordal. Banene var plassert i ulike områder av byen og

sørgde samla sett for at banetilbodet hadde ei fornuftig geografisk spreiring (Andersen, 1933).

Frogner Stadion

Bystyret vedtok 26. mars 1896 å kjøpa inn Frogner Hovedgård som gravplass for vestkanten. Ein del av dette arealet mot Kirkeveien vart overlate til Christiania Skøiteklub mot ei årleg leige på kr 600. Skøiteklubben opparbeidde ein idrettsplass som vart teken i bruk i 1900, i utgangspunktet til å gå på skøyter om vinteren, men etter kvart vart dette ein viktig fotballarena om sommaren. Norges Fotballforbund og Kristiania og Omegn fotballkrets gjekk inn som leigetakar. I 1913 vart gamle Frogner Stadion stengt grunna den nasjonale jubileumsutstillinga som skulle hal-dast på Frogner året etter. Ein ny stadion vart bygd litt lenger nord. Den nye Frogner Stadion, som vart ferdig i 1914, hadde internasjonale mål for friidrett, fotball og skøyter. I tillegg vart det bygd eit nytt klubbhus med garderobe, bad, kafé og klubblokale, samt tribuneanlegg som gav plass til 15 000 menneske. Kristiania hadde fått ei ny storstove for konkurranseidrett.

Bislett

I 1898 vart det innkjøpt eit areal på over 60 000 m² som høyrde til Bislett teglverk, for at den nordvestlege delen av byen kunne få idretts- og leikeplass. Det tok lang tid med gjenfylling, og plassen kunne ikkje opnast for organisert idrettsaktivitet før i 1907. Den kjende idrettsmann og idrettsleiar Martinus Lørdahl var sentral for gjennomføring av dette prosjektet, og bana gjekk under namnet Lørdahls Bislett. I 1916 overtok kommunen plassen, og det vart prosjektert ein heilt ny idrettsplass på Bislett. Arbeidet vart starta i 1917, men idrettsplassen vart ikkje teken i bruk før 1922. Anlegget hadde internasjonale mål. Det vart òg oppført eit stort klubbhus med treningslokale, garderobe, bad og kafé, og overbygd tribune.


Dælenenga

I 1910 kjøpte kommunen eit areal av Dælenenga teglverk til anlegg for idrettsplass for den nordaustlege delen av byen. Oppfyllinga av teglverkstomta og planering av idrettsplass tok tid, og anlegget kom fyrst i bruk i 1916. Den gamle kafé- og garde-robebygninga frå Bislett vart overflytta til Dælenenga. Fyrst i 1927 vart eit nytt idrettshus med treningslokale, garderobar, bad og kafé teken i bruk.

Jordal

Det siste området i byen som fekk moderne idrettsanlegg, var austkanten. Det var slutt på teglverksdrifta ved Jordal Teglverk rundt fyrste verdskrigen, og området vart lig-gande brakk, men det vart etter kvart nytta til idrett. Anlegget vart bygd i fleire etappar. Ei bane vart teken i bruk til trening i 1922 og fotballkampar i 1923, men det var ikkje før i 1930-åra Jordal Idrettsplass vart bygd som nødsarbeid (Oslo Byleksikon, 2000).

I tillegg til dei fire store idrettsanlegga hadde kommunen opparbeid fleire øvingsplassar rundt om i byen. Øvingsplassane var stort sett knytte til skulane i dei ulike bydelane, og hadde fotballbaner som i storleik var for små til obligatoriske kampar. Det var likevel anlegg som var godt brukande til fotballtrening og som gav grunnlag for den klubbveksten som skjedde i åra etter 1912. Figur 12.3 gjev ein god oversikt over anleggssituasjonen i Kristiania rundt 1920. Kartet er teikna i 1917/18 og tek utgangspunkt i eksisterande og påbegynte anlegg for idrett og lek.



Figur 12.3. Baner og øvingsplassar for fotball (og anna idrett) i Kristiania ca. 1920. På kartet er den geografiske plasseringa av baner og løkker skissert. Hovudtyngda av fotballplassar ligg på vestkanten i nærleiken av Frogner og Bislett. På austkanten er det få baner og naturlegvis få klubbar. Illustrasjon er henta frå Dokument nr 19 (1919–1920) Innstilling fra det kommunale Idrætsutvalg om anlæg, utstyr, bruk og tilsyn av leke-, øvelses- og idrætspladser i Kristiania. Aktstykker Kristiania kommune.

Av andre interessante område som vart nytta til fotballspel, kan det vera verd å nemna Festningsplassen på Akershus Festning, Hovedøen, Bygdø og Tåsenløkka. Alle desse er nemnde som øvingsbaner og kampbaner for lag frå Kristiania. I same andedrag bør det òg nemnast at den fyrste grasbana i regionen, «Græsbanen» på Vestre Holmen, var kamparena for A-serien i Kristiania og Omegn Fotballkrets frå 1918 (Andersen, 1933).

Idrettsvesenet

Perioden 1893–1919 er blitt framstilt som ei veksttid for norsk idrett. Auka offentleg engasjement var ein del av utviklinga (Goksøyr, 1992). Veksten i norsk idrett var spesielt stor i perioden 1914–1918 (Olstad, 1987, s. 164–166). Lokalt kan ein òg få eit godt inntrykk av veksten i idretten. Berre det at Kristiania kommune frå 1911 hadde eit fast utval for idrettssaker, og frå 1916 eigen administrasjon for idrettsvesenet underlagt vegvesenet, viser kommunalt engasjement (Beretning for Oslo kommune, 1952). Idrettsvesenet var særleg sentrale i anleggsutbygginga i byen. Eit overordna mål var å få mange aktive.

Registrert aktivitet på offentlege baner gjekk drastisk opp. Fotball var ein viktig del av denne aktiviteten. Talet på aktive idrettsfolk i Kristiania heng saman med vekst i baner. Medan det kring 1901–1902 var berre ei bane (Frogner Stadion) som var tilrettelagt for fotball og anna konkurranseaktivitet med nasjonale eller internasjonale standardar, kunne Kristiania og Omegn fotballkrets rundt 1920 få tilgang til Frogner Stadion, Bislett, Dælenenga og Jordal. I tillegg fekk kretsen treningstid på fleire mindre øvingsplassar. Utanom det kommunale tilbodet hadde kretsen avtale med Ready og Mercantile, to klubbar som var medlem av fotballkretsen, og som var eigarar av Græsbanen ved Vestre Holmen utanfor bygrensa, om å leggja ein del kampar i A-serien dit. Forholda var likevel langt frå tilfredsstillande for fotballkretsen sine 53 lag.

I 1917 fekk idrettsutvalet i Kristiania kr 1000 av formannskapet for å utarbeide «planer og forslag til istandbringelse av leke-, øvelses og idrætspladser» i Kristiania. To år etter fekk formannskapet innstillinga på bordet (Dokument nr 19 (1919–1920)). I innstillinga vart det argumentert for at ungdomen burde få tilfredsstillt sin «bevægelsestrang under fuld tilgang av lys og luft» (Dokument nr 19 (1919–1920)). Innstillinga var rask med å peike på at idrettsanlegg ikkje fyrst og fremst skulle byggjast for å leggja til rette for «maksimalpræstationer foran velbesatte tilskuerbænker». Det var fyrst og fremst nytteverdien som var interessant: «Det egentlige maal – det som er knyttet til virkelige samfundsbehov – er at aapne adgang til den jævne friluftsovelse for al ungdom og helst den del som er henvist til de trangeste kvartaler» (Dokument nr 19 (1919–1920)).

Argumenta dreiar seg om helse og oppseding av den oppveksande slekt. Eit kritisk blikk på byutviklinga dominerer der deltaking i idrett og «friluftsovelse» kunne vera botemiddel for byens uheldige oppvekstvilkår med tronge og lysfattige leilegheiter og med berre bakgardar som leikeplass.

SPORTIFISERINGSPROSESS OG MOTPROSESS

Det tok relativt lang tid før fotballen nådde eit sportifisert nivå i Kristiania. Den organisatoriske overbygninga var fråverande i starten, og sjølv etter den kom på plass, gjekk utviklinga av rasjonelle løysingar i høve fotballporten relativt seint. Fyrst på 1910-talet kan ein snakka om stor oppslutning til fotball i Kristiania, og det var i denne perioden sportifiseringsprosessen verkeleg tok av. Prestasjonsorienteringa var tydeleg både på nasjonalt og på lokalt nivå. Dei to mest synlege prinsipielle diskusjonane var knytt opp mot idrettens eigenverdi og idrettens nytteverdi. Ei viktig drivkraft som låg i fotballspelet, var gleda som mange opplevde (og opplever) ved å sparka ein ball, ved å drible og sentra, samt det å høyra til ei sosial gruppe. Særleg frå eit utøvarperspektiv var dette sentralt. For einskilde sentrale idrettsleiarar var derimot det viktigaste formålet med fotball at den hadde samfunnsmessig nytteverdi. Utan nytteverdi var aktiviteten uinteressant. Og det er verd å leggja merke til at det var fyrst når fotballen vart sett på som ein positiv aktivitet av fleire representantar for «nyttetenkjarane», at grunnlaget for vekst vart lagt. Men for at veksten skulle ta av, var det eigenverdien og den indre rasjonaliteten som måtte i førarsetet.

Fotballens positive verknad på folkehelsa, særleg for barn og unge, var knytt til det å vera ute i friluft, samtidig som det gav fysisk gevinst i form av auka styrke, smidigheit og uthald. Dette var i alle fall hovudargumenta til dei som spesielt såg på nytteverdien av fotball. I tillegg kunne ein ved å leggja til rette for fotball skapa sosial fellesskapskjensle både blant utøvarar og publikum. Gevinsten var dermed av både fysisk og sosial art.

Ein kan stilla seg spørsmål om det var ein del av idrettens ytre rasjonalitet at fotballen vart flytta ut av bykjerna? Fotballbanene vart lagt til Frogner, Bislett, Dælenenga og Jordal, som på den tid var i yttergrensene av byen. I tillegg kan ein òg nemne Græsbanen og Ullevål Stadion som låg utafor bygrensene, men som vart eigd og nytta av klubbar som var heimhøyrande i Kristiania (Andersen, 1927, s. 1933). Eller var det andre grunnar til at banene vart lagt langt utafor bykjerna? Var det rett og slett så enkelt at det ikkje fanst slike område i bykjerna, anten fordi kommunen ikkje ville regulera slike aktuelle tomter til fritidsaktivitet eller fordi dei ikkje hadde råd av økonomiske årsaker? Med tanke på byutvikling var nok dette

både politiske og økonomiske utfordringar som kommunen måtta ta omsyn til når dei skulle leggja til rette for idrettsaktivitet.

Fotballen på løkka eller den uorganiserte fotballen fekk vanskelegare kår. Tidlegare små fotballbaner gjekk med når byen vart utvida. Gatene vart nok til ein viss grad nytta til fotballsparking, men aukande trafikk gjorde desse områda dårleg eigna. Byveksten var samtidig med på å øydeleggja fellesområde som tidlegare hadde vorte nytta til fotball eller andre aktivitetar (Sæther, 2016). Det vart etter kvart viktigare å flytta fotballen inn på spesialiserte arenaer.

Alt i alt skjedde det ei demokratisering av fotballen i Kristiania. Mange av dei nye fotballspelarane på 1910-talet kom frå arbeidarklassa, og det vart danna nye klubbar over heile Kristiania. Auka sportifisering gjorde sitt til at klubbane i aust og vest etter kvart møttest på same arenaen og klubbane i vest måtte slita for å oppretthalda hegemoniet. Utover på 1920-talet skjedde det fleire gonger at austkantklubbane vart kretsmeistrar (Øiseth, 1963). Det skjedde ikkje dei fyrste 15 åra etter danninga. Demokratiseringa omfatta ikkje barn, men ungdom (gute- og junior-spelarar over 14 år). Kvinnene var om lag usynleg i fotballfeltet, bortsett frå på tribuna. Fotball handla heile perioden mest om unge menn. Likevel var det eit synleg trekk at fleire av klubbane danna eldreråd for dei som ikkje lenger var aktive spelarar (Sportsklubben Frigg, 1914). Den nedre aldersgrensa kunne vera heilt ned til 25 år. Om slike råd kunne påverka den sportslege utviklinga i klubben i noko særleg grad, er vanskeleg å seie. I utgangspunktet kan ein tolke dette fyrst og fremst som eit sosialt møtepunkt som var nok i seg sjølv, men fleire i denne gruppa kunne vera ressurssterke og dermed vera i posisjon til å påverka sentrale prosessar i klubben. Særleg når dei fekk plass i styret av klubben. Slik kan det vera rom for å hevda at denne utviklinga òg var med på å auka sportifiseringa.

Dei unge gutane spela ein sentral rolle, og sjølv om me ikkje kan snakka om ungdomsopprør, var dei viktige for fotballens vekst i heile perioden. Dei unge spelte løkkefotball, men hadde òg organisert kamptilbod frå tidleg på 1900-talet; fyrst via skulefotballen, deretter som del av forbundet og kretsen sitt ordinære serietilbod. Fotballsporten si utvikling, både den indre og ytre rasjonalitet, vart prega av ungdomen. Ved at dei hadde delteke i fotball anten den var uorganisert eller organisert, var dei gjennom heile oppveksten med på å skyva grenser for prestasjon. Dei la press på dei eldre og gjorde fotballen betre. Kombinasjon av auka deltaking frå austkanten og unge spelarar var med på å gje sportfiseringsprosessen eit spark framover.

AVRUNDING

I denne artikkelen har me vist at fotballen spela ei viktig rolle og har vore med på å utvikla byen Kristiania i 1900–1924. Dette gjaldt både i form av aktivitetsauke, ny organisering og nye idrettsanlegg. Til saman var det med på å bygge kultur, trivsel og identitet i organisasjonsliv, klubb og nærområde i Kristiania by.

Auka demokratisering, arbeidarklassen inn på bana, betre fasilitetar, klarare skilje mellom arbeid og fritid, og rasjonell tankegang var viktige samfunnstrekk som påverka byutviklinga i Kristiania i denne perioden. Det gjaldt òg i høve utviklinga av idretten og her spesielt fotballen. Slik kan det hevdast at idretten si utvikling er ei spegling av samfunnet si utvikling. Men ein kan òg hevda at sportifiseringa som ein prosess ikkje berre speglar, men er ein sentral del av samfunnets utvikling. Sportifiseringa kan sjåast på som ein prosess der fotballen frigjer seg frå samfunnets utvikling. Den indre rasjonaliteten og eigenverdien til denne idretten overgår nytteverdien og den ytre rasjonaliteten. Då kan ein òg, kanskje med rette, hevda at i staden for at samfunnet einsidig påverkar idretten ei viss retning, er det faktisk idretten, og her fotballen, som påverkar byen og samfunnsutviklinga.

MERKNADER

Forfattarane har ingen interessekonfliktar

LITTERATURLISTE

- Andersen, E. (2007). *Det store gjennombruddet. Norsk fotballs kulturhistorie 1885–1925*. Oslo: Norges idrettshøgskole.
- Andersen P.C. (1927). *Norges Fotballforbund gjennom 25 år*. Oslo.
- Andersen P.C. (1933). *Oslo Fotballkrets gjennom 25 år*, Oslo.
- Beretning for Oslo kommune (1952): for årene 1912–1947, Oslo.
- Dokument nr 19 (1919–1920) Indstilling fra det kommunale Idrætsutvalg om anlæg, utstyr, bruk og tilsyn av leke-, øvelses- og idrætspladser i Kristiania. Aktstykker Kristiania kommune.
- Fossøy, J. (2008). *Tippekampen: meir enn ein fotballkamp*, Masteroppgåve. Oslo: Norges Idrettshøgskole.
- Fossøy, J., Moe, V.F., Fretland, F. (2020): Idrett og media i Noreg – frå analoge til digitale medieplattformer. I Halvorsen, L.J., Stokken, R., Rogne, W.M., Erdal, I.J. (red.) (2020). *Digital samhandling – Fjordantologien 2020* (s. 103–122). Oslo: Universitetsforlaget.
- Fossøy, J., Moe, V.F., Fretland, F. (2018). Sogndal fotball 1988–2016 – frå regional til internasjonal aktør. I Hogset, H., Berge, D.M., Dale, K.Y., (red.) (2018). *Det regionale i det internasjonale – Fjordantologien 2018* (s. 341–361). Oslo: Universitetsforlaget.

- Fretland, F. (2007). Fotballkamp paa Grus og Græs i Kristiania I Idæt, nation og politik – nordiske komparationer. *Idrætshistorisk årbog 2007*. Odense: Syddansk Universitetsforlag.
- Goksøyr, M. (2010). *Idrett for alle: Norges idrettsforbund 150 år: 1861–2011*. Oslo: Aschehoug.
- Goksøyr, M. (2008). *Historien om norsk idrett*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Goksøyr, M. (1992). *Staten og idretten 1861–1991*. Oslo: Kulturdepartementet, Idrettsavdelingen
- Goksøyr, M. (1991). *Idrettsliv i borgerskapets by: en historisk undersøkelse av idrettens utvikling og organisering i Bergen på 1800-tallet*. Oslo: Norges idrettshøgskole.
- Goksøyr, M. (1989). Prestasjonsmåling eller posering? Den engelske sporten i norske omgivelser. To eksempler fra Bergen mot slutten av 1800-tallet, s. 9–32. I Goksøyr, M. & Mo, K. (red.) (1989). *Norsk idrettshistorisk årbok 1989*. Oslo: NIF.
- Goksøyr, M. & Olstad, F. (2002). *FOTBALL! Norges Fotballforbund 100 år*. Oslo: Norges Fotballforbund.
- Kjeldstadli, K. (1999). *Fortida er ikke hva den en gang var*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kjeldstadli, K. (1990). *Oslo bys historie bind 4*. Oslo: J.W. Cappelens Forlag A/S.
- Kjeldstadli, K. & Myhre, J.E. (1995). *Oslo – spennings by, Oslohistorie*. Oslo: Pax Forlag A/S.
- Lesjø, J.H. (2008). *Idretts sosiologi – sportens ekspansjon i det moderne samfunn*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Myhre, J.E. (1990). *Hovedstaden Christiania, Oslo by historie, bind 3, 1814–1990*. Oslo: J.W. Cappelens Forlag A/S.
- Olstad, F. (1987). *Norsk idretts historie, Forsvar, sport klassekamp 1861–1939, bind 1*. Oslo: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
- Olstad, F. (2013). *Heia Vål'enga! Vålerengen Idrettsforening 100 år*. H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard), Oslo.
- Oslo Byleksikon* (2000), fjerde utgave. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Rafoss, K. & Breivik, G. (2012). *Idrett og anlegg i endring. Oppslutning om idrettsaktiviteter og bruk av idrettsanlegg i den norske befolkningen*. Oslo: Akilles.
- Sæther, S. (2016). *Paa grus og græs – Kristianiafotballens sosiale bakgrunn 1905–1924*. Masteroppgave i historie. Oslo: UiO.
- Sportsklubben Frigg (1914). *Jubileumsberetning 1904–17.mai–1914*, Kristiania.
- Øiseth, E. (1963). *Vålerengens Idrettsforening gjennom 50 år*. Oslo.



13. Lokalavis og lokalsamfunn – forholdet mellom Folldalsportalen og Folldals-samfunnet

Lars Julius Halvorsen

Sammendrag Denne artikkelen undersøker forholdet mellom en hyperlokal nettavis og lokalsamfunnet den skriver om, i lys av det øvrige medieøkologiske systemet. Analysen viser at lokalsamfunnet konstitueres gjennom flere former for tilknytninger til det geografiske stedet, og at det lokale fellesskapet også omfatter utflyttere og fritidsbefolkning. Den hyperlokale nettavisen har, til tross for en svært begrenset utgivelsesfrekvens, en fremtredende rolle i den lokale medieøkologien. Den bidrar, i et samspill med lokale sosiale medier, til å lime det geografisk spredte lokalsamfunnet sammen.

Abstract This article examines the relationship between a hyperlocal online newspaper and the community it writes about compared to the rest of the local media ecology. The analysis shows that the local community is constituted through several forms of connections to the physical place and that the local community also includes former residents and second home dwellers. The hyperlocal online newspaper has, despite a very limited publication frequency, a prominent role in the local media ecology. It helps, in interaction with local social media, to glue the geographically dispersed local community together.

Nøkkelord lokalaviser | hyperlokale medier | medieøkologi | lokalsamfunn | ruralsosiologi

INTRODUKSJON

- Kvalheim, N. & Sjøvaag, H. (2016). *Journalistikkens Blindsoner. En rapport skrevet for Mediemangfoldsutvalget*. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Leckner, S., Tenor, C. & Nygren, G. (2017). What About the Hyperlocals? *Journalism Practice*, DOI: <https://doi.org/10.1080/17512786.2017.1392254>
- Lehman-Wilzig, S.N. & Seletzky, M. (2010). Hard News, Soft News, 'General' News: The Necessity and Utility of an Intermediate Classification. *Journalism*, 11(1), 37–56.
- Lindén, C.G., Hujanen, J. & Lehtisaari, K. (2019). Hyperlocal Media in the Nordic Region. *Nordicom Review*, 40(2), 3–13.
- Mathisen, B.R. & Morlandstø, L. (red.) (2019). *Blindsoner og mangfold – en studie av journalistikken i lokale og regionale medier*. Stamsund: Orkana Akademisk.
- Mathisen, B.R. & Morlandstø, L. (red.) (2018). *Lokale medier. Samfunnsrolle, offentlighet og opinionsdanning*. Oslo: Cappelen Damm.
- Mathisen, B.R. (red.) (2010). *Lokaljournalistikk. Blind patriotisme eller kritisk korrektiv?* Kristiansand: IJ-forlaget.
- Metzgar, E., Kurpius, D. & Rowley, K.M. (2011). Defining Hyperlocal Media. Proposing a Framework for Discussion. *New Media & Society*, 13, 772–787.
- Morlandstø, L. & Krumsvik, A. (red.) (2013). *Innovasjon og verdiskaping i lokale medier*. Oslo: Cappelen Damm.
- Mæhlum, L. (2020). *Folldal*. Store norske leksikon.
- Nielsen, R.K. (2015). *The Decline of Newspapers and the Rise of Digital Media*. London: IB Tauris et co.
- Nord, L. & Nygren, G. (2002). *Medieskugga*. Stockholm: Atlas.
- Nygren, G., Leckner, S. & Tenor, C. (2018). Hyperlocals and Legacy Media. *Nordicom Review*, (1), 33–50.
- Nygren, G. (2016). Medieekologi – ett helhetsperspektiv på medieutveckling. I SOU 2016, s. 30. *Människorna, medierna och marknaden. Medieutredningens forskningsantologi om en demokrati i förändring*. Stockholm: Wolters Kluwer. Statens offentliga utredningar.
- Nygren, G. & Althén, K. (2014). *Landsbygd i medieskugga*. Stockholm: Södertörns högskola.
- Omdal, S.E., Bjartnes, A., Bjerke P. & Olsen, R.K. (2013). *Journalistikk og demokrati. Hvor går mediene? Hva kan gjøres?* Oslo: Fritt ord.
- Putnam, R.D. (2000). *Bowling Alone. The Collapse and Revival of American Community*. New York: Touchstone.

- Putnam, R.D. (red.) (2002). *Democracies in Flux. The Evolution of Social Capital in Contemporary Society*. Oxford: Oxford University Press.
- Radcliffe, D. (2012). *Here and Now: UK Hyperlocal Media*. London: Nesta.
- Roppen, J. (2003). *Orklas lange revolusjon. konsern, redaktører og journalistikk i Orkla medias norske aviser 1985–2000*. Ph.d.-avhandling. Bergen: University of Bergen.
- Roppen, J. (2008). Medieskugge og mediestruktur. Paper presentert ved *Norsk medieforskerkonferanse*, Lillehammer, oktober 2008.
- Ryen, A. (2012). *Det kvalitative intervjuet. Fra vitenskapsteori til feltarbeid*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Tönnies, F. (2001). *Community and Civil Society*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Van Kerkhoven, M. & Bakker, P. (2014). The Hyperlocal in practice. *Digital Journalism*, 2(3), 296–309.
- Vaage, O.F. (2018). *Norsk mediebarometer 2017*. Statistiske analyser. Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.
- Williams, A., Harte, D. & Turner, J. (2014). The Value of UK Hyperlocal Community News. *Digital Journalism*, 3(5), 680–703.
- Yin, R.K. (2018). *Case Study Research and Applications. Design and Methods*. Los Angeles: Sage Publications.



14. Utkantbutikken som velferdssentral i små lokalsamfunn

Finn Ove Båtevik og Lars Julius Halvorsen

Samandrag Dette kapittelet ser nærare på utkantbutikker i små lokalsamfunn. Analysane tyder på at utkantbutikkane spelar ei viktig rolle i å oppretthalde tenestetilbodet i slike samfunn, der det ikkje er uvanleg at butikkane i praksis fungerer som velferdssentralar. Dette er langt på veg resultat av eit tett samspel mellom butikken og bygda. Kommunane har derimot i liten grad vore lite involverte i dette samspelet. Slik sett har mange kommunar gjort lite for å styrke rolla til butikkane som ein viktig aktør i arbeidet med å sikre levekår og folkehelse for dei som bur i små lokalsamfunn.

Abstract This chapter discusses grocery stores in small local societies in Norway. The analysis shows that the grocery shop plays a vital part in retaining the local welfare services. Many of the shops function as local welfare centres. This is by far the result of a close interaction between the shop and the community. More involvement from the municipalities seems needed, but difficult to realize. In this way, the local authorities miss an opportunity to contribute to better living conditions and public health in these communities.

Nøkkelord utkantbutikk | velferdstilbod | lokalsamfunn | lokalsamfunnsutvikling | sosial innleiring | økonomisk sosiologi

INNLEIING

Småsamfunn utgjer ein viktig del av distriktsbusetnad og næringsliv i Noreg. Busettinga i desse samfunna er viktig i seg sjølv, og den har også stor betydning for næringar som fiske, fiskeoppdrett, fiskemottak og fiskeforedling, landbruk og reiseliv. Å sikre tilgang på gode og nære velferdstenester er ein føresetnad for at desse samfunna skal overleve og utvikle seg vidare. Det er ei brei politisk semje om at

Noreg skal ha eit likeverdig offentleg og privat tenestetilbod i heile landet (Meld. St. nr. 18, (2016–2017), s.122), men det har vist seg å vere ei stor utfordring å få til dette i mange småsamfunn. Store avstandar påverkar tilgangen til offentlege tenester. Dette gjeld særleg stadbundne basistenester, som helst bør vere tilgjengelege der folk bur. Ein stor del av slike basistenester er innan pleie og omsorg. Dette er tenester det er stort behov for i småsamfunn prega av demografisk uttynning (Aasbrenn, 1989). I slike samfunn utgjør eldre menneske ofte ein stor del av befolkninga. Dei eldre er ikkje så mobile som resten av vaksnebefolkninga og er såleis meir avhengige av tilgang til tenester i nærmiljøet. Når kommunereforma har gitt større kommunar, blir det særleg relevant å vurdere korleis ein møter behova i småsamfunna. Ei løysing er at nokre av oppgåvene blir utførte i institusjonane som er att i slike samfunn. Dette er temaet for dette kapitlet.

BUTIKKEN SOM FELLESINSTITUSJON

Som marknader er småsamfunn kommersielt sett lite attraktive for private vare- og tenestetilbydarar. Utkantane opplever såleis ei sterk nedbygging av det private tenestetilbodet, noko som er tydeleg i mange land (Paddison & Calderwood, 2007).

I Noreg finn vi trass dette daglegvarebutikkar i mange småsamfunn. Butikken er ofte også den einaste lokale fellesinstitusjonen med dagleg drift i desse samfunna. Sett under eitt var det 937 utkantbutikkar i Noreg i 2016. Desse butikkane hadde eit samla marknadsgrunnlag på rundt 350 000 personar (Rasmussen, 2017). I gjennomsnitt var avstanden til næraste konkurrent 15 kilometer.

Meir enn halvparten av desse utkantbutikkane inngår i det statlege Merkur-programmet. Programmet arbeider med utvikling av butikkane, både med tanke på rolla som tilbydarar av daglegvarer og rolla som breiare samfunnsinstitusjonar. Dette programmet rettar seg særskilt mot stader der butikken er einaste alternativ for lokale innkjøp av daglegvarer. Det er denne typen butikkar og deira lokalsamfunn vi ser på i dette kapitlet.

Utfordringane med å sikre gode velferdstenester i småsamfunn er samansette. Dette gjer at det er behov for fleire og godt koordinerte tiltak. Avstandsreduserande tiltak, anten det skjer gjennom vegutbygging, utvikling av digitale løysningar eller anna, kan inngå som ein del av løysingane. Utvikling av samspelet mellom kommune, lokalsamfunn og utkantbutikk er ei anna tilnærming. Mykje tyder på at desse løysingane verkar best når dei vert tilpassa lokale forhold (Båtevik, Halvorsen & Aarflot, 2007; Halvorsen & Båtevik, 2014). Teknologi og modernisering opnar for nye løysningar, men for å fungere må desse tilpassast ein lokal kontekst.

Fleire oppgåver krev i tillegg nærleik, innsikt i lokale forhold, oversikt over lokale ressursar, tilgang til lokale nettverk og så bortetter.

Samtidig handlar det lokale om meir enn det som skjer på den enkelte staden (jf. for eksempel Berg & Dale, 2015; Gerrard, 2016; Frisvoll, 2015). Eitt spørsmål i så måte er om utkantbutikken kan ta på seg ulike kommunale tenester. Det er på ingen måte nytt at butikken yter ulike typar tenester på vegner av storsamfunnet. Mange butikkar, både i utkant og meir sentrale strøk, har for eksempel ein nøkkelposisjon for å gi befolkninga tilgang til posttenester. Det overordna spørsmålet vi ønskjer å svare på er difor kva funksjonar butikken har som ein fellesinstitusjon i små lokalsamfunn. Vidare ser vi spesielt på velferdsfunksjonen og kva faktorar som ligg bak når utkantbutikker utviklar seg til det vi her kallar «velferdssentralar» i slike samfunn.

ANALYTISK TILNÆRMING OG TIDLEGARE FORSKING

Vår inngang til studien er at utkantbutikken må forståast både som eit føretak og som eit kollektivt gode for lokalsamfunnet. Dei to rollene følgjer svært forskjellige logikkar. Som føretak vert butikkens evne til å overleve avgjort av om den oppnår tilstrekkeleg inntening til å dekke kostnader til løn, varesvinn og vedlikehald, og til å gjere nødvendige investeringar. I tillegg til å vere et føretak er utkantbutikken ein viktig samfunnsinstitusjon som gir bygda tilgang på daglegvarer og viktige tenester, gjerne omtalt som tilleggstenester. Samtidig er butikken ein møteplass for innbyggjarane.

Butikken kan ta på seg ulike tenester med utgangspunkt i begge rollene, men det er særleg i rolla som kollektivt gode vi kan forvente utviklingsorienterte prosessar der velferdstilbodet vert utvikla i samarbeid mellom butikkdrivar, lokalsamfunnet og eksterne aktørar. Mark Granovetter sitt innleiringsperspektiv gir eit viktig bidrag til å forstå vilkåra for slike prosessar (Granovetter, 1985, 2017; Swedberg & Granovetter, 1992). Perspektivet byggjer på tanken om at økonomiske avgjerder ikkje vert fatta av isolerte enkeltaktørar, men i staden av sosialt innleira og kollektivt orienterte avgjerdstakarar. Sosial innleiring betyr i denne samanhengen at aktørane inngår i eit sosialt nettverk, der dei deler røyndomsforståingar og normer og står i gjensidige sosiale relasjonar til kvarandre. Ut frå dette perspektivet har forma og graden av innleiring stor betydning i avgjerdsprossane, slik at utviklinga av velferdstenester i butikken vert sterkt påverka av relasjonane i lokalsamfunnet og mellom innbyggjarane og butikkdrivaren.

Ein viktig grunn til at vi tek utgangspunkt i dette perspektivet, er den funksjonen mange norske utkantbutikker har som einaste allmenne tilgjengelege fellesins-

titusjon i små lokalsamfunn. Den sentrale posisjonen butikken har i lokalsamfunnet, har nettopp vorte styrkt ved at utkantbutikkane har teke på seg stadig fleire oppgåver dei siste åra (Halvorsen & Båtevik, 2019, 2014). Her skil utkantbutikkane seg tydeleg frå sentrumsbutikkane. Medan konkurrentane i meir sentrale strok spesialiserer seg, har mange av småbutikkane satsa på ein diversifiseringstrategi (jf. Jussila, Lotvonen & Tykklyainen, 1992). Den gamle landhandelen har kome i ny utgåve, også kalla den multifunksjonelle butikken, som mellom anna tilbyr bensinutsal, apotekvarer, post i butikk og kafé eller kaffikrok (Larsen, 2002). Gjennom denne strategien har butikkane styrka rolle som ein viktig sosial møteplass for lokalbefolkninga (Angell & Grimsrud, 2019; Båtevik et al., 2007; Halvorsen & Båtevik, 2016). Fleire av butikkane har teke på seg kommunale oppgåver, slik som bibliotektenester, miljøstasjon og turistinformasjon (Båtevik, Tangen & Yttredal, 2006; Båtevik et al., 2007; Båtevik & Halvorsen, 2016; Halvorsen & Båtevik, 2014; Larsen, 2002).

Vi finn att liknande utviklingstrekk internasjonalt i form av auke i ulike former for lokale multifunksjonelle sørvissenter. Slike institusjonar kan ha utspring i ein butikk, men kan også vere knytt til andre samfunnsinstitusjonar (Moseley, Parker & Wragg, 2004). Det kan for eksempel vere snakk om å bygge opp eit breitt tenestetilbod med utgangspunkt i den lokale puben, slik ein studie frå den nordvestlege delen av England er ein illustrasjon på (Cabras & Bosworth, 2014; Cabras & Lau 2019). På linje med erfaringane frå Noreg er dei sentrale funna i desse utanlandske undersøkingane at denne typen sørvissenter spelar ei viktig rolle for lokalsamfunna dei ligg i, og at det er behov for lokal og nasjonal støtte for å etablere og vidareutvikle desse institusjonane (Statens offentliga utredningar, 2015; Calderwood & Davis, 2013).

Studiane frå andre land byggjer rett nok ofte på erfaringar frå langt større lokalsamfunn enn dei småsamfunna som er nedslagsfeltet for dei norske utkantbutikkane. Erfaringar som liknar den norske situasjonen, finn ein etter alt å døme i størst grad i andre nordiske land. Frå Sverige er det gjennomført studiar av handlemønstre, opplevinga hjå kundane av butikkane og korleis ein på ein mest mogleg effektiv måte kan støtte denne typen butikkar (Karlson, 2012). Det er også gjennomført ei offentleg utgreiing i Sverige, der sørvis i spreiddbygde område er eitt av fleire tema (Statens offentliga utredningar 2015, s. 35). I dette arbeidet inngjekk også ei utgreiing av ulike modellar for støtte til utkantbutikkar, med tilhøyrande analyse av økonomisk utvikling for desse butikkane (HUI Research, 2014). I oppfølginga av dette arbeidet har enkelte svenske kommunar utarbeidd eigne sørvisplanar og tilhøyrande avtalar med butikkar (for eksempel Krokoms kommun, 2015).

Ei vanleg utfordring i mange utkantar er at næringslivet og befolkninga har behov for eit breitt samansett tilbod av nærtenester, som offentlege styresmakter

ikkje klarer å levere. Studiar av slike samfunn syner at den beste og kanskje einaste løysinga i mange høve er å finne nye måtar å oppretthalde tilgangen på desse tenesene (Jones & Smith, 2000; Aasbrenn, 1998, Aasbrenn, 2007). Eit forhold som kan medverke til å gjere dette vanskeleg, er statleg detaljstyring av innhaldet i slike tenester (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014, s.7).

Ingen av dei nemnde studiane går tett inn på samspelet mellom ulike aktørar og korleis dette medverkar til utviklinga av nærbutikkar som velferdssentralar i småsamfunn. Vårt mål er at dette kapittelet kan vere eit bidrag til betre forståing av slike prosessar.

DATAGRUNNLAG

Hovudanalysen byggjer på eit kvantitativt datamateriale. Data vart primært samla inn sommaren 2019 på oppdrag frå Distriktssenteret (Halvorsen & Båtevik, 2019). Det vart nytta eit internettbasert spørjeskjema som vart sendt til alle butikkane knytt til Merkur-programmet. Informantane var dei ansvarlege for drifta av butikkane. Butikkar og informantar vart identifiserte på grunnlag av registeropplysningar som Merkur disponerer. Det vart vidare gjennomført ei oppfølging av fleire butikkar over telefon, delvis for å få avklare om butikken framleis var i drift, men også for å nå fram til butikkar som av andre grunnar ikkje hadde sendt inn svar. I nokre av desse tilfella vart spørjeskjemaet fylt ut av assistenten under telefonsamtalen. Formålet med oppdraget var ikkje heilt i samsvar med det som er temaet for dette kapittelet, men vi gjorde ein avtale med oppdragsgivar om at spørjeskjemaet også skulle innehalde spørsmål som samsvarte med forskningsinteressene våre. Spørjeskjemaet hadde hovudsakeleg lukka spørsmål, men også nokre opne spørsmål der drivarane kunne skrive inn kommentarar. Det var utforma slik at det kunne fyllast ut i løpet av maksimum 15 minutt.

Valet av tidspunkt og undersøkinga vart bestemt av oppdragsgivar, og hovuddelen av undersøkinga vart gjennomført om sommaren. Dette hadde ei klar metodisk ulempe. Butikkdrivarar i lokalsamfunn med mykje turisme eller stor fritidsbefolkning har det særleg travelt i denne perioden. For å unngå eit skeivt utval og å få inn så mange svar som mogleg vart undersøkinga gjennomført over ein periode på fleire månader (juni–august).

I gjennomgangen av svara fann vi at ein del av dei som hadde sendte inn svar via internet, ikkje hadde fylt ut heile skjemaet. Desse butikkane vart kontakta etter at oppdraget for Distriktssenteret var avslutta. Det viste seg at enkelte hadde hatt tekniske problem under utfylling av skjemaet. Desse hadde til felles at dei nytta ein bestemt nettlesar som ikkje handterte det digitale datainnsamlingsverktøyet godt

nok. Alle desse vart oppringt, og dei fleste var villige til delta i strukturerte telefonintervju for å fullføre utfyllinga.

Det vart samla inn 256 heilt eller nesten heilt komplette svarskjema. Den totale populasjonen butikkar knytt til Merkur-programmet kan vere vanskeleg å fastslå, i og med at det skjer ein del nedleggingar og reetableringar i løpet av året. Ut frå listene til Merkur og vår gjennomgang av desse har vi berekna at populasjonen i 2019 bestod av maksimalt 551 butikkar. Vi fekk altså ein svarprosent på minst 46.

Sidan datainnsamlinga vart gjort i ein periode med høg intensitet i butikkar på stader med mykje sommarturisme, har vi sett nærare på kor mange slike butikkar som finst i det samla datamaterialet. Vi fann at innslaget av butikkar i område med mykje turisme og/eller mange fritidseigedomar er høg blant dei butikkane vi har fått svar frå. Over halvparten av butikkane (52 prosent) ligg i område som i stor grad er prega av fritidsbustadar, hytter eller anna turistrasfikk. Dette tyder på at vi har unngått svak representasjon av denne gruppa butikkar.

I tillegg til eigne innsamla kvantitative data har vi hatt tilgang til andre kjelder. Dette omfattar både rapportar frå utviklingsprosjekt i Merkur-regi, temahefte om utkantbutikkar og omtale av utviklingsarbeid utarbeidd av Distriktssenteret, og i tillegg interne rapportar og dokumentasjon samla inn av Merkur-programmet i samband med den ordinære oppfølginga av butikkane. Det sentrale datamaterialet i den komande analysen er likevel kvantitative data frå 2019. Dei andre kjeldene fungerer primært som utfyllande materiale, ikkje minst som grunnlag for å identifisere dei ulike samfunnsfunksjonane butikkar i Merkur-programmet kan ha.

BUTIKKAR MED ULIKE SAMFUNNSFUNKSJONAR

I 2019 hadde nesten to av tre butikkar i Merkur-programmet fem tilleggstenerer eller meir (Halvorsen & Båtevik 2019, s. 10). Her har det skjedd ein klar auke dei siste åra. I 2014 var tilsvarande tal ein knapp fjerdedel (Halvorsen & Båtevik 2014, s.46). Gjennom slike tenester får butikken fleire kundar og fleire bein å stå på økonomisk. Dette kjem også til uttrykk når ein av butikkdrivarane som deltok i undersøkinga, seier følgjande: *Ein bygdebutikk kan aldri overleve berre ved å tilby matvarer* (Halvorsen & Båtevik 2019, s 10). I tillegg til at butikken skal overleve, handlar det om at butikken har ein samfunnsfunksjon. Dette kjem tydeleg til uttrykk gjennom den rolla butikken har som sosial møteplass. Det mest synlege uttrykket for at kjøpmenn og -kvinner har fokus på butikken som møteplass, er at 70 prosent av butikkane som er knytt til Merkur-programmet, har etablert eigen kaffikrok i butikklokalet (jf. også Angell & Grimsrud, 2019, s. 30–33).

Utvikling av samspelet mellom lokalsamfunnet og butikken er ein viktig del av arbeidet til Merkur-konsulentane. Dette er eit felt under utvikling, der nokre løysingar er godt etablerte, medan andre kanskje er prøvd ut eller er under utvikling i nokre få butikkar. Merkur har dokumentert ei lang rekkje eksempel på samfunnsretta løysingar (sjå for eksempel Merkur, 2014). Basert på dette materialet har vi identifisert seks vanlege typar samfunnsfunksjonar som utkantbutikkane fyller.

Velferdsretta funksjonar omfattar både praktisk hjelp, tilsyn og sosiale tilbod. Det kan for eksempel vere snakk om å få tenester ut til eldre, tilrettelegging av helsefremjande tiltak, eller å bruke butikken som arena til sosiale tiltak som fellesmåltid. Slike tiltak kan skje i samarbeid både med kommunen gjennom heimehjelpa og gjennom frivillige, for eksempel gjennom frivilligsentral. **Informasjonsretta funksjonar** kan handle om støtte og hjelp til personar som ikkje handterer den digitale kvardagen på eiga hand, som har behov for hjelp med å fylle ut skjema, søknader og liknande. Slike tilbod rettar seg som oftast mot lokalbefolkninga, men kan også retta seg mot andre grupper, som for eksempel turistar. Butikken kan vidare fyller **beredskapsretta funksjonar** som beredskapslager for mattilgang i krisesituasjonar. Etablering av naudaggregat i butikken kan gi tilgang for naudstraum for lokalbefolkninga. Beredskapsfunksjonane kan også handle om informasjon, der ein i krisesituasjonar er avhengige av andre løysingar enn internet og mobiltelefoni. Meir **allment tenesterretta funksjonar** kan for eksempel vere bibliotekordningar via butikk. Den mest kjende og utbreidde ordninga i så måte er nok likevel Post-i-butikk. Mange av dei mest vanlege tilleggstenestene som butikkane tilbyr, inngår i denne kategorien. **Næringsretta funksjonar** kan for eksempel vere basert på samarbeid med kommune og destinasjonselskap, der butikken utgjør kontaktpunkt for lokale tilbod med pakkar knytt til overnatting, opplevingar, serveringstilbod og så bortetter. **Samfunnsutviklingsretta funksjonar** betyr at butikken går inn i ei aktiv rolle i lokalt utviklingsarbeid og anten fungerer som ein støttefunksjon eller som sjølvve navet i slikt arbeid. Det kan for eksempel handle om utvikling av turist- og fritidsnæringa i lokalsamfunnet gjennom utbygging av hyttefelt eller marina. Utviklingsarbeid kan involvere offentlege, frivillige og private aktørar, i tillegg til butikken.

Utkantbutikkane kan såleis fyller ei heil rekkje funksjonar ut over primæroppgåva for ein daglegvarehandel. Dette er dei ikkje aleine om. Nokre av dei «klassiske» tilleggstenestene som tipping og Post-i-butikk finn vi i mange daglegvarebutikkar, både i by og bygd. Utkantbutikker som er ein del av Merkur-programmet, skil seg likevel ut på tre område. For det første har dei langt fleire slike tenester enn andre utkantbutikker. For det andre er utviklinga av desse funksjonane særleg viktig for dei økonomiske resultatane til desse butikkane (Båtevik & Halvorsen, 2016).

For det tredje betyr desse tilleggsfunksjonane langt meir for lokalsamfunna til utkantbutikkar, i og med at alle butikkar i Merkur-programmet er einaste butikk i lokalsamfunnet (sistebutikkar). I praksis er dei også ofte einaste dagleg tilgjengelege fellesinstitusjon i desse samfunna. Det er såleis snakk om lokalsamfunn som saknar alternative tilbydarar av både daglegvarer og andre viktige fellesgode.

BUTIKKEN SOM VELFERDSENTRAL

Vi har her valt å sjå nærare på ein av funksjonane butikkane kan ha i små lokalsamfunn, nemleg funksjonen som velferdssentral. På spørsmål om drivarane ser på butikken som *ein «sentral» som tilbyr ekstra hjelp til eldre og andre i lokalsamfunnet som treng særleg hjelp*, er svaret frå 38 prosent at dette i stor grad er tilfellet. Ein stor del av dei andre butikkane gir uttrykk for at dei i nokon grad fyller ein slik funksjon, medan 18 prosent meiner at dei i liten eller ingen grad gjer det. I den komande analysen har vi valt å sjå på kva faktorar som kjenneteiknar butikkane som i særleg grad tek på seg slike velferdsoppgåver. Vi skil såleis mellom dei butikkane som i stor grad tilbyr hjelp til «hjelpetrengande», og dei andre butikkane. Den avhengige variabelen «butikken sin funksjon som velferdssentral» har såleis to verdiar i analysen. Slike dikotome variablar eignar seg til logistiske regresjonsanalyser.

Omgrepet velferdssentral er valt som parallell til ein annan type velferdssentral. Ifølgje *Det norske akademis ordbok* er ein velferdssentral eit *kontor for velferdsarbeid eller velferdstiltak; institusjon som yter bistand av forskjellig art til eldre eller vanskeligstilte* (<https://naob.no/ordbok/velferdssentral>). Spørsmålet vi stilte butikkdrivarane, var inspirert av denne definisjonen. Ei viss omskriving var likevel nødvendig. Butikkane er ikkje eit eige *kontor for velferdsarbeid eller velferdstiltak*. Vi var ute etter å fange opp funksjonar som likevel kunne minne om det slike kontor fyller.

Her må det understrekast at velferd er eit fleirdimensjonalt omgrep (Halvorsen, 2014). I vid forstand kan det reknast som eit verkemiddel for å realisere eit godt samfunn, gjerne verkemiddel som er kopla til lovfesta rettar. Samtidig understrekar Halvorsen (2014, s. 31) at det er vel så interessant å vektlegge deltaking og identitet som sentrale sider ved velferdsomgrepet. Dersom ein då forstår butikken som eit kollektivt gode, handlar dette i høgste grad om velferd. Det er snakk om å sikre deltaking i lokalsamfunnet, noko som ligg nær vår forståing av den funksjonen butikken kan ha som velferdssentral. Mange utkantbutikkar ligg i lokalsamfunn med høgt innslag av eldre. Denne delen av befolkninga er ofte mindre mobil, bur oftare aleine og er meir avhengige av hjelp enn resten av befolkninga. Tilgang til hjelp vil både medverke til at fleire kan bu lenger i eige lokalsamfunn enn dei elles kunne, og samtidig sikre at desse menneska i større grad kan delta i det som skjer i samfunnet.

Bruken av «sentral» i vårt tilfelle må ikkje forvekslast med det som er meir formaliserte former for sentralar, det som gjerne er mest kjent under fellesnemninga frivilligsentralar. Lorentzen (2012, s. 11) påpeikar at slike sentralar både kan ha ulike namn og ulike oppgåver, inkludert namnet velferdssentral. Andre namn er kontakt- og sørvissentral og nærmiljøsentral. Likskapen til ein del av utkantbutikkane ligg i at desse sentralane arbeider for å hjelpe utsette «brukarar», mobilisere til frivillig innsats og styrke lokalt fellesskap. Formidlingsfunksjonen er nok likevel eit viktigare element i slike sentralar, samanlikna med dei funksjonane ein butikk kan fylle. Det same gjeld nok også den tette koplinga mange frivilligsentralar har til kommunane.

MODELL FOR ANALYSE

Kva er det så som gjer at enkelte butikkar i småsamfunn i større grad enn andre tek på seg funksjonen som velferdssentral? Har for eksempel kommunen som ein sentral lokal velferdsprodusent ei sentral rolle i slike tilfelle? Kommunen er ofte ein viktig aktør inn mot frivilligsentralane. Heile 43 prosent av desse sentralane var kommunalt eigde i 2012 (Lorentzen, 2012, 38). Tidlegare erfaringar tyder likevel på at relativt få kommunar har ei rolle i utvikling av eit tenestetilbod til lokalsamfunna gjennom utkantbutikkane. I ei undersøking i 2007, blant eit strategisk utval utkantbutikkar der Merkur-konsulentane og drivarane hadde jobba særskilt aktivt med å etablere eit samarbeid med kommunen, svarte færre enn kvar fjerde butikkdrivar at kommunen var ein viktig samarbeidspart i utvikling av tilleggstenester (Båtevik et al., 2007, s. 37). Vel ti år seinare, i perioden 2018–19, gjennomførte Merkur eit pilotprosjekt i Sogn og Fjordane (Angell & Grimsrud, 2019). Målet med prosjektet var nettopp å utvikle samarbeidet mellom butikkane og eigen kommuneorganisasjon. Rapporten som dokumenterte erfaringane frå pilotprosjektet, konkluderte mellom anna med at kommunane framleis har ein veg å gå for å få til ordningar med faste samarbeidsavtalar mellom kommune og butikk (Angell & Grimsrud, 2019, s. 4). Samspelet mellom kommunen og butikken handlar på mange måtar om samspelet mellom kommune og lokalsamfunn. Potensial for eit tettare samarbeid mellom dei to var også grunnlaget for det utviklingsarbeidet som blei gjort på dette området i Sogn og Fjordane. I analysen ønskjer vi difor å sjå på korleis eksterne aktørar påverkar sjansane for at butikkane faktisk utviklar seg som velferdssentralar.

Kommunen er ikkje den einaste eksterne aktøren i utviklinga av samspelet mellom butikken og bygda. Merkur har som oppgåve både å utvikle butikken som daglegvarehandel og som samfunnsinstitusjon. I gjennomføringa av pilotprosjek-

tet i Sogn og Fjordane spelte for eksempel Merkur-konsulentane ei avgjerande rolle i dei tilfella der ein har lukkast å få på plass samarbeidsavtalar mellom kommune og butikk. Det blir mellom anna sagt at *merkurkonsulentenes kompetanse og aktive rolle anses som avgjørende for å få til liknende samarbeid i framtida* (Angell & Grimsrud, 2019, s. 7). Kommunen og Merkur-konsulentane er såleis to interessante aktørarar i ein analyse av butikken som velferdssentral.

Butikkane i småsamfunn møter ulike utfordringar (Halvorsen & Båtevik, 2014; 2019). Ei minkande og aldrande befolkning er eit vanleg trekk ved samfunna butikkane ligg i. Med tanke på funksjonen som velferdssentral er befolkningsutviklinga særleg relevant. Samfunn som er prega av nedgang i befolkning og mange eldre, har større behov enn andre lokalsamfunn for ein butikk som fungerer som eit kollektivt gode i form av ein velferdssentral. Halvorsen og Båtevik (2016) fann klare tendensar til at rolla som kollektivt gode var meir synleg i dei minste butikkane, og at desse butikkane var sterkare innleira i eigne lokalsamfunn. Svekkjer befolkningsutviklinga drifta av butikken, kan det i seg sjølv vere ein grunn til at butikkdrivarane ser behovet for å ta særleg vare på eigne kundar og eige lokalsamfunn.

Eit siste element i analysemodellen vi ønskjer å bruke, er rolla til butikkdrivarane sjølve. I kva grad er dei innleira i sosiale relasjonar med dei andre innbyggjarane i lokalsamfunnet? Det seier seg sjølv at dei må vere motiverte for å gjere butikken til noko meir enn eit reint tilbod av daglegvarer, om butikken skal fungere som ein velferdssentral. Om vi skal tru andre tidlegare undersøkingar blant butikkdrivarane, ligg motivasjonen for å drive butikk i småsamfunn ikkje utelukkande, og kanskje heller ikkje først og fremst, i personleg inntekt. Ei undersøking frå 2007 viste for eksempel at butikkdrivarane la meir vekt på samfunnsansvar enn personleg økonomisk vinning (Båtevik et al., 2007, 61–64, sjå også Halvorsen & Båtevik, 2016).

I den følgjande analysen undersøker vi ikkje den personlege motivasjonen til butikkdrivarane direkte, men to bakgrunnsvariablar som kan koplast til dette. Kvinner er i klart fleirtal blant slike butikkdrivarar. Om ein tenkjer på tradisjonelle kjønnsmonster, kan ein hypotese vere at kvinnelege butikkdrivarar i større grad er innleira i lokale sosiale nettverk og at dei difor er meir tilbøyelege til å utvikle butikken som velferdssentral enn det menn er. Ein annan hypotese kan vere at samspelet mellom butikken og bygda blir sterkare over tid fordi den sosiale innleiinga av drivaren aukar med åra. Tette relasjonar mellom lokalsamfunn og butikkdrivar utviklar seg gjerne over tid. Slik sett kan det tenkjast at det er dei som har halde lengst på i bransjen, som også i størst grad har utvikla butikken til ein velferdssentral.



Figur 14.1. Modell for analysen.

Analysemodellen inneheld såleis tre faktorar som kan påverke den funksjonen butikkane kan ha som velferdssentral. For det første er det eksterne forhold, konkretisert i dei uavhengige variablane *aktiv støtte frå kommunen og Merkur som avgjerande for utviklinga av butikken*. For det andre ser vi på utviklingstrekk i lokalsamfunnet, konkretisert som at *folketalsutviklinga svekkjer grunnlaget for drifta*. Til sist blir rolla til butikkdrivaren tematisert. Dei operasjonelle variablane er då *kjønn og tid som drivar*.

Logistisk regresjon er tilpassa situasjonar der ein kan vurdere utfallet på den avhengige variabelen som eit anten/eller-utfall (Eikemo & Clausen, 2012). Den avhengige variabelen, *funksjonen butikken har som velferdssentral i lokalsamfunnet*, var i si opphavlege form utforma slik at den var gradert i fire verdiar. For å nytte den som avhengig variabel i logistisk regresjon har vi skilt ut dei drivarane som seier at dette gjeld i stor grad deira butikk, og samanliknar desse med resten av butikkdrivarane. Mange i denne «restkategorien» utøver såleis nokre av dei same funksjonane, men i mindre grad enn dei vi er mest interesserte i her.

KJENNETEIKN VED DEI VELFERDSORIENTERTE BUTIKKANE

På mange område er det lite som skil dei velferdsorienterte butikkane og andre utkantbutikker. Det kjem for eksempel fram når vi ser på breidde i omsetninga blant utkantbutikkane. Medan 16 prosent av utkantbutikkane med tilknytning til Merkur har ei daglegvareomsetning på 3 millionar eller mindre, har 23 prosent ei omsetning på meir enn 10 millionar kroner (Halvorsen & Båtevik, 2019). Tilsvarende tal for dei velferdsorienterte butikkane var høvesvis 18 og 22 prosent, det vil seie svært små forskjellar.

Eit kjenneteikn ved mange av butikkane i småsamfunn er også, som vi alt har understreka, at dei fyller ulike funksjonar. Butikker som blir definerte som velferds-

sentralar og såleis legg vekt på å fylle velferdsretta funksjonar utover det å vere ein ordinær daglegvarehandel, kan på same tid fylle fleire andre funksjonar. Det er såleis ikkje noko i vegen for at dei same butikkane fyller både velferdsretta funksjonar, informasjonsretta funksjonar, beredskapsretta funksjonar og så bortetter. Same butikk kan for eksempel både vere innretta for å gi ekstra hjelp til den eldre befolkninga i bygda, samtidig som dei også samarbeider med destinasjonsselskapet og turistnæring i eigen region. I den følgjande analysen er det likevel den velferdsretta funksjonen vi ser nærare på, uavhengig av kva andre funksjonar dei ulike butikkane fyller eller ikkje. Vi skil altså mellom dei butikkane der rolla som velferdssentral i bygda er viktig, og dei butikkane som i mindre grad fyller ei slik rolle. Målet er, som alt understreka, å avdekke kva som kjenneteiknar dei mest velferdsorienterte butikkane.

I logistisk regresjon vert effekten av kvar av dei uavhengige variablane kontrollert mot dei andre slik at oddsratar er isolert frå samspeleffektar (Eikemo & Clausen, 2012). Vi opererer såleis med ein dikotom avhengig variabel med verdien 1 for tilfelle som oppfyller eit bestemt kriterium, og 0 for tilfelle som ikkje oppfyller dette. Effektmålet i den logistiske regresjonen er *oddsratar*. Ein oddsrate på 1 indikerer at det ikkje er nokon samanheng mellom den uavhengige og den avhengige variabelen. Ein oddsrate på 2 indikerer her at sannsynet for at butikken fungerer som ein velferdssentral er dobbelt så stor, dersom butikken har den aktuelle eigenskapen (prediktorverdien), i staden for å ikkje ha ein slik eigenskap (0-verdien i tabellen).

Tabell 14.1. Korleis utvalde uavhengige variablar påverkar sjansane for at butikkane fungerer som ein velferdssentral for eige lokalsamfunn. Logistisk regresjon. Den avhengige variabelen har følgjande verdiar: 0 = butikkar som i mindre grad fungerer som velferdssentral; 1 = butikkar som i stor grad fungerer som velferdssentral

Uavhengige variablar		Oddsratar (N=253)
Rolla til kommunen	Lite eller inga støtte (0)	
	Noko eller stor grad av støtte (1)	1,3
Rolla til Merkur	Mindre avgjerande for utviklinga til butikken (0)	
	Avgjerande for utviklinga til butikken (1)	1,3
Befolkningsutvikling	Svekkjer ikkje grunnlag for drifta (0)	
	Svekkjer grunnlaget for drifta (1)	2,0**
Kjønn drivar	Mann (0)	
	Kvinne (1)	1,4
Tid som drivar	Seks år eller mindre (0)	
	Sju år eller meir (1)	1,9*

* $p < 0,05$; ** $p < 0,01$; *** $p < 0,001$. For kvar uavhengig variabel er verdien 0 referanseverdi.

Alle oddsratar i tabellen er over verdien 1. Dette indikerer at dei forholda vi har valt ut i modellen kan vere med og påverke butikkane i retning av det vi har definert som velferdssentralar. Vi må likevel skilje mellom dei resultata som er signifikante, og dei som det er knytt meir uvisse til. Tabellen kan for eksempel indikere at aktiv støtte frå kommunen og frå Merkur styrkar sjansane for at butikkane fungerer som ein velferdssentral. Tala er likevel ikkje eintydige. Det er rett og slett for stor feilmargin til at vi kan slå fast at det er ein slik samanheng på basis av det materialet vi har samla inn. Det same gjeld betydninga av kjønn. Det kan sjå ut til at det å ha ein kvinneleg butikkdrivar aukar sjansane for at butikken fungerer som ein velferdssentral, men samanhengane er for svake til at vi kan konkludere med at det er ein slik samanheng.

Dermed står vi att med to variablar av særleg interesse. Det gjeld for det første butikkar som opplever at befolkningsutvikling har svekt grunnlaget for drifta. Det gjeld også kor lenge drivar har vore ansvarleg for drifta. Tala viser at det er dobbelt så stor sjanse for at ein butikk som ligg i lokalsamfunn der befolkningsutviklinga svekkjer grunnlaget for butikkdrifta, fungerer som ein velferdssentral, jamført med butikkar i småsamfunn der befolkningsutviklinga ikkje endrar grunnlaget for drifta.

Det å ha drivarar som har hatt ansvaret for butikken over tid, aukar også sjansane for at butikkdrivarane definerer eigen butikk som ein slik sentral. Det er nesten dobbelt så stor sjanse for at drivarar som har hatt denne posisjonen i sju år eller lenger, fungerer som ein velferdssentral, jamført med butikkar der drivarane har kortare fartstid. Både betydninga av befolkningsutvikling og kor lang tid drivarane har vore i funksjonen, gir statistisk signifikante resultat. I og med at dei to variablane er sjekka opp mot kvarandre og mot dei andre variablane i modellen, kan vi slå fast at begge påverkar sjansane for at utkantbutikken fungerer som ein velferdssentral.

DRØFTING

Eit viktig kjenneteikn ved utkantbutikkane i Merkur-programmet er at dei er såkalla sistebutikkar. Det vil seie at kundane ikkje har noko anna alternativ til å skaffe seg daglegvarer utan å måtte reise minimum ti kilometer. Tilgang til matvarer lokalt aukar velferda for alle. Slik sett bidreg alle butikkane til velferda i lokalsamfunnet. Det er likevel ikkje dette som er på dagsordenen her. Spørsmålet er om butikkane, i tillegg til å gi tilgang til daglegvarer og tilleggstenester, også fyller funksjonen som ein velferdssentral som tilbyr ekstra hjelp til eldre og andre i lokalsamfunnet som treng særleg hjelp.

Ut frå dei momenta som er løfta fram innleiingsvis, kan vi argumentere for at alle utkantbutikkar i større eller mindre grad er kollektive gode og kan definerast som velferdssentralar for sine lokalsamfunn. Det er først og fremst kor mykje rolla som velferdssentral blir vektlagt blant butikkdrivarane, som skil butikkane frå kvarandre, ikkje om dei fyller funksjonen eller ikkje. Her ligg også det som utgjør den største utfordringa for analysen. Vi ville etter alt å dømme fått tydelegare analyseresultat om vi kunne samanlikna butikkar som heilt klart fylte ein slik funksjon, og dei som ikkje fyller ein slik funksjon i det heile. Ein slik analyse hadde kravd eit langt større datamateriale enn det vi har hatt tilgang til.

Sidan det er klare forskjellar når vi skil ut dei butikkane som tydelegast identifiserer seg som velferdssentralar frå resten av butikkane, gir analysen likevel nyttig informasjon. Ein tydeleg tendens i analysen er at det er forholda i lokalsamfunnet som har størst betydning. Regresjonsanalysen viser at butikkar i lokalsamfunn som opplever at befolkningsutvikling, svekkjer grunnlaget for butikkdrifta, langt oftare enn andre butikkar fyller rolla som velferdssentral. Det er to moglege forklaringar på dette og dei er ikkje gjensidig utelukkande.

Ei mogleg forklaring er større grad av sosial innleiring. At lang fartstid som drivar aukar sjansen for utvikling av butikken til ein velferdssentral, er interessant her. Det er rimeleg å gå ut frå at fartstid som drivar styrker relasjonane mellom dei som driv butikken, og dei som handlar der. Dermed aukar sannsynet for at butikken vert oppfatta som eit kollektivt gode, og at butikkdrivarane, saman med andre krefter i lokalsamfunnet, tilpassar drifta til dei lokale behova. Ei slik tolking får støtte i tidlegare studiar, for eksempel Halvorsen og Båtevik (2016), som fann tendensar til sterkare oppslutning frå lokalsamfunna og meir innslag av altruisme hjå butikkdrivarane i dei minste lokalsamfunna.

Den andre moglege forklaringa er at utvikling av velferdssentral representerer ei rasjonell tilpassing til endringar i den lokale marknaden. Når eldrebefolkninga utgjør ein stadig viktigare del av den samla befolkninga i denne typen samfunn, kan det å vektlegge funksjonen som velferdssentral vere ein egna marknadstilpassing frå butikken si side. Det er viktig å ta vare på dei kundane ein har, og mange av desse kundane har behov for litt ekstra hjelp. Det er likevel lite truleg at rasjonell økonomisk kalkyle er den viktigaste forklaringa på funna våre. Butikkdrift i slike uttynningssamfunn gir i regelen drivaren eit dårleg økonomisk utcome samanlikna med andre alternativ, for eksempel lønnsarbeid eller butikkdrift ein annan stad (sjå også Halvorsen & Båtevik, 2016).

Funna våre indikerer altså at den sosiale innleiringa av butikken i lokalsamfunnet og den oppfatninga drivar og lokalbefolkninga har av den rolla butikken utøver lokalt, har størst betydning for om butikkane utviklar seg til lokale velferdssentralar.

Kommunane har ansvar for å sikre velferdstilbodet til eiga befolkning. Arbeid med folkehelse vert ein stadig viktigare del av dette arbeidet. Her er lågterskeltilbod sentrale. Slik sett kunne ein tenkje seg at eit samspel mellom kommunen og butikken vil vere til gjensidig nytte. Merkur-programmet har i fleire tiår prøvd å involvere kommunen i ulike former for utviklingsarbeid. Likevel viser alle studiar som har undersøkt rolla til kommunane, at potensialet som ligg i eit tettare samarbeid med butikken, i liten grad vert utnytta (Angell & Grimsrud, 2019; Båtevik et al., 2007; Halvorsen & Båtevik, 2014; 2019).

Kvifor er det slik? Våre data gir i seg sjølv ikkje svar på dette. Anna forskning tyder derimot på at den forståinga kommunane har av rolla til butikken, har stor betydning her. I ei ny evaluering av forsøk på å etablere samarbeid mellom kommune og butikk finn Angell og Grimsrud (2019, s. 43) at samarbeidsavtalar mellom kommuneorganisasjonen og butikken ofte ber preg av reine kjøp av tenester. Med andre ord er den tilnærminga kommunen har på dette området, avgrensa til å sjå butikken i rolla som føretak. Våre funn viser derimot at butikken har ei vel så viktig rolle som eit kollektivt gode for eigne lokalsamfunn. Denne rolla vert altfor ofte oversett. Det er såleis behov for at både kommunane og andre ser utkantbutikken som noko langt meir enn ein leverandør av brød og mjølk. Med dette for auge blir det kanskje synleg at butikken kan spele ei sentral rolle i utviklinga av mange småsamfunn på fleire felt?

REFERANSAR

- Aasbrenn, K. (1989). Uttyningssamfunnet. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 30(5–6), 509–520.
- Aasbrenn, K. (1998). *Regional tjenesteorganisering i uttyningsområder: utfordringer – erfaringer – strategier*. Elverum: Høgskolen i Hedmark.
- Aasbrenn, K. (2007). Lokale servicetilbud på defensiven: kunsten å overleve som liten. I S. Berger, G. Forsberg & M. Ørbeck, (red.), *Inre Skandinaviens: en gränsregion under omvandling* (s. 112–128). Karlstad: Karlstad University Press.
- Angell, E. & Grimsrud, G. (2019). *Nærbutikken – klar til innsats for bygd og kommune*. Bergen: NORCE.
- Berg, N.G. & Dale, B. (2015). Sted – noen nyere teoretiske tilnærminger og debatter. I M. Aure, N.G. Berg, J. Cruickshank & B. Dale (Red.), *Med sans for sted. Nyere teorier* (s. 31–46). Bergen: Fagbokforlaget.
- Båtevik, F.O. og Halvorsen, L.J. (2016). Den entreprenørielle distriktsbutikken som nærings- og utviklingsaktør i små lokalsamfunn. I M. Kvangarsnes, J.I. Håvold & Ø. Helgesen (red.), *Innovasjon og entreprenørskap. Fjordantologien 2015* (s. 82–101). Oslo: Universitetsforlaget.
- Båtevik, F.O., Halvorsen, L.J. & Aarflot, U. (2007). *Små butikkar, store utfordringar – nærbutikken som utviklingsaktør i små samfunn*. Volda: Møreforskning.

- Båtevik, F.O., Tangen, G. & Yttredal, E.R. (2006). *Med utkantbutikken i sentrum. Evaluering av Merkantil kompetanseprogram for utkantbutikkene i regionane*. Volda: Høgskulen i Volda og Møreforskning Volda.
- Cabras, I. & Bosworth, G. (2014). Embedded models of rural entrepreneurship: The case of pubs in Cumbria, North West of England, *Local economy*, 29, 598–616. DOI: <https://doi.org/10.1177/0269094219831951>.
- Cabras, I. & Lau, C.K.M. (2019). The availability of local services and its impact on community cohesion in rural areas: Evidence from the English countryside, *Local economy*, 34, 248–270.
- Calderwood, E. & Davies, K. (2013). Co-operatives in the Retail Sector: Can One Label Fit All?, *Journal of Co-operative Studies*, 46 (1), 16–31.
- Eikemo, T.A. & Clausen, T.H. (2012). *Kvantitativ analyse med SPSS. En praktisk innføring i kvantitative analyseteknikker* (2. utg.). Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Frisvoll, S. (2015). Korleis analytisk fange staddanning mellom mening, makt, materialitet og menneske? I M. Aure, N.G. Berg, J. Cruickshank & B. Dale (red.), *Med sans for sted. Nyere teorier* (s. 133–147). Bergen: Fagbokforlaget.
- Gerrard, S. (2016). Fiskeværet – Et åpent og foranderlig lokalsamfunn. I M.S. Haugen & M. Villa (red.), *Lokalsamfunn* (s. 72–94). Oslo: Cappelen Damm.
- Granovetter, M. (2017). *Society and Economy – Framework and Principles*. London: The Belknap Press of Harvard University Press.
- Granovetter, M. (1985). Economic Action, Social Structure, and Embeddedness. *American Journal of Sociology*. 91, 481–510.
- Halvorsen, K. (2014). *Velferd. Fra idé til politikk for et godt samfunn*. Oslo: Cappelen Damm.
- Halvorsen, L.J. & Båtevik, F.O. (2014). *Merkur leker ikke butikk – resultateffektivitet og forvaltningseffektivitet ved KMDs satsing på utkantbutikker*. Volda: Høgskulen i Volda og Møreforskning Volda.
- Halvorsen, L.J. & Båtevik, F.O. (2016). I samme båt og øser for livet – forholdet mellom lokalsamfunnet og dagligvarebutikken. I M.S. Haugen & M. Villa (Red.), *Lokalsamfunn* (s. 198–215). Oslo: Cappelen Damm.
- Halvorsen, L.J. & Båtevik, F.O. (2019). *Resultat frå ei undersøking blant drivarar av Merkurbutikkane i 2019*. Volda: Høgskulen i Volda.
- HUI Research (2014). *Stöd till service i glesbygd*. HUI Research.
- Jones, K. & Smith, P. (2000). The rural service deficit. I Palmer, G. (red.), *Changing Views of Rural Britain. Why Service Matter* (s. 19–30). London: New Policy Institute.
- Jussila, H., Lotvonen, E. & Tykklyainen, M. (1992). Business strategies of rural shops in a peripheral region. *Journal of Rural Studies*, 8, 185–192.
- Karlson, E.B. (2012). *Retail in Rural Regions. Exploring ways to support rural shops*. Centre for Retail Studies, Bifrost University.
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2014.) *Kriterier for god kommunestruktur. Delrapport fra ekspertutvalg*. Oslo: Kommunal og moderniseringsdepartementet.
- Krokoms kommun (2015). *Serviceplan. Kommersiell serviceplan for Krokoms kommun 2015–2020*. Krokoms kommun.
- Larsen, S. (2002). *Den multifunksjonelle nærbutikken – en studie av fem nærbutikker i perifere lokalsamfunn*. Tromsø: Institutt for planlegging og lokalsamfunnsforskning.

- Lorentzen, H. (2012). *Frivilligsentralen i nærmiljøet: Konkurrent eller katalysator?* Oslo: Institutt for samfunnsforskning.
- Meld. St. nr. 18 (2016–2017). *Berekraftige byar og sterke distrikt*. Oslo: Det kongelige kommunal- og moderniseringsdepartement.
- Merkur (2014). *Butikken som sosial arena. Rapport fra et pilotprosjekt i Nordland og Trøndelag for utvikling av nærbutikken som bygdas møteplass*. Merkurprogrammet.
- Moseley, M.J., Parker, G. & Wragg, A. (2004). Multi-service outlets in rural England: the collocation of disparate services. *Planning, Practice & Research*, 19, 375–391.
- Paddison, A. & Calderwood, E. (2007). *Rural Retailing: a Sector in Decline*. *International Journal of Retail and Distribution Management*, 35(2), 136–155.
- Rasmussen, P.G. (2017). *Distriktsbutikken – bygdas eneste vareformidler og naturlige møteplass*. Oslo: Institutt for bransjeanalyser AS.
- Statens offentliga utredningar (2015). *Service i glesbygd*. Stockholm: Statens offentliga utredningar.
- Swedberg, R. & Granovetter, M. (1992). Introduction. I M. Granovetter & R. Swedberg: *The Sociology of Economic Life* (s. 1–26). Boulder Colorado: West View.



15. Event-image og destinasjonsimage, ein studie av Ekstremsportveko på Voss

Eva Erikstad, Miriam Vevle, Atanu Nath og Leif Longvanes

Samandrag Artikkelen drøftar kva effekt event-image kan ha på imaget til ein destinasjon, og bygger på ei kvantitativ undersøking av tidlegare deltakarar på Ekstremsportveko på Voss. Resultatet syner at opplevinga av festivalen blir sterkast påverka av infrastruktur og fysiske fasilitetar, etterfølgt av tenesteoppleving. For å styrke event-image bør ein ha infrastruktur og service i fokus, og dette vil også kunne gje eit betre destinasjonsimage for staden kor festivalen blir gjennomført på.

Abstract The article explores the determinants and effect of events image on destination image. The present research takes a quantitative approach to studying previous participants in the “Ekstremsportveko” at Voss in Western Norway. The results show overall experience of the festival is most influenced by infrastructure and physical facilities available at the venue, followed by the service experience. By focusing on infrastructure provision and services, the management would be better able to strengthen the events image, and consequently the destination image of the host city.

Nøkkelord event-image | destinasjonsimage | festival | opplevingsturisme

INTRODUKSJON

Det har vore ein enorm auke i talet på festivalar dei siste åra, og det norske kulturlivet har gått gjennom ei form for «festivalisering» (Bugge 2004; Agedal 2009; Tjora, 2013a). Dei siste 10–15 åra har det vore eit stort tal publikasjonar om festivalar, også internasjonalt, knytte til både opplevingsøkonomi og reiseliv (Tjora, 2013a, s.13). Mellom anna er betydninga av festivalar for lokalsamfunnet og stadsidentitet, festivalar og økonomisk verdiskaping, innovasjon og nettverkssamar-

beid, festivaloppleving og brot med kvardagslivet nokre tema som har blitt forska på innan dette feltet, og bidraga er mangfaldige (Tjora, 2013a, s. 13). I turismelitteraturen har det i dei seinare åra blitt sett søkelys på korleis arrangement kan vere viktige for turisme på ein destinasjon (Getz & Page, 2016), og destinasjonar nyttar i aukande grad eventar og festivalar strategisk for å marknadsføre seg (Brown, Chalip, Jago & Mules, 2004). Destinasjonsimage er blitt viktig for reisemålsutviklarar ettersom turistar kan vektlegge stadens image når dei skal bestemme seg for reisemål, noko mellom anna litteraturgjennomgangen til Li, Ali og Kim (2015) syner. Undersøkinga til Li et al. syner at kultur er sentral i utviklinga av destinasjonsimaget, men at det er fleire faktorar som påverkar destinasjonen sitt image, og at dette bør undersøkast vidare (Li et al., 2015). Litteratursøk syner at det er gjort lite forskning på korleis eit event-image kan påverke eit destinasjonsimage, og det eksisterer ingen slike studiar på norske eventar og destinasjonar.

Det kan også sjå ut til at fleire festivalar i Noreg tek utgangspunkt i lokale fortrinn som natur, kultur eller mat, og nyttar dette som utgangspunkt. Voss og Ekstremsportveko er ei slik kopling, med Voss, som over tid har vore kjent som ein (ekstrem)sportdestinasjon og har klart å etablere, vidareutvikle og drive Ekstremsportveko i over 20 år. Andre eksempel på koplingar mellom lokale fortrinn og festivalar er Rakfiskfestivalen på Fagernes, Klippfiskfestivalen i Kristiansund, Fjellsportfestivalen i Sogndal og Norsk Fjellfestival i Rauma.

Voss og Ekstremsportveko

Voss ligg om lag ein time med bil aust for Bergen og på vegnettet mellom aust-vest og sør-nord med enkel tilkomst med både buss, bil og tog (Destinasjon Voss, 2019). Dei største næringane i kommunen er offentleg tenesteproduksjon, handel, reiseliv og jord- og skogbruk (Voss Kommune, 2017).

Voss er ein heilårsturistdestinasjon som er rik på naturressursar med sine fjell, fossar og elver, og vert nytta til å tilby eit stort utval av aktivitetar både om sumaren og vinteren. Skikøyring, padling, rafting, klatring, fiske og fallskjermhopping er berre nokre av aktivitetane ein kan drive med på staden (Destinasjon Voss, 2019). Dette har gjort Voss kjend som Noregs ekstremsport-hovudstad, og i nesten 200 år har eventyrlystne besøkande reist for å oppleve vestlandsbygda (Innovasjon Norge, 2019).

Sumaren 2019 vart Voss Gondol og skisenteret Voss Resort opna. I januar 2020 vart eit nytt konferansehotell opna, og det dobla hotellkapasiteten i bygda (Destinasjon Voss, 2019). Desse prosjekta syner at Voss ønsker å satse på reiselivet framover. Bygda kan også skilte med fleire kulturtilbod og kulturattraksjonar, og det er

lange tradisjonar for matkultur på Voss, mellom anna smalahove (Innovasjon Norge, 2019). Voss er også kjend for sine festivalar og arrangement. Vossa Jazz har blitt arrangert årleg i over 40 år (Destinasjon Voss, 2019). Ekstremsportveko er verdas største ekstremsportfestival, og trekker årleg besøkande frå heile verda til bygda.

Ekstremsportveko vart arrangert for første gong i 1998. Ekstremsportveko vart til ved at Voss raftingsenter og Voss paragliding båe skulle arrangere Noregscup på Voss. I staden for å ha to separate konkurransar slo dei seg saman og danna ein festival. Klubbane fekk med seg kajakklubben og skydiving-klubben, og festivalen vart ein miks av ulike konkurransar knytt til dei ulike klubbane (Ekstremsportveko, 2019). Festivalen vart formelt stifta i 2000 under namnet Ekstrem Voss, og konseptet vart utvikla ved å inkludere fleire aktivitetar i tillegg til å tilby deltakarar under festivalen moglegheit til å delta på aktivitetar (Ekstremsportveko, 2019). Festivalen skifta etter kvart namn til Ekstremsportveko, og festivalprogrammet vart utvida med konsertar og fleire aktivitetar, mellom anna ved å inkludere aktivitetar for eldre, i tillegg til nye og varierte aktivitetar og konkurransar for utøvarar og deltakarar. Ekstremsportveko vert arrangert kvart år i månadsskiftet juni–juli og vart arrangert for 22. gong i 2019. I 2018 vart det stipulert til å vere kring 25 000 deltakarar frå 43 ulike nasjonar (Kronheim, 2018).

Det er gjort noko forskning på Ekstremsportveko, mellom anna har Mykletun (2009) undersøkt kva som er suksessfaktorane til festivalen. Denne studien såg på korleis Ekstremsportveko har trekt fordel av regionen den ligg i, gjennom faktorar som natur, menneske, sosiale, kulturelle, fysiske og psykiske faktorar. Studien synta at festivalen har klart seg bra trass i avgrensa tilgang til lokal kapital.

Formålet med denne artikkelen er å sjå korleis imaget til Ekstremsportveko kan påverka imaget til reisemålet Voss, og kva faktorar under Ekstremsportveko som sterkast påverkar opplevinga av festivalen og dermed kan påverke opplevinga av Voss.

TEORI

Destinasjon og destinasjonsimage

Destinasjon er eit omstridt omgrep, mellom anna er det usemje kring om ein destinasjon er geografisk avgrensa, eller om det er eit meir overordna og abstrakt konsept som ikkje kan avgrensast til ein fysisk stad (Cooper, 2016, s. 34). Det er likevel nokre fellestrekk som går att i definisjonen av ein destinasjon, mellom anna at det er ein stad der det blir produsert eit turistprodukt eller -oppleving i eit overordna

system som mellom anna inkluderer fasilitetar og service som møter behovet til turisten (Cooper, 2016, s. 34). Cooper legg vekt på at destinasjonar både er handgripelege som fysiske stadar, men også ikkje-handgripelege i den forstand at dei genererer image, forventningar, digitale spor og minner (Cooper, 2016, s. 34). Viken (2014, s. 74) skriv at ein destinasjon er ein stad eller eit punkt som nokon reiser til, og Kamfjord (2016, s. 39) definerer destinasjon som eit reisemål, stad eller område som har offentlege og private aktørar som samarbeider om å utvikle eit heilskapleg opplevingsprodukt.

Ein offisiell definisjon av destinasjon vart forsøkt utarbeidd av The World Tourism Organization (UNWTO) i 2002 (Cooper, 2016, s. 34). Denne definisjonen legg mellom anna vekt på at ein destinasjon er ein fysisk stad som ein turist oppheld seg minst ei natt, og som kan tilby turistprodukt i form av attraksjonar eller tenester i løpet av ein dag. I tillegg har ein destinasjon ei administrativ leing og eit image eller persepsjon som definerer destinasjonens marknadsposisjon. Vidare har ein destinasjon varierte interessentar og ulike nettverk som den kan spele på. Ein destinasjon kan vere av ulik størrelse, til dømes eit heilt land, ein region, ei øy, ei bygd eller by (Cooper, 2016, s. 34). Denne definisjonen har blitt kritisert for å vere ei uttømmende liste over alle destinasjonane sine attributt, og den er noko utdatert ettersom nyare definisjonar i større grad ser på destinasjonar som laust bundne nettverk av organisasjonar som tilbyr turistopplevingar (Cooper, 2016, s. 34).

Cooper (2016), Kamfjord (2016) og Viken (2014) peikar alle på nokre fellestrekk som ein destinasjon har, mellom anna at det er ein stad som ein turist reiser til, og som kan tilby turismeprodukt eller opplevingar, i form av attraksjonar eller andre aktivitetar som trekker turisten til staden. Noko anna som går att, er at det må vere eit organisert system som legg til rette for turisme på staden, dette kan til dømes vere eit destinasjonsselskap.

Ifølge Heimtun (1999) kan image som omgrep nyttast både i turismelitteratur og i kvardagspråket. Ordet «image» kjem frå det latinske «imago», som tyder «bilete» (Heimtun, 1999, s. 254). Imaget til eit reisemål skil seg frå imaget til produkt ved at reisemål, i motsetnad til produkt, har andre karakterar ved seg; ein kan ikkje fysisk ta på dei, turisten må bringast til produksjonsstaden, og turisten har tidsavgrensa opphald på staden. Turisten sine opplevingar av stadar er stor sett immaterielle, og opplevingane kan berre dokumenterast gjennom reproduksjonar som videoopptak eller fotografi, og eksisterer derfor berre som mentale bilete (Heimtun, 1999, s. 254).

Kombinasjonen av globalisering og ein hurtig vekst i turistbransjen har gjort at reisande har eit uendeleg utval av destinasjonar dei kan velje mellom (Shani & Wang, 2011). Når reisande skal samanlikne destinasjonar, har dei ofte avgrensa

kunnskap, og deira mentale bilete av destinasjonane kan då fungere som eit hjelpemiddel i avgjersleprosessen (O’Leary & Deegan, 2003). Dette har gjort destinasjonsimage til eit viktig omgrep innan destinasjonsmarknadsføring (Shani & Wang, 2011).

Det finst mange ulike definisjonar av destinasjonsimage, men det er generelt semje om at imaget refererer til turisten eller den reisande sitt image heller enn det marknadsførte imaget (Li & Vogelsong, 2006). Ifølge Jenkins (1999, s. 1) er eit av dei tidlegaste forsøka på å definere destinasjonsimage gjort av Lawson og Baud Bovy (1977), som definerte destinasjonsimage som «the expression of all objective knowledge, impressions, prejudice, imaginations, and emotional thoughts an individual or group might have of a particular place».

Ifølge Heimtun (1999, s. 255), som tek utgangspunkt i Echtner & Ritchie (1991, 1993), har imageforskninga i hovudsak vore konsentrert kring to hovudforståingar. Det eine perspektivet ser på imaget til reisemålet i ei heilskapleg forståing. Eit døme på denne forståinga er Kotler, Haider og Rein (1993) sin holistiske definisjon, der destinasjonsimage vert definert som «the sum of beliefs, ideas and impressions that people have of a place». Det er altså ein definisjon som ser på dei samla meiningane og oppfatningar ein har av ein stad. Det andre perspektivet fokuserer på førestillingar om attributta, altså eigenskapar ved reisemålet (Heimtun 1999, s. 255). Ein attributtbasert definisjon av image er utforma av Gartner (1986), der turisten si oppfatning av aktivitetar og attributta på ein destinasjon vert vektlagt. Ifølge Gartner (1994) består destinasjonsimage av tre komponentar som er tett knytte saman: kognitive, affektive og konative. Den kognitive komponenten er knytt til kunnskap og oppfatningar om ein destinasjon, og fokuserer i hovudsak på fysiske attributtar. Dette kan vere naturressursar, attraksjonar og fasilitetar på staden, til dømes eit overnattingstilbod eller ein foss. Den affektive komponenten refererer til kjensler knytt til destinasjonen, som vanlegvis vil vere nøytrale, positive eller negative (Pike & Ryan, 2004). Den konative komponenten er knytt til den faktiske åtferda eller handlingsintensjonen ein har overfor ein destinasjon. Døme på dette kan vere gjenbesøk eller om ein tilrår destinasjonen til andre. Saman utgjer desse tre komponentane det heilskaplege imaget av destinasjonen.

Det er stor semje i litteraturen om at den affektive komponenten fungerer som ein medierande faktor mellom den kognitive komponenten og det holistiske imaget, noko som også er understøtta av empiriske funn (Shani & Wang, 2011, s. 133). Ein medierande variabel er ein faktor som kan hjelpe å forklare kvifor ein uavhengig variabel har den effekten han har på ein avhengig variabel. Den uavhengige variabelen påverkar den medierande variabelen, som igjen påverkar den avhengige variabelen (Leedy & Ormrod, 2015, s. 59). Effekten den kognitive komponenten

ten har på det holistiske imaget, er derfor ifølge litteraturen indirekte. Sjølv om den affektive komponenten har synt seg å ha stor effekt på reisande si vurdering og val av destinasjonar, har dei fleste studiar av destinasjonsimage fokusert hovudsakleg på kognitive faktorar (Shani & Wang, 2011, S. 133).

Event, festivalar og event-image

Ifølge Getz & Page (2016, s. 46) er ein event ei hending som skjer til ei bestemt tid og stad, som går føre seg under eit spesielt sett av forhold og kan skildrast som ei spesiell hending. Noko av det som gjer eventar unike, er at det ikkje er mogleg å gjenskape dei. Ein event kan berre oppstå ein gong, der den skaper unike opplevingar for publikum og deltakarane. Eventar er sosiale i sin natur, dei som deltek har eit behov for å sosialisere og feire, og som menneske har ein eit behov for å vere saman med andre (Getz & Page, 2016, s. 46). Ved såkalla planlagte eventar kan ein gjenskape eventar ved at dei er like i utforming, men situasjonen (settinga), programmet og deltakarane vil sørge for at eventen for kvar gong vil gje ei anna oppleving. Faktorar som forventningar, humør og haldningar vil alltid vere nye, slik at opplevingane vil vere annleis uavhengig av om programmet og settingar kring eventen er like (Getz & Page, 2016, s. 46).

Eventar omskarar og okkuperer stadar for ei kort tid, og medan det går føre seg så vil deltakarane si eiga erfaring av denne staden bli endra (Getz & Page, 2016, s. 52). Eventar kan også påverke staden og kulturen der den går føre seg, og forholdet til staden og stadidentiteten kan bli påverka av planlagde eventar. Eventar kan styrke lokalsamfunnet, og lokalsamfunnet kan ha behov for eventar til å identifisere seg med (Getz & Page, 2016, s. 52).

Ifølge Waterman (1998) så kan ikkje dei kulturelle aspekta ved ein festival bli skilt frå den kommersielle interessa for turisme, regional og lokal økonomi og promotering av staden. Å selje festivalen kan ikkje gjerast uavhengig av staden den inngår i (Waterman, 1998). Festivalar og eventar blir i aukande grad brukt strategisk for å definere og merkevarer bygge ein stad (Getz & Page, 2016). Til dømes kan nokre eventar gje identitet og positivt image på staden dei blir arrangert.

Ein festival kan ifølge Getz & Page (2016) klassifiserast som ei kulturell feiring. Vidare definerer dei festivalar som tematiserte og offentlege feiringar (Getz & Page, 2016). Ifølge Falassi (1987) er festivalar sosiale fenomen som ein kan finne i nesten alle menneskelege kulturar. The British Arts Festivals Association deler festivalar inn i kategoriane musikk, dans, visuelt, teater, film, komedie og gatekunst (Getz & Page, 2016, s. 69). Denne kategoriseringa er noko smal og dekkjer ikkje alle typar festivalar, eit døme på dette kan vere matfestivalar og sportsfestivalar.

Ifølge Bladen (2012) blir omgrepet festival brukt i stor utstrekning. Det blir brukt både til å skildre eventar i form av korte feiringar av spesifikke stadar eller kulturar og eventar som strekker seg over fleire veker og som kan involvere fleire arenaer og framføringar (Bladen, 2012, s. 329). Festivalar skapar ei kjensle av tilhøyrse og eit fellesskap blant deltakarane (Hegnes, 2006; Tjora, 2013b; Jæger & Kvidal-Røvik, 2015). Dette opplevde fellesskapet og dei sosiale interaksjonane bidrar til å skape viktige opplevingar for deltakarane, uavhengig av tema på festivalen (Meretze, Mykletun & Einarsen, 2016). Getz og Page (2016, s. 93) kallar slike spontane fellesskap som oppstår på eit arrangement, for *communitas*, og Tjora (2013b, s. 282) seier at «*ulike felles aktiviteter kan oppstå hvor som helst, når som helst*».

Sportseventar er arrangement med sportskonkurransar eller sportsaktiviteter (Getz & Page, 2016, s. 83). Sportseventar kan skilje seg ut ved at dei anten er for profesjonelle eller amatørar. Andre kjenneteikn er at dei kan vere både inne og ute, det kan vere ei eingongshending eller gjentakande hending og kan variere frå internasjonal, regional til lokal, og dei som deltek kan vere publikum eller utøver eller begge delar. Ein sportsfestival er ei feiring av sport, ofte for unge folk og som involverer mange typar sportsaktivitetar (Getz & Page, 2016, s. 83).

Ifølge King, Chen og Funk (2015) blir sportseventar ofte brukt av destinasjonar og lokale marknadsførarar som eit verktøy for å bygge image på ein stad. For aktive sportsturistar som har sport som hovudmotivasjon for reisa, så kan deira første image av destinasjonen bli dominert av eventen sjølv (King, Chen & Funk, 2015, s. 4).

Forskinga kring event-image har blitt sterkt påverka av forskinga kring destinasjonsimage, ettersom det eksisterer ei semje om at event-image har mange felles trekk med destinasjonsimage (Lai, 2018, s. 153). Studiar har teke i bruk ulike faktorar for å måle event-image, som til dømes bakgrunnen for reisa, geografisk distanse, type turist eller destinasjon og kjennskap til slagordet som eventen nyttar (Lai, 2018, s. 154).

Gwinner (1997, s. 148) har definert event-image som forbrukarar sine samla tolkingar av betydningar eller assosiasjonar knytte til ein event. Ein event sitt image vert gjenspegla av eit bestemt marknadssegment si heilskaplege subjektive oppfatning av aktiviteten. Forbrukarar assosierer eventar med bestemte attributtar og haldningar, og Gwinner foreslår tre faktorar som kan påverke oppfatningane ein har av ein event: event-type, eventkarakteristikkar og individuelle faktorar (Gwinner, 1997, s. 148).

Type event kan vere sport, musikk, festival/messe, kunst eller møte (Gwinner, 1997). Type event påverkar imaget ved at det skapast assosiasjonar hjå forbrukarar

når dei vert eksponerte for informasjon om eventet, som vidare gjer at dei utviklar haldningar (positive eller negative) til eventen (Gwinner, 1997, s. 149). Vidare vert event-image påverka av oppfatningar som vert forma gjennom assosiasjonar i forbrukarens minne (Keller, 1993, referert i Gwinner, 1997, s. 149). Desse oppfatningane kan skildrast gjennom deskriptive merkelappar som til dømes ungdommelig, eventyrleg, sosial, tradisjonell eller familieevenleg. Haldningar og assosiasjonar skapt frå tidlegare eksponering eller erfaring med eventar er altså ein viktig del av imaget. Det er likevel dei oppfatningane av image som vert forma av nylege erfaringar med ein event, som har størst påverknad på det heilskaplege imaget (Bagozzi & Warshaw, 1990, referert i Gwinner, 1997, s. 149). Gjennom nye opplevingar og erfaringar kan det tidlegare event-imaget endrast, dette kan skje gjennom to typar opplevingar: 1) dei bestemte aktivitetane ein deltar i på eventen og 2) dei samla interaksjonane ein har med andre deltakarar, frivillige eller tilsette på eventen (Gwinner, 1997, s. 149). Dersom ein til dømes har ei spesielt god eller ei spesielt dårleg konsertoppleving på ein festival, vil denne opplevinga kunne påverke det eksisterande imaget ein har av festivalen, og det tidlegare event-imaget kan slik bli endra.


Innan ein bestemt type event vil det vere ulike karakteristikkar som varierer frå event til event (Gwinner, 1997, s. 150). Slike karakteristikkar er storleik, profesjonell status på dei som opptrer, tradisjonar eller historie knytte til eventen, arrangementstad og reklame/promosjon. Det er sannsynleg at desse karakteristikkane vil påverke forbrukarane sine oppfatningar av det heilskaplege event-imaget (Gwinner, 1997, s. 150). Storleik på eventen kan definerast ut ifrå lengde på eventen, nivå av medieeksponering, kor mange som opptrer, og kor stor fysisk plass arrangementet tar. Det profesjonelle nivået på dei som opptrer, kan variere frå amatør til profesjonelle. Variasjonar knytte til arrangementstaden kan vere temperatur, komfort eller fysiske forhold (Gwinner, 1997, s. 150). For same type eventar, til dømes musikkfestivalar, vil alle desse karakteristikkane kunne variere og slik skape ulike event-image for same type eventar (Gwinner, 1997, s. 150).

Det er ei rekke ulike faktorar som påverkar eit event-image, og deltakarar har sin eigen unike måte å tolke desse faktorane på. Dette gjer at ein event sitt image kan variere hjå ulike individ (Gwinner, 1997, s. 151). Parker (1991, referert i Gwinner, 1997, s. 151) trekker fram tre individuelle faktorar som kan påverke eit event-image. Desse er tal på image ein person forbind med ein event, styrken av det bestemte imaget og tidlegare erfaring ein har med ein bestemt event. Ein event som forbrukarane oppfattar har fleire image, er vanskeleg å knyte til ein enkelt identitet (Gwinner, 1997, s. 151). Dersom ein person har mange assosiasjonar til ein event, kan denne personen ha eit skiftande event-image, der det imaget som er

mest framtreddande i augneblinken, vil ha den sterkaste påverknaden. Slik spelar også styrken på imaget inn, eitt sterkt image vil ofte dominere over fleire svakare image (Gwinner, 1997, s. 151). Den siste faktoren, erfaring med eventen, vil også påverke oppfatninga ein har av event-imaget. Dersom ein har ei lang historie med ein bestemt event, vil ein ofte ha eit meir konsistent image av eventen (Gwinner, 1997, s. 151). Dersom ein tenker tilbake til dømet frå tidlegare der ei spesiell konsertoppleving kan endre imaget ein har av eventen, vil event-imaget til ein person som har delteke på ein event fleire gongar, bli mindre påverka av denne opplevinga enn for ein person som berre har delteke på eventen éin gang.

For å samanfatte kan ein seie at eit event-image består av forbrukarar sine samla oppfatningar av ein event. Desse oppfatningane vert påverka av event-type, event-karakteristikkar og individuelle faktorar, som er det som skapar assosiasjonar og haldningar til eventen hjå forbrukaren. Nylege erfaringar med ein event vil vanlegvis ha større påverknad på event-imaget enn tidlegare erfaringar, medan lang erfaring med ein event fører til eit meir konsistent image.

Med utgangspunkt i drøftinga over presenterer vi følgjande konseptuelle modell, som syner korleis festivalopplevinga påverkar det kognitive biletet av destinasjonen.



Figur 15.1. Konseptuell modell.

Den konseptuelle modellen er grunnlaget for utviklinga av empirisk målemodell (figur 15.2) og strukturmodell (figur 15.3), og den konseptuelle modellen blir testa og drøfta seinare i artikkelen.

METODE

Eit elektronisk spørjeskjema tilrettelagt i datainnsamlingsverktøyet SurveyXact vart distribuert via sosiale medium (Twitter og Facebook) av Ekstremsportveko, Voss kommune og gjennom egne Facebook-innlegg. Invitasjonen til å delta i undersøkinga var retta mot tidlegare deltakarar på Ekstremsportveko, og kvar respondent fekk ein eigen respondentkode i SurveyXact for å skilje ut respondentsvar. For å motivere til å svare på undersøkinga trekte vi to vinnarar av festivalpass til Ekstremsportveko 2019 blant respondentane. For å vere med i denne trekninga måtte respondentane oppgje e-postadressa si, noko som var frivillig.

Spørjeundersøkinga var delt inn to delar. Del ein var bakgrunnsspørsmål om respondentane. I del to var det spørsmål om fenomena destinasjonsimage og event-image. Spørsmåla vart stilte som påstandar, og respondentane vart bedt om å ta stilling til kor samde/usamde dei er i påstandane på ein likert-skala frå 1 til 5. Det var 13 påstandar for å måle event-image til Ekstremsportveko og 17 påstandar om Voss for å måle destinasjonsimaget.

I høve til måling av destinasjonsimage tek spørjeundersøkinga utgangspunktet i Bigné Alcañiz, E., Sánchez García, I. og Sanz Blas, S. (2009), Chen, C.F. og Tsai, D. (2007) og Styliadis, Shani og Belhassen (2017). I desse studiane er det faktorar knytte først og fremst til kognitive, men også nokre affektive og konative, komponenter som går att. Kategoriar som går igjen for å måle destinasjonsimage, er infrastruktur, fasilitetar, attraksjonar og aktivitetar, natur og klima. I spørjeundersøkinga er det valt ut relevante spørsmål knytte til desse kategoriane og tilpassa destinasjonen Voss.

Studiar knytte til måling av event-image er det færre av, og spørjeundersøkinga tek utgangspunkt i Deng og Li (2014) sin studie for å kartlegge faktorar knytte til event-image. Kategoriane for å måle event-image er knytte til deltaking i sosiale opplevingar og aktivitetar, fasilitetar, service og event-innhald. Spørsmåla tek utgangspunkt i desse kategoriane.

Spørjeundersøkinga gav 119 respondentar som vart gjennomgått, og 6 respondentar vart fjerna frå datasettet fordi dei var ugyldige. Deretter vart data koda, overført og analysert i SPSS og AMOS.

Klassifiseringa i datasettet vart vurdert om dei var riktig klassifisert som nominelle, ordinale eller skalerte data. Med unntak for dei ni demografiske spørsmåla vart resten av dei 30 spørsmåla med den 5-delte likert-skalaen klassifisert som skalerte data. SPSS vart brukt for å sjekke om datasettet mangla nokon data. Fem hovudfaktorar utkrystalliserte seg på basis av spørsmålstypen og den innleiande utforskande faktoranalysen. Dei fem hovudfaktorane er festivalfasilitetar (kode EF), oppleving av festivalen (EO), sosiale aspekt av festivalen (SA), serviceoppleving (SP) og kognitivt bilete av reisemålet (DI_COG).

ANALYSE

Demografi på respondentane

Fordeling av kjønn på respondentane var 55,8 % kvinner og 44,2 % menn, og fordelinga mellom kvinner og menn som svarte på spørjeundersøkinga er altså jamn. Fleirtalet av dei som har svart på undersøkinga, er frå Noreg (93,8 %). Utover dette var det respondentar frå Litauen, New Zealand, Finland, Romania, Sverige og Latvia. 75,3 % av respondentane er innanfor aldersspennet 18 til 35 år.

Reliabilitet

Skalaen sin reliabilitet vart målt ved hjelp av Cronbachs alfasystem. Tal på spørsmål som er teke med for kvar faktor, og dei respektive verdiane på reliabilitetstesten er vist i tabell 15.1. Fire av faktorane viser reliabilitetsverdi over vanleg akseptert terskelverdi, 0,7 (Cortina, 1993), men lægre verdi for faktoren sosiale aspekt. Likevel tek vi med denne faktoren for vidare undersøkingar.

Tabell 15.1. Reliabilitet

Faktorar	Tal på spørsmål	Reliabilitetsverdi (Cronbachs alfa)
Sosiale aspekt (SA)	4	0,553
Oppløving av fasilitetane (EF)	3	0,719
Serviceoppløving (SP)	3	0,750
Festivaloppløving (EO)	3	0,771
Det kognitive biletet av reisemålet (DI_COG)	16	0,871


Det vart gjennomført fleire konfirmerande faktoranalysar (CFA) for kvar konstruksjon, og dei gav tilfredsstillande tilpassing for konstruksjonane med unntak for dei sosiale aspekta og det kognitive biletet. Ved å fjerne eit spørsmål forbetra ein tilpassinga for sosiale aspekt. Videre vart 7 spørsmål fjerna for det kognitivt biletet, slik at det var igjen 9 spørsmål til å måle faktoren med.

Empirisk målemodell

Alle analysar vart gjennomførte med programvara IBM SPSS 26 ved bruk av sannsynmaksimering som estimerer parameterane som passar best til observerte data når vi legg til grunn at observerte data er uavhengige innan høvesvis den empirisk baserte målemodellen og strukturmodellen (Allen, 2017). AMOS-modulen frå

SPSS 26 vart brukt til å gjennomføre berekningar på begge dei to modellane, a) den empiriske målemodellen, som tar utgangspunkt i empiri for å estimere beste tilpassing, og b) strukturmodellen, som tek utgangspunkt i at brukaren på teoretisk grunnlag kan fastslå kva faktorar som passar best til datamaterialet.

Målemodellen er tenkt å teste forholdet mellom dei latente faktorane og kovariasjonsgraden mellom dei (Schreiber, Nora, Stage, Barlow og King, 2006). Den kan også bidra til avgjerd på om nokon av variablane bør bli utelatne frå den endelege stimodellestimera. Den første målemodellen vart gjennomført med dei fem faktorane og dei 22 spørsmåla som var brukt til å måle dei, men spørsmål SA1 vart fjerna fordi det hadde svært låg stikoeffisient (0,155). Det er vanleg praksis å fjerne spørsmål med standardisert stikoeffisient på under 0,5 (Chin, 1998). Den endelege målemodellen er illustrert i figur 15.2. Målemodellen viser ei tilpassing til modellen på $\chi^2/df=1,79$, CFI= 0,852, NFI= 0,725, GFI=0,783, AGFI=0,719 og RMSEA= 0,084. Noko som er verd å merke seg i målemodellen, er den høge korrelasjonsgraden på 0,68 mellom faktorane service (SP) og oppleving av fasilitetane (EF). Ei mogleg forklaring bak så høg korrelasjon kan vere at oppfatninga av god service-oppleving kan påverke oppfatninga av fasilitetar, og omvendt. Vi vil foreslå å sjå nærmare på dette forholdet i framtidige studiar. Likevel gjev dette oss to metodar




Figur 15.2. Empirisk målemodell.

å velje mellom. Vi kan behandle ein av dei som årsak til den andre, men dette vil føre til en multikollinearitetsrelatert trunkeringsfeil, og vi har heller ikkje noko grunnlag i litteraturen for å anta dette. Alternativt studerer vi dermed dei to faktorene som korrelert i den endelege stimodellen.

Strukturmodell

Den strukturelle likningsmodellen testar det hypotetiske forholdet samtidig mellom alle variablane som er spesifisert i målemodellen, og bidrar til å identifisere kausale verknader og forklarte og ikkje-forklarte variansar i faktorane (Jöreskog & Sörbom, 1996; Schreiber et al., 2006). Figur 15.3 illustrerer strukturmodellen, og tabell 15.2 nedanfor summerer opp indeksane for tilpassingsgraden i strukturmodellen.



Figur 15.3. Strukturmodell.

Tabell 15.2. Tilpassingskvalitet

	Kriterium	Verdiar
χ^2 /d.f.	<5	1.84
Tilpassingsindeks		
CFI	>0.9	0.84
GFI	=>0,9	0,78
AGFI	=>0,9	0,72
NFI	>0.9	0.71
RMSEA	<=0.08	0.087
Hoelter at 0.05	>100	72
Hoelter at 0.01	>100	77

Tilpassingskvaliteten viser at χ^2 -testindeksen og RMSEA-måla for tilpassing er tilfredsstillande, mens andre indeksar, som CFI, GFI, AGFI og NFI, ligg litt under normale godkjent-tersklar. Men merk at den strukturelle likningsmodelltilpassinga er sterkt avhengig av utvalsstørrelsen, og større utval gjev betre modelltilpassingar. Målemodellen og dei strukturelle modelltilpassingsindeksane og tilhøyrande stiverdiar tyder på ein reell relasjon mellom faktorane. Vi legg då til grunn at eit større utval enn det eksisterande på 119 vil forbetra modelltilpassinga ytterlegare og validere den konseptuelle modellen.

Tabell 15.3. Testresultat basert på den konseptuelle modellen (figur 15.1):

			Standardiserte banekoeffisientar (β)	Standardfeil (S.E.)	Kritisk forholdstal (t-verdi)	Resultat
Sosiale aspekt (SA)	→	Oppleving av festivalen (EO)	0,25	0,08	2,99	Støttes ved $p < 0,01$
Festivalfasilitetar (EF)	→	Oppleving av festivalen (EO)	0,56	0,15	3,91	Støttes ved $p < 0,001$
Serviceoppleving (SP)	→	Oppleving av festivalen (EO)	0,33	0,16	2,62	Støttes ved $p < 0,01$
Oppleving av festivalen (EO)	→	Det kognitive biletet av reisemålet (DI_COG)	0,64	0,096	4,91	Støttes ved $p < 0,001$

DRØFTING

Som tabellen syner, vert samanhengane som vi presenterte i den konseptuelle modellen støtta (figur 15.1), men ikkje utan atterhald. Fasilitetane på festivalstaden er den faktoren som påverkar den allmenne opplevinga av festivalen mest. Serviceopplevinga åleine vart ikkje funne å vere signifikant i høve til den allmenne opplevinga, men det er ein svak samanheng. Som nemnt vart fasilitetane og servicen funne å vere sterkt korrelerte. Altså kan ein legge til grunn at gjestane vurderer festivalservicen hovudsakleg gjennom dei infrastrukturelle fasilitetane, som tilgang på mat og drikke, reine toalett og om miljøet generelt er reinsleg. Berre når disse kriteria er tilfredsstilte, blir servicekvaliteten til dugnadsarbeidarane og tilsette vurdert som supplerande til dei fysiske fasilitetane.

Sjølv om relasjonen mellom dei sosiale aspekta og den allmenne opplevinga av festivalen er statistisk signifikant med $p < 0,01$, er koplinga på 0,25 nokså svak. Dette tyder på at denne type festival ikkje primært er ein stad ein møter og blir kjent med framande med liknande interesser og tankegang eller finn nye venner. Kort sagt er denne type festival noko ein gjer saman med eksisterande venner og ikkje noko ein deltek på for å få nye venner.

I samsvar med den konseptuelle modellen vart den allmenne opplevinga funne å vere den faktoren som mest påverka skaping av det kognitive biletet av festivalen som reisemål. Det kognitive biletet omfattar fleire dimensjonar, som urbane kvalitetar, infrastrukturfasilitetar, klima, underhaldning og så vidare, ikkje berre på festivalplassen, men i heile bygda som arrangerer festivalen. Som synt tidlegare vart desse dimensjonane samla etter den utforskande og konfirmerande analysen og er pålitelege indikatorar. Vi finner ein svært sterk relasjon mellom den allmenne opplevinga av festivalen og eit positivt kognitivt bilete av staden som reisemål, men saman forklarar faktorane berre 41 % av den avhengige variabelen (DI_COG), som er litt lågt. Dette tyder på at ein berre delvis skaper eit kognisjonsbasert bilete av ein stad (i denne studien Voss) ved å besøke ein festival. Med andre ord oppfattar gjestane i beste fall eit utklippsbilete av staden gjennom festivalen. Eit sant image av staden vil krevje fleire inntrykk. Konklusjonen har mykje av fornuft i seg, då ein stad er mykje meir enn dei eventuelle festivalane som blir arrangert der, og det ville vere overraskande om vi fann noko anna. Der- som studien for eksempel hadde synt at ein og anna festivaldeltakar hadde eit komplett image av Voss som følgje av eit kort festivalbesøk, så ville det ikkje verke som eit logisk funn.

PRAKTISKE IMPLIKASJONAR AV STUDIEN

Analysen viser at det modellapparatet vi har nytta, har tilstrekkeleg empirisk støtte. Som nemnt tidlegare er det ein veikskap i studien at talet på respondentar er lågt ($n = 119$). For vidare empirisk testing av modellen anbefaler vi eit utval på ($n \geq 250$). Vi trur likevel at studien kan ha nokre praktiske og gjennomførbare framlegg til arrangørar av denne typen festivalar. Studien syner mellom anna at dei sosiale aspekta ved festivalen spelar ei mindre rolle, noko som ser ut til å skilje denne type festival frå musikkfestivalar (Tjora 2013b). Dette gjev grunnlag for vidare forskning på opplevingane knytte til ulike festivalar (t.d. mat, kultur og sport).

Infrastrukturfasilitetar og service frå tilsette og frivillige spelar ei viktig rolle for den allmenne opplevinga. Ved å forbetre infrastruktur og service vil ein styrke opplevinga av festivalen og bidra til å forbetre det allmenne kognitive biletet av vertsdestinasjonen. Dette er også tiltak som arrangørar av festivalar og andre aktørarar i lokalmiljøet kan samarbeide om, ikkje minst sidan denne studien syner at dette vil både festivalen og staden den blir arrangert på, ha gevinst av.

MERKNADER

Forfattarane har ingen interessekonfliktar. Artikkelen baserer seg på ei bachelor-oppgåve ved Høgskulen på Vestlandet frå våren 2019.

LITTERATUR

- Allen, M. (red.) (2017). *The sage encyclopedia of communication research methods* (Vol. 1-4). Thousand Oaks, CA: SAGE Publications, Inc.
- Bigné Alcañiz, Sánchez García & Sanz Blas. (2009). The functional-psychological continuum in the cognitive image of a destination: A confirmatory analysis. *Tourism Management*, 30(5), 715–723. <https://doi.org/10.1016/j.tourman.2008.10.020>.
- Bladen, C. (2012). *Events management: An introduction*. London: Routledge.
- Brown, G., Chalip, L., Jago, L. & Mules, T. (2004). Developing Brand Australia: the role of events. I N. Morgan, A. Pritchard, og R. Pride (red.), *Destination branding: creating the unique destination proposition*. (2. utgåve, s. 279–305). Oxford: Butterworth-Heinemann.
- Bugge, E. (2004). Festivalisering og festivalmangfold i Nord-Norge. *Norsk kulturråds årskonferanse*, Tromsø.
- Chen, C.F. & Tsai, D. (2007). How destination image and evaluative factors affect behavioral intentions? *Tourism Management*, 28(4), 1115–1122. <https://doi.org/10.1016/j.tourman.2006.07.007>.
- Chin, W.W. (1998). Commentary: Issues and opinion on structural equation modeling. *MIS Quarterly*, Vol. 22, No. 1 (Mars 1998), s. vii–xvi.
- Cooper, C. (2016). *Essentials of tourism* (2nd ed.). London: Pearson Education Limited.

- Cortina, J.M. (1993). What is coefficient alpha? An examination of theory and applications. *Journal of applied psychology*, 78(1), 98. <https://psycnet.apa.org/doi/10.1037/0021-9010.78.1.98>.
- Deng, Q. & Li, M. (2014). A model of event-destination image transfer. *Journal of Travel Research*, 53(1), 69–82. <https://doi.org/10.1177%2F0047287513491331>.
- Destinasjon Voss. (2019). Henta frå: <https://www.visitvoss.no/>.
- Echtner, C.M. & Ritchie, J.B. (1991). The meaning and measurement of destination image. *Journal of tourism studies*, 2(2), 2–12.
- Echtner, C.M., & Ritchie, J.R.B. (1993). The Measurement of Destination Image: An Empirical Assessment. *Journal of Travel Research*, 31(4), 3–13. <https://doi.org/10.1177%2F004728759303100402>.
- Falassi, A. (1987). *Time out of Time: Essays on the Festival*. Albuquerque University of New Mexico Press.
- Ekstremsportveko. (2019). History. Henta frå: <https://ekstremsportveko.com/about/history/>.
- Gartner, W.C. (1986). Temporal influences on image change. *Annals of Tourism Research*, 13(4), 635–644. [https://doi.org/10.1016/0160-7383\(86\)90006-X](https://doi.org/10.1016/0160-7383(86)90006-X).
- Gartner, W.C. (1994). Image Formation Process. *Journal of Travel & Tourism Marketing*, 2(2–3), 191–216. https://doi.org/10.1300/J073v02n02_12.
- Getz, D. & Page, S.J. (2016). *Event studies, theory, research and policy for planned events*. New York: Routledge.
- Gwinner, K. (1997). A model of image creation and image transfer in event sponsorship. *International Marketing Review*, 14(3), 145–158. <https://doi.org/10.1108/02651339710170221>.
- Heimtun, B., (1999). Image: steder i bevisstheten. I Jacobsen Steen, K.J. & Viken A., (red.). *Turisme: Stedet i en bevegelig verden* (s. 253–264). Oslo: Universitetsforlaget.
- Hegnes, A.W. (2006). Festivalenes tvetydighet. *Sosiologisk årbok (1–2)*, 107–139.
- Innovasjon Norge. (2019). Voss. Henta frå: <https://www.visitnorway.no/reisemal/vestlandet/voss/>.
- Jenkins, O. (1999). Understanding and measuring tourist destination images. *International Journal of Tourism Research*, 1(1), 1–15. [https://doi.org/10.1002/\(SICI\)1522-1970\(199901/02\)1:1%3C1::AID-JTR143%3E3.0.CO;2-L](https://doi.org/10.1002/(SICI)1522-1970(199901/02)1:1%3C1::AID-JTR143%3E3.0.CO;2-L).
- Jöreskog, K.G. & Sörbom, D. (1996). *LISREL 8: User's reference guide*. Scientific Software International. Lincolnwood: Scientific Software International, Inc.
- Jæger, K. & Kvidal-Røvik, T. (2015). «Du får som fortjent»: Destinasjonsmarkedsføring, eventer og sosiale medier. I Ellingsen, K.A. & Blindheim, T. (red.), *Regional merkevarerbygging* (s. 135–147). Bergen: Fagbokforlaget.
- Kamfjord, G., (2016). *Det helhetlige Reiselivsproduktet – Destinasjonsledelse*. Oslo: Fagspesialisten.
- King, C., Chen, N. & Funk, D. (2015). Exploring Destination Image Decay: A Study of Sport Tourists' Destination Image Change after Event Participation. *Journal of Hospitality & Tourism Research*, 39(1), 3–31. <https://doi.org/10.1177/1096348012461547>.
- Kotler, P., Haider, D. & Rein, I. (1993). *Marketing Places*. New York: The Free Press.
- Kronheim, E. (2018, 24. juni). Erna Solberg åpnet Ekstremsportveko. *Bergensavisen*. Henta frå: <https://www.ba.no/ekstremsportveko/voss/erna-solberg/erna-solberg-apnet-ekstremsportveko/s/5-8-824980>.
- Lai, K. (2018). Influence of event image on destination image: The case of the 2008 Beijing Olympic Games. *Journal of Destination Marketing and Management*, 7(March), 153–163. <https://doi.org/10.1016/j.jdmm.2016.09.007>.

- Lawson, F. & Baud-Bovy, M. (1977). *Tourism and recreation development, a handbook of physical planning*. London: Architectural Press.
- Leedy, P. & Ormrod, J. (2015). *Practical research: Planning and design* (11th ed.). Boston: Pearson.
- Li, J.J., Ali, F. & Kim, W.G. (2015). Reexamination of the role of destination image in tourism: an updated literature review. *E-review of Tourism Research*, 12.
- Li X.R. & Vogelsohn, H. (2006). Comparing methods of measuring image change: A case study of a small-scale community festival. *Tourism Analysis*, 10(4), 349–360.
- Meretze, A.R., Mykletun, R.J. & Einarsen, K. (2016). Participants' benefits from visiting a food festival – the case of the Stavanger food festival (Gladmatfestivalen). *Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism*, 16(2), 208–224. <https://doi.org/10.1080/15022250.2015.1108865>.
- Mykletun, R. (2009). Celebration of Extreme Playfulness. Ekstremsportveko at Voss. *Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism*, 9(2–3), 146–176. <https://doi.org/10.1080/15022250903119512>.
- O'Leary, S. & Deegan, J. (2003). People, pace, place: Qualitative and quantitative images of Ireland as a tourism destination in France. *Journal of Vacation Marketing*, 9(3), 213–226. <https://doi.org/10.1177%2F135676670300900302>.
- Pike, S. & Ryan, C. (2004). Destination Positioning Analysis through a Comparison of Cognitive, Affective, and Conative Perceptions. *Journal of Travel Research*, 42(4), 333–342. <https://doi.org/10.1177/0047287504263029>.
- Schreiber, J.B., Nora, A., Stage, F.K., Barlow, E.A. & King, J. (2006). Reporting structural equation modeling and confirmatory factor analysis results: A review. *The Journal of educational research*, 99(6), 323–338. <https://doi.org/10.3200/JOER.99.6.323-338>.
- Shani, A. & Wang, Y. (2011). Destination Image Development and Communication. I Y. Wang, og A. Pizam (red.), *Destination marketing and management: Theories and applications* (s. 130–149). Cambridge: CAB International.
- Stylidis, D., Shani A. & Belhassen Y., (2017). Testing an integrated destination image model across residents and tourists. *Tourism Management*. Volume 58 (C). 184–195. <https://doi.org/10.1016/j.tourman.2016.10.014>.
- Tjora, A.H. (2013a). Festivalforskning. I A.H. Tjora (red.), *Festival! Mellom rolp, kultur og næring* (s. 11–28). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Tjora, A.H. (2013b). Festivalfelleskapsfølelser. I A.H. Tjora (red.), *Festival! Mellom rolp, kultur og næring* (s. 265–287). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Viken, A., (2014). Turismeproduktet. I K. Jacobsen Steen, J., & A. Viken (red.). *Turisme. Fenomen og næring* (4. utgave, s. 72–83). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Voss Kommune. (2017). Om Voss. Henta frå: <https://www.voss.kommune.no/om-voss/om-voss-kommune/>.
- Waterman, S. (1998). Carnivals for elites? The cultural politics of arts festivals. *Progress in Human Geography*, 22(1), 54–74. <https://doi.org/10.1191%2F030913298672233886>.
- Agedal, O. (2009). Lokale mytar og festivalar. I O. Agedal, H. Egeland, og M. Villa (red.), *Lokalt kulturliv i endring* (s. 187–221). Bergen: Fagbokforlaget.



Forfatteroversikt

Georg Arnestad (f. 1948), tidlegare seniorrådgjevar ved HVL og kulturforskar, med bl.a. mangeårig tilknytning til Kulturrådet. Har skrivne fleire forskingsrapportar og fagartiklar frå det kulturpolitiske feltet. Forskingsområde: nasjonal og regional kulturpolitikk, kunstnarpolitikk, regionutvikling.

Ove Bjarnar (f. 1952), professor emeritus i historie ved Høgskolen i Molde. Han har publisert flere evolusjonært orienterte studier av klyngers utvikling og omstilling og fokusert på hvordan internasjonalsisering og globalisering påvirker regional kunnskapsdeling.

Eli Bjørhusdal (f. 1972), professor i norsk språk ved Høgskulen på Vestlandet, studiestad Sogndal. Ho underviser i språklege emne og metode og forskar på språkforvaltning og språkdidaktikk.

Gro Anita Bårdseth (f. 1970), førstelektor ved Høgskulen i Volda, Institutt for planlegging, administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS).

Finn Ove Båtevik (f. 1960), professor ved Høgskulen i Volda. Han har arbeidd med forskning innan m.a. utfordringar knytt til rekruttering av og tilgang til kompetanse og arbeidskraft i distrikta, småsamfunnsutvikling, regional utvikling, velferd for og samfunnsdeltaking blant risikogrupper.

Antoni Vike Danielsen (f. 1977), universitetslektor, NTNU Ålesund. Forskningsfelt og interesseområder er prosjektledelse, lederskap i prosjekter, organisasjons- og ledelsesendringer i en digital kontekst.

Agnes Brudvik Engeset (f. 1973), seniorforskar ved Vestlandsforskning. Engeset har gjennom 13 år ved Vestlandsforskning arbeidd med ulike sider av reiselivet; berekraftig reiseliv, distriktsreiseliv, berekraftig friluftsliv, turistopplevingar og kulturturisme.

Eva Erikstad (f. 1990) har bachelorutdanning i reiselivsleiing frå HVL i Sogndal og skreiv bacheloroppgåve om Ekstremsportveko på Voss. Erikstad har frå tidlegare ein mastergrad i tysk språkvitskap frå UiB.

Joar Fossøy (f. 1981), førstelektor i idrett og studieprogramansvarleg for idrett, fysisk aktivitet og kosthaldsutdanningane ved Høgskulen på Vestlandet (HVL). Forskingsområde: idrettshistorie, fotball og media, idrett (fotball) og profesjonalsisering, idrett og samfunn, fair play i kroppsøvingfaget.

Frode Fretland (f. 1962), førstelektor i idrett, instituttleiar, Institutt for idrett, kosthald og naturfag ved Høgskulen på Vestlandet. Forskingsområde: idrettshistorie, ballspel, evaluering, friluftslivsomgrepet.

Emma Haugen Gamme (f. 1996), masterstudent i fysisk planlegging ved NTNU, BSc i landskapsplanlegging med landskapsarkitektur på Høgskulen på Vestlandet.

Kyrre Groven (f. 1961), forskar ved Vestlandsforskning, ph.d. i samfunnsgeografi ved NTNU, prosjektleiar for Vilkår for berekraftig tettstadutvikling – Surround (MILJØFORSK), forskar på lokal miljøpolitikk, planlegging og berekraftig stadutvikling.

Lise Lillebrygfjeld Halse (f. 1967), ph.d. i logistikk. Professorstipendiat i innovasjon og teknologi ved Høgskolen i Molde. Forsker innenfor kunnskapsdeling og innovasjon i klynger og produksjonsnettverk, og spesielt hvordan sourcingstrategier og introduksjon av ny teknologi påvirker klyngers utvikling.

Lars Julius Halvorsen (f. 1975), sosiolog og ansatt ved Høgskulen i Volda. Han har publisert bøker, rapporter og artikler innenfor temaene medie- og kulturøkonomi, småskala næringsvirksomhet, digitalisering samt organisering og effekter av offentlige støtteordninger.

Liv Norunn Hamre (f. 1972), førsteamanuensis ved Høgskulen på Vestlandet, ph.d. i botanisk økologi ved UIO, forskar på biologiske og landskapsøkologiske problemstillingar knytte til arealbruksendringar på ulik skala.

Lisa Hansson (f. 1978), professor i samfunnsplanlegging, Høgskolen i Molde. Hennes forskning er innen policy og governance, med vekt på bærekraftige transportsystemer i byer.

Leif Hauge (f. 1956), førsteamanuensis ved Høgskulen på Vestlandet. Underviser i kulturminne- og kulturlandskapsfag. FoU-aktivitet knytt til korleis menneska

utnyttar naturressursar og påverkar landskapet. Mykje erfaring med visuell dokumentasjon (foto).

Øyvind Heimset Larsen (f. 1974), seniorforskar, Vestlandsforskning. Larsen har som forskar i snart 20 år jobba med IKT og regional utvikling og bruk av forskning og utvikling for betre innovasjon i næringslivet. I 2001 var han tilsett ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, Sogndal.

Kjersti Kjos Longva (f. 1981), førsteamanuensis ved Institutt for internasjonal forretningsdrift ved NTNU i Ålesund. Ph.d. fra UiT – Norges arktiske universitet. Forskar og underviser innan entreprenørskap, innovasjon og supply chain management.

Leif Longvanes (f. 1965), Master of Public Administration frå Copenhagen business school og førstelektor i organisasjon og leiing ved Høgskulen på Vestlandet. Longvanes har tidlegare hatt leiarstillingar i trygdeetaten og har tidlegare vore dekan og instituttleiar ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Karen Richardsen Moberg (f. 1989), forskar ved Vestlandsforskning og ph.d.-kandidat ved Institutt for by- og regionplanlegging ved NMBU. Forskar på klima- og miljøpolitikk og berekraftig utvikling.

Atanu Nath (f. 1970), Associate Professor of Marketing at HVL. He received his PhD from the Luleå University of Technology, Sweden. His research interests include consumer psychology and behavior, and the adoption and impact of technology.

Jon Gunnar Nesse (f. 1952), dosent emeritus innan organisasjon og leiing frå HVL og prosjektmedarbeidar på Vestlandsforskning. Medforfattar i fleire lærebøker. Forskingsområde: entreprenørskap, innovative bedriftsnettverk og vilkår for overgang til fornybar energi.

Grethe Mari Mattland Olsen (f. 1962), førstelektor ved Høgskulen i Volda, Institutt for planlegging, administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS).

Dorthea Sekkingstad (f. 1963), førstelektor i pedagogikk og utdanningsleiing ved Høgskulen på Vestlandet. Ho har lang erfaring som undervisar i høgare utdanning, og har arbeidd som lærar og rektor i skuleverket i ei årrekkje. Undervisnings-

område er rettleiing, utdanningsleiing og høgskulepedagogikk. Dette er også hennar forskingsfelt.

Torbjørn Selseng (f. 1990), forskar ved Vestlandsforskning. Forskar på klimatilpassing og berekraftig utvikling.

Ingjerd Skogseid (f. 1965), dr.scient., Vestlandsforskning. Skogseid har gjennom 20 år som forskar publisert mange artiklar om emneområdet innovasjon, infrastruktur og regional utvikling. Ho har omfattande internasjonal erfaring.

Henning Stokstad (f. 1992), masterstudent i fysisk planlegging ved NTNU, BSc i landskapsplanlegging med landskapsarkitektur på Høgskulen på Vestlandet.

Solveig Straume (f. 1977), førsteamanuensis i Sport Management, Høgskolen i Molde. Hennes forskning har i stor grad konsentrert seg om hvordan idrett brukes i utviklings- og inkluderingsarbeid nasjonalt og internasjonalt.

Anna Maria Urbaniak-Brekke (f. 1987), seniorforskar ved Vestlandsforskning. Urbaniak-Brekke har fagleg bakgrunn i reiseliv, kulturturisme, fysisk aktivitet, internasjonalt samarbeid og prosjektleiing.

Miriam Vevle (f. 1990) har bachelorutdanning i reiselivsleiing frå Høgskulen i Sogn og Fjordane og skreiv bacheloroppgåve om Ekstremsportveko på Voss.

Marte Lange Vik (f. 1979), førsteamanuensis ved Høgskulen på Vestlandet (HVL), ph.d. i landskapsgeografi ved NTNU, forskar på planlegging, landskapspraksisar og medverking.

Torbjørn Årethun (f. 1964), samfunnsøkonom frå Universitetet i Oslo og dosent i samfunnsøkonomi ved Høgskulen på Vestlandet. Han har bakgrunn frå oppdragsforskning og offentleg forvaltning. Faglege interesseområde er regional utvikling, entreprenørlyst blant ungdom og fornybar energi.

Oversikt over initiativtakarar og dei som har gitt pengegåver



SPAREBANKEN MØRE